



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2024

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2024

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652

Innhald

Del I	Innleiande del	9	Kap. 4142 Landbruksdirektoratet	93	
1	Landbruks- og matpolitikken til regjeringa	11	Kap. 1148 Naturskade – erstatningar	94	
2	Oversiktstabellar	18	Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklings-tiltak i landbruket	95	
3	Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak	23	Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	97	
Del II	Budsjettframlegg	29	Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	112	
4	Nærare omtale av løyving- forslaga	31	Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifftsavtalen	113	
Programområde 15	Landbruk og mat	31	Kap. 1152 Bionova	116	
	<i>Programkategori 15.00</i>		Kap. 1161 Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn	117	
	<i>Administrasjon m.m.</i>	31	Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	121	
	Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet	32	<i>Programkategori 15.40 Forretningsdrift</i>	125	
	Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet	34	Kap. 1162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	127	
	<i>Programkategori 15.10 Matpolitikk</i>	35	Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	128	
	Kap. 1112 Veterinærinstituttet	40	Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte ...	128	
	Kap. 1115 Mattilsynet	42			
	Kap. 4115 Mattilsynet	51	Del III	Rapportering på dei landbruks- og matpolitiske måla og omtale av særlege tema	129
	<i>Programkategori 15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling</i>	52	5	Dei ulike landbruks- og matpolitiske måla	131
	Kap. 1136 Norsk institutt for bioøkonomi	55	6	Mål: Matsikkerheit og beredskap	132
	Kap. 4136 Norsk institutt for bioøkonomi	59	7	Mål: Landbruk over heile landet	135
	Kap. 1137 Forsking og innovasjon	59	8	Mål: Auka verdiskaping	141
	<i>Programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak</i>	64	9	Mål: Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar	150
	Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.	70	10	Mål: Ei effektiv landbruks- og matforvaltning	157
	Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	75	11	Mål: Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken	161
	Kap. 1140 Haustbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.	79			
	Kap. 1141 Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.	81			
	Kap. 4141 Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.	82			
	Kap. 1142 Landbruksdirektoratet	83			

12	Mål: Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar	164	Forslag	179
13	Likestilling	167	Vedlegg	
			1	Standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter
			2	Oversikt over fullmakter som gjeld meir enn eitt budsjettår
14	Oppfølging av FN's berekraftsmål	173		185
15	Oversikt over lønsvilkåra til leiarar i heileigde statlege verksemdar	177		193

Figuroversikt

Figur 1.1	Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet	12	Figur 8.2	Endring i areal grovfôr og korn, 2014–2020 og 2020–2022	144
Figur 4.1	Organisering	32	Figur 8.3	Gjennomsnittleg driftsoverskott for bruk med omsetnad over 20 000 kroner i andre landbruksbaserte næringar, 2019–2021	146
Figur 5.1	Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet	131	Figur 9.1	Akkumulert bidrag til oppvarming av klimagassar frå jordbruket	152
Figur 7.1	Endring i produsert mengde fordelt på produksjonar og fylke, 2010 til 2022	138	Figur 13.1	Utviklinga i gjennomsnittsløn 2018–2022	171
Figur 7.2	Landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal, 2021	138			
Figur 7.3	Jordbruksverksemdar etter jordbruksareal i drift, 2021	139			
Figur 8.1	Endring i produksjonsvolum fra 2014 til 2023, ifølgje normalisert regnskap. 2014=100	143			

Tabelloversikt

<p>Tabell 3.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer 23</p> <p>Tabell 4.1 Økonomiske nøkkeltal for landbruks- og matforskingsinstitutta for 2022 61</p> <p>Tabell 4.2 Oversikt over personale og publisering ved landbruks- og matforskingsinstitutta for 2022 62</p> <p>Tabell 4.3 Støtte til organisasjonar i 2022 71</p> <p>Tabell 4.4 Støtte til organisasjonar i 2023 og budsjettframlegg for 2024 72</p> <p>Tabell 4.5 Tilsegningsfullmakt for tilskott til genressurstiltak i 2024 76</p> <p>Tabell 4.6 Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak 78</p> <p>Tabell 4.7 Fordeling av midlar på kap. 1141, post 75, for 2024 82</p> <p>Tabell 4.8 Tilsegningsfullmakt naturskadeerstatningar i 2024 94</p> <p>Tabell 4.9 Tilsegningsfullmakt infrastrukturtiltak i 2024 96</p> <p>Tabell 4.10 Kapitalsituasjonen til LUF 2022–2027 102</p> <p>Tabell 4.11 Tilskottsramme LUF 103</p> <p>Tabell 4.12 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter, 2024 122</p> <p>Tabell 4.13 Berekning av kapital i Viltfondet, 2024 123</p> <p>Tabell 4.14 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2024 123</p> <p>Tabell 7.1 Jordbruksareal i drift, 1999–2022 135</p> <p>Tabell 7.2 Førebelse tal for sysselsette etter arbeidsstad, fordelt på næringar, 2022 136</p>	<p>Tabell 8.1 Gjennomsnittleg bruttoinvestering per bruk innanfor driftsgranskingane i jordbruket fordelt på regionar, 2021 149</p> <p>Tabell 13.1 Relativ og absolutt kjønnsfordeling i dei ulike stillingsgruppene per 31. desember 2022 170</p> <p>Tabell 13.2 Relative fordelingar av permisjonar 171</p> <p>Tabell 13.3 Nytilsette 172</p> <p>Tabell 15.1 Statskog SF 177</p> <p>Vedlegg</p> <p>Tabell 1.1 Norsk institutt for bioøkonomi – utgifter og inntekter fordelte etter art 185</p> <p>Tabell 1.2 Norsk institutt for bioøkonomi – inntekter etter inntektskjelde 187</p> <p>Tabell 1.3 Norsk institutt for bioøkonomi – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2020–2022 187</p> <p>Tabell 1.4 Veterinærinstituttet – utgifter og inntekter fordelte etter art 189</p> <p>Tabell 1.5 Veterinærinstituttet – inntekter etter inntektskjelde 190</p> <p>Tabell 1.6 Veterinærinstituttet – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2020–2022 191</p>
---	---

Oversikt over boksar

Boks 11.1 Digital transformasjon av kjøttkontroll	161	Boks 11.4 Fôrsystem i framtida – ein berekraftig agri-industri	163
Boks 11.2 Betre og meir stabil kålrot	162	Boks 11.5 Meir berekraftig fôr	163
Boks 11.3 Teknologi som hjelper bonden og miljøet	162		



DET KONGELEGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2024

Utgiftskapittel: 1100–1161

Inntektskapittel: 4100–4150, 5576, 5652

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 21. september 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

Del I
Innleiande del

1 Landbruks- og matpolitikken til regjeringa

Krig, ustabile forsyningar av mat og energi og store klima- og miljøutfordringar pregar kvar dagen til millionar av menneske verda over. Meir enn nokon gong er det tydeleg, også i vårt relativt rolege hjørne av verda, at eit aktivt jordbruk og ein berekraftig matproduksjon er grunnleggjande for at vi skal kunne skape ei trygg framtid.

Landbrukspolitikkk er òg beredskapspolitikkk, nærings- og handelspolitikkk og miljø- og klimapolitikkk. Desse overordna perspektiva ligg til grunn for regjeringa sine prioriteringar for jordbruket i framlegget til statsbudsjett.

Regjeringa vil ha eit aktivt og berekraftig jordbruk over heile landet. Jordbruket skal gi oss nok mat og trygg mat og dyrevelferda skal vere god. Bøndene skal ha rammvilkår som gjer at dei kan utnytte potensialet for inntekt på garden best mogleg.

Regjeringa arbeider med å auke sjølvforsyninga mellom anna gjennom å styrkje konkurransekrafta mot import. Konkurranseskraft i matsektoren er avgjerande for å oppretthalde ein høg marknadsdel i heimemarknaden. For regjeringa er dette ein sentral del av arbeidet med å styrkje beredskapen.

Sommaren 2023 med tørke og flaum har vist kor avgjerande det er med god beredskap for å berge maten til folk og dyr. Vi må vere budde på klimatilpassingar i jordbruket i åra som kjem. Dette er òg eit viktig beredskapsarbeid for regjeringa.

Vi må utnytte dei nasjonale ressursane etter beste evne, og ta vare på mangfaldet og dei gode produksjonsmiljøa i jordbruket, reindrifta og skogsektoren.


Reindriftsnæringa utnyttar marginale utmarksressursar og er samtidig avgjerande for å bevare samisk kultur og språk. Regjeringa har eit mål om ei berekraftig reindriftsnæring.

Ansvarleg og langsiktig forvaltning av skogen er ein føresetnad for å produsere skog med kvalitetstømmer, og slik bidra til verdiskaping og karbonbinding. Skogen er òg ein viktig arena for rekreasjon og friluftsliv. Ein offensiv politikkk for skog- og trenæringa er god nærings-, distrikts- og klimapolitikkk.

Berekraftsmåla til FN er ein felles, overordna handlingsplan for ei berekraftig utvikling for alle land og samfunnsområde. Måla for landbruks- og matpolitikken skal, på same måte som berekraftsagendaen, byggje på økonomisk, sosial og miljømessig berekraft.

Klimagassutsleppa frå landbruket skal reduserast og opptaket av karbon aukast, samstundes som vi aukar sjølvforsyninga og tilpassar produksjonen til eit endra klima. Ein variert bruksstruktur som er tilpassa naturressursar og geografi, gir eit godt utgangspunkt for å produsere mat på ein berekraftig og klimavenleg måte.

Regjeringa har følgjande mål for ein berekraftig landbruks- og matsektor:



Figur 1.1 Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet

I del III er det gjort nærare greie for resultatane knytte til dei landbruks- og matpolitiske måla. Ein berekraftig landbruks- og matsektor er eit gjennomgåande omsyn for alle dei landbruks- og matpolitiske måla.

Prioriteringar i landbruks- og matpolitikken

Jordbruksavtalen styrkjer norsk matproduksjon

Organisasjonane i jordbruket blei ikkje samde om eit felles krav til jordbruksforhandlingane våren 2023. Staten bad difor Norges Bondelag om å fremje eit krav på vegne av jordbruket. Den 16. mai blei staten og Norges Bondelag samde om ein jordbruksavtale som blei fremja for Stortinget i Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2023 m.m.)* og vedteken 15. juni 2023.

Med jordbruksavtalane dei to siste åra har regjeringa bidrege til eit stort løft for bøndene. Avstanden i inntekt til andre grupper er vesentleg redusert, i tråd med ambisjonane i Hurdalsplattforma.

Jordbruksavtalen frå 2023 har ei samla ramme på 4 147 mill. kroner, og inneber at løyvinga til jordbruksavtalen over statsbudsjettet blir auka med 2 907 mill. kroner i 2024. Bøndene får full kompensasjon for den prognoserte kostnadsveksten i 2024, og 888 mill. kroner i kompensasjon fordi føresetnadene i oppgjeret i 2022 ikkje slo til som venta.

Avtalen legg opp til at det skal bli mogleg å tene meir i alle produksjonar. Partane har særskilt prioritert økonomien i mjølkeproduksjonen, tiltak for klima og miljø, velferdsordningar, unge bønder og landbruk i Nord-Noreg.

Auka berekraft i verdikjeda for mat

Regjeringa styrkjer berekrafta i verdikjeda for mat gjennom verkemiddel både innanfor og utanfor jordbruksavtalen. Særleg viktige område er jordvern, klima- og miljøarbeidet i jordbruket, plante- og dyrehelse, dyrevelferd og mattryggleik. Regjeringa legg vekt på medverknad og samarbeid med landbruket gjennom jordbruksavtalen.

Sosial, økonomisk og miljømessig berekraft heng tett saman og skal bidra til å oppnå bere-

kraftsmåla til FN. Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for å koordinere det nasjonale arbeidet med berekraftsmål 2; Utrydde svolt, og har delansvar under fleire andre mål, mellom anna berekraftsmål 12; Ansvarleg forbruk og produksjon og mål 15; Livet på land. Status og nasjonal oppfølging av berekraftsmåla til FN er omtalt i del III.

Etablering av beredskapslager for matkorn

Klimaendringar og meir ekstremver i framtida kan påverke tilgangen på mat og gjere forsyningstryggleiken frå verdsmarknaden meir utfordrande. Uro i verdikjedene for matvarer og sikkerheitspolitiske kriser kan òg gjere matforsyninga meir utrygg.

I tråd med ambisjonane i Hurdalsplattforma etablerer regjeringa beredskapslagring av matkorn. Regjeringa vil med dette sørge for at befolkninga i Noreg har tilgang til nok matkorn i ein krisesituasjon. Det er sett av 63 mill. kroner til denne satsinga i statsbudsjettet for 2024.

Det skal lagrast matkorn over heile landet. Lagera skal byggjast opp så raskt som råd med 15 000 tonn korn per år. Målet er at det skal vere nok korn på lager til tre månader forbruk innan 2029.

Staten skal eige kornet, men lagera skal vere integrerte i det kommersielle lagerhaldet til marknadsaktørane. Landbruksdirektoratet, som skal forvalte ordninga med beredskapslagring, vil invitere til anbudsrunder.

Jordvernet styrkjer beredskapen

Dyrka mark er ein knapp ressurs. Ved å ta vare på dyrka mark, styrkjer vi beredskapen. Ny jordvernstrategi blei lagt fram for Stortinget i Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksopp-gjøret 2023 m.m.)*.

Strategien har eit nytt og skjerpa mål for om-disponering av matjord som seier at om-disponeringa av dyrka mark skal vere maksimalt 2 000 dekar per år. Målet skal vere nådd innan 2030. Strategien inneheld nye, konkrete tiltak for å nå dette målet. Regjeringa vil følgje opp den nye strategien.

Landbruket som del av løysinga for klima og miljø

Klima- og miljøpolitikken til regjeringa byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at vi når dei nasjonale klima- og miljømåla. For ein samla

omtale om prioriteringar på klima- og miljø, sjå Prop. 1 S frå Klima- og miljødepartementet.

Eit aktivt landbruk over heile landet er ein føresetnad for å vareta kulturlandskapet med eit stort mangfald av naturtypar, kulturminne og kulturmiljø.

Miljø- og klimasatsinga over jordbruksavtalen skal bidra til å halde ved lag kulturlandskapet og redusere miljøbelastninga. Regjeringa sin intensjonsavtale med organisasjonane i jordbruket om å arbeide for reduserte utslepp og auka opptak av karbon i jordbruket, ligg til grunn for klimaarbeidet i sektoren. Det går òg fram av Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan 2021–2030*. Etablering av Bionova er òg eit verktøy for å nå måla i klimaavtalen. Regjeringa har òg styrkt Landbruksdirektoratets arbeid innanfor arealforvaltning, beredskap, klimaendringar og klimatilpassing.

I jordbruksoppgjøret 2023 blei miljø- og klimainnsatsen i jordbruket styrkt ytterlegare. Denne satsinga skal bidra til å følgje opp klimaavtalen mellom regjeringa og organisasjonane i jordbruket og til arbeidet med å nå andre miljømål, til dømes innan vassmiljø og kulturlandskap, bruk av beite og artsmangfald.

Oppfølging av *Helhetlig tiltaksplan for en ren og rik Oslofjord med et aktivt friluftsliv* blei òg særskild prioritert i forhandlingane i 2023. Regjeringa har òg mål om å auke CO₂-opptaket i norsk skog. Elles ligg Meld. St. 13 (2020–2021) til grunn for klimapolitikken for skog- og arealbrukssektoren. Meld. St. 26 (2022–23) *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn* ligg vidare til grunn for arbeidet med klimatilpassing for det sektorover-gripande samarbeidet og for den enkelte sektor, slik som landbruk.

Bionova styrkjer klimaarbeidet i landbruket

Gjennom Bionova har regjeringa styrkt arbeidet med klimatiltak i landbruket og med utvikling av den sirkulære bioøkonomien. Bionova blei etablert i 2023 som ein del av Innovasjon Norge og er lagt til Innovasjon Norge sitt regionkontor i Brumunddal.

Bionova skal bidra til å redusere klimagassutslepp og auke opptak og lagring av karbon i jord på gardsnivå, og bidra til auka verdiskaping gjennom ein meir ressurseffektiv og sirkulær bioøkonomi. Tilsegningsfullmakt og løyving knytt til Bionova har blitt auka gjennom både revidert nasjonalbudsjett for 2023 og gjennom jordbruksopp-gjøret i 2023. For budsjettåret 2024 gjer regjeringa framlegg om å auke løyvinga til Bionova ytterlegare med 83,6 mill. kroner samanlikna med sal-

dert budsjett 2023. Samla løyving på kap. 1152, post 70 blir då 171,2 mill. kroner. Samla løyving til Bionova for 2024, medrekna løyvinga over jordbruksoppgjeret, blir 393,2 mill. kroner.

Arealforvaltning og beredskap

Landbruket er ein viktig del av totalberedskapen i samfunnet, både når det gjeld matsikkerheit og klimatilpassing. Klimahendingane i sommar med både tørke og flaum er ei påminning om at klimaendringane forsterkar presset på landbruket og aukar behovet for god arealbruk og beredskap. For å kunne handtere desse utfordringane vil regjeringa difor styrkje Landbruksdirektoratets arbeid med arealforvaltning, beredskap, klimaendringar og klimatilpassing.

Eit sterkt importvern er avgjerande for landbrukspolitikken

Regjeringsplattforma set ambisiøse mål for norsk landbruk og matindustri. Eit solid importvern er ein føresetnad for å nå måla om auka sjølvforsyning, betre inntektsmoglegheiter og landbruk over heile landet. Dette ligg til grunn for forvaltninga av importvernet og marknadsordningane i jordbruket. For å styrkje tollvernet, gjer regjeringa framlegg om overgang frå kronetoll til prosenttoll for heil issalat, kålrot, knollselleri og raudbetar frå 1. januar 2024.

Regjeringa forhandlar om rammevilkår for handel med jordbruksvarer i WTO, EØS og som ein del av EFTA. I slike forhandlingar legg regjeringa vekt på at det ikkje blir gitt konsesjonar for sensitive norske jordbruksvarer som til dømes meieri- og kjøttvarer. Regjeringa legg vidare vekt på retten til å innføre tiltak som påverkar handelen av omsyn til folke-, plante- og dyrehelse.

Straumstønaden reduserer kostnadene i jordbruket

Primærprodusentar i jordbruket og veksthusnæringa fekk ei ordning med straumstønad allereie frå desember 2021. Formålet med ordninga er å bidra til at norsk matproduksjon og norsk produksjon i veksthus kan halde fram trass i dei ekstraordinære, høge utgiftene til straum. Ordninga med straumstønad til jordbruk, veksthus og vatningslag skal vidareførast med dagens berekningsmetode med gjennomsnittleg månadleg straumpris ut 2024. Dette gir føreseielege rammer for næringa.

Ordninga har ei stønadsgrad på 80 pst. opp til forbruk på 60 000 kWt per føretak per månad. Denne grensa er sett for å dekkje eit rimeleg og

normalt forbruk av straum for både næring og privat forbruk på eit «vanleg» gardsbruk. For stønad til veksthus og vatningslag er det inga maksimalgrense.

Dyrevelferda og plante- og dyrehelsa skal varetakast

Dyrevelferda og plante- og dyrehelsa skal vere god. Dette er avgjerande for at bøndene skal kunne produsere trygg mat og for omdømmet til matproduksjonen.

Regjeringa har starta arbeidet med ei ny dyrevelferdsmelding som skal gjelde for alle dyr som er omfatta av dyrevelferdslova, inkludert fisk. Ny kunnskap om dyrevelferd og utviklinga i norsk dyrehald, husdyrproduksjon og havbruk står sentralt i arbeidet.

Mattilsynet har ei viktig rolle med å overvake dyrevelferda og å utvikle regelverket. Innsatsen på dette område er styrkt.

Helsesituasjonen i norsk husdyrhald er god. Også plantehelsa er god, men meir import av planter og plantemateriale aukar risikoen for nye sjukdommar og skadegjerarar. Tilsyn med kontrollrutinane hos importørane er difor viktig. Mattilsynet overvakar og handterer hendingar på plante- og dyrehelseområdet. Dette arbeidet er avgjerande for å styrkje og bevare den gode plante- og dyrehelsa i Noreg.

Regjeringa foreslår å auke Mattilsynet sitt budsjett med 10 mill. kroner, til mellom anna utvikling av tilsynet og styrking av beredskapen.

Regjeringa vil følgje opp at kjæledyr, som kjem saman med fordrivne frå Ukraina, oppfyller dei vanlege dyrehelsekrava.

Det er vidare mangel på veterinærtenester i jordbruket. God tilgang på slike tenester er vesentleg av omsyn til dyrehelsa, dyrevelferda og mattryggleiken. På oppdrag frå departementet har ei arbeidsgruppe gjort ei utgreiing. Gruppa tilrår ei rekkje tiltak som kan bidra til å redusere utfordringane med å rekruttere og behalde veterinærar i praksis knytt til produksjonsdyr i distrikta.

Næringsmiddelindustrien og jordbruket

Det er om lag 40 000 arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien i Noreg. Mange av verksemdene ligg i distrikta, og betyr mykje for verdiskaping, sysselsetjing og busetjing.

Jordbruket er avhengig av ein livskraftig næringsmiddelindustri for å kunne foredle råvarer. Samtidig er industrien avhengig av norske råvarer i produksjonen. Til saman dekkjer jordbruket og industrien heile verdikjeda for matproduksjon.

Importvernet for jordbruksvarer bidreg til å oppretthalde ein levedyktig industri. Auka konkurranse stiller samtidig krav til omstillingsevne, effektivisering og innovasjon i verksemdene. Jordbruksavtalen har ordningar som skal kompensere for prisforskjellar på jordbruksråvarer mellom Noreg og utlandet, slik at næringsmiddelindustrien i Noreg kan produsere og omsetje industrielt foredla jordbruksvarer basert på norskproduserte jordbruksråvarer.

Matnasjonen Noreg

Matnasjonen Noreg er ei felles ramme for arbeid med næringsutvikling og verdiskaping innan verdikjeda for mat, basert på ressursar frå hav og land. Dette arbeidet skal halde fram. Samarbeid mellom blå og grøn sektor, og samarbeid knytt til kosthalds- og folkehelse, står sentralt.

Arbeidet med lokalmat og -drikke, og med heilskaplege mat- og reiselivskonsept, blir særskilt følgt opp gjennom Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping og gjennom nasjonale og regionale samarbeidsarenaer og verkemiddel.

Skogen skaper verdier

Regjeringa la i 2022 fram eit vegkart for grønt industriløft, der skog- og trenæringa og anna bioøkonomi er eitt av satsingsområda. Bioressursane frå hav og land skal brukast til klimavenlege og lønsame produkt, inkludert biodrivstoff, og bidra til å utvikle industriarbeidsplassar og lange verdikjeder i Noreg.

Eit berekraftig skogbruk, saman med ein lønsam foredlingsindustri, gir positive nærings-, energi- og klimabidrag. Hovudprioriteringane er betre infrastruktur for transport av tømmer, auka planting, ungskogpleie og skogplanteforedling for større produksjon av trevirke og auka opptak av CO₂ i skogen. Målet er større bidrag frå skogbruket til verdiskaping og grøn omstilling av økonomien.

Haustbare viltressursar, rekreasjon og næringsutvikling

Regjeringa vil leggje til rette for ei berekraftig forvaltning av dei haustbare viltartane og gode rammer for jakt og fangst. Det er eit potensial for auka næringsutvikling og verdiskaping, mellom anna ved sal av jakt og jaktopplevingar og vidareutvikling av viltkjøtt næringa.

Prioriteringar framover vil vere å gjennomgå og modernisere viltlova, byggje opp under ei berekraftig viltforvaltning og leggje til rette for auka næringsutvikling basert på jakt og vilt som matressurs.

Regjeringa har vedteke å flytte direktoratsansvaret for haustbare viltressursar frå Miljødirektoratet i Trondheim til Landbruksdirektoratet i Steinkjer. Regjeringa vil leggje fram for Stortinget eit forslag om endring i viltlova slik at Landbruksdirektoratet blir viltmyndigheit.

Ei berekraftig reindriftsnæring

Reindriftsnæringa er ei viktig næring. Den utnytter marginale utmarksressursar og er samstundes avgjerande for å bevare samisk kultur og språk. I heile verdikjeda frå vidde til bord har det vore ei positiv utvikling dei siste åra. Prisutviklinga har vore vesentleg. Potensialet for auka inntening i og i tilknytning til reindrifta er framleis stort. Dette gjeld særleg innanfor vidareforedling av reinkjøtt, det reindriftsbaserte reiselivet og lærings- og omsorgsbaserte tenester.

Regjeringa har eit mål om ei berekraftig reindriftsnæring. Reindriftsavtalen 2023/2024 legg til rette for vidareutvikling av ei berekraftig næring. Viktige prioriteringar er dei direkte tilskotta, i varetaking av reindrifta sine areal, klimatilpassing, beredskap og tilleggsnæringar. Avtalen vidarefører prioriteringa av dei som har reindrift som hovudverksemd.

Reindrifta har mange utfordringar. Det gjeld særleg bruk av beiteareal til andre formål, til dømes til energi og industri, men òg auka ferdsel i utmark. Dette reduserer fleksibiliteten til reindrifta. Samstundes er tap av rein til rovvilt ei vedvarande utfordring, som blir forsterka når fleksibiliteten blir redusert. Reindrifta blir, som ei naturbasert næring, særleg påverka av klimaendringane. Avtalepartane har difor etablert ei arbeidsgruppe som skal sjå nærare på konsekvensane for reindrifta, og korleis utfordringane skal handterast.

Konfliktnivået mellom reindrift og andre interesser er høgt. Regjeringa ser det som viktig å få etablert tiltak som reduserer konfliktnivået, og som bidreg til å nå måla i reindriftspolitikken om auka lønsemd og produksjon. Kunnskap om reindrift og arealbruken til reindrifta er avgjerande for å gjere gode avvegingar mellom ulike interesser i arealplanlegginga.

Landbruksdirektoratet skal halde fram arbeidet som er starta i 2023 med å byggje opp eit fagmiljø for reindrift og arealforvaltning som kan

bidra til å styrkje kompetansen i offentleg forvaltning. Direktoratet skal, saman med statsforvaltarane, bidra til at kommunane har kompetanse om reindrift og kan vareta reindriften i si arealplanlegging.

Oppgjeret til pelsdyrbøndene skal slutførast

Regjeringa legg stor vekt på at erstatningsopp-gjeret etter avvikling av hald av pelsdyr skal bli slutført på ein god og rett måte. I løpet av 2023 skal det utformast så mange endelege tilbod som mogleg, men dette arbeidet vil måtte vare òg i 2024. I 2024 vil det òg bli arbeidd med andre ordningar som kompensasjon for riving- og opprydding, kompetanseutviklingsmidlar, kompensasjon for pensjonstap og erstatning til førkjøkken og pelseri.

For å avgrense konsekvensane av forseinkingar i erstatningsopp-gjeret, har pelsdyrbøndene fått tilbod om forskott basert på 90 pst. av ein førebels berekna bruksverdi eller 75 pst. av takstverdi der det har vore innhenta takst på oppdrag frå Norges Pelsdyrslag.

Dei genetiske ressursane må forvaltast godt

Klimaendringar og press på ressursgrunnlaget er ein trussel mot målet om auka matproduksjon. Desse utfordringane krev gode tilpassingar i landbruket. Dei genetiske ressursane hos husdyr og matvekstar er ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for auka matproduksjon.

God forvaltning av dei genetiske ressursane gjennom bruk og vern er avgjerande for å ta vare på det genetiske forrådet for mat- og landbruksproduksjon i framtida. Departementet vil setje i verk ein nasjonal tiltaksplan for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk. Tiltaksplanen vil innehalde prioriteringar for det vidare arbeidet, og vise kva rolle og oppgåver dei ulike aktørane har.

Eigedomslovgivinga legg til rette for eit levande landbruk

Regjeringa vil at matjord skal bli brukt til matproduksjon. For å leggje til rette for eit levande landbruk i heile landet, vil regjeringa òg handheve verkemidla i eigedomslovgivinga. Regjeringa vil i 2024 fortsetje lovutviklingsarbeidet som er sett i gang. Det gjeld mellom anna konsesjonslova og jordlova.

Landbruk i nord gir god beredskap

Eit levedyktig landbruk betyr mykje for busetnaden i Nord-Noreg. Den tryggingpolitiske situasjonen gjer at eit aktivt og mangfaldig næringsliv i nord er vesentleg i eit langsiktig nasjonalt tryggleiksperspektiv.

Dei alvorlege konsekvensane av klimaendringane viser verdien av ei berekraftig ressursutnytting i dei nordlegaste fylka. I jordbruksavtalen blei det sett av 17 mill. kroner til ei vidareføring av satsinga på berekraftig matproduksjon og verdiskaping i Nord-Noreg. Satsinga skal styrkje sårbare produsentmiljø, motverke bruksnedgang, auke arealbruken og heve kompetansen til landbruksnæringa og verdikjeda for mat. Det blir foreslått å vidareføre løyvinga frå revidert nasjonalbudsjett for 2023 på 3 mill. kroner til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) si eining i Pasvik. Den er ein del av regjeringa si aktivitetsspakke for Øst-Finnmark og skal bidra til fleire FoU-arbeidsplassar på denne staden.

Frå 2024 vil Troms fylkeskommune ha ansvaret for å følgje opp satsinga i samarbeid med fylkeskommunane i Finnmark og Nordland og dei regionale partnerskapa. Minimum 5 mill. kroner av midlane skal gå til forskning og anna kunnskapsutvikling i regi av Norsk institutt for bioøkonomi. I jordbruksavtalen i 2023 er satsinga på landbruket i Nord-Noreg vidareført og forsterka òg på andre område.

Kunnskap er ein føresetnad for eit berekraftig landbruk

Forsking, innovasjon og ny teknologi skal bidra til sunn og trygg mat basert på norske ressursar og auka sjølvforsyning. Samstundes skal klimagassutsleppa frå jordbruket reduserast, opptaket av karbon auke og miljøet varetakast.

Kunnskap og teknologiutvikling skal bidra til auka produktivitet og best mogleg utnytting av tilgjengelege ressursar, inkludert kunnskap innan agronomi og korleis landbruket blir påverka av, og best kan tilpassast, eit endra klima. Ny kunnskap legg grunnlaget for ein sirkulær bioøkonomi og auka verdiskaping i dei landbaserte bio-næringane. Det målretta samfunnsoppdraget på berekraftig fôr, lansert i regjeringa sin langtidsplan for forskning- og høgare utdanning, jf. Meld. St. 5 (2022–2023), vil gi viktige bidrag til å nå dei måla Noreg har sett for matproduksjon, klima, miljø, sysselsetjing og verdiskaping.

Dei landbruks- og matfaglege forskingsinstitutta er sentrale i å utvikle kunnskapsgrunnlag for

politikkutforming og bidra til berekraftig utvikling og omstilling gjennom forskning med høg kvalitet og relevans. Rekruttering til landbruksutdanninga trengst for at næringa skal ha tilgang til kompetanse og for å halde norsk forskning og innovasjon på eit høgt nivå.

Aktivt statleg eigarskap

Eigarskapsmeldinga til regjeringa, Meld. St. 6 (2022–2023) *Eit grønare og meir aktivt eigarskap*, syner korleis statleg eigarskap kan bidra til høgast mogleg avkastning og gode tenester, samstundes som selskapa driv ansvarleg og bidreg til det grønne skiftet. Det statlege eigarskapet skal utøvast meir aktivt for å fremje fellesskapen sine interesser knytt til klima og berekraft, løns- og arbeidsforhold, lokale ringverknader, verdiskaping i heile landet, læreplassar, kamp mot sosial dumping og moderasjon i leiarlønningar.

Landbruks- og matdepartementet forvaltar eigarskap i tre selskap, Statskog SF, Kimen Såvarelaboratoriet AS og Graminor AS. Statskog SF er det største av desse og det einaste som er heileigd av staten. Eigarskapet i desse selskapa har sektorpolitiske grunngevingar. For Statskog SF er grunngevinga for eigarskapet knytt opp mot energi- og naturressursar og fellesgode, mens det for Kimen Såvarelaboratoriet AS og Graminor AS er knytt opp mot samfunnstryggleik og beredskap.

Statskog SF kjøpte i 2022 AS Meraker Brug for 2,65 mrd. kroner. Eigedommen har store skog- og utmarksressursar. Gjennom eigarstyringa av, og eigardialogen med Statskog SF, vil departementet leggje vekt på at denne store investeringa skal bidra til nasjonal og lokal verdiskaping og auka tilbod av jakt og fiske gjennom berekraftig forvaltning av eigedommen.

Internasjonalt samarbeid

Dei store globale utfordringane med ustabile forsynningar og klima- og miljøkriser, krev eit forpliktande internasjonalt samarbeid.

Noreg har eit ansvar for å bidra til global matsikkerheit, både gjennom eigen produksjon og ved å støtte opp om internasjonalt arbeid på området. Regjeringa har dei globale berekraftsmåla som utgangspunkt for sitt internasjonale engasjement i dette arbeidet. Matsikkerheit er prioritert i utviklingspolitikken, både multilateralt og bilateralt.

Noreg er aktivt med i ei rekkje internasjonale forum på landbruks- og matområdet, både innanfor og utanfor FN-systemet. Mandatet for FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) omfattar global matsikkerheit, reduksjon av fattigdom og berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar.

Innanfor skogområdet deltek Noreg i skogforumet til FN (UNFF), som har sett mål for forvaltning av skogane i verda og legg overordna premissar for berekraftig skogforvaltning globalt.

Noreg har vidare slutta seg til ei rekkje internasjonale avtalar som dekkjer mellom anna handel, mattryggleik, plante- og dyrehelse, skog, klima og forskning.

Regelverket på matområdet blir i stor grad utforma i samsvar med internasjonal utvikling. Noreg deltek i WTO/SPS-avtalen, som regulerer medlemsstatane si moglegheit til å vedta tiltak for å verne om folke-, dyre- og plantehelse, og i dei standardsetjande organa Codex Alimentarius Commission (Codex), Verdas dyrehelseorganisasjon (WOHA) og i Verdas plantehelseorganisasjon (IPPC).

Gjennom EØS-avtalen er det etablert eit omfattande harmonisert regelverk på matområdet, mellom anna for mat, dyr og innsatsvarer. Regelverket på matområdet utgjer ein stor del av regelverket som blir teke inn i EØS-avtalen.

2 Oversiktstabellar

Utgifter fordelt på programkategoriar

(i 1 000 kr)

Kat.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Budsjettets stilling per 1. halvår	Forslag 2024
15.00	Administrasjon m.m.	192 526	188 903	191 256	198 942
15.10	Matpolitikk	1 617 629	1 591 841	1 643 085	1 691 715
15.20	Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling	860 006	841 248	863 958	891 621
15.30	Næringsutvikling, ressurs- forvaltning og miljøtiltak	25 423 550	26 888 201	26 312 132	28 842 186
	Sum programområde 15	28 093 711	29 510 193	29 010 431	31 624 464

Inntekter fordelt på programkategoriar

(i 1 000 kr)

Kat.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Budsjettets stilling per 1. halvår	Forslag 2024
15.00	Administrasjon m.m.	313	135	135	141
15.10	Matpolitikk	211 931	212 397	214 697	218 729
15.20	Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling	19 446	19 915	19 915	20 935
15.30	Næringsutvikling, ressurs- forvaltning og miljøtiltak	350 126	334 974	344 974	375 584
15.40	Forretningsdrift		20 000	114 000	44 400
	Sum programområde 15	581 816	587 421	693 721	659 789

Utgifter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	1 979 852	1 998 716	2 178 196	9,0
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	8 027	14 771	15 904	7,7
50–89	Overføringer til andre	23 480 932	27 496 706	29 430 364	7,0
90–99	Utlån, statsgjeld o.a.	2 624 900			0,0
	Sum under departementet	28 093 711	29 510 193	31 624 464	7,2

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
01–29	Sal av varer og tenester	262 837	264 456	266 404	0,7
30–49	Inntekter i samband med nybygg, anlegg o.a.	19 746	19 915	20 935	5,1
50–89	Overføringer frå andre	299 233	303 050	362 450	19,6
90–99	Attendebetalinger o.a.			10 000	100,0
	Sum under departementet	581 816	587 421	659 789	12,3

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
Administrasjon m.m.					
1100	Landbruks- og matdepartementet	192 526	188 903	198 942	5,3
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>192 526</i>	<i>188 903</i>	<i>198 942</i>	<i>5,3</i>
Matpolitikk					
1112	Veterinærinstituttet	104 355	106 696	113 008	5,9
1115	Mattilsynet	1 513 274	1 485 145	1 578 707	6,3
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>1 617 629</i>	<i>1 591 841</i>	<i>1 691 715</i>	<i>6,3</i>
Forskning, innovasjon og kunnskaps- utvikling					
1136	Norsk institutt for bioøkonomi	248 552	253 743	271 785	7,1
1137	Forskning og innovasjon	611 454	587 505	619 836	5,5
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>860 006</i>	<i>841 248</i>	<i>891 621</i>	<i>6,0</i>
Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak					
1138	Støtte til organisasjoner m.m.	57 629	52 286	59 438	13,7
1139	Genressursar, miljø- og ressurs- registreringar	28 099	31 366	33 355	6,3
1140	Haukbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.	86 357	82 590	85 590	3,6
1141	Haukbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.	12 539	12 947	12 475	-3,6
1142	Landbruksdirektoratet	1 516 769	2 125 834	1 003 018	-52,8
1148	Naturskade – erstatningar	40 882	89 400	140 400	57,0
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	117 081	111 969	113 646	1,5
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	20 723 348	24 082 359	26 989 280	12,1
1151	Til gjennomføring av reindrifftsavtalen	191 998	180 000	200 000	11,1
1152	Bionova		87 540	171 184	95,5
1161	Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn	23 948	31 910	33 800	5,9
1162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	2 624 900			0,0
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>25 423 550</i>	<i>26 888 201</i>	<i>28 842 186</i>	<i>7,3</i>
	<i>Sum programområde 15</i>	<i>28 093 711</i>	<i>29 510 193</i>	<i>31 624 464</i>	<i>7,2</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>28 093 711</i>	<i>29 510 193</i>	<i>31 624 464</i>	<i>7,2</i>

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
Administrasjon m.m.					
4100	Landbruks- og matdepartementet	313	135	141	4,4
	<i>Sum kategori 15.00</i>	<i>313</i>	<i>135</i>	<i>141</i>	<i>4,4</i>
Matpolitikk					
4115	Mattilsynet	211 931	212 397	218 729	3,0
	<i>Sum kategori 15.10</i>	<i>211 931</i>	<i>212 397</i>	<i>218 729</i>	<i>3,0</i>
Forskning, innovasjon og kunnskaps- utvikling					
4136	Norsk institutt for bioøkonomi	19 446	19 915	20 935	5,1
	<i>Sum kategori 15.20</i>	<i>19 446</i>	<i>19 915</i>	<i>20 935</i>	<i>5,1</i>
Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak					
4141	Haustrbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.	4 662	4 071	4 071	0,0
4142	Landbruksdirektoratet	46 231	47 853	50 463	5,5
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		50	50	0,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	299 233	283 000	321 000	13,4
	<i>Sum kategori 15.30</i>	<i>350 126</i>	<i>334 974</i>	<i>375 584</i>	<i>12,1</i>
Forretningsdrift					
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap			10 000	100,0
5652	Statskog SF – renter og utbytte		20 000	34 400	72,0
	<i>Sum kategori 15.40</i>		<i>20 000</i>	<i>44 400</i>	<i>122,0</i>
	<i>Sum programområde 15</i>	<i>581 816</i>	<i>587 421</i>	<i>659 789</i>	<i>12,3</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>581 816</i>	<i>587 421</i>	<i>659 789</i>	<i>12,3</i>

Bruk av stikkordet «kan overføres»

***Under Landbruks- og matdepartementet blir stikkordet «kan overføres» foreslått knytt til disse postane utanom postgruppe 30–49.*

			(i 1 000 kr)	
Kap.	Post	Nemning	Overført til 2023	Forslag 2024
1100	21	Spesielle driftsutgifter	5 029	15 988
1137	70	Innovasjonsaktivitet m.m.		2 920
1138	71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar	198	1 415
1139	70	Tilskott til bevaring og berekraftig bruk av husdyr-, plante og skogregenetiske ressursar	7 500	7 457
1139	71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak	806	9 140
1140	21	Spesielle driftsutgifter	1 519	32 683
1140	71	Tilskott til viltformål	747	39 778
1141	23	Jegerprøve m.m.	136	4 071
1142	71	Tiltak for berekraftig reindrift	42	5 286
1142	77	Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald	1 618 032	250 000
1142	78	Tilskott til omstilling ved avvikling av pelsdyrhald	75 520	34 000
1149	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	12 264	54 223
1149	73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak	19 906	55 852
1150	21	Spesielle driftsutgifter	6 966	10 200
1150	70	Marknadstiltak	2 722	341 140
1150	74	Direkte tilskott	16 906	16 139 630
1150	77	Utviklingstiltak	6 722	346 470
1150	78	Velferdsordningar	14 302	1 914 969
1151	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott	9 293	121 850
1151	79	Velferdsordningar	665	4 300

3 Oppfølging av oppmodings- og utgreiingsvedtak

Tabell 3.1 viser ei oversikt over oppfølginga av oppmodings- og utgreiingsvedtak under Landbruks- og matdepartementet.

I kolonne 4 i tabellen nedanfor går det fram om departementet legg opp til at rapporteringa på

oppmodingsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet òg vil rapportere på vedtaket i budsjettproposisjonen for neste år.

Tabell 3.1 Oversikt over oppmodings- og utgreiingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapportering blir avslutta (Ja/Nei)
2022–2023	928	Oppheve lov om endring av jordlova	Nei
2022–2023	868	Overgang frå kronetoll til prosenttoll	Ja
2022–2023	867	Bruk av kart i tilskottssystemet	Nei
2022–2023	866	Strategi for auka sjølvforsyning og trygg matproduksjon	Nei
2022–2023	702	Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet	Nei
2022–2023	701	Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet	Nei
2022–2023	700	Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet	Nei
2022–2023	545	Donasjon av overskottsmat til velgjerande formål frå cruiseskip og skipshandlarar	Nei
2022–2023	519	Innsamling, registrering og kontroll av viktige naturverdiar i norsk skog	Nei
2022–2023	348	Maksimalgrensa for rett til straumstøtte	Ja
2021–2022	836	Overgang frå kronetoll til prosenttoll	Ja
2021–2022	799	Oppdatering av jordvernstrategien	Ja
2021–2022	754	Bransjeavtalar for biogassproduksjon	Nei
2021–2022	381	Melding til Stortinget om dyrevelferd som byggjer på oppdatert kunnskap	Nei
2021–2022	382	Dyrevelferda i svinenæringa	Nei
2021–2022	383	Konkrete tiltak i melding til Stortinget om dyrevelferd	Nei
2021–2022	384	Alternativ til CO ₂ -bedøving av dyr	Nei
2021–2022	35 – nr. 29	Inntektsgap	Nei
2020–2021	1134	Viltlova – utgreiing av omgrepet «kunstig lys»	Nei
2016–2017	878	Konsekvensar av liberalisering av konsesjonsplikta	Ja

Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortings- sesjonen 2022–2023

Oppheve lov om endring av jordlova

Vedtak nr. 928, 16. juni 2023:

Stortinget ber regjeringen legge frem forslag om å oppheve lov om endring av jordlova (oppheve forbudet mot nydyrking av myr)

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 118 S (2022–2023), jf. Innst. 490 S (2022–2023).

Regjeringa vil følgje opp vedtaket gjennom ein ordinær lovprosess. Eit forslag til endringslov vil bli lagt fram for Stortinget.

Overgang frå kronetoll til prosenttoll

Vedtak nr. 868, 16 juni 2023:

Stortinget ber regjeringen sikre norsk matberedskap og norsk matproduksjon gjennom et vel fungerende tollvern, og at regjeringen i statsbudsjettet for 2024 går fra krone- til prosenttoll for enkeltprodukt for å sikre dette.

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 121 S (2022–2023), jf. Innst. 487 S (2022–2023).

Regjeringa gjer framlegg om overgang frå kronetoll til prosenttoll for heil issalat, kålrot, knollselleri og raudbetar i samband med framlegging av statsbudsjettet for 2024. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 868, 16. juni 2023 med dette er følgt opp.

Bruk av kart i tilskottssystemet

Vedtak nr. 867, 16. juni 2023:

Stortinget ber regjeringen, i dialog med faglagene, utrede hvordan bruk av datakart kan sikre høyere presisjon i tildeling av tilskuddsmidler og målrette arealtilskudd mot arealer som ligger brakk, som for eksempel et teigbasert tilskudd. Utredningen skal være klar før de ordinære jordbruksforhandlingene i 2024.

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 121 S (2022–2023), jf. Innst. 487 S (2022–2023). Både bruk av kart og målretting av tilskott mot særskilde teigar har vore utgreidd tidlegare, og Landbruksdirektoratet skal greie ut denne problemstillinga fram mot jordbruksforhandlingane 2024.

Strategi for auka sjølvforsyning og trygg matproduksjon

Vedtak nr. 866, 16. juni 2023:

Stortinget ber regjeringen, i dialog med faglagene, legge fram en strategi for økt selvforsyning og trygg matproduksjon basert på norske ressurser, og komme tilbake til Stortinget senest i forbindelse med statsbudsjettet.

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 121 S (2022–2023), jf. Innst. 487 S (2022–2023).

I regjeringa si politiske plattform heiter det at «Regjeringen vil leggje fram og gjennomføre ein opptrappingsplan for trygg matproduksjon på norske ressursar og setje eit mål for sjølvforsyningsgrad av norske jordbruksmatvarer, korrigert for import av førråvarer, på 50 prosent».

Noreg har i dag høg sjølvforsyning av husdyrprodukt og relativt låg sjølvforsyning av energirike plantevekstar. Å auke sjølvforsyninga handlar for norsk landbruk difor først og fremst om å forbetre og auke produksjonen av planteprodukt, både til mat og fôr, og å styrkje konkurransekrafta mot import. I tillegg viser fleire rapportar at ein kraftig auke i sjølvforsyningsgraden er avhengig av endringar i kosthaldet i retning plantevekstar til mat som kan produserast i Noreg.

Regjeringa har sidan den tiltredde arbeidd for å auke sjølvforsyninga, mellom anna gjennom tilleggsforhandlingar og jordbruksoppgjær, og vil invitere faglaga i løpet av hausten 2023 til vidare dialog om ein strategi for auka sjølvforsyning og trygg matproduksjon. Regjeringa vil komme tilbake med konkretisering av strategien slik at den kan handsamast av Stortinget før jordbruksoppgjæret 2024.

Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet

Vedtak nr. 702, 25 mai 2023:

«Stortinget ber regjeringen sikre at Mattilsynet i større grad anmelder alvorlige brudd på dyrevelferdsloven.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:219 S (2022–2023), jf. Innst. 369 S (2022–2023).

Mattilsynet har styrkt arbeidet med dyrevelferdskriminalitet og ferdigstilt retningslinjer for samarbeid mellom politiet og Mattilsynet. Tal på meldingar til politiet har auka dei siste åra, og dette vil bli følgt opp vidare framover. Temaet vil òg inngå i arbeidet med dyrevelferdsmeldinga.

Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet

Vedtak nr. 701, 25 mai 2023:

«Stortinget ber regjeringen sikre at dyreeiere som ikke etterkommer pålegg fra Mattilsynet etter alvorlige og gjentatte brudd på dyrevelferdsloven, lettere fratas retten til å drive med husdyrhold.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:219 S (2022–2023), jf. Innst. 369 S (2022–2023).

Oppfølging av kronisk dårlege dyrehald har vore eit prioritert område for Mattilsynet dei siste åra, og retningslinjer for oppfølging av desse dyrehalda er reviderte. Departementet har motteke fleire innspel om tilsynet sin verkemiddelbruk, og temaet vil inngå i arbeidet med dyrevelferdsmeldinga.

Strengare straff for alvorleg dyrekriminalitet

Vedtak nr. 700, 25 mai 2023:

«Stortinget ber regjeringen fremme lovforslag om å inkludere dyrevelferdsloven § 37 i opplistingen i straffeprosessloven § 216 b første ledd bokstav b.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:219 S (2022–2023), jf. Innst. 369 S (2022–2023).

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om dyrevelferd i 2024. Dyrevelferds-kriminalitet og strafferamma etter dyrevelferdslova vil vere ein del av meldinga.

Donasjon av overskottsmat til velgjerande formål frå cruiseskip og skipshandlarar

Vedtak nr. 545 av 23 mars 2023:

«Stortinget ber regjeringen avklare om handlingsrommet for donasjon av overskuddsmat til veldedige formål fra cruiserederier og skipshandlere mv. reelt begrenses av EU/EØS-regler, og avstemme regelverket i Norge med EU-land, med forbehold om at norske veterinærmyndigheter anser dette som forsvarlig.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av dokument 8:116 S (2022–2023), jf. Innst. 220 S (2022–2023).

Regjeringa arbeider med å vurdere om det er handlingsrom innanfor regelverket for donasjon av overskottsmat frå cruisederier og skipshandlarar, og om eventuell donasjon kan reknast som forsvarleg innanfor dei folke- og dyrehelsemessige rammene i regelverket.

Innsamling, registrering og kontroll av viktige naturverdiar i norsk skog

Vedtak nr. 519, 14. mars 2023:

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå dagens metode for innsamling, registrering og kontroll av viktige naturverdier i norsk skog, og vurdere tiltak for å sikre at intensjonen med miljøregistrering er ivarettatt, og at miljøregistreringen har tilstrekkelig kvalitet.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:40 S (2022–2023), jf. Innst. 191 S (2022–2023).

Landbruks- og matdepartementet gav i brev av 9. mai 2023 Landbruksdirektoratet i oppdrag å setje i gang ein feltkontroll som eit ledd i oppfølginga av oppmodingsvedtaket. Vidare har direktoratet utarbeidd eit opplegg for å evaluere miljøregistreringane, og er i ferd med å starte opp feltkontrollen.

I tillegg vil Landbruksdirektoratet gå gjennom fleire andre element knytte til metoden for innsamling, registrering og kontroll. Forskarar ved Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) vil gå gjennom kunnskapsgrunnlaget bak registreringsopplegget. Departementet vil komme tilbake til Stortinget når gjennomgangen er utført.

Maksimalgrensa for rett til straumstøtte

Vedtak nr. 348, 19. desember 2022:

«Stortinget ber regjeringen videreføre maksimalgrensen for støtteberettiget forbruk i den midlertidige strømstøtteordningen for primærprodusenter i jordbruket på 60 000 kWt per måned per foretak ut andre kvartal 2023.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 1 S (2022–2023), jf. Innst. 8 S (2022–2023).

Regjeringa auka frå og med oktober 2022 maksimalgrensa for forbruk med rett til stønad i den midlertidige straumstønadsordninga for primærprodusentar i jordbruket frå 20 000 kWt per føretak per måned, til 60 000 kWt. Auken gjaldt i første omgang for månadene oktober, november og desember 2022, men ordninga er no endra slik at grensa på 60 000 kWt blir ført vidare. Regjeringa har vedteke å føre vidare straumstønadsordninga for primærprodusentar i jordbruket, veksthus og vatningslag ut 2024. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 348, 19. desember 2022, med dette er følgd opp.

Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortings- sesjonen 2021–2022

Overgang frå kronetoll til prosenttoll

Vedtak nr. 836, 17. juni 2022:

«Stortinget ber regjeringa i forbindelse med statsbudsjettet for 2023 vurdere overgang fra kronetoll til prosenttoll, blant annet for tollinjene storfe, svin, sau, lam og potet.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 115 S (2021–2022) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2022*, jf. Innst. 450 S (2021–2022).

Regjeringa gjorde ikkje framlegg om omlegging frå kronetoll til prosenttoll for landbruksvarer i samband med framlegging av statsbudsjettet for 2023. Regjeringa viser til vedtak nr. 868 i innstilling 487 S (2022–2023). Departementet vurderer at vedtak nr. 836, 17 juni 2022 blir følgt opp vidare gjennom vedtak nr. 868, 16 juni 2023, og viser til rapporteringa på dette vedtaket.

Oppdatering av jordvernstrategien

Vedtak nr. 799, 14. juni 2022:

«Stortinget ber regjeringa legge fram en ny jordvernstrategi våren 2023. Strategien skal inneholde et nytt og skjerpet mål for omdisponering av matjord og nye, konkrete tiltak for å nå målet.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:234 S (2021–2022), jf. Innst. 358 S (2021–2022). Ny jordvernstrategi blei lagt fram for Stortinget i Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppjøret 2023 m.m.)*. Strategien har eit nytt og skjerpa mål for omdisponering av matjord, som seier at omdisponeringa av dyrka mark skal vere maksimalt 2 000 dekar per år. Målet skal vere nådd innan 2030. Strategien inneheld nye, konkrete tiltak for å nå dette målet. Regjeringa vil følgje opp den nye strategien. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 799, 14. juni 2022 med dette er følgt opp.

Bransjeavtalar for biogassproduksjon

Vedtak nr. 754, 10. juni 2022:

«Stortinget ber regjeringa ta initiativ til å opprette bransjeavtaler med landbruket og fiskeri- og

havbruksnæringen med mål og tiltak for å øke leveransen av råstoff til biogassproduksjon. Klyngesamarbeid på tvers av bionæringene vil spille en viktig rolle i dette arbeidet.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Meld. St. 36 (2020–2021) og Meld. St. 11 (2021–2022), jf. Innst. 446 S 2021–2022. Landbruks- og matdepartementet vil følgje opp saka i samråd med Nærings- og fiskeridepartementet og Klima- og miljødepartementet.

Melding til Stortinget om dyrevelferd som byggjer på oppdatert kunnskap

Vedtak nr. 381, 15. februar 2022

«Stortinget ber regjeringa legge fram en dyrevelferdsmelding som bygger på oppdatert kunnskap om dyrevelferd med utgangspunkt i faglige og faktiske forhold. Meldingen bør se faglig og politisk på problemstillinger knyttet til dyrehold, og gi oversikt over det vi gjør bra i dag, og om det er noe som kan gjøre annerledes og bedre i framtida. Det er sammenheng mellom menneskevelferd og dyrevelferd. Meldingen bør omtale dette.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:25 S (2021–2022), jf. Innst. 130 S (2021–2022).

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om dyrevelferd i 2024.

Dyrevelferda i svinenæringa

Vedtak nr. 382, 15. februar 2022

«Stortinget ber regjeringa se på insentiver som vil øke dyrevelferden i svinenæringen, særlig med hensyn til areal, underlag og miljøberikelse, og stille strengere krav til dyrevelferd ved oppgraderinger av driftsbygninger eller nybygg.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:25 S (2021–2022), jf. Innst. 130 S (2021–2022).

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om dyrevelferd i 2024. Departementet har motteke ei rekkje innspel på området, og desse temaa vil vere ein del av arbeidet.

Konkrete tiltak i melding til Stortinget om dyrevelferd

Vedtak nr. 383, 15. februar 2022

«Stortinget ber regjeringa legge fram ei heilskapleg stortingsmelding om dyrevelferd som omfattar både produksjonsdyr i landbruket, kjøledyr og fiskeoppdrett, seinast i vårsesjonen 2023. Regjeringa vert beden om å greie ut og foreslå konkrete tiltak i meldinga både for betra dyrevelferd generelt og for spesifikke artar/grupper av dyr, herunder følgjande tema:

- å greie ut korleis økonomiske verkemiddel i landbrukspolitikken kan innrettast på ein måte som løner god dyrevelferd.
- å greie ut korleis norsk regelverk vil måtte endrast ved implementering av EU sitt varsla forbod mot hald av dyr i bur og trange bingar.
- å greie ut Mattilsynet sin kontroll- og rett-leiingsfunksjon og trong for ressursar for å sikre tilstrekkeleg oppfølging av dyrevelferden i landbruket.
- å greie ut merkeordningar som gjer det lettare for forbrukaren å velje dyrevenlege produkt. Ei slik merkeordning kan vere statleg eller privat.
- å greie ut korleis grisar kan sikrast betre tilgang til uteareal, til dømes gjennom tilskots- eller merkeordningar, eventuelt gjennom endringar i lovverket.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:25 S (2021–2022), jf. Innst. 130 S (2021–2022).

Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om dyrevelferd i 2024, og desse temaa vil bli nærare vurderte i samband med stortingsmeldinga. Departementet har halde fleire møte med innspel om aktuelle tema, og motteke ei rekkje innspel på området.

Alternativ til CO₂-bedøving av dyr

Vedtak nr. 384, 15. februar 2022

«Stortinget ber regjeringa sørge for at det vert forska på alternativ til CO₂-bedøving av dyr i slakteri og kverning av hanekyllingar (mase-rasjon), med mål om at det vert innført betre metodar for avlving, og at det på sikt kan innførast eit forbod mot dagens praksis.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Dokument 8:25 S (2021–2022), jf. Innst. 130 S (2021–2022).

Landbruks- og matdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet vil saman utarbeide ei stortingsmelding om dyrevelferd. Metodar for avlving av dyr kjem innanfor ramma av ei slik stortingsmelding. Når det gjeld metodar for avlving av dyr, er desse regulerte i eit EØS-harmonisert regelverk. Regelverket blir basert på den til ein kvar tid tilgjengelege kunnskapen i EØS-området.

Inntektsgap

Vedtak nr. 35, vedtakspunkt 29, 2. desember 2021:

«Stortinget ber regjeringen legge frem en forpliktende og tidfestet plan i løpet av 2022 for å tette inntektsgapet mellom bønder og andre grupper i samfunnet. Inntektsgapet skal tettes uavhengig av bruksstørrelse, produksjon og landsdel.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 1 S (2021–2022), jf. Innst. 2 S (2021–2022). Gryttenutvalet fekk utsett frist for å leggje fram sitt arbeid til 1. oktober 2022, og rapporten blei deretter sendt på høyring.

Det er naudsynt å innarbeide avgrensingar og føresetnader for eit nivåsmål for inntektssamanlikning. Gryttenutvalet føreslo ein operativ måte å innarbeide avgrensingar og føresetnader på. Rapporten har vore på høyring. Regjeringa arbeider for å få fram saka så fort det er forsvarleg.

Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortings-sesjonen 2020–2021

Viltlova – utgreiing av omgrepet «kunstig lys»

Vedtak nr. 1134, 4. juni 2021:

«Stortinget ber regjeringen gjøre en utredning med sikte på å avklare definisjonen av begrepet «kunstig lys» i viltloven, og hvilke prinsipper som bør legges til grunn for en ny bestemmelse om dette i viltloven, i forbindelse med det pågående arbeidet med modernisering av viltloven.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 149 L (2020–2021), jf. Innst. 604 L. Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet arbeider med å gå gjennom og modernisere viltlova. Arbeidet inneber ein revisjon av heile lova, noko som òg gjeld reglane om bruk av kunstig lys i samband med jakt og fangst. Departementet vil komme attende til Stortinget med eit lovforslag.

**Oppmodings- og utgreiingsvedtak i stortings-
sesjonen 2016–2017**

Konsekvensar av liberalisering av konsesjonsplikta

Vedtak nr. 878, 13. juni 2017:

«Stortinget ber regjeringen utrede konsekvensen av en vidare liberalisering av konsesjons- plikten utover de lovmessige endringar som nå vedtas for rene skogeiendommer.»

Vedtaket blei fatta ved handsaminga av Prop. 92 L (2016–2017), jf. Innst. 427 L (2016–2017). I Meld. St. 15 (2020–2021) la departementet til grunn at det var for tidleg å fastslå kva for følgjer endringane frå 2017 hadde på eigedoms- og bruksstrukturen, og at det difor heller ikkje var grunnlag for å føreslå ytterlegare liberalisering av regelverket.

I Prop. 1 S (2021–2022) viste departementet til at det har gått ei tid, og at det no er grunnlag for å sjå kva for følgjer endringane har ført til. Landbruksdirektoratet har i rapport 4/2023 frå mars 2023 på oppmoding frå departementet, evaluert endringane som blei vedtekne i 2017. Evalueringa omfattar både endringane i arealgrense ved over-

taking av eigedom med bygningar, og endringa av reglane om priskontroll ved overtaking av rene skogeigedommar.

Evalueringa viser at konsekvensane som er klarlagde, er samansette. Dei gir verken klare svar på om det er tenleg å liberalisere konsesjonsplikta meir enn det som blei vedteke i 2017, tenleg å oppretthalde reglane slik dei er i dag, eller om det er grunnlag for å reversere endringane. Opplysningane i rapporten tyder på at det har vore ein generell auke i omsetjinga av landbrukseigedommar frå perioden 2013 til 2016 og til perioden 2018 til 2021. Omsetjinga av rene skogeigedommar har samla gått noko ned etter lovendringane i 2017. For rene skogeigedommar med bygning og meir enn 500 dekar produktiv skog som tidlegare var underlagde priskontroll, har omsetjinga auka mykje i det same tidsrommet.

Som oppfølging av Hurdalsplattforma arbeider departementet med eventuelle endringar i lovgivinga, og vil i samband med dette arbeidet kunne komme tilbake til Stortinget med ei meir nyansert framstilling av dei spørsmåla evalueringa reiser. Departementet legg til grunn at vedtak nr. 878, 13. juni 2017 med dette er følgt opp.

Del II
Budsjettframlegg

4 Nærare omtale av løvingsforslaga

Programområde 15 Landbruk og mat Programkategori 15.00 Administrasjon m.m.

Utgifter under programkategori 15.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
1100	Landbruks- og matdepartementet	192 526	188 903	198 942	5,3
	Sum kategori 15.00	192 526	188 903	198 942	5,3

Inntekter under programkategori 15.00 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
4100	Landbruks- og matdepartementet	313	135	141	4,4
	Sum kategori 15.00	313	135	141	4,4


Mål og strategiar

Landbruks- og matdepartementets ansvarsområde dekkjer heile verdikjeda frå primærprodusent til forbrukar, medrekna juridiske og økonomiske verkemiddel for mat, jordbruk, skogbruk, rein-drift, klima- og miljøtiltak i sektoren, nye landbruksbaserte næringar og haustbare viltressur-sar. Departementet har som mål at forvaltninga skal vere effektiv. Det inneber at forvaltninga skal tilby enkle og brukarvenlege løysingar og vere kjenneteikna av god kvalitet og tillit, i tillegg til å ha gode system for samfunnstryggleik og bered-

skap. Sjå òg omtale av målet om ei effektiv landbruks- og matforvaltning i del III av proposisjonen.

Organisering

Departementet har ansvaret for fire underliggjande verksemdar, der departementet har det overordna administrative ansvaret og budsjettansvaret. I tillegg har departementet ansvar for etatsstyring av Miljødirektoratet på området haustbare viltressur-sar.



Figur 4.1 Organisering

Landbruks- og matdepartementet, Mattilsynet og Miljødirektoratet er ordinære statlege forvaltningsorgan og er bruttobudsjetterte. Norsk institutt for bioøkonomi og Veterinærinstituttet er forvaltningsorgan med særskilde fullmakter og dei er nettobudsjetterte. Institutta har i tillegg eige styre oppnemnt av departementet.

Prioriteringar

Regjeringa ønskjer å utvikle og fornye offentleg sektor gjennom ei tillitsreform. Med dette skal innbyggjarane i heile landet få offentlege tenester

med betre kvalitet til rett tid. Landbruks- og matdepartementet sitt mål om ei effektiv forvaltning blir følgt opp gjennom forenkling og forbetring av organisering, prosessar, oppgåver og system, der det er potensial for dette. Denne forenklinga og forbetringa skal gi reduserte kostnader og betre tenester i framtida. Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap både i departementet og i underliggjande verksemdar vil òg vere viktig i 2024. Sjå òg omtale av prioriteringane på dei ulike fagområda under dei respektive budsjettkapitla i proposisjonen.

Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	169 961	170 617	179 724
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	17 695	15 280	15 988
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	4 584	2 720	2 928
50	Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	286	286	302
	Sum kap. 1100	192 526	188 903	198 942

Post 01 Driftsutgifter

Formål med løyvinga

Departementet har ansvaret for å utvikle og setje i verk den overordna politikken innan områda mat, jordbruk, skogbruk, reindrift, klima- og miljøtiltak i sektoren, nye landbruksbaserte næringar og

haustbare viltressursar. Løyvinga dekkjer løns- og driftsutgifter i departementet.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 170,0 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Om lag 73 pst. av utgiftene var lønsrelaterte utgifter, mens om lag 19 pst. var

relatert til husleige og lokale. Resten av løyvinga blei nytta til andre driftsutgifter, til dømes kjøp av IKT-utstyr og andre utgifter for drift og utvikling av IKT, reiser, kurs for tilsette og abonnement. Per 31. desember 2022 hadde departementet 121 utførte årsverk.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 179,7 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Formål med løyvinga

Løyvinga blir nytta til særskilde prosjekt og utgreiingsutval med meir.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 17,7 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Dei prosjekta det blei brukt mest midlar på var kampen mot skrantesjuka (CWD) i regi av Mattilsynet, IKT-prosjekt i Landbruksdirektoratet, møte i Nordisk formannskap og kampanje for mat og måltidsbransjen.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 16,0 mill. kroner. Løyvinga vil bli nytta til særskilde prosjekt og utgreiingar, mellom anna tiltak mot skrantesjuka.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, kan overførast, kan nyttast under post 50

Formål med løyvinga

Løyvinga dekkjer investeringar i departementet og utgifter til vedlikehald av eigedommane til departementet. Løyvinga dekkjer òg delvis finansiering av investeringar i underliggjande verksemder og utgifter/arbeid i samband med sal og taksering av eigedommar.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 4,6 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Midlane blei i all hovudsak nytta til større oppgraderingar og vedlikehald ved dei mange eigedommane som departementet eig. Departementet sine eigedommar er fordelt på alle landsdelar, og mange av dei er viktig infrastruktur for landbruksforskning rundt om i Noreg. I tråd med Landbruks- og matdepartementet sin Prop. 1 S (2021–2022), kan departementet overskride løyvinga på posten ved sal av eigedom avgrensa opp til 25 mill. kroner.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2,9 mill. kroner, som vil bli nytta til naudsynt vedlikehald og utbetringar ved eigedommane som departementet eig. Posten kan overskridast ved sal av statleg eigedom, jf. framlegg til vedtak II.

Post 50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter

Formål med løyvinga

Løyvinga dekkjer delfinansiering av innkjøp og vedlikehald i dei nettobudsjetterte institutta under departementet. Posten må sjåast i samanheng med post 45.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 286 000 kroner. Løyvinga blei tildelt Norsk institutt for bioøkonomi, som sørgde for naudsynt vedlikehald og drift av departementet sin eigedom Løken i Øystre Slidre.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 302 000 kroner.

Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Refusjonar m.m.	13	135	141
40	Sal av eigedom	300		
	Sum kap. 4100	313	135	141

Formål med løyvingane

På kapitelet blir det ført tilfeldige inntekter, refusjonar og inntekter ved sal av eigedom.

Programkategori 15.10 Matpolitikk

Utgifter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
1112	Veterinærinstituttet	104 355	106 696	113 008	5,9
1115	Mattilsynet	1 513 274	1 485 145	1 578 707	6,3
	Sum kategori 15.10	1 617 629	1 591 841	1 691 715	6,3

Inntekter under programkategori 15.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
4115	Mattilsynet	211 931	212 397	218 729	3,0
	Sum kategori 15.10	211 931	212 397	218 729	3,0

Mål og strategiar

Budsjettframlegget omfattar Mattilsynet og løyving til oppgåver innanfor kunnskapsutvikling, kunnskapsformidling og beredskap ved Veterinærinstituttet. Sjå òg nærare omtale av Veterinærinstituttet i Prop. 1 S (2023–2024) frå Nærings- og fiskeridepartementet. Budsjettframlegget er viktig for arbeidet med å nå matpolitiske mål og skal særleg bidra til å nå måla i matlova, dyrevelferdslova, dyrehelsepersonellova, husdyravsløva og planteforedlarlova. Ein del av dette arbeidet har ikkje direkte samanheng med matproduksjon. Framlegget omfattar i tillegg arbeidet til Mattilsynet for å nå måla i kosmetikklova.

Det faglege ansvaret på matområdet er delt mellom Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet. Matpolitikken til regjeringa dekkjer heile matproduksjonsskjeda frå jord og fjord til bord. Målstrukturen på dette politikkområdet skil seg difor noko frå måla for landbruks- og matpolitikken slik dei er omtalte i andre kapittel i denne budsjettproposisjonen.

Hovudmåla på det matpolitiske området er

- å sikre trygg mat og trygt drikkevatt
- å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos landdyr og fisk

Andre viktige omsyn er

- tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt
- sunt kosthald og gode matopplevingar
- nyskaping, mangfald, matkultur og verdiskaping
- langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvenleg produksjon

Regjeringa legg vekt på at maten skal vere trygg og tilfredsstillende ønskje og behov hos forbrukarane. Ein mangfaldig matmarknad og lovfesta matinformasjon som er rett, relevant og lett tilgjengeleg, er føresetnader for at forbrukarane skal kunne ta informerte val, setje saman eit sunt kosthald og utøve makt i matmarknaden.

Regjeringa legg vekt på at rammevilkåra for næringsaktørane, mellom anna regelverk og

kontroll, blir fastsette og følgde opp på ein slik måte at det ikkje oppstår unødige konkurransevridingar, samstundes som verksemdene må kunne nytte fleksibiliteten som ligg i regelverket.

Omfattande handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensene krev eit sterkt internasjonalt samarbeid. Handelen må skje i samsvarende med internasjonale avtalar og vere basert på internasjonale standardar. Det er viktig for å sikre at varene vi importerer er trygge og oppfyller krava frå forbrukarane. Det er òg viktig for å fremje god plante- og dyrehelse. For at norsk eksport ikkje skal bli hindra av urettvise krav frå importlanda, må Noreg vere leiande innan overvaking, risikovurderingar og forskning, særleg for sjømat og fiskehelse. Aktiv norsk deltaking i internasjonale forum er naudsynt, både for å påverke innhaldet i standardar og regelverk og for å utveksle og utvikle kunnskap og erfaring.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt samarbeid på matområdet, mellom anna i Codex Alimentarius Commission som er FN's organisasjon for matvarestandardar under FN's organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) og Verdshelegeorganisasjonen (WHO), Verdsdyrehelseorganisasjonen (WOAH), Den internasjonale plantevernkonvensjonen (IPPC) og Den internasjonale vinorganisasjonen (OIV). Organisasjonane utviklar standardar som blir lagde til grunn i avtaleverket om mattryggleik og matkvalitet, helse og miljø under Verds handelsorganisasjonen WTO (SPS-avtalen og TBT-avtalen). Desse avtalane legg òg premissar for regelverket i EU/EØS.

Hovuddelen av regelverket på matområdet er harmonisert innanfor EØS. EØS-avtalen er basert på at regelverket i EU og Noreg så raskt som mogleg skal vere det same. Effektive og gode EØS-rutinar er difor svært viktige. Regjeringa legg vekt på tidleg involvering av interessentane, tydelege posisjonar og målretta innsats i regelverksutviklinga under Europakommisjonen, der EØS-avtalen gir Noreg best tilgang. Ved større eller viktige rammerettsakter som blir handsama i Europaparlamentet eller Rådet for den europeiske union, arbeider regjeringa inn mot desse organa for å fremje norske synspunkt.

Mattilsynet er ein sentral offentleg aktør i gjennomføringa av matpolitikken. Oppgåvene omfattar regelverksutvikling, offentleg kontroll, rettleiing, kartlegging og overvaking i heile matproduksjonskjeda, frå innsatsvarer og primærproduksjon til omsetnad til forbrukarane.

God kunnskap og vitenskapleg dokumentasjon er avgjerande for å nå måla i matpolitikken. Som ledd i regelverksutviklinga på matområdet utfører

Vitenskapskomiteen for mat og miljø (VKM) uavhengige faglege risikovurderingar for Mattilsynet. Arbeidet krev god samhandling med Mattilsynet og andre kunnskapsinstitusjonar og god kontakt med den europeiske myndigheita for næringsmiddeltryggleik (European Food Safety Authority – EFSA). Sjå òg Prop. 1 S (2023–2024) frå Helse- og omsorgsdepartementet, kap. 745.

God fagleg beredskap, kunnskapsutvikling og formidling er viktig for å nå matpolitiske mål og for å sikre kunnskapsbasert forvaltning. Her har Veterinærinstituttet, Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for bioøkonomi og Folkehelseinstituttet viktige roller.

Mattilsynet arbeider kontinuerleg med å gjennomføre tiltak for å betre forvaltningskvaliteten i heile verksemda. Meir målretta og effektivt tilsyn og kontroll skal bli nådd ved meir brukarorientering i tilbodet av betre og fleire digitale tenester og betre dialog med næringsaktørane.

Prioriteringar

Målet om å sikre trygg mat og trygt drikkevann

Situasjonen i Noreg er god samanlikna med andre land for førekomst av matboren sjukdom. Det er naudsynt med kontinuerleg innsats for å halde oppe god mattryggleik. Arbeidet for trygg mat må stadig tilpassast nye trendar, endra klimatiske forhold og utviklinga i den globale matvaremarknaden og forsyningskjedene. Endringane kan skape nye moglegheiter, som til dømes at nye ressursar kan nyttast til mat, fôr og gjødsel, men òg nye truslar, slik som auka fare for utvikling av antibiotikaresistens eller overføring av sjukdom frå dyr til menneske.

Innsatsvarene og matvarene skal vere trygge. Regelverket og kontrollen skal leggast opp slik at ein gjennom innsats i alle ledd i matproduksjonskjeda bidreg til at sluttprodukta er trygge. I arbeidet for å sikre trygg mat er det viktig å redusere risikoen for sjukdom eller helseskade som kan oppstå på grunn av smittestoff eller framandstoff i innsatsvarer, mat og drikkevann.

Det er verksemdene som har ansvaret for å etterleve regelverket slik at maten er trygg, og for å sikre god hygiene i heile matproduksjonskjeda. Det er særleg viktig med effektive hygienetiltak og gode arbeidsrutinar i verksemdar som framstiller lettskjemd mat eller handterer mat som ikkje er innpakka.

Kvaliteten på drikkevannet i Noreg er generelt god, men mange vassforsyningssystem er sårbare på grunn av gamle leidningsnett som er utsette for lekkasjar. Enkelte stader er det dessutan ikkje god

nok sikring av vassforsyninga. I mange tilfelle trengst det difor auka innsats frå vassverka for å sikre trygg vassforsyning i framtida.

Fleire tilfelle dei siste åra viser den nære samanhengen mellom sjukdom hos dyr og sjukdom hos menneske. Tal frå WHO viser at om lag 75 pst. av nye eller kjende infeksjonar som har auka hos menneske dei siste 30 åra, kjem av smittestoff frå dyr. Å ta vare på den gode norske dyrehelsa, som er eit resultat av systematisk arbeid gjennom mange år, er viktig både for mattryggleiken og for god helsetilstand hos menneske og dyr.

Overvaking av inntaket av næringsstoff og framandstoff er viktig i folkehelsearbeidet og som grunnlag for faglege risikovurderingar. Mattilsynet samarbeider med Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet for å oppdatere inntaksdata om kor mykje folk et av ulike matvarer, og data om innhaldet av næringsstoff og framandstoff i matvarene. I dette samarbeidet blir Matvaretabellen med opplysningar om innhald av næringsstoff i matvarer utvida og forbetra kontinuerleg. Det er òg viktig med kunnskap om innhaldet av framandstoff i innsatsvarer og råvarer, og om miljøforureiningar eller andre uønskte stoff i vatn eller jordsmonn som kan påverke innhaldet av framandstoff i fisk, landdyr og planter. Dette er nærare omtalt under kap. 1115 og i del III.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn Ernæringsarbeidet er omtalt i Prop. 1 S (2023–2024) frå Helse- og omsorgsdepartementet og ligg i hovudsak hos helsestyresmaktene. Arbeidet med å leggje til rette for eit kosthald som er i samsvar med kostråda, blir følgt opp av mange aktørar. Mattilsynet har ei viktig rolle i dette arbeidet, særleg for regelverk og tilsyn knytt til merking av mat, til dømes om ingrediensar og allergen, næringsinnhald, ernærings- og helsepåstandar og anna frivillig sunnheitsmerking slik som *Nøkkelhølet*. Nøkkelhølet gir forbrukarane betre informasjon om matvarer som kan bidra til eit sunnare kosthald. Rett merking er viktig for at forbrukarane skal kunne gjere informerte val og handtere maten rett.

Merking av mat er i hovudsak regulert i matinformasjonsforskrifta, men det er òg enkelte særskilde nasjonale reglar, til dømes for sjømat. Regjeringa følgjer aktivt opp Europakommisjonen arbeid med revidering av matinformasjonsforordninga der både opphavsmerking, dato-merking, forside ernæringsmerking og merking av alkoholhaldige drikkevarer er sentrale tema.

EU er no i gang med å etablere maksimumsgrenser for vitamin og mineral i mat. Dette arbeidet blir følgt tett for å vareta norske forbrukarar.

Målet om å fremje god plantehelse og god helse og velferd hos landdyr og fisk

Det er viktig med god overvaking og høg beredskap mot mange plante- og dyresjukdommar, planteskadegjerarar og sjukdommar som smittar mellom dyr og menneske (zoonosar).

Noreg har generelt god plantehelse, men aukande import av planter og plantemateriale aukar risikoen for introduksjon av nye sjukdommar og skadegjerarar. Tilsyn med importørane sine kontrollrutinar er difor viktig.

Regjeringa vil leggje vekt på å hindre at hjorteviltssjukdommen skrantesjuka, *chronic wasting disease (CWD)*, får fotfeste i Noreg. Den omfattande kartlegginga vil bli ført vidare for å få best mogleg oversikt over situasjonen. Viktige oppgåver er å kartleggje utbreiinga og leggje til rette for å etablere ein ny villrein flokk i Nordfjella, følgje opp vedteken handsaming av klassisk skrantesjuka på Hardangervidda og bidra til å utforme den langsiktige forvaltninga av skrantesjuka.

Feil og for mykje bruk av antibiotika til folk og dyr har globalt ført til ein vesentleg auke av motstandsdyktige bakteriar som utgjer eit alvorleg helsetrugs mål. Regjeringa er svært merksam på dette, og vil utarbeide ein ny tverrsektoriell strategi mot antibiotikaresistens som skal avløyse strategien som gjaldt for 2015–2020 og som blei forlenga grunna pandemien. Ei regjeringsoppnemnd ekspertgruppe har levert rapporten *Antibiotikaresistens: Kunnskapshull, utfordringar og aktuelle tiltak – Status 2020*. Denne skal danne grunnlaget for regjeringa sitt vidare strategiarbeid, og sektorvise handlingsplanar. Aktiv deltaking i internasjonale forum er viktig for å bidra til ansvarleg bruk av antibiotika og utvikling av nye antibiotika, vaksinar og betre diagnostiske hjelpemiddel.

Salet av antibiotika til matproduserande landdyr er i perioden 2013–2022 redusert med 30 pst. målt i kilo aktivt stoff, mens salet av antibiotika til hund og katt er redusert med 28 pst. Data rapportert for perioden 2015–2022 viser ein reduksjon på 39 pst. i salet av antibakterielle humanpreparat til hund og katt. Mengda antibakterielle middel som har blitt seld til oppdrettsfisk held seg stabilt på eit lågt nivå. I 2022 blei 1,9 pst. av sjølokalitetane for laks og regnbueaure behandla med antibiotika.

Evna til å løyse utfordringane med sjukdommar i havbruket er viktig for å kunne ta ut det langsiktige vekstpotensialet. Kontroll med sjukdom, inkludert lakselus, er òg viktig for å sikre god velferd, minke smittepresset i miljøet og redusere bruk og utslepp av medikament. Svinnet frå produksjon i oppdrettsnæringa er framleis høgt, og det blir arbeid for å redusere dette tapet.

Trafikklyssystemet for havbruksnæringa har til formål å justere produksjonskapasiteten innanfor dei ulike produksjonsområda langs kysten, basert på korleis lakselus påverkar villaksen i området.

Oppfølging og utvikling av dette systemet vil bli prioritert. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2023–2024) frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Arbeidet med å fremje god dyrevelferd og gode haldningar til dyr er viktig. Det trengst auka merksemd både på hald av produksjonsdyr (inkludert fisk) og kjæledyr. Utvikling av kunnskap om korleis avstiltak og ulike driftsformer påverkar dyrevelferda, er òg viktig.

Dyrevelferda i Noreg er gjennomgåande god, sjølv om det òg er utfordringar. Systematisk arbeid med dyrevelferdsprogram for dei fleste produksjonar inkluderer regelmessig veterinærbesøk og kontroll på slakteria. Utvida sjukdomsregistrering i kjøttkontrollen, matkjedeinformasjon og helseregistreringssystem er døme på slike kontrollsystem. Dermed vil teikn på negativ utvikling bli raskare avdekt, og tidlege tiltak for å sikre dyrevelferda kan setjast inn i husdyrproduksjonane. Mattilsynet gjennomfører i tillegg omfattande tilsynskampanjar for å kunne setje i verk ytterlegare forbetringstiltak der det er naudsynt. Godt samarbeid mellom Mattilsynet og næringa, mellom anna med landbruket sine HMS-tenester og slakteria, bidreg òg til at vanskjøtte dyrehold kan bli oppdaga tidleg.

Verkemidla for å fremje dyrevelferd er styrkte dei seinare åra, mellom anna gjennom innføring av eit administrativt gebyr ved enkelte brott på regelverket. Mattilsynet har inngått ein samarbeidsavtale med politiet og det er etablert dyrekrimeringar i heile landet.

Regjeringa har starta arbeidet med ei ny dyrevelferdsmelding. Meldinga skal omhandle alle dyr som er omfatta av dyrevelferdslova, inkludert fisk. Arbeidet vil ha merksemd på velferd og føresetnader for alt dyrehold i Noreg og velferda for ville dyr, noko regjeringa prioriterer høgt. Meldinga vil ta for seg utviklinga i norsk dyrehold, husdyrproduksjon og havbruk, og også omtale ny kunnskap om dyrevelferd. Våre næringar treng gode rammevilkår med føreseielegheit og langsiktig-

heit, og at ulike omsyn er rett balansert. Meldinga vil òg ta stilling til utvikling av regelverk i EU som vil vere relevant for Noreg.

Andre omsyn

Tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt

Kontakt med aktuelle styresmakter i andre land er avgjerande for å betre marknadstilgangen.

Norsk sjømat skal vere trygg og av god kvalitet slik at han blir føretrekt på den globale marknaden. Dei seinare åra har det vore ein auke i krava til dokumentasjon på tryggleiken til produkta som blir eksporterte. For Noreg, som stor eksportør av sjømat, er det avgjerande å kunne dokumentere mattryggleik og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda og å skape føreseielege rammevilkår for eksport. Tilsynsarbeidet til Mattilsynet og kommunikasjon med styresmaktene i importlanda er avgjerande for tilliten. Arbeidet med å forhandle fram avtalar (MoUer) med andre land og forhandlinger om krav i helsesertifikat i land utanfor EØS-området er ein sentral del av Mattilsynets oppgaver for å leggje til rette for eksport av sjømat, men òg for landbruksprodukt.

Den gode norske dyrehelsa blir nytta i eksportsamanheng, mellom anna ved den aukande eksporten av avlsprodukt frå husdyr. Marknadstilgang til utlandet er òg viktig for ein del andre landbruksprodukt.

Sunt kosthald og gode matopplevingar

Det er viktig at fagleg og vitskapleg basert informasjon om samanhengen mellom kosthald og helse, både for kvar enkelt og for folkehelsa, når fram til forbrukarane på ein tenleg måte. I tillegg må arbeidet for å leggje til rette for eit sunnare kosthald vere basert på kva mat forbrukar ønskjer, men òg på matglede og god matkvalitet. Mange er òg opptekne av kvar maten kjem frå og korleis han blir produsert.

Folkehelsepolitikken legg mellom anna vekt på tiltak for å gjere det enklare å velje sunt, leggje til rette for gode mat- og måltidsvanar i barnehagar, skular/SFO og hos eldre, og verne barn og unge mot marknadsføring av usunn mat og drikke, jf. Meld. St. 15 (2022–2023) *Folkehelsemeldinga – nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*. Regjeringa vil òg vurdere tiltak for å avgrense inntaket av energidrikk. Sjå nærare omtale av folkehelsearbeidet i Prop. 1 S (2023–2024) frå Helse- og omsorgsdepartementet. Innsatsen må òg sjåast i samheng med å følgje opp tiltak i Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan*

2021–2030, Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening* og strategien *Matnasjonen Norge*, og regjeringa sin ambisjon om å gradvis innføre eit dagleg sunt, enkelt skulemåltid.

Matportalen.no presenterer forbrukarretta informasjon frå offentlege styresmakter om sunn og trygg mat.

I arbeidet med å utvikle og synleggjere Matnasjonen Norge, er mat- og måltidsglede ein del av dette. Det er eit sektorovergripande område som omhandlar mellom anna helse, ivaretaking av mattradisjonar, brukarinvolvering, berekraftig anskaffing av mat og drikke og lokale arbeidsplassar.

Matglede for eldre på institusjonar har spesielt fått mykje merksemd mellom anna gjennom prosjekta *Gylne Måltidsøyeblikk* og *Matgledekorpsene*. I 2023 er det kommunar i Møre- og Romsdal, Nordland og Troms og Finnmark som blir inspirerte av *Matgledekorpsene*. Det er stor interesse for å dette arbeidet og både digitale og fysiske møteplassar blir tekne i bruk. Mange av dei gode eksempla blir samla på heimesida *Matgledekorpsnet.no*, og det er utvikla eit eige lågterskel e-læringskurs. Tiltaket er eit samarbeid mellom Landbruks- og matdepartementet og dei involverte statsforvaltarembeta.

Nyskaping, mangfald, matkultur og verdiskaping

Innovasjon og næringsutvikling i produksjon av mat med lokal identitet er viktig for å kunne ha sterke og innovative små og store verksemder. Regjeringa vil bidra til å auke tilgangen til lokale matprodukt for forbrukarane. Sjå nærare omtale under kat. 15.30.

Mattilsynet vil halde fram arbeidet med å informere betre om regelverket og gjere det meir tilgjengeleg. Å kommunisere og dele kunnskap med verksemder, bransjeorganisasjonar og kompetansenettverk er viktig for utviklinga på lokalmatområdet.

Langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvenleg produksjon

Det er aukande merksemd nasjonalt og internasjonalt på utvikling av berekraftige matsystem. Mellom anna la EU i 2020 fram sin *Farm to Fork* strategi for eit berekraftig, sunt og rettferdig matsystem som ein del av *Europas grønne giv*. FN heldt hausten 2021 ein verdskonferanse om matsystem som eit ledd i arbeidet med skape framgang for dei 17 berekraftsmåla fram mot 2030, som alle til ei viss grad er knytte til sunnare, meir berekraf-

tige og rettferdige matsystem. Konferansen blei følgt opp med ein ny konferanse i 2023 der status og vidare arbeid blei diskutert. Begge desse initiativa vil òg ha verknad på matpolitikken i Noreg. Regjeringa vil følgje initiativa og utvikle relevante norske tiltak også innanfor matområdet.

Matproduksjon kan ha påverknad på klima og tap av naturmangfald. Samstundes vil klimaendringane kunne påverke norsk matproduksjon, både på kort og lang sikt, gjennom reduserte og mindre stabile avlingar, svakare og meir uviss produktivitetutvikling og auka førekomst av skadegjerarar og sjukdommar i planteproduksjon og husdyrhald. Noreg må førebu seg på å møte dei utfordringane klimaendringar fører til for det norske matsystemet.

Matsvinn er identifisert som ei av utfordringane på nasjonalt nivå for å oppfylle FN sitt berekraftmål om å halvere matsvinnet per innbyggjar på verdsbasis innan 2030. Bransjeavtalen om redusert matsvinn frå 2017 dannar grunnlag for samarbeid mellom styresmakter og alle ledd i matverdikjeda om å fremje betre utnytting av ressursar og råstoff gjennom førebygging og reduksjon av matsvinn i heile matkjeda. Landbruksdirektoratet fekk i 2023 i oppdrag å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag om årsaker til matsvinn og føreslå tiltak for å redusere matsvinnet innanfor grøntsektoren sitt primærledd. Det skal leverast rapport til jordbruksoppgjeret 2024. I 2023 blei det òg sett ned eit utval som skal utgreie tiltak for å nå målet om 50 pst. reduksjon av matsvinnet innan 2030. Utvalet skal mellom anna komme med eit forslag til matkastelov, og skal levere sin rapport innan utgangen av 2023.

Det vil bli arbeidd med å redusere bruk og risiko for negative helse- og miljøeffektar ved bruk av plantevernmidler, i tråd med gjeldande *Handlingsplan for berekraftig bruk av plantevernmidler*. I dette arbeidet er det viktig med integrert plantevern, der ein i størst mogleg grad nyttar alternativ til kjemiske plantevernmidler. Godt samarbeid mellom næringa, rådgivingstenesta, kunnskapsinstitusjonar og styresmakter er sentralt for å kunne nå måla i handlingsplanen.

Regjeringa tek utgangspunkt i at berekraftig havbruk vil bidra til at mat frå havet blir ei viktig kjelde til matsikkerheit og ernæring og slik kan bidra til å oppfylle FN sitt berekraftmål. Skal Noreg lukkast som havbruksnasjon framover, må vi mellom anna sikre god marknadstilgang og finne løysingar på berekraftsutfordringar. Her spelar berekraftig fôr, god fiskehelse og -velferd ei nøkkelrolle.

Ytterlegare omtale av arbeidet for å sikre langsiktig matforsyning og berekraftig og miljøvenleg produksjon finst under kat. 15.30.

I Prop. 1 S (2023–2024) frå Nærings- og fiskeri-departementet er sjømat omtalt.

Lov om forsvarleg hundehald (Hundelova)

Landbruks- og matdepartementet vil arbeide vidare med forskrifter under lova. Arbeid med rettleiing av kommunar og hundehaldarar er òg i gang.

Forbodet mot særskilde hunderasar

Landbruks- og matdepartementet har, som nemnd i Prop. 85 L (2021–2022) om endringar i hundelova, gjort ei vurdering av om det er grunnlag for å endre forbodet mot særskilde hunderasar. Forbodet er nedfelt i forskrift om hundar (FOR-2004-08-20-1204). Forbodet har vore gjeldande sidan 2004, og omfattar fem hunderasar; Pitbullterrier, Amerikansk Staffordshire Terrier, Fila brasileiro, Toso inu og Dogo argentino.

Hunderasar blir forma gjennom selektert avl, kor hundane sine eigenskapar blir spesialisert gjennom ein utveljingsprosess. På dette viset har menneske fått fram ulike eigenskapar hos hundar

– både fysiske og mentale. Sjølv om det er store individuelle forskjellar innan ulike hunderasar, er det semje om at hundar av ein viss storleik, med sterk kjevemuskulatur og kraft, har eit større skadepotensiale enn andre hundar. Dette er krevjande hundar som krev særleg kompetanse for å bli handtert på ein hensiktsmessig måte. Når nokre hunderasar har eit større skadepotensial inneber hald av desse hundane ein større risiko samanlikna med andre hunderasar. Alle hundar kan reagere med å bite dersom dei blir sette i ein stressande situasjon. Skadepotensialet til hunden vil her vere avgjerande for kva for risiko hald av hunden inneber. Denne risikoen blei vurdert til å vere uforholdsmessig stor for dei rasane som er omfatta av forbodet. Erfaringar frå tida då slike hundar var tillatne, og erfaringar frå andre land, er at slike hundar kan bli brukte som våpen eller vern. Dette inneber ein sikkerhetsrisiko for menneske og eit dyrevelferdsproblem. Omsynet til å motverke dei negative effektane som kan oppstå ved å oppheve raseforbodet, veg tyngre enn omsynet til dei miljøa som ønskjer å halde ein av dei forbodne hunderasane som familehundar. Departementet har difor komme fram til at det er ønskeleg å vidareføre dagens situasjon, og at raseforbodet ikkje skal opphevast.

Kap. 1112 Veterinærinstituttet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
50	Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap	104 355	106 696	113 008
	Sum kap. 1112	104 355	106 696	113 008

Post 50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap

Formål med løyvinga

Veterinærinstituttet (VI) er eit biomedisinsk forvaltnings- og forskingsinstitutt innan dyrehelse, fiskehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik. Instituttet er organisert som eit statleg forvaltningsorgan med særskild fullmakt. Verksemda arbeider med forskning, forvaltningsstøtte og oppdrag i marknaden. Instituttet har hovudkontor på Ås, og fem regionale kontor frå Sandnes i sør til Tromsø i nord.

Veterinærinstituttet skal innan områda dyrehelse, fiskehelse, dyrevelferd og fôr- og matvaretryggleik, vere den leiande kunnskapsleverandøren til forvaltninga.

VI har følgjande mål:

Hovudmål: God helse hos dyr, fisk og menneske

Delmål: Kunnskapsbasert forvaltning

Delmål: God beredskap

Delmål: Konkurranskraftige bionæringar

Instituttet får løyvingar til oppgåvene sine innan dyrehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet. Oppgåvene innan fiskehelse og enkelte område innan sjømattryggleik blir finansierte

over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet, og blir omtalt i Prop. 1 S (2023–2024) frå Nærings- og fiskeridepartementet. Forsking er ein sentral del av verksemda til VI og er omtalt under kap. 1137.

Løyvinga på denne posten skal hovudsakeleg nyttast til:

- Arbeid med kunnskapsutvikling, rådgiving, diagnostisk arbeid og laboratoriestøtte når det gjeld førebygging, oppklaring og handtering av alvorlege smittsame sjukdommar hos landdyr og sjukdom som smittar mellom dyr og menneske (zoonosar).
- Bidrag til førebygging og handtering av kriser som kjem av smittestoff og andre helseskadelege stoff i fôr og mat.
- Kunnskapsformidling til næringa, fagpersonell og dyreeigarar.
- Samarbeid med styresmaktene og næringslivet om å utvikle berekraftig bioøkonomi i Noreg.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 104,4 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. I internasjonal samanheng vurderer VI status for norsk landdyrhelse og mattryggleik som svært god.

VI sitt viktigaste kunnskapsgrunnlag for å uttale seg om situasjonen for norsk landdyrhelse er prøvene som blir undersøkte på grunn av sjukdom eller mistanke om sjukdom. Desse stammar hovudsakeleg frå overvåkingsprogram som instituttet gjennomfører for Mattilsynet, Miljødirektoratet og i kontrolloppdrag for næringane. I 2022 undersøkte instituttet i alt 203 000 prøver. Om lag 31 700 av desse blei undersøkte på grunn av mistanke om, eller oppfølging av, meldepliktig sjukdom hos landdyr eller listeført sjukdom hos fisk. Talet prøver er om lag på same nivå som året før.

I 2022 var det svært mange beredskapssaker knytta til landdyr. Det var utbrott av høgpatogen aviær influensa (HPAI) både på villfugl og i kommersielt fjørfehald i Noreg. VI har bidrege med analysar og statusrapportar til forvaltning og næring. Sommaren 2022 blei fugleinfluensa for første gang påvist hos villfugl på Svalbard og Jan Mayen. I 2022 blei Storfetuberkulose påvist i Noreg for første gang sidan 1986 og Newcastle-sjuka påvist for første gang i kommersielt fjørfehald.

I 2022 blei det undersøkt prøver frå om lag 17 600 hjortedyr for skrantesjuka (Chronic wasting disease), og det blei påvist fire nye tilfelle, eitt hos reinsdyr, to hos elg og eitt hos hjort. VI peikar på at observasjonar av denne sjukdommen hos

nordisk elg og hjort tyder på at sjukdommen hos desse artane opptre sporadisk, og så langt hos gamle dyr. Instituttet har i 2022 gitt råd til Mattilsynet og Miljødirektoratet i handteringa av sjukdommen.

Kunnskapsoppbygginga VI gjer gjennom forskning, oppklaring av sjukdomsutbrott, diagnostikk og overvåkingsprogram er til nytte både for forvaltning og næring. Veterinærinstituttets nasjonale kompetansesenter for produksjonsdyr har òg i 2022 hatt god aktivitet og ei rekkje utadretta kurstilbod, og formidlar kompetanse til både forvaltning og næring over heile landet.

Dyrehelserapporten blei lansert 27. april 2022 saman med eit seminar med interne og eksterne foredragshaldarar som utdjupa ulike tema i rapporten. Tilbakemeldingane frå forvaltninga og næringane tilseier at rapporten er eit svært nyttig verktøy, og gir ein god status samla sett for helse og velferd for landdyr i Noreg.

Det nasjonale kompetansesenteret for produksjonsdyr har initiert og leidd arbeidet med å greie ut eit mogleg *Dyrehelsenett* som ein ny informasjonsportal for relevant kunnskapsformidling om sjukdom, velferd og helsestatus for produksjonsdyr. I 2022 har VI, i samarbeid med Statsforvaltaren i Rogaland, og Animalia sett i gang eit forprosjekt for *Dyrehelsenett*.

Prosessen med å flytte hovudkontoret frå Oslo til Ås har vore krevjande. I starten av 2022 var heile hovudkontoret flytta frå Adamstuen til Ås, med unntak av eitt spesiallaboratorium. Veterinærinstituttet måtte halde ved lag aktivitet i dette laboratoriet i Oslo gjennom delar av 2022 på grunn av forseinkingar ved desse fasilitetane på Ås.

Instituttet har i 2022 medverka til konkurransedyktige bionæringar mellom anna gjennom oppdragsanalysar, forskingsprosjekt finansierte gjennom næringane sine forskingsfond og gjennom råd, deltaking på seminar og konferansar og innovasjonsretta aktivitet.

På grunn av krigen i Ukraina blei arbeidet med tryggleik styrkt i 2022, spesifikt rundt dei fire hovudområda; IT-tryggleik, bygningstryggleik, tryggleik for medarbeidarar og biotryggleik.

I Prop. 1 S (2023–2024) frå Nærings- og fiskeridepartementet er VI sitt arbeid på fiskehelseområdet omtalt.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 113,0 mill. kroner.

VI skal, som nasjonalt biomedisinsk forvaltnings- og forskingsinstitutt, vere Noregs leiande

kunnskapsleverandør innan beredskap, biotryggleik og handtering av helsetrugs mål. Dette gjeld områda dyrehelse, fiskehelse, dyrevelferd og fôr- og mattryggleik.

Helsa til menneske og dyr og tilstanden til økosystema dei lever i, er knytt saman, og om dette nyttar ein omgrepet *Èi helse*. VI sitt arbeid skal i tråd med hovudmålet verne om den gode dyrehelsa og mattryggleiken i Noreg. Det blir stadig viktigare å overvake og ha god kunnskap om sjukdommar som kan overførast mellom dyr og menneske (zoonosar).

Den gode landdyrhelsa i Noreg blir utfordra kontinuerleg gjennom globalisering og klimaendringar. Instituttet vil difor leggje vekt på forskning og kunnskapsutvikling som sikrar og vidareutviklar den nasjonale beredskapen mot kjende og nye helsetrugs mål, med særleg vekt på konkrete førebyggjande tiltak i næring og forvaltning.

VI legg FN sine berekraftsmål til grunn for aktiviteten og vil kontinuerleg vidareutvikle kompetanse og metodar for framleis å vere i front innan sine fagområde. Det vil bli lagt auka vekt på førebyggjande beredskap og prosjektbasert og risikobasert overvaking og diagnostikk, og å modernisere arbeidet ved bruk av ny teknologi og nye metodar. Dette er spesielt viktig for å vidareutvikle beredskapsevna.

Mattilsynet er VI sin viktigaste samarbeidspartnar. Instituttet vil leggje stor vekt på å bidra til ei kunnskapsbasert forvaltning ved å møte dei behova Mattilsynet har for kunnskap, råd og laborierstøtte på kjerneområda til instituttet. Det er viktig å vidareutvikle samhandlinga mellom aktørane i matforvaltninga, både offentlege aktørar, relevante kunnskapsorganisasjonar og næringa. VI vil prioritere det vidare arbeidet med digitalisering, og utvikle og integrere digitale løysingar for betre og raskare kunne utnytte og utveksle informasjon.

Kunnskapsutvikling, overvaking og rådgjeving om antibiotikaresistens og skrantesyke vil framleis vere viktig.

I arbeidet med å førebyggje sjukdom og å tryggje god dyrehelse er det viktig at VI òg gir råd til veterinærar, næring og forvaltning innan smittevern og biotryggleik. For å møte behova i matforvaltninga og næringa, vil instituttet leggje vekt på arbeidet ved det etablerte kompetansesenteret for produksjonsdyr. Dei fleste hovudaktivitetane ved senteret har base i Sandnes, men det er òg tilsette som arbeider med helsa til produksjonsdyr i Tromsø, Trondheim og Ås, noko som fører til at senteret får ei god nasjonal dekning og tilgang på god kompetanse. Aktivitetane ved senteret skal komme til nytte for produksjonsdyrnæringa og forvaltninga i heile landet.

VI sitt arbeid for god beredskap vil i hovudsak bli retta mot meldepliktige/listeførte sjukdommar definert i forskrift, og andre alvorlege kjente eller ukjente tilstandar. Beredskapsarbeidet vil vere innretta mot

- å føreseie den nasjonale og internasjonale helsesituasjonen gjennom overvaking og analyse
- å førebyggje ved å etablere beredskapsplanar, forstå sjukdomsmekanismar og risikofaktorar
- å oppdage og ha kunnskap om eventuelle smitte- og sjukdomssituasjonar
- å nedkjempe sjukdommar ved å yte bistand til Mattilsynet med råd, analysar og diagnostikk

VI vil leggje vekt på å støtte styresmaktene og næringane i vidareutvikling av konkuranskraftige bionæringar. Instituttet sitt viktigaste bidrag her er forskningsbasert kunnskapsstøtte for betre å ta hand om helse og velferd i samband med berekraftig produksjon og uttak av biomasse på land og i havet. Sjå også budsjettframlegg i Prop. 1 S (2023–2024) frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Kap. 1115 Mattilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	1 462 172	1 457 767	1 560 528
22	Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	11 119	13 185	13 986
71	Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	39 983	14 193	4 193
	Sum kap. 1115	1 513 274	1 485 145	1 578 707

Post 01 Driftsutgifter

Formål med løyvinga

Mattilsynet har hovudansvaret for å føre kontroll med at regelverket om mattryggleik, plantehelse, plantevernmiddel, dyrehelse, dyrevelferd, kvalitet og forbrukaromsyn blir etterlevd i heile matproduksjonskjeda.

Mattilsynet fører òg kontroll med at regelverket blir etterlevd på andre område. Dette gjeld mellom anna regelverk om dyrehelsepersonell, planter og dyr som ikkje inngår i matproduksjon, husdyravl, kosmetikk og kroppspeieprodukt, og omsetnad av reseptfrie legemiddel utanom apotek.

Mattilsynet har òg oppgåver knytt til regelverksutvikling og internasjonalt arbeid. Området er sterkt påverka av internasjonale rammevilkår.

Det er verksemdene sjølve som har ansvar for å kjenne til og etterleve regelverket. God rettleiing frå Mattilsynet om regelverket er viktig. Mattilsynet vil bruke dei verkemidla lovverket stiller til rådvelde når det er naudsynt for å sikre etterleving av regelverket.

Mattilsynet vil arbeide etter desse måla:

- sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt
- fremje god helse hos planter, landdyr og fisk
- fremje god dyrevelferd og respekt for dyr
- fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
- vareta miljøvenleg produksjon
- tilrettelegging for marknadstilgang for norske produkt

Innanfor rammene av dei måla som er sette i lovgivinga, vil Mattilsynet samstundes arbeide på ein slik måte at dei tek omsyn til aktørane langs heile matproduksjonskjeda. Det omfattar òg marknadstilgang i utlandet.

Hovudverkemidla i arbeidet er å:

- utvikle regelverk
- rettleie om regelverk
- handheve regelverk
- overvake status og utvikling på området
- ha god beredskap for handtering av hendingar og kriser

Folkhelseinstituttet, Havforskningsinstituttet, Norsk institutt for bioøkonomi og Veterinærinstituttet yter kunnskapsstøtte til Mattilsynet og har ein fagleg beredskap med grunnlag i løyvingar frå dei ansvarlege departementa.

Mattilsynet innhentar uavhengige risikovurderingar frå Vitskapskomiteen for mat og miljø når

det trengst i regelverksarbeidet og den utøvande forvaltninga.

Rapportering 2022

Sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt

Grunna krigen i Ukraina der det mellom anna blei bomba rundt kjernekraftverket i Zaporizjzja, blei oppgåver som var planlagde i strategien for handtering av radioaktivitet i næringsmiddel framskunda. Forskrift med høgaste grenseverdier for radioaktive stoff ved ein utsleppssituasjon blei fastsett, og det blei sett stab i *Kriseutvalet for atomberedskap* der Mattilsynet inngår.

Planar for relevante tiltak og prøvetaking av mat i landbruksnæringa har blitt samkøyrd både med næring, styresmakter og rådgivarar til Kriseutvalet for atomberedskap. Varsling til næringane blei gjennomgått og testa, og det var regelmessige informasjonsmøte gjennom våren og hausten. I tillegg er det utarbeidd nytt rettleiingsmaterieil til verksemder og forbrukarar.

I 2022 har det, i tillegg til fleire lokalt avgrensa matborne utbrott av sjukdom hos menneske, òg vore nasjonale utbrott. Importerte matvarer har vore den mest sannsynlege smittekjelda. Vassmelon og agurk blei identifisert som smittekjelder for to av dei nasjonale utbrotta. I det sistnemnde tilfellet blei 72 personar sjuke med påvist *Salmonella agona*. Mattilsynet utarbeidde råd og rettleiing til verksemder og innbyggjarar om trygg handtering av melonar, og agurk blei inkludert i overvåkingsprogrammet for smittestoff i vegetabil i 2023.

I 2021–2022 gjennomførte Mattilsynet ein tilsynskampanje retta mot produsentar av røykelaks og gravlaks. Av 43 reviderte verksemder blei 20 pålagde å etablere eller utbetre rutinane sine.

I 2022 gjennomførte Mattilsynet 7600 smilefjestilsyn. Tilsyn med nystarta verksemder, og verksemder der det tidlegare har vore avdekt avvik, blei prioritert. Resultata frå 2022 viser at 85 pst. av verksemdene fekk karakteren smil, mens 13 pst. fekk strekmunn. Dette er på tilsvarende nivå som før pandemiltaka. Delen som får sur munn, og som i mange tilfelle inneber at verksemda må stengje til avvika er utbetra, har heilt sidan 2019 vore låg, det vil seie i overkant av éin prosent.

Årleg overvaker Mattilsynet utvalde mat- og drikkevarer for mellom anna miljøgifter, legemiddelrestar og plantevernmiddelrestar. Her undersøker Mattilsynet om grenseverdiane blir overhaldne. Det er generelt få funn over dei gjeldande grenseverdiane. Mattilsynet analyserer òg stoff kor det ikkje er sett grenseverdier. Dette kan

vere stoff der det er behov for meir kunnskap for å kunne seie noko om helserisikoen ved inntak frå mat, eller for å kunne fastsetje grenseverdier.

Mattilsynet deltok òg i ein EU-aksjon på matkontaktmateriale som starta i 2021. Det blei i heile EØS rapportert inn 748 saker, der det plantebaserte tilsetningsstoffet *Bambus*, som ikkje er lov å bruke, var tilsett i melaminplast. Mattilsynet har observert ein nedgang i marknadsføring av slike produkt etter aksjonen starta.

I 2022 kontrollerte Mattilsynet korleis vassverkseigar vernar råvasskjeldene sine. Frå 2020 til og med 2022 har Mattilsynet sett spesielt på leiingsnett, då gammalt og dårleg leiingsnett kan utgjere ein trussel for leveringstryggleik.

Det blei ført tilsyn med vern av råvasskjelder ved 487 vassverk. Tilsynet viste at 35 pst. av vassverkseigarane heilt eller delvis mangla farekartlegging og/eller farehandtering, og at 38 pst. ikkje hadde ei oppdatert farekartlegging. Over 26 pst. hadde ikkje gjennomført naudsynt vern av vasstilsigsområdet og råvasskjelda, og 23 pst. hadde ikkje basert vernetiltaka på ei farekartlegging. Dette er ikkje godt nok. Farekartlegging er difor alltid ein del av tilsynet, og i 2023 følgjer Mattilsynet spesifikt opp kjeldevern og vassbehandling. Det vil òg komme strengare krav til revidering av farekartlegginga i ny drikkevassforskrift, som har vore på høyring.

Når det gjeld tilsyn med vassleiingsnett, blei det ført tilsyn med 676 vassverk i perioden. Resultata viser at 28 pst. av vassverka hadde avvik på kravet om at vassverkseigaren skal sikre at distribusjonssystemet til vassforsyningssystemet er i tilfredsstillande stand og blir drifta på ein tilfredsstillande måte. Dei registrerte avvika fortel at 72 pst. av vassverkseigarane sikrar at distribusjonssystemet er i god stand og blir godt drifta, og at om lag 25 pst. manglar ein plan for vedlikehald og fornying.

Fremje god helse hos planter, fisk og landdyr

Plantehelse

Plantehelse blir vurdert ut frå fråvær av planteskadegjerarar som virus, bakteriar, insekt, midd, sopp og nematodar. Av dei rundt 170 skadegjerarane på European and Mediterranean plant protection organization si A2-liste finst 15 i Noreg. Av desse 15 kjempar Mattilsynet aktivt mot elleve, mens fire er så spreidde at det ikkje er samfunnsøkonomisk lønsamt å kjempe mot dei med offentlege midlar.

Tilsynet i 2022 var spesielt retta mot sertifikatpliktig import frå land utanfor Europa, som i

hovudsak omfattar sendingar med frø, blomsterlauk, formeringsmateriale til prydplanter, matpoteter og trelast.

Pærevissnesjuka blei påvist etter rutinemessig prøveuttak i ei verksemd i Sauherad. Verksemda leverer eit stort sortsutval til norsk frukt- og prydplanteproduksjon i heile landet. Sanering av infiserte mortrær vil framover kunne føre til vesentleg reduksjon i tilgang på plantemateriale til norske planteskular som produserer pæretre til hobbymarknaden og grøntanlegg.

Ny dyrehelseforordning

I april 2022 blei det fastsett 11 nye forskrifter innanfor dyrehelse og fiskehelse, for å gjennomføre EUs dyrehelseforordning og utfyllande rettsakter. Dei nye forskriftene inneheld òg nasjonale dyrehelsereglar.

Mattilsynet arbeider i tett dialog med akvakulturnæringa, mellom anna med å utarbeide rettleiing knytt til godkjenningssprosessen, kriteria for risikoklassifisering av anlegg og krav til planar for biotryggleik.

Fiskehelse

Nedgangen i talet ILA-utbrott i 2022 gir grunn til forsiktig optimisme. Klassiske og atypiske vintersår held fram med å gi store utfordringar i dei kalde periodane i sjøen. *Spironukleose* blei påvist i ei rekkje anlegg i Finnmark i 2022. Virussjukdommane *Kardiomyopatisyndrom* (CMS) og Hjarte- og skjelettmuskelbetennelse (HSMB) blir framleis diagnostisert i eit vesentleg omfang, og kompleks gjellesjukdom var dessutan ein vanleg diagnose hos laks i sjøen òg i 2022.

I 2022 blei elvane i Skibotnregionen friskmelde for *Gyrodactylus salaris*. Med friskmelding av Skibotnregionen er i dag 42 vassdrag friskmelde. Mattilsynet arbeider for å få oppdrettsnæringa til å erstatte manuell luseteljing med automatisk luseteljing. Mattilsynet arbeider òg saman med Fiskeridirektoratet med å forenkle godkjenning av driftsplanane til akvakulturanlegga. Arbeidet vil krevje både endring av regelverk og nye digitale løysingar, men vil på sikt redusere ressursbruken for både næring og tilsyn.

Landdyrhelse

I 2022 blei det påvist tre dyresjukdommar som vi ikkje har hatt i Noreg på mange år; Newcastle-sjuka, lukka yngelrâte (*Paenibacillus larvae*) og storfetuberkulose. I tillegg har Mattilsynet hand-

tert høgpatogen fugleinfluensa (HPAI), skrantesjuka, *Psoroptes ovis* på geit og mædi. Dei to største hendingane på dyrehelseområdet var utbrott av høgpatogen fugleinfluensa og Newcastle-sjuka i kommersielle fjørfehold i Rogaland. Alle utbrott med Newcastle-sjuka og høgpatogen fugleinfluensa medførte avliving og sanering på dei anlegga som blei ramma, inkludert destruksjon av egg og biprodukt. Utbrota blei slått ned utan vidare spreing.

Det har òg vore stor aktivitet for å handtere innkost av kjæledyr som følgjer med ukrainske flykningar. I 2022 kom det om lag 1 600 kjæledyr til Noreg, og av desse er det flest hundar og kattar. Svært mange av dyra oppfylte ikkje innreisekrava.

Ulovleg import av hundar og kattar representerer ein alvorleg trussel mot den gode dyrehelsa vår, og er i tillegg ein fare for folkehelsa ved mogleg innførsel av alvorlege zoonotiske sjukdommar (sjukdommar som blir overførte frå dyr til menneske). Den ulovlege omsetninga av desse dyra representerer ein stor økonomisk svart marknad i heile Europa. Mattilsynet oppretta ei dedikert regional aksjonsgruppe og gjennomførte målretta nettsøk i opne kjelder. Europol har vore samarbeidspartnar, og i Noreg har det vore tett samarbeid med Økokrim og Tolletaten.

Mattilsynet og Miljødirektoratet leverte hausten 2022 både ei tilråding om vidare forvaltning av villreinen på Hardangervidda og ein revidert plan for reetablering av villreinstammen i Nordfjella sone 1 til Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet.

Mattilsynet har, i samarbeid med Miljødirektoratet, gjennomført ei undervegsevaluering av *Handlingsplanen mot villsvin 2020–2024*. I appen *Sett og skutt* kan jegerar no registrere skote villsvin, og samtidig få automatisk utfylt skjema for godtgjerse.

Fremje god dyrevelferd og respekt for dyr

Landdyrvelferd

Den viktigaste innsatsen til Mattilsynet har i 2022 vore risikobasert oppfølging av bekymringsmeldingar, handtering av kronisk dårlege dyrehald og den store tilsynskampanjen om velferd for svin.

Mattilsynet førte tilsyn med dyrevelferda i 1904 dyrehald og registrerte regelbrott i 51 pst. av desse. Sidan Mattilsynets tilsyn er risikobasert, gir funna ikkje eit representativt bilete av den generelle dyrevelferda i Noreg.

Mattilsynet fekk 11 134 bekymringsmeldingar om dyrevelferd i 2022. Dei fleste bekymrings-

meldingane gjeld hundar, kattar og hestar. Mattilsynet har sett ein jamn, svak nedgang frå toppen i 2018 til 2021 og ein relativt stor nedgang på 946 meldingar frå 2021 til 2022. Nedgangen frå 2021 kan tyde på at meldetenesta *Varsle oss* har gjort det tydelegare kva forhold Mattilsynet ønskjer melding om, og at visse opplysningar trengst for at meldingane skal bli vurderte.

Mattilsynets nasjonale tilsynskampanje om velferd for svin blei avslutta i 2022. 582 tilfeldig utvalde svinebesetningar blei inspiserte, og funna blei offentleggjorde i ein rapport 17. januar 2023. Mattilsynet registrerte regelbrott i over halvparten av besetningane. I 35 pst. av besetningane blei det registrert brott på reglane om rote-materiale. I 26 pst. blei det registrert brott på reglar om strø. I 24 pst. blei det registrert brott på reglane om behandling av sjuke og skadde dyr. Mattilsynet har gitt tydeleg uttrykk for at dette resultatet ikkje er godt nok og vil følgje opp med nye tilsyn.

Mattilsynet har eit stadig betre samarbeid med politiet i saker om dyrevelferd. Økokrim har gitt klart uttrykk for at Mattilsynet bør melde fleire alvorlege saker i samsvar med retningslinene for samarbeidet mellom Mattilsynet og politiet.

Fiskevelferd

Framleis døyr for mange fisk i norsk oppdrettsnæring. I 2022 døydde 58 millionar fisk i merdane. Velferda til rensefisk gir òg framleis grunn til bekymring. I matfiskanlegga er det framleis behandling mot lakselus med ikkje-medikamentelle metodar som er ei av dei viktigaste årsakene til skadar og auka dødstal.

Utbrott av ikkje listeført sjukdom og utfordringar i samband med utsett av smolt er andre årsaker til dårleg velferd. Årsaker til dødstal hos smolt kan vere at han er for liten ved utsett, er av for dårleg kvalitet eller at han blir sett ut ved for låge temperaturar.

Mattilsynet har etablert eit nasjonalt revisjonsteam for konsernrevisjonar i akvakulturnæringa. Målet er å vurdere om selskapa mellom anna har gode rutinar på å vurdere om fiskegrupper med redusert helse eller velferd skal setjast ut i sjøen, eller om ein produksjon skal avsluttast før planlagt slaktetidpunkt på tvers av dei ulike lokalitetane til selskapet. Slike revisjonar kjem i tillegg til tilsyn på enkeltlokalitetar.

Det samla talet medikamentfrie behandlingar mot lakselus har auka frå 2021 til 2022. Ei viktig årsak er at talet på kombinasjonsbehandlingar har auka. Det er høvesvis termisk og mekanisk

avlusing i kombinasjon med ferskvatn som har auka mest.

Fremme helse, kvalitet og forbrukaromsyn

Mattilsynet arbeider langsiktig med regelverksutvikling og overvaker tilstanden på Mattilsynet sine område, mellom anna med å sikre befolkninga eit tilfredsstillande inntak av jod. Samtidig blir det handtert små og store hendingar gjennom året, til dømes blei minst 388 pasientar ved 40 sjukehus smitta i det omfattande Pseudomonas-utbrottet der forureina eingongsvaskeklutar var årsak. Biverknader av kosmetikk og kosttilskott blir registrerte på nettsida *melde.no* som er ei felles løysing for enklare innmelding av uønskt pasientrelaterte hendingar.

Som ledd i å styrkje rettleiinga til næring og forbrukar, har Mattilsynet i 2022 etablert ei digital innhaldsplattform for enklare å utvikle digitale tenester og bruke målretta rettleiing i dei kanalane brukarane føretrekkjer, som til dømes andre nettstader og applikasjonar.

I 2022 samarbeidde Mattilsynet med Helse- direktoratet og Folkehelseinstituttet om å utarbeide eit forslag til ein jodberikingsstrategi.

Mattilsynet gjennomfører årleg merkesjekkar av ulike matvaregrupper, og desse viser framleis at mange produkt er feilmerka. Dei fleste merkefeila var ikkje av ein slik art at dei kunne ha medført helsefare.

Den generelle kosmetikktryggleiken er stort sett tilfredsstillande for produkt frå den seriøse delen av bransjen. 2 806 tilsynsobjekt (produsentar og importørar) er registrerte hos Mattilsynet. Erfaring tilseier at det er ei underregistrering, då Mattilsynet svært ofte kjem over verksemder som ikkje er registrerte. Mattilsynet fjerna seks kosmetikkprodukt for sal etter påvising av ulovlege stoff, og gav elleve varsel om vedtak på grunn av feilmerking.

Ivareta miljøvenleg produksjon

Lakselusmitte frå oppdrett på vill laksefisk gir framleis grunn til uro, jf. Havforskningsinstituttets risikorapport frå 2023.

EUs vassrammedirektiv er gjennomført i Norsk rett gjennom vassforskrifta. Lakselus er no definert som ein faktor som påverkar ville laksebestandar i vassforvaltningsplanane for 2022–2027.

Mattilsynet følgjer opp alle lokalitetar som overskrid lusegrensa. Sjølv om dei fleste lokali-

tetar blir drivne i samsvar med regelverket, er smittepresset på vill laksefisk framleis for stort.

Vareta omsynet til aktørane langs heile matproduksjonskjeda, medrekna marknadstilgang i utlandet

Utferding av helsesertifikat er eitt av Mattilsynets viktige og lett målbare resultat knytt til arbeidet med marknadstilgang. Talet på utskrivne helsesertifikat i 2022 auka med 10 738 samanlikna med 2021, til 89 448. 91,5 pst. av sertifikata var på sjømatområdet.

Noreg er gjennom EØS-avtalen ein del av EUs ytre grense for import av varer og dyr frå tredjestatar. Dette inneber kontroll med import frå tredjeland og samtidig fråvær av grensekontroll og helsesertifikat ved handel internt i EØS-området. Mattilsynet opplever stadige endringar i importregelverk, sertifikatkrav og listeføring i importland utanfor EØS-området. For å halde oppe eksisterande handel, har Mattilsynet i stor grad prioritert oppgåver knytte til etablert handel, framfor opning av nye marknader.

Auken i talet på importar etter Brexit har stabilisert seg, og talet på kontrollerte sendingar ligg om lag på det same som i 2021. Storbritannia innfører krav om helsesertifikat frå 31. januar og krav om grensekontroll 1. april 2024. Dette er eit ressurskrevjande arbeid for Mattilsynet.

Mattilsynet held fram med å samarbeide med internasjonale partnarar gjennom Europol og EU-kommisjonen i koordinerte aksjonar. EU-kommisjonen koordinerte ein stor aksjon retta mot ulovleg omsetning av hundar og kattar. Dette var ein aksjon på tvers av alle EØS-landa, og var utløyst av stadig fleire enkeltsaker som blei utveksla i EUs meldesystem for svindelnotifikasjonar.

Resultatmål av meir generell karakter

Mattilsynet vektlegg digitalisering og utvikling

Brukarretta digitale tenester er éin av grunnpilarane i den digitale utviklinga av Mattilsynet. Målet er å utvikle tenester som forenkler og effektiviserer brukarkvardagen. For å få fart på digitaliseringsarbeidet har Mattilsynet endra leveransemodellen sin og etablert ni produktteam og eitt plattformteam. Produktteama er tverrfaglege og har ansvaret for ulike fagområde. Tett dialog med interessentar og partnarar bidreg til å byggje tillit, forståing og å sikre at Mattilsynet leverer dei rette produkta.

Arbeidet med regelverksutvikling og internasjonale standardar

I 2022 prioriterte Mattilsynet EØS-arbeidet på områda Farm to Fork, revidering av dyrehelse-regelverket, nye utfyllande reglar for økologisk produksjon, fellesaksjonar på kriminalitet og gjennomføringsrettsakter til dyrehelseforordninga.

Mattilsynet deltok i forhandlingane for Codex Alimentarius (FAO/WHO's standardsetjande organ for matområdet), IPPC (International Plant Protection Convention) og WOAAH (World Organisation for Animal Health).

Dei nordiske landa har mykje til felles og det nordiske arbeidet er difor viktig for Mattilsynet. Noreg hadde formannskapet i Nordisk ministerråd i 2022.

Mattilsynet kartlegg, overvaker og analyserer tilstand

Mange av overvakingsprogramma oppfyller krav frå EU om dokumentasjon av status. Mattilsynet prioriterer og tilpassar programma slik at dei fangar opp det aktuelle risikobiletet av tilstanden i Noreg.

I 2022 kunne Mattilsynet vise at Noreg er fri for dei fleste alvorlege dyresjukdommane som blir overvakte.

Handtering av hendingar

I 2022 har både handtering av kjæledyr som fordrivne frå Ukraina har teke med seg til Noreg, og utbrott av Newcastle-sjuka og fugleinflensa, vist at handtering av fleire store hendingar får konsekvensar for ordinær drift og går utover andre viktige oppgåver.

Mattilsynet handterte rundt 220 hendingar i 2022, noko som er ein nedgang frå året før. Til gjengjeld er hendingane som rammar Noreg, stadig større, meir samansette og til dels samfallande.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 560,5 mill. kroner. Løyvinga skal dekkje driftsutgiftene til Mattilsynet.

Regjeringa foreslår å auke Mattilsynets budsjett med 10 mill. kroner, til mellom anna utvikling av tilsynet og styrking av beredskapen.

Regelverksutvikling og internasjonalt arbeid

Regelverket på matområdet er i stor grad harmonisert over landegrensene. Codex Alimentarius Commission, WOAAH og IPPC legg viktige premissar for regelverksutviklinga internasjonalt. Mattilsynet vil følgje aktivt med i dei sentrale delane av arbeidet i desse organisasjonane.

Som følgje av EØS-avtalen blir grunnlaget for det norske regelverket hovudsakeleg utvikla i EU. Nærare 90 pst. av alle nye forskrifter og forskrifts- endringar på Mattilsynets ansvarsområde er knytt til oppfølging av EØS-avtalen. Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet og Landbruks- og matdepartementet legg vekt på samordna og godt førebudd deltaking i internasjonale forum. I det internasjonale regelverksarbeidet er det viktig med tidleg og god dialog med relevante interessentar. Mattilsynet vil ta aktivt del i arbeidet i EU med å utvikle nytt regelverk i samsvar med norske synspunkt og vil prioritere regelverksområde der Noreg kan ha særlege interesser. Oppfølging av EU sin *Farm to Fork*-strategi for eit sunt, berekraftig og rettferdig matsystem, vil stå sentralt i EU sitt arbeid på matområdet framover.

Samfunnsoppdraget om berekraftig fôr har mål om at alt fôr til oppdrettsfisk og husdyr skal komme frå berekraftige kjelder og medverke til reduserte klimagassutslepp i matsystema. For å kunne tilpasse eksisterande regelverk betre til ein meir sirkulær gjenbruk og utnytting av nye ressursar, blir det foreslått at Mattilsynet blir styrkt med 5 mill. kroner. Satsinga går over to år og vil styrkje arbeidet med regelverk for å leggje til rette for at restråstoff og biprodukt frå land og hav kan bli nytta til fôr, jf. óg omtale under kat. 1520.

Mattilsynet skal òg bidra til å følgje opp dei internasjonale pliktene til rett tid, slik at gjennomføringa i norsk rett skjer på ein mest mogleg formålstenleg og brukarvenleg måte.

Det er viktig med forenkling for næringsaktørane der det let seg gjere utan at det går ut over dei omsyna og måla som Mattilsynet har for sitt arbeid.

Mattilsynet vil framleis prioritere arbeid med å modernisere plantehelseregelverket.

Rettleiing, kontroll og områdeovervaking

Regelverket for offentleg kontroll krev at det skal vere eit effektivt, einskapleg og heilskapleg tilsyn. Tilsynet skal vere risikobasert og skje på det leddet i matproduksjonskjeda der verknaden er størst. Dette krev god kunnskap om tilstanden på

dei ulike områda. Nasjonale kontrollplanar skal liggje til grunn for prioritering og rapportering. Mattilsynet vil halde fram arbeidet med å sikre god kvalitet på tilsynsarbeidet.

God kjennskap til regelverket er viktig for å kunne etterleve det. Mattilsynet vil halde fram arbeidet med å styrkje dialogen med næringane og forbrukarane med meir og betre rettleiing. Dette inneber betre rettleiing om kva for reglar som gjeld, korleis regelverket blir tolka, og kva Mattilsynet vil ha særskild merksemd på ved tilsyn.

Nærleik til verksemdene og god kunnskap om lokale forhold og aktuell risiko skal sikre eit effektivt, målretta og godt synleg tilsyn. Mattilsynet vil vere løysingsorientert i møte med verksemdene, samstundes som ein praktiserer mest mogleg lik handsaming av verksemdene ved rettleiing, tilsyn og kontroll. Det er verksemdene sjølve som har ansvaret for å kjenne til regelverket og finne løysingar som gjer at dei etterlever det. Mattilsynet fører kontroll med at regelverket blir etterlevd.

Aktørane i matkjeda, inklusiv drikkevassområdet, treng digitale tenester for rapportering og tilgang til data som bidreg til auka effektivitet både for verksemdene og Mattilsynet, og dermed auka verdiskaping i næringa og i samfunnet. Ein betre digital dialog med aktørane i matkjeda vil føre til at desse får betre tenester ved deling av data. Mattilsynet kan med dette òg målrette og effektivisere den offentlege kontrollen, mellom anna på drikkevass- og dyrevelferdsområdet.

Mattilsynet legg vekt på å ha effektive og målretta kontrollar med færre kontrollpunkt. Slike tilsyn kan vere ein del av den faste tilsynsrutinen eller danne grunnlag for utvikling av store og små tilsynskampanjar. Smilefestilsynet i serveringsverksemdar er eit døme på dette.

Mattilsynet forvaltar òg regelverk som ikkje er direkte knytt til risiko for helsa til folk, dyr eller planter, til dømes at merking av mat ikkje villeier forbrukarane. Også på desse områda er det viktig med målretta og effektiv kontroll.

Mattilsynet vil innrette arbeidet med kartlegging og overvaking slik at arbeidet blir målretta og kostnadseffektivt. Overvåkings- og kontrollprogram som følgjer av internasjonale avtalar eller norske tilleggsgarantiar, vil ha prioritet. Så langt det let seg gjere vil programma bli tilpassa slik at dei skal fange opp det aktuelle risikobiletet i Noreg.

Mattilsynet vil arbeide vidare for å motverke matsvindlar nasjonalt og internasjonalt. Arbeidet er prioritert i EU.

Målet om å sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt

Arbeidet med å etterleve regelverket og halde oppe gode hygieniske forhold i alle verksemdar i matproduksjonskjeda, krev at verksemdene har kontinuerleg merksemd i tillegg til aktivt og målretta arbeid frå Mattilsynet.

Regelverket om hygiene og kontroll legg vekt på at verksemdene sjølve har ansvaret for å etterleve krava og ha naudsynte system, rutinar og tiltak som sikrar mattryggleiken i heile matproduksjonskjeda frå og med primærproduksjon til og med omsetnad til forbrukarane. Dette gjeld òg ved import.

Mattilsynet vil ha merksemd på at dei særlege garantiane som Noreg har i EØS-avtalen når det gjeld Salmonella i sendingar til Noreg av ulike slag kjøtt og egg, blir følgde opp på rett vis av dei verksemdene som driv internasjonal handel med slike matvarer.

Mattilsynet vil vidare halde fram arbeidet innan atomberedskap på matområdet.

Tilsyn med at vassforsyningsverksemdene og kommunane følgjer opp krava i drikkevassforskrifta, er viktig for samfunnstryggleiken og for innbyggjarane. Mattilsynet vil på sine område følgje opp dei nye nasjonale måla for vatn og helse og den tverrsektorielle gjennomføringsplanen som er under utarbeiding. Mattilsynet vil rettleie kommunane om drikkevassomsyna som er omtalt i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging og sjå til at kommunane følgjer opp. Mattilsynet vil dessutan delta i arbeidet innan sitt ansvarsområde med å følgje opp vassforvaltningsplanane.

Målet om å fremje god helse hos planter, landdyr og fisk

God plante-, landdyr- og fiskehelse er føresetnader for produksjon av trygg mat og for verdiskaping i næringane. Det er viktig å ha gode tiltak og rutinar hos næringsaktørane for å førebyggje introduksjon og spreiding av sjukdom og skadegjerarar.

Mattilsynet vil arbeide for at helsetilstanden hos planter, landdyr og fisk skal vere god. Førebyggjande tiltak og god beredskap mot dei mest frykta planteskadegjerarane og smittsame sjukdommane hos landdyr og fisk er viktig. Dette er òg viktig for å hindre utbrott av dyresjukdommar som òg kan gi sjukdom hos menneske (zoonosar).

Det er viktig å overvake og halde fram med tiltak som held antibiotikaresistensen i norsk hus-

dyrehald og havbruk på eit lågt nivå. Mattilsynet vil ha ei rolle i arbeidet med revidert strategi og handlingsplan mot antibiotikaresistens. Mattilsynet vil vidare følgje opp arbeidet knytt til antibiotikaresistens i internasjonale forum.

Mattilsynet vil prioritere arbeidet mot skrantesjuka. Viktige oppgåver er å kartleggje utbreiinga, leggje til rette for å etablere ein ny villrein flokk i Nordfjella, følgje opp vedteke handsaming av klassisk skrantesjuka på Hardangervidda og bidra til å utforme den langsiktige forvaltninga av skrantesjuka. Tiltaka har stor verdi for å hindre spreiding av smitte til ville hjortedyr og tamrein, og er viktige for å kunne ta vare på næringsgrunnlaget til dei som utøver reindrift. God dokumentasjon av tilstanden i Noreg er viktig.

Mattilsynet vil vurdere behovet for å styrkje enkelte tiltak i handlingsplanen mot villsvin, og eventuelt etablere fleire tiltak for å få ned villsvinbestanden og dermed redusere risikoen for utbrott av afrikansk svinepest i Noreg.

Mattilsynet vil framleis prioritere arbeidet med fiskehelse, mellom anna gjennom arbeidet for å redusere forekomsten av lakselus og kampen mot sjukdommane PD og ILA. Mattilsynet vil følgje opp den vidare tilsynsinnsatsen knytt til dei strengare miljøkrava ved produksjon i havbruksnæringa.

Målet om å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr
Mattilsynet vil leggje vekt på tilsyn med dyrevelferd, og vil utnytte verkemidla i dyrevelferdslova for å fremje god dyrevelferd.

Mattilsynet samarbeider med politiet om ordninga med dyrepoliti i alle dei tolv politidistrikta i landet. Målet er best mogleg handsaming av saker som gjeld alvorleg vanrøkt og overgrep mot dyr, slik at alvorleg kriminalitet mot dyr fører til ei eventuell straffesak og domfelling.

Mattilsynet vil framleis ha merksemd på risikobasert tilsyn med dyrevelferd i heile landet. Det er dyrehaldar som skal sørge for god dyrevelferd for dyra sine. Det kjem stadig nye dyrevelferdsprogram for hald av produksjonsdyr, slik at fleire dyreartar blir omfatta. Dessa programma inneber eit tettare samarbeid mellom produsentar og veterinærar for å sikre god dyrevelferd, og gode rutinar og dokumentasjon av dyrehaldet.

Mattilsynet vil òg framleis følgje opp dyrevelferd hos kjæledyra, dels gjennom å foreslå nytt regelverk, ved tilsyn og ved å følgje opp bekymringsmeldingar om slike dyrehald.

Mattilsynet vil føre vidare den gode samhandlinga med miljøstyresmaktene ved tap på grunn av

rovvilt, jf. rovviltforliket i Stortinget i 2011 og Meld. St. 21 (2015–2016) *Ulv i norsk natur*.

Mattilsynet vil prioritere arbeidet med fiskevelferd, spesielt i samband med tap i oppdrettsnæringa. Mattilsynet vil òg ha merksemd på å halde oppe god fiskevelferd når oppdrettarar tek i bruk nye behandlingsmetodar og produksjonsformer.

Målet om å fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
Mattilsynet vil arbeide for at mat, drikkevatt og innsatsvarer har rett kvalitet og rett innhald, og at regelverket om merking og heiderleg omsetnad blir følgt. Regelverket om merking av mat skal sikre at forbrukarane har tilgang til rett informasjon om eigenskapane til maten.

Mattilsynet har òg oppgåver i ernæringsarbeidet, særleg for tilsyn med merking, blant anna ernærings- og helsepåstandar og frivillig sunnheitsmerking (*Nøkkelhølet*) og arbeid med Matvaretabellen, jf. Meld. St. 15 (2022–2023) *Folkehelsemeldinga – nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*.

Mattilsynet vil framleis overvake om det er genmodifisert materiale i fôr og næringsmiddel. Sporforureining av genmodifisert materiale synest å vere størst i fôrvarer.

Mattilsynet vil medverke i oppfølginga av den nasjonale strategien for økologisk landbruk på relevante område.

Målet om å vareta miljøvenleg produksjon

Mattilsynet vil bidra til at formålet i matlova om å vareta miljøvenleg produksjon blir oppfylt. Kvaliteten på og bruken av innsatsvarer som såvarer, gjødsel, plantevernmidler og fôrvarer er avgjerande for ein miljøvenleg produksjon og verkar òg inn på mattryggleiken og kvaliteten på maten.

Arbeidet for å redusere bruken av og risikoen ved bruk av plantevernmidler vil bli ført vidare med utgangspunkt i gjeldande *Handlingsplan for bærekraftig bruk av plantevernmidler*. Mattilsynet vil følgje opp aktuelle tiltak relatert til planen og følgje utviklinga av regelverket i EU tett.

Marknadstilgang

Mattilsynet vil bidra i arbeidet med å leggje til rette for marknadstilgang for norske produkt. Godt samarbeid med matstyresmakter i andre land er avgjerande for å betre marknadstilgangen.

Dei seinare åra har det vore ein auke i krava til dokumentasjon på at norsk sjømat er trygg og har

rett kvalitet. For Noreg, som stor eksportør av sjømat, er det avgjerande å kunne dokumentere mattryggleik, dyrehelse og kvalitet gjennom heile produksjonskjeda.

Mattilsynet utferdar årleg kring 90 000 helse-sertifikat. Majoriteten av sertifikata som Mattilsynet utferdar, gjeld eksport av sjømat. Mattilsynet nyttar òg mykje ressursar på å leggje til rette for å halde oppe og auke eksporten av sjømat til Kina. Mattilsynet vil arbeide vidare med tiltak for å effektivisere sertifikatarbeidet slik at utferdinga på norsk side i så liten grad som mogleg skaper hinder for eksporten. Digitalisering på området har starta opp, og arbeidet vil bli vidareført i 2024.

Andre område

Dyrehelsepersonell

Mattilsynet forvaltar lovgivinga som skal sikre for-svarleg yrkesutøving hos dyrehelsepersonell, og vil leggje vekt på at dyrehelsepersonell driv for-svarleg verksemd, særleg i samband med utle-ving og bruk av antibiotika. Registeret over bruken av legemiddel til dyr (VetReg) er eit viktig verkemiddel i overvakinga av bruken av antibio-tika til dyr og korleis dyrehelsepersonell føreskriv medisin. Mattilsynet skal følgje opp arbeidet med å utvikle VetReg.

Kosmetikk

Mattilsynet vil føre tilsyn og følgje opp arbeidet med å utvikle regelverket som skal sikre at kosmetikk og kroppspleieprodukt er helsemessig trygge for menneske og dyr. Mattilsynet vil bidra i arbeid med endringar av kosmetikklova der det er naudsynt. Mattilsynet vil òg samarbeide med Folkehelseinstituttet om å overvake helseskadelege biverknader ved bruk av kosmetikk og kroppspleieprodukt.

Post 22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser

Formål med løyvinga

På posten blir det ført utgifter Mattilsynet har til reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser.

Rapportering 2022

Utgiftene i 2022 blei 11,1 mill. kroner.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 14,0 mill. kroner i 2024.

Post 71 Tilskott til erstatningar, overslagsløyving

Formål med løyvinga

På posten vil det bli ført utbetalingar til personar som har gitt naudhjelp til dyr etter dyrevelferdslova § 4 om hjelpeplikt, og til veterinærar som har ytt naudhjelp til dyr etter dyrehelsepersonellova § 14 om naudhjelp. På posten vil det òg bli ført utbetalingar for tiltak som er sette i verk av Mattilsynet i medhald av matlova, dyrehelsepersonellova og dyrevelferdslova i dei tilfella der kostnaden ikkje kan drivast inn frå ein eigar.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 40,0 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Hovuddelen av beløpet er knytt til utgifter i samband med kjæledyr tilhøyrande fordrivne frå Ukraina. Dette utgjorde 36,3 mill. kroner. Dei resterande 3,7 mill. kroner var utgifter til naudhjelp for eigarlaus dyr.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,2 mill. kroner i 2024. Utgifter knytt til kjæledyr tilhøyrande fordrivne frå Ukraina, blir frå 2024 ført på kap. 1115, post 01.

Kap. 4115 Mattilsynet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Gebyr m.m.	201 463	206 109	205 253
02	Driftsinntekter og refusjonar m.m.	10 468	6 288	6 476
85	Gebyr og tvangsmulkt m.m.			7 000
	Sum kap. 4115	211 931	212 397	218 729

Post 01 Gebyr m.m.

Inntektene i 2022 blei 201,5 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 205,2 mill. kroner i 2024.

På posten blir det ført inntekter frå gebyr for særskilde ytingar som Mattilsynet gjer for konkrete brukarar, og gebyr for visse tilsyns- og kontrolloppgåver der desse eintydig rettar seg mot konkrete brukarar. Ved budsjetteringa er det lagt til grunn ordinær prisjustering av gebyrsatsane.

Hestesporten er i ein utfordrande økonomisk situasjon og det er knytt store utgifter til hestesporten. Regjeringa foreslår å avvikle gebyr for utgifter til stevneveterinærar frå 1. januar 2024.

Post 02 Driftsinntekter og refusjonar m.m.

Inntektene i 2022 blei 10,5 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 6,5 mill. kroner i 2024.

På posten blir det mellom anna ført diverse driftsinntekter frå oppgåver som Mattilsynet gjer for anna forvaltning, til dømes for tilsyn med omsetnad av reseptfrie legemiddel utanom apotek, og oppgåver knytt til miljøretta helsevern for kommunane. Her vil det òg bli ført inntekter frå gebyr for særskilde ytingar som Mattilsynet av omsyn til næringsutøvarane yter utanom ordinær arbeidstid.

Post 85 Gebyr og tvangsmulkt m.m.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,0 mill. kroner i 2024.

På posten blir det ført inntekter frå overtredelsesgebyr, tvangsmulkt m.m., pålagde av Mattilsynet.

Programkategori 15.20 Forsking, innovasjon og kunnskapsutvikling

Utgifter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
1136	Norsk institutt for bioøkonomi	248 552	253 743	271 785	7,1
1137	Forsking og innovasjon	611 454	587 505	619 836	5,5
	Sum kategori 15.20	860 006	841 248	891 621	6,0

Inntekter under programkategori 15.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
4136	Norsk institutt for bioøkonomi	19 446	19 915	20 935	5,1
	Sum kategori 15.20	19 446	19 915	20 935	5,1

Mål

Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til å nå dei landbruks- og matpolitiske hovudmåla; matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. For å nå måla og leggje til rette for ei forskingsbasert forvaltning, legg departementet vekt på målretta bruk av midlar til forsking og innovasjon, at kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning, og ein effektiv og sterk instituttsektor i samspel med andre. I tillegg er ei tett kopling mellom forsking og næringsliv sentralt for effektiv og berekraftig utnytting av dei mange fornybare biologiske ressursane som finst i Noreg.

Prioriteringar

Målretta bruk av midlar til forsking og innovasjon

Landbruket er ei høgteknologisk og kunnskapsintensiv næring. Næringa sine kunnskapsbehov er gjort greie for i ei rekkje meldingar og strategiar dei seinare åra.

I *Langtidsplan for forsking- og høgere utdanning*, jf. Meld. St. 5 (2022–2023), gir regjeringa uttrykk for kva område som er særleg viktige å prioritere dei kommande åra, jf. omtale i kap. 5 i Kunnskapsdepartementets Prop. 1 S (2023–2024). Landbruks- og matforskinga bidreg til å nå måla i langtidsplanen gjennom å leggje til rette for ein berekraftig og kunnskapsbasert landbruks- og matsektor, matsikkerheit, auka verdiskaping, betre ressursutnytting og nye grøne arbeidsplassar.

Ved handsaminga av meldinga slutta Stortinget seg til regjeringa sitt vedtak om to nasjonale målretta samfunnsoppdrag, eitt om berekraftig før og eitt om å inkludere fleire barn og unge i utdanning, arbeids- og samfunnsliv. Samfunnsoppdrag er eit nytt verkemiddel der forsking og utvikling blir tett kopla med regelverksarbeid og anna politikktutvikling. Samfunnsoppdraget om berekraftig før har mål om at alt før til oppdrettsfisk og husdyr skal komme frå berekraftige kjelder og medverke til reduserte klimagassutslepp i matsystema. Vidare vil samfunnsoppdraget gi viktige bidrag til dei måla Noreg har sett for matproduksjon, klima,

miljø, sysselsetjing og verdiskaping. For å lukkast med å utvikle fleire berekraftige fôrvarer lokalt og utnytte ressursane meir effektivt og sirkulært, vil det vere behov for god samhandling og koordinering, frå grunnleggjande kunnskapsoppbygging og regelverksutvikling til at nye innovasjonar og teknologiske løysingar blir tekne i bruk. Samfunnsoppdraget er under utvikling med sikte på oppstart i 2024.

Den komplekse samanhengen mellom matproduksjon, miljø og klima, og korleis desse gjensidig påverkar kvarandre, set krav til ei heilskapleg tilnærming. Ny kunnskap skal bidra til å nå måla om reduserte klimagassutslepp frå landbruket i tråd med intensjonsavtalen om klima mellom staten og jordbruket frå 2019 og Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030*. I rapporten *Klimaendring utfordrar det norske matsystemet* utarbeidd av Norsk institutt for bioøkonomi i 2022, blei det konkludert med at det norske matsystemet i utgangspunktet er robust og tilpassingsdyktig, men at det likevel kan bli sett på alvorlege prøver framover. Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – Sammen for et klimarobust samfunn*, peikar på utfordringar og moglege løysingar som samfunnet, og under dette også landbruket, står overfor i møte med klimaendringane. I meldinga blei det slått fast at teknologiutvikling og ny kunnskap har ei sentral rolle i vidareutviklinga av eit framtidssretta og klimatilpassa landbruk.

Eit berekraftig landbruk og utnytting av landbruket sine mange fornybare biologiske ressursar set krav til oppdatert kunnskap om berekraftig bruk av areal, der omsyn til miljø og klima blir balansert mot omsyn til næringsutvikling. *Jordvernstrategien* frå 2023 har eit nytt og skjerpma mål for bruksendring av matjord, og nye konkrete tiltak for å nå dette målet. Kunnskap om jordressursane og om forvaltninga av dei, kombinert med kunnskap som fremjar best mogleg utnytting av tilgjengeleg areal, er viktig for å nå målet. I Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening – Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*, blir det vist til behov for kunnskap for å styrkje arbeidet med jordkvalitet, jordhelse og berekraftig bruk av jordbruksareal. Rapporten *Nasjonalt program for jordhelse* frå 2020 viser kor viktig det er med auka kunnskap om god jordhelse for å halde ved lag produksjonsevna i jordbruket over tid, og for å ta hand om vatn, karbon, næringsstoff og jordliv. Nasjonal forskingsinnsats på dette området må sjåast i samheng med EUs samfunnsoppdrag på jordhelse.

Landbruket sine mange fornybare biologiske ressursar har ei sentral rolle i overgangen til ein

meir sirkulær økonomi der dei fornybare bioressursane blir utnytta betre i sirkulære krinsløp, og bidreg til å redusere bruken av, eller erstattar, ressursar med større klima- og miljøbelastning. Både *Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi* frå 2021 og regjeringa sitt *Veikart for grønt industriløft* frå 2022, der skog- og trenæringa og anna bioøkonomi er eitt av innsatsområda, peikar på moglegheiter og kunnskapsbehov knytt til auka foredling og meir effektiv bruk av fornybare biologiske ressursar.

Ein viktig føresetnad for ein sirkulær bioøkonomi er at auka bruk av restråstoff og avfallsprodukt er trygt for folk, dyr og miljø, til dømes ved spreiding av miljøgifter, smittestoff og andre farlege stoff. I langtidsplanen for forskning og høgare utdanning blir det vist til kunnskapsbehov knytt til sirkulære løysingar og trygg bruk av bioressursar på tvers av næringar, sektorar og fagområde. Det trengst å utvikle teknologiske løysingar og metodikk for å kartleggje og fjerne uønskte stoff i biologiske produkt, biprodukt og restråstoff. I tillegg til kunnskap som held ved lag den gode plante- og dyrehelsa i Noreg, vil ei kunnskapsbasert utvikling av regelverk vere viktig for trygg og effektiv bruk og gjenbruk av ulike biologiske ressursar og restråstoff. Dette vil mellom anna vere sentralt for å lukkast med målsetjinga i samfunnsoppdraget på berekraftig fôr. Mattilsynet har ei viktig rolle i å tilpasse eksisterande regelverk til ein meir sirkulær gjenbruk og utnytting av nye ressursar, jf. omtale under kap. 1115.

Smitte som blir overført mellom dyr og menneske, direkte eller til dømes via mat, fôr og vatn, kan utgjere ein trugsel for vår helse og velferd. Langtidsplanen for forskning- og høgare utdanning viser til store kunnskapsbehov om samanhengen mellom plantehelse, dyrehelse, folkehelse, matproduksjon og miljø (*Êi-helse*), og eit behov for tverrsektoriell forskingsinnsats for å oppnå robuste, trygge og berekraftige matsystem. Ei slik tverrfagleg og heilskapleg tilnærming må òg leggjast til grunn i innsatsen mot antimikrobiell resistens (AMR), som er ein av dei største trugslar for global helse, matsikkerheit og moderne medisin. Regjeringa legg vekt på å halde ved lag innsatsen mot antibiotikaresistens i tråd med den nasjonale strategien mot antibiotikaresistens frå 2015. Den tverrsektorielle strategien vil bli ført vidare i ein ny strategi, og det vil også bli utarbeidd ein ny *Handlingsplan mot antibiotikaresistens* innanfor Landbruks- og matdepartementets sektoransvar.

Utfordringane og kunnskapsbehova landbruks- og matsektoren står overfor er i stor grad

dei same som i andre land, både i Europa og elles. Krigen i Ukraina har synleggjort behovet for kunnskap om risikohandtering og meir robuste handelssystem. Noreg har gode føresetnader for å bidra til ein global kunnskapsdugnad på område som berekraftig matproduksjon, klimarobuste produksjonsmetodar, mattryggleik og dyre- og plantehelse. Norsk deltaking i internasjonal forskning på landbruks- og matområdet vil dessutan bidra til å heve kvaliteten på forskinga, og gi norske forskingsmiljø og bedrifter betre tilgang til nettverk og infrastruktur. Regjeringa legg stor vekt på internasjonalt forskingssamarbeid og har høge ambisjonar til norsk deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, *Horisont Europa*. I *Strategi for norsk deltaking i Horisont Europa og Det europeiske forskningsområdet* frå 2021, kjem det fram at ambisjonar om auka norsk deltaking vil krevje omfattande mobilisering og eit godt samspel mellom nasjonale og europeiske forskingsmidlar. I tillegg legg *Strategi for forsknings- og høgere utdanningssamarbeid med Brasil, Canada, India, Japan, Kina, Sør-Afrika, Sør-Korea og USA (2021–2027)*, Panoramastrategien, eit viktig grunnlag for meir målretta og langsiktig forskingssamarbeid på landbruks- og matområdet.

Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning

Eit gjennomgåande budskap i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning er at kunnskapen må takast i bruk. Ny kunnskap, teknologi og innovative løysingar har liten nytte om dei ikkje blir gjort tilgjengelege og tekne i bruk av næring og forvaltning. Dette set krav til godt samarbeid, gode rådgivingstenester og eit utdanningstilbod som sikrar høg kompetanse i alle ledd. For at kunnskapen skal nå ut til næringsaktørar, rådgivarar og samfunnet elles, må resultatane frå landbruks- og matforskninga formidlast raskt og effektivt.

Landbruks- og matsektoren har lange tradisjonar for samarbeid mellom styresmakter, næringsaktørar og kunnskapsmiljø om kunnskapsutvikling og forskings- og utviklingsarbeid. Det gjer at sektoren har eit godt utgangspunkt for at relevant og ny kunnskap kjem til nytte.

I tillegg til forskning og kunnskap som bidreg til auka berekraft og verdiskaping i næringa, må forskingsbasert kunnskap liggje til grunn for politikkutvikling og forvaltning. Ei målretta politikkutforming for landbruks- og matsektoren krev kontinuerleg tilgang på oppdatert kunnskap. Samfunnsvitskapleg forskning på landbruks- og matområdet gir viktige bidrag om rolla til landbruket,

lokal og regional utvikling og kunnskap om korleis ulike drivkrefter påverkar utviklinga i landbruket. Det same gjeld forholdet mellom landbruket og samfunnet elles. Samfunnsvitskapleg forskning er òg viktig for auka kunnskap om samspelet mellom politikk, forvaltning og næring.

Primærlandbruket og industrien som foredlar mat og fiber, er høgteknologisk og kunnskapskrevjande. Det er difor viktig med høg kompetanse hos næringsutøvarar, rådgivarar og utdanningsinstitusjonar. Landbruks- og matdepartementet er oppteke av å ha gode og relevante landbruksutdanningar på alle nivå, og at det blir etablert gode samarbeidsarenaer for dei ulike aktørane i næringa og hos relevante utdanningsinstitusjonar, frå vidaregåande skule, til fagskule, høgskule og universitet. Departementet følgjer nøye med på rekruttering til dei ulike fagtilboda og utviklinga av desse.

God rekruttering til landbruks- og matfagleg utdanning på alle nivå frå vidaregåande skule til master- og doktorgradsutdanning, er viktig for å få kompetent arbeidskraft til eit framtidsretta landbruk. I tillegg til tilbod gjennom det ordinære utdanningssystemet bør det òg leggjast til rette for livslang læring, mellom anna gjennom fleksible etter- og vidareutdanningstilbod. Det gjeld både for dei som er i næringa, og dei som ønskjer å gå inn i næringa. Dette er vaksenagronomordninga, som er finansiert over jordbruksavtalen, eit godt døme på.

Ein effektiv instituttsektor i samspel med andre

Instituttsektoren skal utvikle kunnskapsgrunnlag for politikkutforming og bidra til berekraftig utvikling og omstilling gjennom forskning av høg kvalitet og relevans. Dei statlege forskingsinstitutta i landbruks- og matsektoren må vere kostnads-effektive og bruke ressursane på dei kunnskapsbehova som er strategisk viktige for norsk landbruk framover. I den samanheng er det viktig å ha god dialog med både næring og forvaltning om prioriteringar.

Institutta må arbeide for å oppnå forskning av høg kvalitet og relevans, eit godt omdøme og høg konkurransekraft. Nasjonale og internasjonale konkurransearenaer, strategiske løyvingar og systematisk oppbygging av kompetanse skal leggje til rette for høg kvalitet i forskingsinstitutta i landbruks- og matsektoren. Departementet er òg oppteke av at sektoren har ei god kopling mellom samfunnsvitskapleg og naturvitskapleg forskning, og eit godt samarbeid med andre relevante forskingsinstitusjonar.

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) skal kartleggje og ha kunnskap om biologiske ressursar og arbeide for at kunnskapen bidreg til berekraft og næringsutvikling i sektoren. Instituttet si lokalisering på 15 stadar fordelt på alle landsdelar gir eit viktig fortrinn i dette arbeidet.

Veterinærinstituttet (VI) har biomedisinsk kompetanse som må nyttast mest mogleg effektivt for å fremje høg beredskap, god dyrehelse og

dyrevelferd, og gode råd til forvaltninga. VI skal òg bidra til næringsutvikling og konkurransevne, både i blå og grøn sektor.

Departementet har òg eit grunnfinansieringsansvar for Institutt for rural- og regionalforskning (Ruralis). Ruralis forskar mellom anna på bygdeliv, ressursforvaltning, kommunal- og regionalutvikling, samhandling mellom bygd og by og verdikjeda for mat og næringsutvikling.

Kap. 1136 Norsk institutt for bioøkonomi

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
50	Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap	248 552	253 743	271 785
	Sum	248 552	253 743	271 785

Post 50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje fagleg aktivitet som bidreg til at Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) når måla som er lagde til grunn for verksemda. NIBIO er det største tverrfaglege forskingsinstituttet innanfor landbruk og miljø i Noreg. Det er organisert som eit statleg forvaltningsorgan med særskild fullmakt. Instituttet arbeider med forskning, forvaltningsstøtte og oppdrag i marknaden. NIBIO skal vere nasjonalt leiande i arbeidet med å utvikle kunnskap om bioøkonomi. Instituttet har hovudkontor på Ås, og har einingar på 15 stadar i alle landsdelar.

NIBIO har følgjande mål:

Hovudmål: Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken

Delmål: Målretta bruk av midlar til forskning og innovasjon

Delmål: Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning

Delmål: Ein effektiv instituttsektor i samspel med andre

Løyvinga skal i første rekkje bidra til målet om at *Kunnskap og kompetanse er tilgjengeleg for næring og forvaltning*. Løyvinga skal nyttast innanfor følgjande faglege innsatsområde: 1) mat- og planteproduksjon, 2) beredskap, plantehelse og mattryggleik, 3) skog og utmark, 4) areal- og gen-

ressursar, 5) kart og geodata og 6) føretaks-, nærings- og samfunnsøkonomi.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 248,6 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

For å auke produksjonen av mat har det vore omfattande utprøving av korn og grovforvekstar. Særleg prioritert er det å auke kunnskapen om optimalisert dyrkingsteknikk tilpassa ulike geografiske område. Tilsvarende har det vore utprøving av sorter av bær, mange ulike grønnsaker, oljevekstar i tillegg til urter. NIBIOs kunnskapsutvikling på planteområdet dekkjer både konvensjonell og økologisk produksjon. Resultata blir formidla raskt til næringa slik at nye sorter og oppdatert kunnskap om utfordringar og moglegheiter enkelt kan takast i bruk. NIBIOs senter for arktisk landbruk bidreg til å gjennomføre satsinga i jordbruksavtalen i 2022 på auka matproduksjon i nord.

Instituttet bidreg med tiltak som ledd i oppfølging av strategi for pollinatorar, og handlingsplan knytt til denne. Vidare har NIBIO arbeidd mykje med å utvikle løysingar for betre gjødsling som både er minst mogleg belastande for klima og miljø og som tek omsyn til økonomien til bonden. Dei høge gjødselprisane dei siste to åra forsterkar behovet for gode gjødlingsstrategiar hos bonden. I den samanheng blei det i fjor markert at det er 100 år sidan gjødlingsforsøka starta på Møystad i Hamar. Som følgje av høge gjødselprisar og satsing på binding av karbon i jord, er forsøka på Møystad framleis tidsaktuelle.

Program for jord- og vatnovervaking i landbruket (JOVA) har pågått i 30 år. Dette bidreg til kunnskap om prosessar og nivå på jord- og næringsstofftap, i tillegg til tap av plantevernmidde i jordbruksområde gjennom analyse av dei lange tidsseriane med overvakingsdata. Resultata dannar grunnlag for forvaltninga si prioritering av tiltak mot tap av næringsstoff og forurening av plantevernmidde.

Instituttet har gjennomført utprøving av plantevernmidde i mange ulike kulturar og skadegjerarar. Siktemålet er å få ein mest mogleg berekraftig bruk av slike midde. Gjennom året har det òg blitt gitt mykje forvaltningsstøtte til departementet om miljøkonsekvensar av plantevernmidde. NIBIO bidreg også med faglege innspel til EU om utvikling av regelverket på dette området.

NIBIO har ei viktig rolle i å bidra til trygg mat. I 2022 er det analysert prøver av importert og norskprodusert mat med omsyn til restar av plantevernmidde. Målsetjinga er å ha ein effektiv matvarekontroll og trygg mat som hindrar at grenseverdiane for restar av plantevernmidde blir overskridne. Instituttet samarbeider med Mattilsynet om god plantehelse, og det blir gjennomført omfattande rådgiving og formidling til bønder for å sikre eit friskt plantemateriale. Viktige område er òg auka kunnskap for å kjempe mot plante-skadegjerarar og ein berekraftig bruk av plantevernmidde.

NIBIO arbeider kontinuerleg med kompetanseoppbygging innan GMO- og genredigerings-teknologi for å byggje kompetanse om teknologi-utvikling og lovregulering nasjonalt og internasjonalt.

NIBIO har ei viktig rolle som det leiande skogforskningsinstituttet i landet. Miljøregistreringar i skog og Landsskogtakseringa har blitt ført vidare. Det er òg utarbeidd årlege data og berekningar som inngår i det norske klimagassrekneskapet. Instituttet har eit vesentleg tal langsiktige feltforsøk i skog. Disse gir moglegheit for mellom anna kontrollerte skogbehandlingsmetodar og kunnskap om langsiktige effektar av desse. NIBIO brukar data frå langsiktige feltforsøk i mange nasjonale og internasjonale publikasjonar og til kunnskapsformidling blant skogeigarar og forvaltning.

Instituttet har det nasjonale ansvaret for beredskapskompetanse innanfor skogskadegjerarar. I 2022 har NIBIO følgd opp 350 førespurnader frå skogeigarar og forvaltninga om skadar på tre som følgje av sopp og skadedyr. Det er gjennomført barkebilleovervaking i 115 kommunar. I tillegg er den digitale informasjonen om barkebillar vidareutvikla gjennom eigen nettstad.

I 2022 har NIBIO hatt ei omfattande formidling av fagstoff og forskingsresultat knytt til bruk av tre og til potensialet for auka bruk av tre. Siktemålet er både berekraftig skogbruk og lønsame skog- og trebaserte verdikjede. Andre viktige innsatsområde har vore auka bruk av bioenergi og kunnskapsutvikling og rådgiving når det gjeld produksjon av joletre. NIBIO har òg engasjert seg aktivt i internasjonalt skogsamarbeid og delteke i ei rekkje internasjonale forum.

På reindriftsområdet har NIBIO vidareutvikla samarbeidet med næring og forvaltning. Det er utvikla kunnskap på område som rekruttering til næringa, økonomi, reduksjon i reintal, føring og sjukdommar. Det blir arbeidd med løysingar som kan nyttast for å følgje opp vedtaket frå Stortinget om innføring av individmerking i reindrifta.

Gjennom *Norsk genressurscenter* har NIBIO bidrege til god forvaltning av genetiske ressursar innan husdyr, nytteplanter og skogtre. Senteret er eit rådgivande organ for landbruks- og matforvaltninga, og det deltek i nordiske og internasjonale organisasjonar i arbeidet med genressursforvaltning. Årleg offentliggjør senteret ein rapport som viser status og utvikling i landbruket sine genetiske ressursar i Noreg.

I 2022 har instituttet kartlagt og informert om arealressursane i landbruket. Dette bidreg til betre arealforvaltning og ressursutnytting. Det nasjonale arealressurskartet *AR5* er halde ved like. Dette skildrar tilstanden for arealressursane knytte til jord- og skogbruk, og blir nytta av mange offentlege og private aktørar i samfunnet, mellom anna til ei effektiv forvaltning av og kontroll av arealtilskott i landbruket. Instituttet tilbyr òg gode digitale brukartenester som *Gårdskart*, *Kilden*, *Arealressursstatistikk* og *Arealbarometer*. Arealressurskartet *AR5* viser jordbruksarealet i Noreg, herunder areal som kan vere aktuelle for andelslandbruk, marknadshagar og andre dyrkingsprosjekt. NIBIO har i dag oversikt over jordbruksareal i og utanfor byar og tettstadar i arealressurskartet. Arealressurskartet er ein del av *Geovekst*, som er eit samarbeid om etablering og vedlikehald av dei mest nøyaktige kartdata i Noreg. Dei sentrale *Geovekst*-partane er Statens vegvesen, Energiforsyningen, kommunar, Kartverket, Telenor og landbruket. Det omfattar alle kommunane i landet.

Instituttet driv *Overvakingsprogrammet 3Q* (Tilstandsovervaking og resultatkontroll i jordbruket sitt kulturlandskap), som er basert på ei nasjonal utvalskartlegging som dokumenterer endringar i arealbruk, kulturminne og kulturmiljø, biologisk mangfald og tilgjengelegheit på

eit representativt sett av overvåkingsflater. Overvåkingsflatene ligg spreidde over heile landet. Programmet inkluderer feltarbeid på eit utval av flater for å registrere mellom anna fuglar, planter, bygningsmiljø og kulturminne, og for å dokumentere landskapet sin utsjånad ved hjelp av fotografi.

Instituttet har òg kartlagt beiteressursar og beitebruk i utmark, vidareutvikla ei nettbasert teneste for data frå organisert beitebruk, ført arealrekneskap for utmark og utført landskaps- og kulturminneovervaking.

NIBIO har ei viktig oppgåve i å skaffe eit landbruksøkonomisk grunnlag for politiske avgjerder. I den samanheng er instituttet sekretariat for *Budsjettnemnda for jordbruket*, og har saman med nemnda utarbeidd grunnlagsmaterialet for jordbruksforhandlingane. Instituttet har òg oppdatert informasjon om den økonomiske utviklinga i landbruket og på gardsbruk der ein vesentleg del av inntekta kjem frå jord- og skogbruk gjennom utarbeiding av *Driftsgranskningar for jord- og skogbruk*. På alle NIBIOs fagområde har instituttet gjort ein vesentleg innsats for å formidle ny kunnskap til næring og forvaltning. Samla har instituttet vore omtalt i om lag 4 300 medieoppslag gjennom året.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 271,8 mill. kroner. Løyvinga skal nyttast til kunnskapsutvikling, formidling og beredskap i NIBIO.

Som ein del av aktivitetsspakka for Øst-Finnmark, blei det i 2023 løyvd 3 mill. kroner til fleire FoU-arbeidsplassar ved NIBIOs eining i Pasvik. Departementet gjer framlegg om at løyvinga blir ført vidare i 2024.

Innanfor løyvinga over posten er desse områda særleg prioriterte:

Mat og planteproduksjon

Løyvinga skal bidra til utvikling av kunnskap om auka produktivitet, betre kvalitet og lønsam planteproduksjon under ulike dyrkings- og klimaforhold. I dette ligg òg utvikling av kunnskap for å fremje økologisk produksjon. Vidare er det behov for kunnskap som gir redusert bruk og redusert risiko ved bruk av kjemiske plantevernmidde og meir bruk av alternative metodar til erstatning for plantevernmidde. Det er behov for kunnskap som styrkjer grunnlaget for godkjenning av plantevernmidde i Noreg. NIBIO skal vidare utvikle kunnskap som skal bidra til auka bruk av norske

fôrressursar. Løyvinga skal òg bidra til å få fram effektive verkemidde frå forvaltninga si side slik at dei politiske måla for norsk jord- og skogbruk, inkludert miljø- og klimapolitiske mål, blir nådde.

Beredskap, plantehelse og mattryggleik

NIBIO skal prioritere kunnskap om planteskadegjerarar og ha beredskap for å kunne handtere sjukdommar og skadeorganismar som trugar den gode plantehelsa i Noreg. Løyvinga skal bidra til beredskap og kompetanse om verkemåtar og verknader av ulike plantevernmidde og andre innholdsstoff i planter som potensielt er skadelege. Som nasjonalt referanselaboratorium skal NIBIO ha kapasitet til å utføre analysar for restar av plantevernmidde og for planteskadegjerarar.

Skog og utmark

Landsskogtakseringa, som gir oversikt over skogressursane i Noreg, skal framleis ha høg prioritet. Det same gjeld FoU-arbeid knytt til miljøregistreringar i skog, utvikling av skogbruksplanlegginga og kunnskap om pollinerande insekt i skog.

Arbeidet med kartløyvinga *Skogportalen* skal først vidare. Kartløyvinga gir ressurs- og miljøinformasjon for næring og forvaltning, og står sentralt i den kunnskapsbaserte skogforvaltninga. NIBIO har òg i oppgåve å halde dokumentet *Berekraftig skogbruk i Norge* oppdatert.

Langsiktige feltforsøk på viktige norske treslag skal framleis prioriterast. Feltforsøka er viktige for historisk dokumentasjon av skogutviklinga, og dei bidreg til eit berekraftig skogbruk og gir kunnskap om rolla skogen har i klimapolitikken. Det er framleis naudsynt å etablere nye langsiktige forsøksfelt for skogproduksjonsforskning. NIBIO skal òg delta i internasjonalt samarbeid om skog og ha ansvaret for rapportering på området.

NIBIO skal halde fram med å utvikle kunnskap om klimaendringar og behovet for klimatilpassingar innanfor skogbruk, jordbruk og arealbruk. Kunnskapen skal gi grunnlag for å utvikle effektive tiltak og verkemidde for å redusere klimagassutslepp, og vise økonomiske konsekvensar av tiltaka. NIBIO skal bidra til klimarapportering og utrekningar knytte til klimarammeverket for skog- og arealsektoren i avtalen med EU.

Høg beredskap er viktig for å oppdage skadar på skog i ein tidleg fase, både for å hindre at nye skadegjerande soppar og insekt etablerer seg i Noreg, og for å finne tiltak mot spreiding av dei som allereie har etablert seg. NIBIO skal òg bidra

med relevant kunnskap til beredskapsarbeidet i skogbruket, til dømes kunnskap som er til nytte ved skogbrannberedskap, skadekartlegging og opprydding etter storm.

Arbeidet knytt til berekraftig forvaltning og bruk av utmarksressursar og næringsutvikling skal først vidare. Tiltak som byggjer opp under departementet sitt arbeid med haustbare viltressursar, turisme og lokalmatsatsing er ein viktig del av dette.

Areal- og genressursar

Løyvinga skal nyttast til vedlikehald av det nasjonale arealressurskartet *AR5, Landsskogtakseringa*, Arealrekneskapsen for utmark og reindrifta sine arealbrukskart. I dette arbeidet inngår mellom anna kartlegging av jordsmonn, eit internasjonalt forankra overvakingsopplegg for skogskadar og vegetasjonskartlegging for å betre utnyttinga av beiteressursane. Vidare inngår systematisk overvaking av miljøverdiar i kulturlandskapet, under dette mellom anna biologisk mangfald, kulturminne og auka tverrsektorielt samarbeid om insektovervaking. NIBIO skal følgje opp relevante tiltak i *Tiltaksplan for pollinerande insekt*. NIBIO vil òg få i oppgåve å føre vidare arbeidet med statistikk om utmarks- og landbrukseigedommar, til dømes ved å knyte data frå organisert beitebruk, vegetasjonskart og arealrekneskap for utmark til eigedommane. For å bidra til målet om å leggje til rette for urbant landbruk, jf. den nasjonale strategien, skal NIBIO utarbeide kart over areal som blir nytta til urbant landbruk, og som er aktuelle for slike aktivitetar, herunder skulehagar. For norsk landbruk er det viktig at produsentane i framtida har eit tilstrekkeleg genetisk mangfald å hauste av når mat og andre landbruksprodukt skal produserast. I den samanhengen skal NIBIO bidra med kunnskap for ei effektiv forvaltning av dei genetiske ressursane i landbruket og bidra til å setje i verk nasjonal tiltaksplan som operasjoniserer strategi for bevaring og berekraftig bruk av landbruket sine genressursar. NIBIO skal overvake statusen til nasjonale genressursar og rapportere i saker som gjeld desse, nasjonalt, nordisk og internasjonalt. Prioriterte oppgåver i 2024 vil vere å setje i verk eit nasjonalt bevaringssystem og støtte tiltak for auka tilbod av oppformerings- og avlsmateriale av bevaringsverdige husdyrassar, planter og skogtrær til produsentane.

NIBIO vil få i oppgåve å følgje opp nokre av tiltaka i den nye nasjonale jordvernstrategien, som å etablere eit nytt kartlag for dyrkbar jord, eit rekneskap for jordbruksareal, ei systematisk rap-

portering av faktisk nedbygd areal og eit sentralt register for viktige jordbruksareal.

Kart og geodata

NIBIO skal utvikle nettbaserte kart- og geodata-tenester ut frå behova til ei rekkje aktørar i samfunnet, både i og utanfor sektoren. Ny statistikk og nye temakart vil bli utvikla i tråd med behova. Instituttet skal mellom anna støtte Mattilsynet i arbeidet med å utvikle kartløyningar for registrering av skadegjerarar og bruk av avløpslam. NIBIO forvaltar òg kart for Landbruksdirektoratet som viser reindrifta sin arealbruk. Kartfesta informasjon om ubrukt dyrkingsareal, i tillegg til grønstruktur i byar og tettstadar er viktig for å vidareutvikle det urbane landbruket.

NIBIO har ansvar for landbruket sitt bidrag til Geovekstsamarbeidet. Vedlikehald av arealressurskarta, løysinga for Noreg i bilete og regelmessig nasjonal omløpsfotografering, skal samla sett bidra til god dekning av detaljerte kart og flybilete over jord- og skogareala. Kommunane vil få kunnskapsstøtte til oppdatering og vedlikehald av karta.

Instituttet skal bidra til å vedlikehalde og utvikle fellesløyningane i den geografiske infrastrukturen. Det internasjonale samarbeidet på kartområdet, som instituttet deltek i, blir ført vidare.

Arbeidet med å delta i *Copernicus*, som er EU sitt program for jordobservasjon, blir ført vidare. NIBIO og Statens kartverk vil bidra i utviklinga av landtenesta i *Copernicus*. Noreg er òg med på utviklinga av *Galileo*, eit europeisk system for satellitnavigasjon. Instituttet skal i denne samanhengen yte kompetansestøtte innanfor landbruksrelaterte tema.

Føretaks-, nærings- og samfunnsøkonomi

NIBIO har eit særskilt ansvar for økonomisk statistikk, utgreiing og forskning som omfattar både eit samfunnsøkonomisk og eit føretaksøkonomisk perspektiv på landbruket. Instituttet skal levere eit godt kunnskapsgrunnlag for økonomiske og politiske avgjerder i sektoren. NIBIO skal òg utarbeide materiale som grunnlag for arbeidet til *Budsjettnemnda for jordbruket*, og ha rolla som sekretariat for nemnda etter avtale med departementet. Instituttet får i tillegg ein del særskilde utgreiingsprosjekt av departementet.

Naturfaglege og landbruksfaglege tema skal setjast inn i eit samfunnsmessig perspektiv for å styrkje relevansen av instituttet sin kunnskapsproduksjon og formidling. Det er viktig å sikre

god kompetanse knytt til Driftsgranskingane og gardsøkonomi. Utviklinga i internasjonale råvaremarknader, endringar i handelspolitiske rammvilkår og konsekvensane dette har for norsk landbrukspolitik og matproduksjon, er aktuelle tema for kunnskapsutvikling i åra framover. Det er òg viktig at NIBIO har kompetanse på kosthaldsstatistikk og sjølvforsyning.

Data frå driftsgranskingane og totalalkylen er ein del av den nasjonale statistikken i Noreg, og departementet legg vekt på at statistikkane òg blir brukte til forskning og utgreiing. Arbeidet med å oppgradere og fornye IKT-systema til Budsjett-nemnda og Driftsgranskingane held fram i 2024.

Kap. 4136 Norsk institutt for bioøkonomi

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
30	Husleige	19 446	19 915	20 935
	Sum	19 446	19 915	20 935

Posten gjeld husleige for eigedommar NIBIO leiger av Landbruks- og matdepartementet. Inntektene i 2022 var 19,5 mill. kroner. Departe-

mentet gjer framlegg om ei løyving på 20,9 mill. kroner i 2024.

Kap. 1137 Forsking og innovasjon

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
50	Forskningsaktivitet – Noregs forskingsråd	206 290	195 906	184 156
51	Grunnløyvingar til forskingsinstitutt – Noregs forskingsråd	194 486	198 840	207 760
54	Næringsretta matforskning m.m.	207 133	190 000	225 000
70	Innovasjonsaktivitet m.m., <i>kan overførast</i>	3 000	2 759	2 920
71	Bioøkonomiordninga, <i>kan overførast</i>	545		
	Sum kap. 1137	611 454	587 505	619 836

Post 50 Forskningsaktivitet – Noregs forskingsråd

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje landbruks- og matforskning, først og fremst forskningsaktivitet i regi av Noregs forskingsråd. Løyvinga skal bidra til å nå hovudmåla på landbruks- og matområdet, inkludert dei forskingspolitiske delmåla.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 206,3 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Forskningsrådet har i 2022 følgt opp departementet sine føringar om bruk av midlane både gjennom utlysing og tildeling til nye forskingsprosjekt og pågåande forskingsprosjekt.

Rapporteringa nedanfor gir ei oversikt over aktivitet og bruk av Landbruks- og matdepartementet sine forskingsmidlar via Noregs forskingsråd i 2022. Del III av proposisjonen har ei meir utfyllande rapportering på resultat og verknader av forskingsløyvingane.

Løyvingane frå Landbruks- og matdepartementet har i 2022 følgt opp dei langsiktige prioriteringane i *Langtidsplanen for forskning og høgere utdanning (2019–2028)*. Dette gjeld «Klima, miljø og miljøvenleg energi», «Mogleggjerande teknologiar», og «Samfunnssikkerheit og samhøyr i ei globalisert verd».

Løyvingar til forskning over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett har i hovudsak blitt disponert gjennom porteføljen *Landbasert mat, miljø og bioressursar*, og *delforteføljen Mat og bioressursar (BIONÆR)*. Porteføljen dekkjer forskning og innovasjon innanfor områda mat, bioressursar, naturmangfald og miljø. I 2022 tildelte departementet om lag 179 mill. kroner til BIONÆR, som hadde 200 aktive prosjekt. Totalt 43 prosjekt blei avslutta i løpet av 2022.

BIONÆR skal bidra til å finansiere forskingsprosjekt innanfor jordbruk, skogbruk, reindrift og andre landbaserte bionæringar. Resultata frå prosjekta gir viktige bidrag både til forvaltning og næringsutvikling, og legg grunnlaget for nye løysingar til dømes innan klimatilpassing innan eksisterande og nye næringar.

Departementet har òg bidrege med forskingsløyvingar til å følgje opp ulike prioriterte område innan fornybar energi. Samla utgjer løyvingane til dei ulike fagområda oppfølginga av departementet sitt sektoransvar innan landbruks- og matforskning.

Innsatsen har vore retta inn mot berekraftig produksjon av nok, sunn og trygg mat, i tillegg til innsats for å redusere utslepp av klimagassar og ta vare på naturmangfaldet. I tillegg har forskingsinnsatsen blitt vidareført på områda dyrehelse og dyrevelferd, og forbruk av antibiotika. Ei utlysing på området berekraftig mat og landbruk resulterte i nye samarbeidsprosjekt om grøn omstilling i skogbruk og jordbruk, og modellar for verdiskaping som tek vare på biomangfald og reduserer klimautslepp. Porteføljen av forskingsprosjekt for omstilling av matsystema produserer stadig ny kunnskap og gode løysingar for meir berekraftige matsystem i framtida.

Løyvinga til Forskringsrådet går òg til forskning for å auke innovasjon, kommersialisering og konkurransekraft innanfor næringane i landbrukssektoren. Dette har vore følgt opp gjennom utlysing av samarbeidsprosjekt, innovasjonsprosjekt og demonstrasjonsprosjekt i 2022. Sju nye innovasjonsprosjekt innan fôr og landbruk, i tillegg til to demonstrasjonsprosjekt, blei tildelt midlar. Forskringsrådet rapporterer om god breidde og blanding av nye og etablerte bedrifter og av store og små bedrifter som søkjer innovasjonsprosjekt. Det

er òg eit godt samarbeid mellom Forskringsrådet og verkemiddelapparatet elles. Eit døme på dette er at Forskringsrådet i 2022 lyste ut innovasjonsprosjekt med tematikken berekraftig fôr saman med Innovasjon Norge, SIVA og Enova.

Auka internasjonalisering står sentralt i tildelingar over departementet sitt forskingsbudsjett. Landbruks- og matforskning hadde solid gjennomslag i dei første utlysingane til *Horisont Europa* i 2022, mellom anna innan områda mat og sirkulær bioøkonomi. Noreg deltek i ei rekkje europeiske partnerskap som er retta mot store utfordringar som Noreg deler med samarbeidslanda og som ikkje kan løysast aleine. Landbruks- og matdepartementet sine midlar blir nytta i internasjonale forskningssamarbeid mellom anna innan klima- og miljø, mattryggleik, mat- og ernæringstryggleik, mat og helse og omstilling til eit grønare samfunn.

Kunnskap om planter og jord som karbonlager blir styrkt gjennom gode resultat i ei nordisk-baltisk utlysing på berekraftig landbruk, med sju nye prosjekt som har norsk deltaking.

Forskringsrådet skal bidra til å auke kvaliteten på og relevansen av forskingsprosjekta. Kvaliteten på norsk forskning og innovasjon innan landbruk, mat og bioressursar er god, og gjennomsnittskarakteren på søknadene til BIONÆR som fekk tildelt midlar var på 5,6 (7 er høgaste karakter).

For å sørge for ei heilskapleg forvaltning av dei samla forskingsmidlane i landbrukssektoren samarbeider Forskringsrådet med styret for *Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukter (FFL)* og styret for *Forskringsmidler over jordbruksavtalen (JA)*, mellom anna om samordning av prioriterte innsatsområde. FFL/JA sine midlar blir omtalte under kap. 1137, post 54 og kap. 1150, post 50.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 184,2 mill. kroner for 2024.

Løyvinga skal over tid bidra til å nå dei fire landbruks- og matpolitiske hovudmåla; matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar, og dei forskingspolitiske delmåla, som er omtalte i kat. 15.20.

Departementet legg særleg vekt på forskning, innovasjon og teknologiutvikling som skal bidra til nok, sunn og trygg mat produsert på norske ressursar og auka sjølvforsyning. Samstundes skal klimagassutsleppa frå jordbruket reduserast, opptak av karbon auke og miljøet takast omsyn til.

Kunnskap og teknologiutvikling skal bidra til auka produktivitet og best mogleg utnytting av tilgjengelege ressursar, inkludert kunnskap innan agronomi og korleis landbruket blir påverka av og best kan tilpassast til eit endra klima. For å utnytte det norske ressursgrunnlaget fullt ut, er det avgjerande med nye og forbetra produksjonsmetodar og kunnskap som gjer det mogleg å tilpasse produksjonen til regionale forhold.

Vidare skal løyvinga leggje grunnlag for ein sirkulær bioøkonomi, auka verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar over heile landet. Kunnskap og teknologiutvikling som kan bidra til auka foredling og meir effektiv utnytting av fornybare biologiske ressursar frå skog og land vil gi viktige bidrag til dette. Forskingsinnsatsen på dette området må sjåast i samanheng med samfunnsoppdraget om berekraftig fôr, inkludert kunnskap knytt til sirkulære løysingar og trygg bruk av bioressurser. Auka utnytting av landbruket sine mange fornybare biologiske ressursar set krav til oppdatert kunnskap om berekraftig bruk av areal, der omsyn til miljø og klima blir balansert mot omsyn til næringsutvikling.

I tillegg skal midlane bidra til kunnskap som er viktig for å oppretthalde god dyrehelse og dyrevelferd, og eit lågt forbruk av antibiotika. Det same gjeld kunnskap om samanhengen mellom plantehelse, dyrehelse, folkehelse, matproduksjon og miljø (*Éi-helse*).

Løyvinga skal bidra til internasjonalt forskningssamarbeid, mellom anna gjennom støtte til sektoren si deltaking i Horisont Europa, og part-

narskap som støttar opp under dei landbruks- og matpolitiske måla.

Det er viktig å sjå løyvinga i samanheng med tildelingar frå Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og forskingsmidlar over jordbruksavtalen, jf. kap. 1137, post 54 og kap. 1150, post 50.

Post 51 Grunnløyvingar til forskingsinstitutt – Noregs forskingsråd

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje grunnfinansiering m.m. av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Veterinærinstituttet (VI) og Institutt for rural- og regionalforskning (Ruralis). Forskingsrådet har ansvaret for fordelinga til desse primærnæringsinstitutta.

Løyvingane skal dekkje langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging og stimulere til høg vitenskapleg kvalitet, internasjonalisering og samarbeid innan heile breidda av institutta sine faglege aktivitetar. Dei skal òg bidra til ein sterk instituttsektor i landbruks- og matsektoren som kan tilby brukarretta forskning av høg internasjonal kvalitet til næringslivet og forvaltninga. Løyvingane skal nyttast i tråd med retningslinene for statlege grunnløyvingar til forskingsinstitutt.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 194,5 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Tabell 4.1 Økonomiske nøkkeltal for landbruks- og matforskinginstitutta for 2022

	Drifts- inntekter	Drifts- resultat	Grunn- løyving i 2022	Løyving disponert til strategiske instituttsatsingar	Grunnløyving per forskar- årsverk	Grunnløyving i pst. av drifts- inntektene
	mill. kr	mill. kr	mill. kr	mill. kr	mill. kr	pst.
NIBIO	856,5	6	139,2	28	0,43	16,3
Veterinærinstituttet	517,2	5,6	38,6	7,6	0,26	7,6
Ruralis	48,1	1	8,8	1	0,38	18,3
Sum	1 413,6	12,6	186,6	36,6		

Kjelde: Tal frå Årsrapport 2022 Primærnæringsinstitutta, Noregs forskingsråd og Veterinærinstituttet sitt korrigererte årsrekneskap.

Tabell 4.2 Oversikt over personale og publisering ved landbruks- og matforskningsinstitutta for 2022

	Samla årsverk	Forskarårsverk som del av samla årsverk	Tilsette med dr. grad. per forskarårsverk	Publikasjonspoeng per forskarårsverk
		pst.	forh. tal	forh. tal
NIBIO	654	49	0,83	0,80
Veterinærinstituttet	274	53	0,92	0,67
Ruralis	28	82	0,74	1,39
Sum	956			

Kjelde: Tal frå Årsrapport 2022 Primærnæringsinstitutta, Noregs forskingsråd.

Norsk institutt for bioøkonomi

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) fekk i 2022 139,2 mill. kroner i grunnløyving, i tillegg til 7,5 mill. kroner i husleigekompensasjon. I 2022 hadde NIBIO 654 årsverk, mot 638 i 2021.

Den samla grunnløyvinga har blitt brukt til strategiske tiltak som nettverksbygging og kompetanseutvikling, finansiering av forprosjekt og vidareføring av til dømes *Senter for presisjonsjordbruk* og *Senter for presisjonsskogbruk*. NIBIO har òg brukt midlane til strategiske instituttsatsingar innanfor tema som plantehelse, klimatilpassa skogbruk og reindrift. Dette er fleirårige prosjekt som har som formål å byggje kompetanse på fagområde som vil bli viktige for instituttet framover.

Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet (VI) fekk i 2022 38,6 mill. kroner i grunnløyving. Instituttet hadde 274 årsverk, mot 277 i 2021. Delar av grunnløyvinga har blitt brukt til to strategiske instituttsatsingar som blei avslutta i 2022. Dette er viktige område som gensekvensering av sjukdomsframkallande bakteriar og dyrehelse. Grunnløyvinga har vidare blitt brukt som eigendel i forprosjekt, forskingsprosjekt, nettverksbygging og kompetanseutvikling.

Institutt for rural- og regionalforskning

Institutt for rural- og regionalforskning (Ruralis) fekk i 2022 8,8 mill. kroner i grunnløyving. Dei hadde 28 årsverk, mot 30 i 2021.

Delar av grunnløyvinga har i 2022 blitt brukt til to strategiske instituttsatsingar. Dette gjeld berekraftige matsystem for å redusere fattigdom og svolt i låginntektsland, i tillegg til ulike tema knytt til bygdesosiologi. Vidare har løyvinga blitt

brukt til finansiering av eigendel i forskingsprosjekt, nettverksbygging og kompetanseutvikling.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 207,8 mill. kroner til dei tre landbruks- og matfaglege forskningsinstitutta. Ein prosent av grunnløyvinga til dei landbruks- og matfaglege institutta skal vere resultatbasert og tildelast ut ifrå institutta sine skår på indikatorar for kvalitet og relevans.

Post 54 Næringsretta matforskning m.m.

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje forskning innanfor produksjon av nærings- og nytingsmiddel, i tillegg til produksjon av fôrkorn til husdyr. Viktige fagområde er mat- og planteproduksjon, klima, miljø og berekraft, auka konkurransekraft og meir effektiv ressursbruk i sektoren. Løyvinga skal i hovudsak tildelast næringsrelevante forskingsprosjekt etter open utlysning og konkurranse. Løyvinga dekkjer òg matforskningsinstituttet Nofima AS sine fleirårige strategiske program. Nofima AS er eit næringsretta institutt innanfor utvikling av mat- og næringsmiddelproduksjon i grøn og blå sektor.

Løyvinga er finansiert av forskingsavgifta på landbruksprodukt, jf. kap. 5576, post 70, og blir forvalta av eit styre som er oppnemnt av departementet.

Rapportering 2022

I tråd med avgiftsinnbetalinga i 2022 blei det overført 207,1 mill. kroner til Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt. Fondet sine midlar blir forvalta av eit styre samansett av represen-

tantar frå heile verdikjeda for mat. I løpet av året blei 25 forskingsprosjekt avslutta og 31 nye prosjekt innvilga. Ved slutten av 2022 hadde ordninga 113 forskingsprosjekt i sin portefølje.

Oxford Research AS evaluerte ordninga i 2022. Den viser at forvaltninga av ordninga er formålstenleg i forhold til formålet, og at styresamansetjinga bidreg til god måloppnåing. God forankring av fondet i næringa sikrar at ordninga har legitimitet og relevans.

Matforskningsinstituttet Nofima AS fekk i 2022 74,7 mill. kroner frå fondet til deira fleirårige strategiske program. Programma tek for seg viktige område som sunnare mat, ein berekraftig matindustri, auka innovasjon i industrien og trygg og haldbar mat. Styret for ordninga har òg tildelt 3,0 mill. kroner til MILJØFORSK i Noregs forskingsråd.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 225,0 mill. kroner til Næringsretta matforskning m.m. Departementet gjer òg framlegg om ei meirinntektsfullmakt mellom kap. 1137, post 54 og kap. 5576, post 70, jf. vedtak II.

Post 70 Innovasjonsaktivitet m.m., kan overførast

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje innovasjonsaktivitet i landbruks- og matsektoren.

Rapportering 2022

Landbruket sitt klima- og energisenter ved Mære landbruksskole fekk eit tilskott på 3,0 mill. kroner for å vidareutvikle senteret som ein FoU-arena der nye klimaløysingar, for og med landbruket, skal utviklast og visast fram. Tilskottet er brukt til å leggje til rette for demonstrasjonsanlegg, forskning, utviklingsprosjekt og kompetanseformidling.

Tilskottet blei i 2022 mellom anna nytta til fôringskrybber i mjølkefjøset i samarbeid med GENO. Fôringskrybbene vil gi moglegheit for meir kontrollerte fôringsforsøk.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 2,9 mill. kroner. Løyvinga vil bli nytta som tilskott til landbruket sitt klima- og energisenter ved Mære landbruksskole.

Post 71 Bioøkonomiordninga, kan overførast

Formålet med løyvinga har vore å fremje auka innovasjonsaktivitet og støtte opp under eit sterkare og meir framtidsretta landbruk. Midlane frå Landbruks- og matdepartementet til Bioøkonomiordninga blei avvikla i 2021.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 utbetalt 545 000 kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Bioøkonomiordninga fungerer som ein «paraply» over ulike verkemiddel fordelte på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet.

Løyvinga til bioøkonomiordninga frå Landbruks- og matdepartementet frå denne posten blei avvikla frå og med statsbudsjettet for 2021. Det er difor ikkje innvilga støtte til nye prosjekt med finansiering frå posten i 2022, men det er utbetalt støtte til prosjekt som er innvilga støtte tidlegare år. Porteføljen til bioøkonomiordninga er innlemma i Bionova, jf. omtale under kap. 1152, post 70.

Det er i 2022 utbetalt tilskott til to utviklingsprosjekt innan agriteknologi: sensorteknologi og vertikal dyrking av grøne vekstar. 2022 var det siste året det blei utbetalt støtte frå posten.

Programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak

Utgifter under programkategori 15.30 fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
1138	Støtte til organisasjonar m.m.	57 629	52 286	59 438	13,7
1139	Genressursar, miljø- og ressurs- registreringar	28 099	31 366	33 355	6,3
1140	Haustbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.	86 357	82 590	85 590	3,6
1141	Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.	12 539	12 947	12 475	-3,6
1142	Landbruksdirektoratet	1 516 769	2 125 834	1 003 018	-52,8
1148	Naturskade – erstatningar	40 882	89 400	140 400	57,0
1149	Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	117 081	111 969	113 646	1,5
1150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	20 723 348	24 082 359	26 989 280	12,1
1151	Til gjennomføring av reindrifftsavtalen	191 998	180 000	200 000	11,1
1152	Bionova		87 540	171 184	95,5
1161	Myndigheitsoppgåver og sektor- politiske oppgåver på statsgrunn	23 948	31 910	33 800	5,9
Sum kategori 15.30		22 798 650	26 888 201	28 842 186	7,3

Inntekter under programkategori 15.30 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
4141	Haustrbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.	4 662	4 071	4 071	0,0
4142	Landbruksdirektoratet	46 231	47 853	50 463	5,5
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		50	50	0,0
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	299 233	283 000	321 000	13,4
Sum kategori 15.30		350 126	334 974	375 584	12,1

Mål og strategiar

Budsjettframlegget under kategori 15.30 omfattar næringsavtalar, verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket, miljøtiltak, Landbruksdirektoratet, erstatning for naturskade, forvaltning av statsgrunn i skog og utmark, forvaltning av haustrbare viltressursar og støtte til organisasjonar. For nærare informasjon om næringsavtalane, sjå Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2023 m.m.)* og Prop. 108 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Reindriftsavtalen 2023/2024)*, og handsaminga av desse i Stortinget.

Framlegget under kategorien rettar seg særleg mot desse hovudmåla; landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar.

Landbruksdirektoratet står sentralt i gjennomføringa av landbruks- og matpolitikken og er støtte- og utgreiingsorgan for departementet, jf. kap. 1142. Det blir lagt vekt på ei brukarretta og effektiv forvaltning av tilskottsordningar og formålstenlege juridiske verkemiddel i tillegg til kontroll og dokumentasjon.

Kunnskap og vitskapleg dokumentasjon er viktig for å nå dei landbrukspolitiske måla. Forvaltning av dyrka mark, skog og utmark krev oversikt over areal- og genressursane, noko som er føresetnadar for lønsam drift og kunnskap om berekraftig forvaltning med gode miljøomsyn. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er ein viktig leverandør av kunnskap til forvaltning og næringsutøvarar, jf. kap. 1136 og 1137.

Prioriteringar

Prioriteringar i jordbruksavtalen

Jordbruket sin forhandlingsleiar kontakta 21. april statens forhandlingsleiar med informasjon om at Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag stod fast i arbeidet med å bli samde om eit felles krav i årets jordbruksoppgjer. Statens forhandlingsleiar hadde deretter kontakt og møte med organisasjonane med sikte på å finne grunnlag for felles framferd, slik *Hovedavtalen for jordbruket* krev. Den 22. april overleverte jordbruket sin forhandlingsleiar ein dagsprotokoll i eit utvida leiarmøte, der det gjekk fram at organisasjonane ikkje hadde blitt samde om eit felles rammekrav til årets jordbruksoppgjer. Den 23. april blei organisasjonane bedne om å leggje fram sine posisjoner skriftleg for statens forhandlingsutval. I møte 24. april orienterte statens forhandlingsutval organisasjonane om at regjeringa hadde avgjort at staten ville be Norges Bondelag om å leggje fram krav på vegne av jordbruket i årets jordbruksforhandlingar. Hovudgrunnen til dette var at berre Norges Bondelag godkjente føresetnadene for årets oppgjer.

Norges Bondelags forhandlingsutval sitt krav blei lagt fram 26. april 2023, og statens tilbod blei lagt fram 5. mai. Den 8. mai meldte Norges Bondelags forhandlingsutval at dei ville gå i forhandlingar med staten om ein jordbruksavtale. Deretter var det møte mellom partane i plenum og i arbeidsgrupper om særskilde tema, før det blei gjennomført sonderingar på leiarnivå med sikte på å finne grunnlag for å inngå ein ny jordbruksavtale.

Kravet frå Norges Bondelags forhandlingsutval hadde ei økonomisk ramme på 6 910 mill. kroner, der 5 407 mill. kroner var auka løyvingar over statsbudsjettet. Hovudprioriteringane var ein kraftig auke i inntekt med ei prioritering av mjølkeproduksjon og auka sjølvforsyning.

I plenumsmøte 16. mai konstaterte statens forhandlingsleiar at det var inngått jordbruksavtale mellom partane, og sluttprotokollen blei signert. I avtalen blei det for 2024 lagd til grunn ei ytterlegare nivåheving finansiert ved 864 mill. kroner i endra målprisar frå 1. juli 2023, 2 907 mill. kroner i auka løyving over kap. 1150, 48 mill. kroner i overførde midlar frå 2022 og 328 mill. kroner i auka verdi av jordbruksfrådraget. Avtalen innebar full kostnadskompensasjon frå 2023 til 2024, krone-messig lik inntektsvekst som for lønsmottakarar og full kostnadskompensasjon for avvik samanlikna med føresetnadene i jordbruksoppgjeret i fjor. I tillegg var det lagt til rette for ei nivåheving i inntektsmoglegheitene på 60 000 kroner per årsverk ut over kronemessig lik inntektsvekst som lønsmottakarar frå 2023 til 2024.

Hovudprioriteringane i årets jordbruksoppgjere var eit vesentleg løft for miljø- og klimaarbeidet, sterk prioritering av mjølkeproduksjon, satsing på dei unge, auka konkurransekraft for grøntnæringa og auka forbruk av norsk frukt og grønt, styrking av velferdsordningar og styrking av landbruket i Nord-Noreg.

Tilskottsramma til Landbrukets utviklingsfond blei auka med 198 mill. kroner frå 2023 til 2024, til 2 519 mill. kroner. For å styrkje kapital situasjonen til fondet blei det tilført 168,7 mill. kroner i eingongsmidlar i 2023. Løyvinga til fondet for 2024 blei auka med 273 mill. kroner til 2 396 mill. kroner. Løyvinga for 2024 auka med 75 mill. kroner meir enn det tilskottsramma auka med.

Regjeringa har gjennomført fleire tiltak for å redusere konsekvensane av kostnadsbølga for jordbruket, både gjennom ekstraordinære løyvingar etter tilleggsforhandlingar, ekstra løyve til investeringar over Landbrukets utviklingsfond og straumstønad. Saman med auken i løyvingane over statsbudsjettet dei to siste jordbruksoppgjera, viser dette regjeringa si sterke prioritering av jordbruket, og viljen til å bidra til størst mogleg grad av tryggleik i ei usikker tid.

Regjeringa arbeider for auka inntektsmoglegheiter i jordbruket og tetting av inntektsgapet mellom bønder og andre grupper. *Gryttenutvalet* drøfta korleis ein kan måle inntekter for jordbruket som sektor og for bønder som private næringsdrivande, samt grunnlag og forutsetningar for samanlikning av næringsinntekter med

løn for arbeidstakarar. Det er naudsynt å innarbeide avgrensingar og føresetnader for eit nivå mål for inntektssamanlikning. *Gryttenutvalet* føreslo ein operativ måte å innarbeide avgrensingar og føresetnader på, som fekk kritikk i høyringa. Regjeringa arbeider for å få fram saka så fort det er forsvarleg.

Det var semje i jordbruksoppgjeret om å løfte miljø- og klimaarbeidet i landbruket vesentleg. Formålet er både å redusere miljøbelastninga frå jordbruket inkludert klimagassutsleppa per produserte eining, og å styrkje miljøgoda som blir produserte av jordbruket. Avsetjinga til ordningar med klima- og miljøeffekt blir auka med 1 113 mill. kroner frå 2023 til 2024, og den samla løyvinga til desse ordningane er 9 305 mill. kroner i 2024. Oppfølging av klimaavtalen mellom staten og jordbruket blei prioritert, i tillegg til tiltaksplan for Oslofjorden.

Prioriteringar i reindriftspolitikken

I Hurdalsplattformen legg regjeringa til grunn at reindrifta er viktig for å bevare samisk kultur, samfunnsliv og språk. Reindrifta har eit potensial for auka verdiskaping. Dette gjeld særleg auka vidareforedling av reinkjøtt, og formidling av reindriftssamisk kultur og levesett. Reindrifta skal utviklast med eit tredelt mål om økologisk, økonomisk og kulturell berekraft.

Reindriftsavtalen 2023/2024 blei inngått mellom staten og Norske Reindriftsamers Landsforbund 15. februar 2023. Hovudprioriteringane i avtalen er dei direkte tilskotta, ivaretaking av reindrifta sine areal, klimatilpassing, beredskap og tilleggsnæringar.

Hovudmålet for reindriftspolitikken er ei berekraftig reindrift, med delmåla økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Dei tre delmåla er ikkje operasjonaliserte tidlegare, men det er utarbeidd kriterium og normer for økologisk berekraft, som blir nytta av forvaltninga og næringa ved fastsetjing av reintal. Ei operasjonisering av alle dei tre delmåla er over tid etterlyst av Riksrevisjonen, Stortinget, Sametinget og Norske Reindriftsamers Landsforbund. Ei arbeidsgruppe nemnd opp av Landbruks- og matdepartementet leverte i desember 2020 rapporten *Kriterier for bærekraftsmålene i reindriftspolitikken*. Arbeidsgruppa var sett saman av representantar frå Norske Reindriftsamers Landsforbund, Sametinget, Statsforvaltaren i Troms og Finnmark og blei leia av Landbruks- og matdepartementet. Formålet med å utarbeide kriterium er å ha eit godt grunnlag for å rapportere til Stortinget, og for å kunne vurdere i kva grad måla i

reindriftspolitikken er nådde. Kriteria vil vere eit viktig grunnlag for evalueringar av verkemidla og for å vurdere behov for eventuelle justeringar. Kriteria kan òg på sikt integrerast i styringsdialogen med Landbruksdirektoratet og statsforvaltaren. Rapporten har vore på høyring, og Statsforvaltaren i Nordland, Statsforvaltaren i Trøndelag, Reindriftsstyret, Sametinget og Norske Reindriftsamers Landsforbund har gitt uttale om rapporten. Departementet vil på bakgrunn av rapporten og uttalane utarbeide eit sett med kriterium og indikatorar, som vil bli presentert i proposisjonen om reindriftsavtalen for 2024/2025. Status for kriteria og indikatorane skal rapporterast årleg når reindriftsavtalen blir lagd fram for Stortinget.

Eit reintal som er tilpassa beitegrunnlaget er avgjerande for å nå målet om berekraftig reindrift. Reintalet i både Aust- og Vest-Finnmark reinbeiteområde auka i 2022, og ligg over det øvre fastsette reintalet. Oppfølging av reintalet er ei prioritert oppgåve for reindriftsforvaltninga.

Landbruks- og matdepartementet har i 2023 starta arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av reindriftslova. Departementet legg opp til brei involvering av ulike partar, deriblant Norske Reindriftsamers Landsforbund og Sametinget. Forslaget til endra reindriftslov frå lovutvalet som var sett saman av Sametinget og Norske Reindriftsamers Landsforbund, vil vere eit bidrag i arbeidet med å gjennomgå reindriftsloven.

Klimaendringane fører til endringar i driftsmønsteret og uventa hendingar. Frekvensen av periodar med låste beite har auka vesentleg, og slike forhold gir auka kostnader og krev investeringar i mellom anna infrastruktur. I reindriftsavtalen 2023/2024 blei avtalepartane samde om å starte eit arbeid for å vurdere moglege tiltak for klimatilpassing i reindrifta. Ei arbeidsgruppe sett saman av representantar oppnemnd av NRL og Landbruks- og matdepartementet skal gjere ei slik vurdering.

Tilgang på naudsynte areal er ein føresetnad for at reindriftsnæringa skal nå målet om auka produksjon og lønsemd. Ivaretaking av areala er ei av dei største utfordringane reindrifta har i dag. Redusert fleksibilitet i arealbruken er òg ei utfordring sett i samanheng med klimaendringane, og desse endringane gjer reindrifta meir utsett i område med mykje rovvilt. Regjeringa legg til rette for å byggje opp eit fagmiljø for reindrift og arealforvaltning i Landbruksdirektoratet. Styrkinga av direktoratet skal mellom anna leggje til rette for å byggje opp kompetanse om reindrift i kommunane, slik at kommunane kan vareta reindrifta i si arealplanlegging.

Tap av rein til rovvilt er ei stor utfordring. I enkelte reinbeitedistrikt har det over tid blitt erstatta opp mot halvparten av kalveproduksjonen som tap til rovvilt. Sjølv om tapet blir erstatta, vil det gi negative konsekvensar for den enkelte siidaandel og reindriftsfamilie. Dette fordi endra aldersstruktur i simleflokken kan gi lågare kalvetilgang det etterfølgjande året, med tapte produksjonsinntekter som resultat.

Rovviltpolitikken har innverknad på samisk reindrift. Det er difor viktig at tiltak som blir sette i verk når det gjeld rovvilt òg blir vurderte opp mot dei forplikingane staten har overfor samane som urfolk. Dette gjeld både materielle forplikingar til å sikre mellom anna naturgrunnlaget for den samiske reindrifta, og prosessuelle forplikingar som gjeld konsultasjonar og deltaking i avgjerder som kan påverke samiske interesser direkte.

Departementet etablerte i 2022 eit prosjekt for å redusere restansar på reindriftsområdet hos Statsforvaltaren i Troms og Finnmark. Statsforvaltaren i Trøndelag og Statsforvaltaren i Nordland blei nemnde opp som settestatsforvaltarar, og fullfører hausten 2023 alle dei overførte restansane. Restanseprosjektet har lagt til rette for at Statsforvaltaren i Troms og Finnmark kunne prioritere andre område der det òg var bygd opp restansar. Prosjektet vil bli evaluert, og evalueringa vil vere eit godt bidrag til kunnskap om korleis statsforvaltarane kan arbeide på tvers av embeta.

Landbruksdirektoratet arbeider med digitalisering av reindriftsforvaltninga, og dette er ei prioritert oppgåve for direktoratet. Departementet vil gjere enkelte endringar i regelverket på reindriftsområdet som er naudsynte av omsyn til nye digitale system.

Prioriteringar i skogpolitikken

Skogpolitikken blir følgd opp i tråd med Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring*. Her går det mellom anna fram at auka vidareforedling av norsk tømmer i lønnsame foredlingsbedrifter i Noreg vil vere viktig for auka verdiskaping og for positive nærings-, miljø- og klimabidrag frå sektoren. Strategidokumentet *Skog- og trenæringa – ein drivar for grøn omstilling*, som blei lagt fram i 2019, blir følgd opp mellom anna gjennom *Dialogforum for skog- og trenæringa*, der representantar frå skog- og trenæringa, forskning og forvaltning deltek. I regjeringa sitt vegkart for eit grønt industriløft er skog- og trenæringa og anna bioøkonomi peikt ut som eitt av fleire særskilde innsatsområde. Målet er å

leggje til rette for å skape verdiar og lønsame jobbar i heile landet, auke dei grøne investeringsane, auke eksporten frå fastlandet og kutte klimagassutslepp på veg mot lågutsleppssamfunnet. God forvaltning av skogressursane er òg viktig i klimapolitikken.

Dei viktigaste økonomiske verkemidla i skogpolitikken er skogfond, tilskott til nærings- og miljøtiltak, tilskott til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar, tilskott til skogplanteforedling og tilskott til produksjon av fornybar energi, særleg bioenergi.

Verkemiddelbruken knytt til forbetring av skogsvegnettet og andre infrastrukturtiltak i skogbruket har høg prioritet. Ein god transportinfrastruktur er viktig for å styrkje konkurransekrafta til skog- og trenæringa og auke sektoren sitt bidrag til det grøne skiftet i norsk økonomi.

Prioriteringar i forvaltninga av haustbart vilt

Landbruks- og matdepartementet har sidan 2018 hatt ansvaret for forvaltning av haustbare viltressursar etter viltlova, og har som ein del av dette ein eigen styringsdialog med Miljødirektoratet. Regjeringa vedtok i mars 2023 å flytte oppgåvene med forvaltning av haustbare viltressursar frå Miljødirektoratet i Trondheim, til Landbruksdirektoratet i Steinkjer. Landbruks- og matdepartementet vil foreslå for Stortinget å endre lova slik at Landbruksdirektoratet òg blir viltmyndigheit. Direktoratet arbeider med å førebu flyttinga av oppgåvene. Det er så langt ikkje teke stilling til tidspunkt for iverksetjing av ansvarsendringa.

Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet har sidan våren 2020 samarbeidd om ei modernisering av viltlova. Det er naudsynt med betre samordning mellom viltlova og anna relevant regelverk, og klargjering som følgje av nye utfordringar på området. Landbruks- og matdepartementet vil leggje til rette for oppbygging av kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av dei haustbare viltressursane og auka næringsutvikling på området. Arbeid for å dempe interessekonfliktar mellom haustbare viltartar og viktige samfunnsomsyn vil òg vere prioriterte område framover.

Prioriteringar i landbruket sin klima- og miljøpolitikk

Klima- og miljøpolitikken til regjeringa byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for sine aktivitetar og for å medverke til at dei nasjonale klima- og miljømåla kan bli nådde. Resultatrappor-

tering for målet berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar er omtalt i del III av proposisjonen.

Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn* ligg til grunn for arbeidet med klimatilpassing, både for det sektorovergripande samarbeidet og for den enkelte sektor, slik som landbruk.

For ei samla omtale av klima- og miljørelevante saker, sjå Prop. 1 S (2023–2024) frå Klima- og miljødepartementet.

Jordbrukspolitikken skal leggjast om i ei meir miljø- og klimavenleg retning. I jordbruksopp-gjeret 2023 blei miljø- og klimainnsatsen ytterlegare styrkt. Det er viktig for regjeringa å vektleggje arbeidet med grøn omstilling og vareta eit berekraftig landbruk, både knytt til biobasert sirkulær økonomi, arbeid med miljøretta tiltak og reduksjon av klimagassar. Årets jordbruksavtale skal bidra til å følgje opp klimaavtalen mellom regjeringa og organisasjonane i jordbruket og arbeidet med å nå andre miljømål, til dømes innan vassmiljø og kulturlandskap, under dette oppfølging av *Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden*. Ei satsing på betre kunnskap om bruk av metanhemmere i føret til drøvtyggjarar blei spesielt prioritert i forhandlingane. Dette vil vere eit svært viktig tiltak for å redusere klimagassutsleppa frå jordbruket, samtidig som matproduksjonen blir oppretthalden. Det blei vedteke i jordbruksopp-gjeret 2023 å tildele 10 mill. kroner i prosjektmidlar til prosjektet *MetanHUB* for 2024. Det blei vidare vedteke å setje ned ei arbeidsgruppe som skal greie ut korleis husdyrtilskotta til storfe og småfe kan utviklast frå å vere eit reint husdyrtilskott til og å vere eit tilskott som bidreg til reduserte klimagassutslepp frå husdyrproduksjonen, mellom anna gjennom å fase inn krav eller insitamentar. Regjeringa har som mål at bruk av metanhemmande tilsetningsstoff er innfasa i dei grovførbaserte husdyrproduksjonane i 2027. Totalt blir avsetjinga til ordningar med klima- og miljøvernad på jordbruksavtalen auka med 1 113 mill. kroner frå 2023 til 2024. Sjå Prop. 121 S (2022–2023) for nærare detaljar.

Regjeringa vektlegg grøn omstilling og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Regjeringa legg vidare vekt på at tiltak ikkje skal auke dei globale utsleppa og at dei ikkje skal gå ut over matproduksjonen. Intensjonsavtalen om klima som blei inngått mellom regjeringa og organisasjonane i jordbruket i 2019, ligg til grunn for klimaarbeidet i sektoren, jf. Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan 2021–2030* og Stortingets handsaming av denne.

Regjeringa arbeider gjennom rekneskapsgruppa under intensjonsavtalen med å vidareutvikle kunnskapen om klimatiltak i jordbruket, slik at fleire tiltak på sikt kan innlemmast i utsleppsrekneskapan.

Regjeringa har no oppretta Bionova. Bionova skal vere eit verktøy for å nå klimamåla til Noreg for 2030 og målet om å vere eit lågutsleppssamfunn i 2050 gjennom å bidra til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring. I tillegg skal Bionova bidra til verdiskaping gjennom overgang til ein meir sirkulær bioøkonomi basert på fornybare biologiske ressursar frå land og hav. Regjeringa gjer framlegg om ei auka løyving på 83,6 mill. kroner til Bionova på kap. 1152, post 70 samanlikna med saldert budsjett 2023. Auken i løyving må mellom anna sjåast i samanheng med auka avgifter for veksthusnæringa og behov for å leggje til rette for omstillingstiltak også i denne næringa. Det er behov for verkemiddel både innan omlegging til fornybar energi i jordbruket og verkemiddel som skal byggje opp under verdikjeder for mellom anna fôr, gjødsel og gjenbruk og smarte løysingar for ein effektiv matproduksjon. Sjå kap. 1152 for meir informasjon om Bionova.

Regjeringa vil arbeide vidare med å utvikle kunnskapen om jordbruk og klima, mellom anna kunnskapen om kva effekt ulike verkemiddel har på utsleppa, og korleis verkemidla betre kan innrettast for å vareta og balansere omsyna til dei landbrukspolitiske måla med klima- og miljømål. Regjeringa vil difor greie ut korleis ein kan talfeste utsleppsvirkningar av fleire klima- og miljørelevante ordningar i jordbruksavtalen. Regjeringa vil og greie ut korleis utsleppa av lystgass frå mineralgjødsel kan reduserast med til saman 0,2 mill. tonn CO₂-ekvivalentar fram til 2030. Regjeringa gjer vidare framlegg om å auke satsen på avgift for bruk av LPG og naturgass i veksthusnæringa frå 8 til 15 pst. av ordinær sats.

Miljøprogramatsinga over jordbruksavtalen omfattar viktige verkemiddel for å stimulere til meir miljøvenleg drift. Det er difor viktig å vidareføre denne satsinga. For mykje næringssalt er ein av dei tre faktorane som har størst innverknad på våre vassdrag og kystområde. Dei viktigaste kjeldene til dette er separate avløpsanlegg som ikkje tilfredsstillar reinsekrava, restutslepp frå kommunale avløpsanlegg og arealavrenning frå jordbruket. Ytterlegare reduksjon av forureining av vatn, som avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmidlar, er difor viktig. Samla gjennomføring av ulike tiltak for jordarbeiding, grasdekte areal m.m. i kornområda, har redusert erosjonsrisikoen på dei dyrka areala. Strukturendringar og

endring i driftsformer gir utfordringar for naturmangfaldet i jordbrukslandskapet og for økosystemtenester levert frå jordbrukslandskapet. Eit variert jordbrukslandskap gir viktige leveområde for mange artar. Ei rekkje ordningar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå skal sørge for tiltak og rett skjøtsel av verdifulle landskap, verdifulle artar og naturtypar, i tillegg til å bidra til at status for kulturminne og kulturmiljø i jordbruket blir betra. Tiltak for å betre forholda for pollinerande insekt blir følgde opp i tråd med *Nasjonal pollinatorstrategi* og *Tiltaksplan for ville pollinerande insekt 2021–2028*.

Regjeringa har som mål å auke CO₂-opptaket i norsk skog. I regjeringa sin klimastatus og -plan, vedlegg til Prop. 1 S (2023–2024), går det fram at regjeringa vil vurdere å styrkje eksisterande klimatiltak i skog og vurdere nye klimatiltak som har høgt potensial for auka opptak og er enkle å implementere, i tillegg til å leggje til rette for skogplanting på nye areal med klare miljøkriterium. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er i ferd med å slutføre ei kartlegging av årsaker til at skogeigar avverkar skog før hogstmoden alder. Basert på denne, vil det bli vurdert om det er behov for verkemiddel for å fremje seinare hogst med sikte på å styrkje karbonopptaket i skogen. Regjeringa har starta arbeidet med å etablere ein meny av ulike tiltak som bidreg til å ta vare på eit mangfald av økosystem i god økologisk tilstand, og skog er første økosystem ut. Som del av arbeidet vil regjeringa utarbeide eit felles kunnskapsgrunnlag om den økologiske tilstanden i norsk skog. Kunnskapsgrunnlaget skal baserast på tilgjengeleg kunnskap supplert med eventuelt ny kunnskap.

Prioriteringar i areal- og ressurspolitikken

Matjorda er den viktigaste ressursen for norsk matproduksjon, både i dag og for framtidige generasjonar. Ny jordvernstrategi blei lagd fram for Stortinget i Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2023 m.m.)*. Strategien har eit nytt og skjerpa mål for omdisponering av matjord, som seier at omdisponeringa av dyrka mark skal vere maksimalt 2 000 dekar per år. Målet skal vere nådd innan 2030. Strategien inneheld nye, konkrete tiltak for å nå dette målet. Regjeringa vil følgje opp den nye strategien. Tilskottsordninga for utarbeiding av kommunale jordvernstrategiar blir ført vidare og styrkt i 2024.

Landbruksdirektoratet vil i 2024 halde fram med å styrkje og utvikle det faglege arbeidet med

areallbruken i landbruket knytt til oppgaver innanfor klima og miljø, og den todelte målsetjinga i rovdyrpolitikken.

Regjeringa vil at matjord skal bli brukt til matproduksjon. For å leggje til rette for eit levande landbruk i heile landet, vil regjeringa òg handheve verkemidla i eigedomslovgivinga. Det er sett i gang arbeid med å revidere delar av eigedomslovgivinga. Det gjeld mellom anna konsesjonslova og jordlova.

Landbruk er ein føresetnad for å ta vare på kulturlandskapet, og dette landskapet gir ei ramme for satsing på kultur, lokal mat, friluftsliv, busetjing og turisme. Jordbruket sitt kulturlandskap er dessutan særleg viktig leveområde for mange artar av planter og dyr. Dei kommunale miljøverkemidla og dei regionale miljøprogramma over jordbruksavtalen skal òg framover bidra til å halde det biologiske mangfaldet og kulturminna i kulturlandskapet ved like. Ordningane over jordbruksavtalen med utvalde kulturlandskap i jordbruket og ivaretaking av kulturlandskapsverdiene i verdsarvområda, blir ført vidare i 2024. Talet på utvalde kulturlandskap er auka til 51 område over heile landet. Verdsarven Røros bergstad og Circumferensen blei innlemma i ordninga frå 2023, og frå 2024 vil buffersona, også kalla Circumferensen, inngå i ordninga over jordbruksavtalen. Med målretta tiltak og prioriteringar vil ein kunne styrkje landbruket og med det vareta internasjonale pliktar om å ta vare på verdiene i verdsarvområda.

Det genetiske mangfaldet av planter, husdyr og skogtre er ein viktig ressurs for landbruket. Dette mangfaldet utgjer ein vesentleg del av det biologiske grunnlaget for auka matproduksjon og tilpassing til nye behov og utfordringar for landbruket, ikkje minst i møte med klimaendringar. I eit internasjonalt perspektiv vil trugsmåla mot genetisk

variasjon hindre utvikling av eit berekraftig landbruk. Endra klima er ei utfordring som vil krevje tilpassa plante- og dyremateriale i landbruket og tilpassa skogtre i skogbruket. Ordninga med tilskott til genressurstiltak bidreg til å oppfylle pliktene Noreg har i Den internasjonale traktaten for plante-genetiske ressursar, og i dei vedtekne sektorvise handlingsplanane for husdyr, planter og skogtre under FAOs kommisjon for genetiske ressursar for mat og landbruk. Departementet vil i 2024 setje i verk strategien for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk gjennom ein nasjonal tiltaksplan for genetiske ressursar. Dette vil innebere tydelege prioriteringar for arbeidet, å synleggjere aktørane si rolle og oppgaver og presisere det nasjonale ansvaret for landbruket sitt genetiske mangfald.

Departementet har ansvaret for drifta av Svalbard globale frøhvelv. Frølageret har ei viktig rolle i arbeidet med å auke forståinga for genetiske ressursar og det internasjonale samarbeidet om dette.

Departementet vil leggje vekt på eit effektivt nordisk samarbeid for å ta vare på genetiske ressursar i Nordisk genressurscenter (NordGen) og den nordiske partnerskapen for frøforedling. Målet er å styrkje planteforedlinga og nytte dei nordiske genressursane betre.

Avskoging er ei relativt stor kjelde til CO₂-utslepp i Noreg. Den viktigaste årsaka er nedbygging av areal til bygg og vegar som skjer i regi av mange ulike sektorar. Det er difor viktig med samarbeid på tvers av sektorar for å redusere utsleppa. Landbruks- og matdepartementet har sett i gang arbeid med mål om å redusere nedbygging av areal til landbruksformål. Dette omfattar mellom anna verkemiddel for å sikre at endring av arealbruk frå skog til beite byggjer på reelle behov.

Kap. 1138 Støtte til organisasjonar m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Støtte til organisasjonar	48 302	40 640	43 062
71	Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	1 400	1 335	1 415
72	Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk	7 927	6 311	9 715
73	Nasjonalt senter for fjellandbruk		4 000	4 246
74	Opplysningstiltak i landbruket			1 000
	Sum kap. 1138	57 629	52 286	59 438

Post 70 Støtte til organisasjonar

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje støtte til organisasjonar på nasjonalt nivå som arbeider innanfor Landbruks- og matdepartementets målområde.

Dette omfattar organisasjonar som

- formidlar kunnskap og fremjar forståing for verdien av landbruk, matproduksjon og matkultur
- synleggjer yrkesmoglegheiter knytte til garden sine ressursar
- fremjar berekraftig landbruk, verdiskaping og landbruksbasert næringsutvikling

Løyvinga skal medverke til å halde oppe aktiviteten i organisasjonane, og bidra til eit levande og aktivt organisasjonsliv lokalt, regionalt og nasjonalt.

Departementet gjer framlegg om løyvingar til organisasjonar direkte i budsjettproposisjonen. Det blir sett krav om årsrapportering i form av årsmelding/årsberetning og revisorgodkjend rekneskap. Dette er grunnlag for oppfølging og kontroll, og skal sendast departementet innan 1. juni påfølgjande år. For organisasjonar som mottok tilskottsbeløp mindre enn 200 000 kroner, er det ikkje sett krav om at rekneskapen skal vere revisorgodkjend.

Ordninga skal forvaltast slik at ho er i tråd med reglane for statsstøtte i EØS-avtalen.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 48,3 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga, jf. tabell 4.3.

Tabell 4.3 Støtte til organisasjonar i 2022 (i kroner)

Organisasjon	Løyving 2022
4H Norge	7 100 000
Det Kongelige Selskap for Norges Vel	1 900 000
Det Norske Hageselskap	1 090 000
Det Norske Skogselskap	1 190 000
Dyrebeskyttelsen Norge	400 000
Dyrevernalliansen	740 000
Folkeaksjonen ny rovdyrpolitikk	1 600 000
GMO-Nettverket	1 490 000
HANEN – Næringsorganisasjonen for bygdeturisme, gårdsmat og innlandsfiske	2 150 000
Hest og Helse	230 000
Jordvern Norge	200 000
Kvinner i skogbruket	170 000
Matsentralen Norge	14 800 000
Matvett AS	410 000
NOAH – for dyrs rettigheter	730 000
Norges Birøkerlag	250 000
Norges Bygdekvinnelag	400 000
Norges Bygdeungdomslag	130 000
Norsk Bonde- og Småbrukarlag, prosjekt «Slipp oss til – Ungdom inn i landbruket»	250 000
Norsk Gardsost	370 000
Norsk seterkultur	180 000

Tabell 4.3 Støtte til organisasjonar i 2022 (i kroner)

Organisasjon	Løyving 2022
Norske Lakseelver	540 000
Spire	100 000
Stiftinga Bondens marked Norge	500 000
Stiftinga Geitmyra matkultursenter for barn	4 380 000
Stiftinga Norsk Kulturarv	350 000
TreSenteret i Trondheim	300 000
Ungt Entreprenørskap Norge	350 000
Vitenparken Campus Ås	3 000 000
Økologisk Norge	3 002 000
Sum	48 302 000

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 43,1 mill. kroner i støtte til organisasjonar, jf. tabell 4.4.

Tabell 4.4 Støtte til organisasjonar i 2023 og budsjettframlegg for 2024 (i kroner)

Organisasjon	Løyving 2023 ¹	Løyving 2024
4H Norge	7 251 644	7 300 000
Det Kongelige Selskap for Norges Vel	1 273 634	1 275 000
Det Norske Hageselskap	818 108	825 000
Det Norske Skogselskap	1 116 345	1 500 000
Dyrebeskyttelsen Norge	373 817	600 000
Dyrevernalliansen	694 524	700 000
Folkeaksjonen ny rovdyrpolitikk	1 502 418	1 500 000
Foreningen Norske Etologer	0	50 000
GMO-Nettverket	1 399 261	1 370 000
HANEN – Næringsorganisasjonen for bygdeturisme, gårdsmat og innlandsfiske	2 020 247	2 030 000
Hest og Helse	214 485	350 000
Jordvern Norge	185 887	350 000
Kvinner i skogbruket	158 311	160 000
Mat og Helse i skolen	0	300 000
Matsentralen Norge	14 483 881	14 607 000
Matvett AS	384 031	390 000
Norges Birøkerlag	232 870	235 000

Tabell 4.4 Støtte til organisasjonar i 2023 og budsjettframlegg for 2024 (i kroner)

Organisasjon	Løyving 2023 ¹	Løyving 2024
Norges Bygdekvinnelag	408 543	415 000
Norges Bygdeungdomslag	132 777	300 000
Norsk Bonde- og Småbrukarlag prosjekt «Slipp oss til – Ungdom inn i landbruket»	79 666	130 000
Norsk Gardsost	346 240	350 000
Norsk seterkultur	167 503	200 000
Norske Lakseelver	505 572	540 000
Spire	91 922	100 000
Stiftinga Bondens marked Norge	468 803	500 000
Stiftinga Geitmyra matkultursenter for barn	1 360 448	1 375 000
Stiftinga Norsk Kulturarv	326 835	300 000
TreSenteret i Trondheim	279 852	0
Ungt Entreprenørskap Norge	326 835	360 000
Vitenparken Campus Ås	2 083 571	2 100 000
Økologisk Norge	2 819 970	2 850 000
Sum	41 508 000	43 062 000

¹ Inkludert ekstraordinær prisjustering for 2023

Post 71 Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, kan overførast

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje medverknad i internasjonale skogpolitiske prosessar og anna internasjonalt skogsamarbeid.

Noreg arbeider for eit forpliktande internasjonalt samarbeid for å løyse grenseoverskridande skogpolitiske utfordringar og for å sikre ei berekraftig forvaltning av skog internasjonalt. FN's skogforum (UNFF) er ein viktig arena for dette globalt, mens *FOREST EUROPE* er den sentrale arenaen for samarbeid om skogpolitikk på regionalt nivå i Europa. Det europeiske instituttet for skogforskning (EFI) er ein internasjonal organisasjon der Noreg er medlemsstat og deltek i møte i styrande organ. EFI driv forskning og utgreiing av europeiske skogspørsmål, og er ein sentral aktør i å skaffe fram kunnskapsgrunnlag for utvikling av skogpolitikk både nasjonalt og internasjonalt. Det regionale skogsamarbeidet i FN-regi skjer gjennom United Nations Economic Commission for

Europe (UNECE) og FAOs europeiske skogkommisjon. Noreg deltek her. Noreg er òg medlem i andre regionale skogsamarbeid, arbeidsgruppa *Working Group on Barents Forest Sector* innanfor Barentssamarbeidet, og eit sirkumborealt samarbeid der òg Canada og USA deltek. Vidare er skog og skogbruk ein del av samarbeidet i Nordisk ministerråd.

Løyvinga dekkjer òg norsk medverknad i andre forum for internasjonalt samarbeid om skogspørsmål, til dømes FN's organisasjon for mat og landbruk (FAO). Løyvinga må sjåast i samanheng med løyvinga til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) på kap. 1136, post 50, som skal dekkje bidrag frå instituttet til internasjonalt skogpolitisk samarbeid.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 1,4 mill. kroner i tråd med målet med løyvinga.

Noreg har i 2022 bidrege med 1,2 mill. kroner til eit fond som finansierer verksemda i Policy Support Facility under EFI. Dette programmet skal kople forskning og politikktutvikling, og er eit

godt bidrag til kunnskapsutvikling knytt til nasjonal skogpolitikk og europeisk skogpolitisk samarbeid.

The International Union of Forest Research Organizations (IUFRO), eit internasjonalt samarbeid mellom skogforskningsinstitusjonar, arrangerer sin verdskongress i Sverige i 2024. Kongressen blir arrangert i samarbeid mellom dei nordiske og baltiske landa. Noreg har støtta arbeidet med 200 000 kroner i 2022.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,4 mill. kroner til internasjonalt skogsamarbeid.

Hovuddelen av løyvinga vil bli nytta til å føre vidare bidraget til arbeidet i EFI. Løyvinga skal òg nyttast til vidare oppfølging av internasjonalt skogsamarbeid, mellom anna IUFRO-kongressen i Sverige i 2024.

Post 72 Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK)

Formål med løyvinga

Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK) er ei privat, sjølvstendig stifting og eit nasjonalt senter for tverrfagleg forskning og kunnskapsformidling for å utvikle økologisk landbruk. NORSØK bidreg med kunnskap for eit meir berekraftig samfunn. Fagområda er økologisk landbruk og forbruk, miljø og berekraft og fornybar energi. Løyvinga skal nyttast til utvikling og formidling av kunnskap om produksjon og forbruk av økologisk mat. Ein mindre del av midlane kan gå til forskingsretta arbeid.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 7,9 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Som overordna føring for NORSØK si bruk av løyvinga for 2022, ligg Nasjonal strategi for økologisk jordbruk 2018–2030 og tilhøyrande Økologiprogram 2019–2030.

I 2022 har NORSØK formidla kunnskap om økologisk produksjon og forbruk gjennom foredrag på kurs, konferansar og fagdagar, skriftlege artiklar på nettsider og populærvitenskaplege artiklar og utarbeiding av meir omfattande dokument som fagrapportar og temaark (Faginfo). NORSØK leverer mellom anna fast ulike artiklar til fagbladet *Økologisk landbruk* som blir gitt ut av Norsk Landbruksrådgiving. I 2022 hadde NORSØK 224 oppslag publisert av andre i regio-

nale og nasjonale media. Dette er ein oppgang på 29 pst. samanlikna med 2021.

Nettsida *agropub.no* blir driven av NORSØK. *Agropub* hadde 159 000 unike brukarar i 2022, ein oppgang på 3,7 pst. frå 2021. NORSØK har òg det norske redaktøransvaret for det internasjonale nettstaden *Organic e-print*, der vitenskaplege og populærvitenskaplege publikasjonar blir lagde ut.

NORSØK er representert i ei rekkje faste samarbeidsforum/arenaer der sentrale aktørar for utvikling av økologisk jordbruk i Noreg møtest. Dei har òg eit breitt samarbeid med forskingsinstitusjonar, organisasjonar, rettleiingsapparat med meir.

NORSØK deltok i 2021 og 2022 i fleire FoU-prosjekt og utgreiingar, der løyvinga inngår som ein del av finansieringa av prosjekta. Innanfor områda dyrehelse, dyrevelferd og driftsopplegg har NORSØK i 2022 brukt løyvinga over posten til å styrkje formidlingsaktiviteten frå desse og andre husdyrprosjekt. I tråd med føringar for løyvinga har dei òg arbeidd med prosjekt innanfor tema som antibiotikaresistens, jordkvalitet, agronomi, klima, planter og energi, og småskala matproduksjon og forbruk.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 9,7 mill. kroner til NORSØK. Dette er ei styrking på vel 3 mill. kroner.

Post 73 Nasjonalt senter for fjellandbruk

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje tilskott til eit nasjonalt senter for fjellandbruk. Målet med løyvinga er å fremje eit lønsamt og berekraftig landbruk i fjellområda, med utgangspunkt i fjellbygdene sine særtrekk og fortrinn. Øystre Slidre kommune tok i 2023 over Løken gard vederlagsfritt frå staten for å leggje til rette for eit nasjonalt senter for fjellandbruk.

Rapportering 2022

Posten var ny frå 2023.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,2 mill. kroner til eit nasjonalt senter for fjellandbruk som er etablert på Løken gard i Øystre Slidre kommune. Midlane skal gå til oppstart av

senteret sine aktiviteter, som rådgiving, formidling av kunnskap og bygging av nettverk i 2024.

Post 74 Opplysningstiltak i landbruket

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje tilskott til opplysningstiltak i landbruket. Målet med løyvinga er å gi auka kunnskap og interesse for berekraftig landbruk og for betydninga av norsk landbruksproduksjon. Målgruppa for tilskottet vil vere organisasjonar, institusjonar og kommunar som gjennomfører prosjekt innanfor formålet.

Rapportering 2022

Posten var ny frå 2023.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,0 mill. kroner i tilskott til opplysningstiltak i landbruket. Det vil bli gitt tilskott til prosjekt som bidreg til god formidling og auka kunnskap og interesse for berekraftig landbruk og verdien av norsk landbruksproduksjon. Prosjekt som er retta mot barn og unge og som kan bidra til auka rekruttering til landbruket vil bli prioriterte.

Kap. 1139 Genressursar, miljø- og ressursregistreringar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2024
		2022	Saldert budsjett 2023	
21	Spesielle driftsutgifter – Svalbard globale frøhvelv		11 150	11 934
50	Miljøregistreringar i skog		4 550	4 824
70	Tilskott til bevaring og berekraftig bruk av husdyr-, plante og skogtregenetske ressursar, <i>kan overførast</i>		7 040	7 457
71	Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	28 099	8 626	9 140
	Sum kap. 1139	28 099	31 366	33 355

Post 21 Spesielle driftsutgifter – Svalbard globale frøhvelv

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje drift av Svalbard globale frøhvelv, under dette husleige, driftsutgifter, koordinering av frøinntak og informasjon til depositørar og til omverda. Det globale tryggingsslageret for frø på Svalbard har god oppslutning frå genbankane i verda. Landbruks- og matdepartementet har inngått avtale både med internasjonale jordbruksforskningsentre, nasjonale frøbevaringsinstitusjonar og private frøsamlingar om langsiktig sikringslagring av deira frø på Svalbard. Frøkvelvet blir drifta i eit samarbeid mellom departementet, Nordisk genressurssenter (NordGen) og den internasjonale organisasjonen Global Crop Diversity Trust. Internasjonale aktørar, det internasjonale panelet for frøkvelvet og partsmøte i Den internasjonale

plantetraktaten er viktige støttespelarar i drifta av frøkvelvet.

Rapportering 2022

Posten var ny frå 2023. For rapportering for 2022, sjå kap. 1139, post 71.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 11,9 mill. kroner til drift av Svalbard globale frøhvelv. Løyvinga kan òg nyttast til tiltak under Den internasjonale plantetraktaten.

Post 50 Miljøregistreringar i skog

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje utgifter til kunnskapsutvikling og metodeutvikling innanfor miljøregi-

streringar i skog. Registreringane skal leggje til rette for at skogbruket kan ta omsyn til biologisk mangfald og andre miljøverdiar ved berekraftig forvaltning av skogressursane.

Rapportering 2022

Posten var ny frå 2023. For rapportering for 2022, sjå kap. 1139, post 71.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,8 mill. kroner. Løyvinga skal gå til vidare kunnskapsoppbygging omkring biologisk mangfald og miljøregistreringar i skogbruksplanlegginga gjennom prosjektet Miljøregistreringar i skog (MiS-prosjektet) ved Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Landbruksdirektoratet, som nasjonal fagstyresmakt, har ansvaret for verkemiddelbruken retta mot mellom anna skogbruksplanlegging med miljøregistreringar. NIBIO skal, på oppdrag frå Landbruksdirektoratet, òg samle MiS-data og anna relevant miljøinformasjon frå ulike kjelder i karttenesta *Skogportalen*, og tilpasse tenesta til næringa og offentleg forvaltning.

Departementet la våren 2021 fram ein rapport utarbeidd av Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet i kontakt med skog-eigarorganisasjonane. Rapporten peika mellom anna på fleire tiltak for auka ivaretaking av nøkkelbiotopar. Departementet, Landbruksdirektoratet og MiS-prosjektet ved NIBIO arbeider saman for å følgje opp rapporten og andre resultat og erfaringar frå forskinga og arbeidet med miljøregistreringane for å vidareutvikle og betre opplegget for registreringane. Stortinget bad i mars 2023, i oppmodings- og utgreiingsvedtak nr. 519, regjeringa gå gjennom metodane for innsamling, registrering og kontroll av viktige naturverdiar i norsk skog, og dette blir følgd opp i denne samanhengen.

Post 70 Tilskott til bevaring og berekraftig bruk av husdyr-, plante- og skogtregenetske ressursar, kan overførast

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje tilskott til bevaring og berekraftig utvikling og bruk av husdyr-, plante- og skogtregenetske ressursar som har eller kan få verdi for mat og landbruk i Noreg, jf. forskrift om tilskott til genressurstiltak. Midlane blir forvalta av Landbruksdirektoratet.

Rapportering 2022

Posten var ny frå 2023. For rapportering for 2022, sjå kap. 1139, post 71.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 7,5 mill. kroner. Forskrift om tilskott til genressurstiltak opnar for å gi tilskott opp til tre år. Forskrifta har òg ein regel om at minst 25 pst. av tilskottet skal haldast tilbake til prosjektet er fullført, og sluttrapport og sluttregnskap er godkjende. Det er difor knytt ei tilsegnfullmakt til posten på 9,0 mill. kroner, jf. tabell 4.5 og framlegg til vedtak.

Tabell 4.5 Tilsegnfullmakt for tilskott til genressurstiltak i 2024. (i mill. kroner)

Ansvar 1.1.2023	7,2
+ Venta tilsegn i 2023	8,4
= Sum	15,6
- Venta utbetalingar i 2023	7,4
= Venta ansvar 31.12.2023	8,2
+ Venta nye tilsegn i 2024	8,2
= Sum	16,4
Framlegg til løyving i 2024	7,45
Tilsegnfullmakt i 2024	8,95

Det er ei sentral målsetjing for bruken av midlane å sikre langsiktig bevaring av genetiske ressursar i tråd med *Nasjonale strategi og tiltaksplan for bevaringsverdige genressursar* ved å støtte opp om forpliktande eigeninnsats frå private, lokale og offentlege samarbeidspartnarar. I 2024 vil det òg bli lagt vekt på å stimulere til auka bruk og næringsutvikling basert på dei genetiske ressursane, og i møte med nye utfordringar, til dømes klimaendringar.

Post 71 Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, kan overførast

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje støtte til tiltak innanfor målet om berekraftig bruk og eit sterkt vern av areal og ressursgrunnlag i landbruket. Løyvinga omfattar tiltak for å styrkje nasjonalt og internasjo-

nalt arbeid med å ta vare på og sikre berekraftig bruk av genressursar i jord- og skogbruket.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 28,1 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Genressurstiltak

Løyvinga skal dekkje tilskott til bevaring og berekraftig utvikling og bruk av husdyr-, plante-, og skogtregenetiske ressursar som har eller kan få verdi for mat og landbruk i Noreg, jf. forskrift om tilskott til genressurstiltak. Midlane blir forvalta av Landbruksdirektoratet. Det blei innvilga 7,6 mill. kroner i tilskott til genressurstiltak fordelt på i alt 63 drift- og prosjekttiltak. Alle tilskotta gjekk til aktivitetar som skal sikre genressursane på lang sikt. Døme på dette er tilskott til avslag, bevaringsbesetningar og klonarkiv som tek hand om truga husdyrrasar, og plante- og skogtregenetiske ressursar i samarbeid med Norsk genressurssenter. Det blei som tidlegare gitt støtte til drifta av genbanken for verpehøns på Hvam, der dei tidlegare kommersielle verpehønslinene er bevarte i ein levande genbank. Vidare blei det gitt tilskott til prosjekt for å identifisere skjøtselsbehov for dei ville slektingane til kulturplantene i Færder nasjonalpark og for å vurdere historiske eplesortar og villeple til siderproduksjon. Det blei òg gitt tilskott til vandreutstillingar kor dommarar reiser rundt til bønder av alle dei bevaringsverdige storferasane og hjelper til i dømning av desse og utvekslar avlsråd.

Svalbard globale frøhvelv

I 2022 blei det lagt inn totalt 69 825 nye sikkerheitskopiar av frø frå i alt 31 genbankar rundt om i verda. 4 nye genbankar (frå Spania, Litauen, Irak og Uruguay) tok i bruk frøkvelvet for første gong. På slutten av 2022 sikra frøkvelvet i alt 1 195 244 variantar av frø av det totale globale mangfaldet av mat- og jordbruksplanter. Det internasjonale rådgivande panelet for frøkvelvet møttest på Svalbard i oktober for inspeksjon og møte. Det internasjonale panelet merka seg at den oppfattande tekniske oppgraderinga av frøkvelvet som blei ferdig i 2019 har gitt store forbetringar. Dei rosa òg arbeidet med dei nye sikringstiltaka, nye tilgangsrutinar og pågåande arbeid med tryggingssprotokollar, varslingsrutinar og årlege evakueringsøvingar.

I 2022 var interessa frå media, besøkjande og interessantar rundt om i verda tilbake på same

nivå som i tida før koronapandemien. Oppfølging av felles kommunikasjonsstrategi og samlande bodskap og dessutan nye informasjonsskilt var viktige verktøy for å møte denne interessa. I 2022 blei løyvinga nytta til å dekkje leigekostnader og drift til Statsbygg og til NordGens arbeid med frøhandtering og informasjon. Det internasjonale fondet for fordelssdeling fekk òg sitt årlege bidrag, 1 133 069 kroner, over denne posten.

Nordisk genressurssenter (NordGen)

Nordisk genressurssenter (NordGen) fekk 1,85 mill. kroner i øyremerkte midlar. Løyvinga har gått til den faglege verksemda i NordGen knytt til husdyr og skogtre, og som er lokalisert i Noreg. Det er eit mål å utnytte synergieffektar som ligg i fagleg kontakt med Norsk genressurssenter ved NIBIO og andre faginstusjonar på Ås.

Prosjektet Miljøregistreringer i skog (MiS-prosjektet)

Departementet gav støtte til prosjektet Miljøregistreringar i Skog (MiS), som gir eit fagleg fundament for eit standardisert og godt dokumentert opplegg for registrering av areal som er spesielt viktige for biologisk mangfald i skog. Det blei løyvd 4,55 mill. kroner til dette arbeidet. Miljøregistreringane, som no er basert på klassifiseringssystemet *Natur i Norge* (NiN), gir grunnlag for miljøomsyn i skogbruket, for miljøsertifiseringa i skogbruket, og blir nytta av skogeigarane for å finne område som kan vere aktuelle for frivillig vern. Meld. St. 6 (2016–2017) *Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenærving* la vekt på auka avverking i skogen. Samtidig blei det lagt vekt på å styrkje ivaretakinga av miljøomsyn i skogbruket gjennom mellom anna, saman med skognærvinga, å greie ut kva for tiltak som eignar seg best for auka ivaretaking av nøkkelbiotopar. Skogeigarane har frivillig sett til side over 74 000 større og mindre nøkkelbiotopar frå ordinært skogbruk – i hovudsak som ikkje-hogstområde.

Ein stor del av miljøregistreringane er blitt meir enn 15 år gamle, og Landbruksdirektoratet og PEFC (Programme for the Endorsement of Forest Certification) har difor samarbeidd om opplegg og metodikk for revisjon av miljøregistreringane. Arbeidet med revisjonen er komme godt i gang, og gir ny kunnskap som grunnlag for betre forvaltning av livsmiljø og nøkkelbiotopar. Landbruksdirektoratet har òg starta ei evaluering av miljøregistreringane for å undersøkje kvaliteten på det som er produsert til nå og sjå på om

instruksane blir følgde. Eventuell ny kunnskap kan gi grunnlag for justeringar i kartleggingsrett-leiaren.

Hestesenter

Norsk Fjordhestsenter og Nasjonalt senter for nordlandshest/lyngshest fekk til saman tildelt 4,9 mill. kroner. Sentera har ansvar for å fremje dei to nasjonale rasane fjordhest og nordlandshest/lyngshest.

Stiftelsen Det norske arboret

Over posten blei det òg løyvd 445 000 kroner til Stiftinga Det norske arboret til arbeidet med samlingar av tre og buskar som eignar seg for norske forhold, og til formidlingsverksemd.

Kommunale jordvernstrategiar

Ordninga med tilskott til kommunale jordvernstrategiar blei etablert i 2022 som eit tiltak under revidert nasjonal jordvernstrategi. Det blei løyvd 1,0 mill. kroner til ordninga. Det kom inn 47 søknader, der 15 kommunar fordelte på 9 søknader fekk tilskott frå ordninga. Heile løyvinga blei brukt.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 9,1 mill. kroner. Fordeling av løyvinga på tiltak går fram av tabell 4.6. Tilskott til genressurstiltak, drift av Svalbard globale frøhvelv og prosjektet Miljøregistreringer i skog er frå og med 2023 budsjettert på annan post under kap. 1139.

Tabell 4.6 Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak (i 1 000 kroner)

Tiltak	Budsjett 2023 ¹	Budsjett 2024
Genressursforvaltning, inkl. Nordisk genressurssenter (NordGen)	1 840	1 800
Nasjonalt senter for nordlandshest/lyngshest og Norsk Fjordhestsenter	5 054	4 950
Stiftinga Det norske arboret	419	410
Kommunale jordvernstrategiar	1 497	1 850
Kulturlandskapspris o.a.	-	130
Sum genressursforvaltning og miljøtiltak	8 810	9 140

¹ Inkludert ekstraordinær prisjustering for 2023

Arbeidet som blir finansiert over denne posten, bidreg til å oppfylle Noregs bidrag til FN's mål for berekraftig utvikling og følgjer opp Nasjonal strategi for bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk: *Forråd av gener – muligheter og beredskap for framtidens landbruk*.

Departementet vil aktivt følgje opp samarbeidet under Nordisk ministerråd og i NordGen, mellom anna det nordiske samarbeidet om frøforedling, som er eit viktig langsiktig tiltak for å utvikle klimatilpassa plantemateriale. Innanfor NordGen er den faglege verksemda knytt til husdyr og skogtre lokalisert i Noreg. Det er eit mål å utnytte synergieffektar som ligg i samlokalisering med Norsk genressurssenter.

Departementet vil føre vidare tilskott til Norsk Fjordhestsenter og Nasjonalt senter for nord-

landshest og lyngshest, mellom anna til oppgåver dei utfører i samarbeid med raselaga for å fremje og vareta dei to nasjonale rasane fjordhest og nordlandshest/lyngshest.

Departementet vil føre vidare eit driftstilskott til Det norske arboret. Arboretet fyller viktige funksjonar knytte til forskning og undervisning innanfor landbruksrelatert plantekunnskap.

Ordninga med tilskott til kommunale jordvernstrategiar blei etablert i 2022 og er forankra i den nasjonale jordvernstrategien, jf. Prop. 200 S (2020–2021) *Endringer i statsbudsjettet 2021 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksopp-gjøret 2021 m.m.)*. Det er hausta positive erfaringar med ordninga, og departementet legg til opp til å føre ordninga vidare med ei styrkt ramme.

Kap. 1140 Haustbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	15 654	13 129	13 129
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	31 496	32 683	32 683
71	Tilskott til viltformål, <i>kan overførast</i>	39 207	36 778	39 778
	Sum kap. 1140	86 357	82 590	85 590

Om løyvingane under kap. 1140

Kapitlet omfattar utgifter til tiltak innanfor viltforvaltninga. Midlane under kap. 1140 er primært retta mot målet om auka verdiskaping under Landbruks- og matdepartementet, og resultat-områda naturmangfald og friluftsliv under Klima- og miljødepartementet.

Kvart år betaler jegerane inn jeger- og fellingsavgifter til Viltfondet. Desse midlane blir inntektsførte på kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet, post 72 Jeger- og fellingsavgifter, og blir nytta til tiltak som fremjar viltforvaltninga, jf. viltlova § 43.

Inntektsløyvingane over kap. 5576 finansierer utgifter over kap. 1140, post 01, 21 og 71, under Landbruks- og matdepartementet, utgifter til forvaltning over kap. 1420, post 01, under Klima- og miljødepartementet og utgifter til nasjonal jaktstatistikk i SSB over kap. 1620, post 01, under Finansdepartementet. For nærare omtale av avgiftene og forholda mellom kap. 1140, 1420, 1620, 5576 og inntektene til Viltfondet, sjå kap. 5576.

Løn og godtgjersler til fast tilsette innanfor det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1140, men over kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet, kap. 1420 Miljødirektoratet og kap. 525 Statsforvaltarane.

Bruken av midlane i Viltfondet blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Dette må sjåast i samanheng med at arbeidet med konkrete tiltak i mange tilfelle krev innsats frå dei frivillige organisasjonane, og at dei sentrale ledda i desse organisasjonane skal kunne ha synspunkt på disponeringa.

Løyvingane skal nyttast til oppgåver under Landbruks- og matdepartementet når tiltaka er

retta mot dei haustbare viltartane, men òg til oppgåver under Klima- og miljødepartementet når tiltaka er retta mot artar som ikkje er rekna som haustbare. Landbruks- og matdepartementet stiller årleg midlar til ikkje-haustbare artar til disposisjon for Klima- og miljødepartementet. Budsjettmidlane blir fordelte mellom haustbare og ikkje-haustbare artar basert på erfaringstal.

Post 01 Driftsutgifter**Formål med løyvinga**

Løyvinga skal dekkje utgifter til løn og godtgjersler for dei statlege villreinnemndene og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltninga, som det nasjonale Jegerregisteret i Brønnøysund, og utvikling og drift av betalingstenesta for jegeravgifta. Midlane under posten er i hovudsak retta mot dei haustbare viltressursane.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 15,7 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Villreinnemndene arbeider for ei langsiktig og berekraftig forvaltning av villrein og leveområda deira. Arbeidet i villreinnemndene er ført vidare. For enkelte av nemndene krev skrantesjuka auka innsats. Arbeidet i Jegerregisteret held fram og blir utvikla vidare gjennom fleire digitaliserte tenester.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 13,1 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overført

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje utgifter til faglege prosjekt og oppdrag som blir sikra gjennomførte av Miljødirektoratet. Midlane under posten er retta mot større nasjonale tiltak, mellom anna kjøp av tenester. Der regionale eller sentrale styresmakter set i verk oppdrag hos andre, eller kjøper tenester der det er krav om ulike leveransar, skal utgiftene dekkjast over post 21. Det gjeld mellom anna nasjonale overvåkingsprogram, digitaliseringsprosjekt, forskning og utgreiingar.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 31,5 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Utgifter til drift og utvikling av Hjorteviltregisteret blir dekte over denne posten. Hjorteviltregisteret er bygd opp for å sikre opplysningar om jegerobservasjonar og felte dyr under jakt. Kommunen er pålagt å nytte dette i si forvaltning og rapportering av data til statistiske formål, mellom anna til SSB. Registeret er òg sentralt i formidling av data om skrantesjueanalysar. Data frå bestandsovervåkingsprogrammet for hjortevilt blir lagra i registeret. Her blir òg informasjon om alle tilfelle som gjeld fallvilt lagra, mellom anna viltpåkøyrslar på veg og bane. Utgifter til ulike forskingsprosjekt på haustbare artar i regi av forskingsinstitusjonar er førte på post 21, i tillegg til drift av program for bestandsovervaking av hjortevilt og helseovervaking av vilt. Arbeidet med å digitalisere jegerdokumentasjonen held fram i dialog med brukarinteressene.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 32,7 mill. kroner. Løyvinga i 2024 skal prioriterast til nasjonale overvåkingsprogram innanfor vilt-helse og -bestandar, drift og utvikling av Hjorteviltregisteret, og naudsynt forskning og utvikling. Hjorteviltregisteret er sentralt for ivaretaking og bruk av data om hjortevilt, både for kommunar og andre. Løyvinga må òg sjåast i samanheng med midlane som blir tildelte som tilskott under post 71.

Post 71 Tilskott til viltformål, kan overført

Formål med løyvinga

Midlane under posten er retta mot å byggje opp kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av viltressursane og auka næringsutvikling. Målet for tilskottsordninga er å medverke til at det blir eit haustingsverdig overskott av vilt, og til å ta vare på produktiviteten og mangfaldet i naturen regionalt og nasjonalt. Tiltaka som blir sette i verk skal gi betre kunnskap om artar og bestandar og korleis dei kan haustast på den beste måten.

Det kan bli gitt tilskott innanfor område som jakt og jaktmoglegheiter, viltkartlegging, innarbeiding av leveområde for vilt og viltinteresser i kommunale planar etter plan- og bygningslova, samarbeid om viltforvaltninga lokalt og oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, forskings- og studentoppgåver og andre særleg prioriterte viltformål. Søknader om tilskott til tiltak som inngår som ein del av eit planbasert arbeid, blir prioriterte.

Innanfor desse rammene skal posten dekkje tiltak i samband med forvaltning av hjortevilt, under dette tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskott til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar og andre.

Vidare skal posten dekkje tiltak i villreinforvaltninga som drift av villreinområda, teljing av bestandar, overvaking, styrking av oppsyn og registrering i villreinområda, og utvikling av driftsplanar. Innbetalte fellingsavgifter skal førast tilbake til det enkelte villreinområdet, og midlane skal disponerast av villreinnemnda.

Midlar under posten kan òg gå til tilskott til vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, og lokale vilttiltak og utviklingstiltak som er naudsynte for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta. I tillegg er tilskottsmidlane som fylkeskommunane nyttar til haustbart vilt førte under denne posten. Den enkelte fylkeskommune kan etter søknad gi midlar til praktiske tiltak knytte til desse artane. Det vil òg kunne tildelast tilskott til sentrale organisasjonar som utfører oppgåver for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innanfor viltforvaltninga.

I tillegg skal posten dekkje utgifter til overvaking for å sikre kontinuerleg oversikt over bestandsstatus og utvikling av artar og grupper av viltartar. Overvåkingsprosjekta skal gi eit årleg oppdatert datagrunnlag for å setje i verk sentrale, regionale og lokale tiltak for forvaltning og juste-

ring av verkemiddel og avdekkje kunnskapsbehov.

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at mottakarane av tilskott leverer sluttrapportar, rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Den faktiske verknaden av tilskotta kan ikkje vurderast frå år til år, men må vurderast i eit langsiktig perspektiv og i samanheng med andre verkemiddel og årsaksforhold.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 39,2 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. For 2022 blei det levert 589 søknader i Miljødirektoratets elektroniske søknadssenter. Av desse var 136 stila til Miljødirektoratet, mens resten blei handsama regionalt. Nokre søknader er sende fleire mottakarar. Det blei gitt tilskott til dei fleste aktørar og grupperingar som arbeider med viltforvaltning. Ordninga med elektronisk innlevering av søknader fungerer godt, og det er gitt tilskott til støtte til ulike tiltak i regi av enkeltpersonar, organisasjonar og lag. Løyvingane over posten har òg gjort det mogleg at søkjarar kan medverke i prosjekt der andre har ansvar for hovudfinansieringa, til dømes prosjekt under Noregs forskingsråd. Ord-

ninga er vidare nytta til støtte til studentar som har gjennomført prosjekt med fagleg relevans for viltforvaltninga.

Det er eit mål at resultatane frå bruken av tilskottsmidlane skal bli tilgjengelege for alle interesserte, og slik auke kunnskapen om og spreinga av vellukka former for tiltak. Rapportar frå prosjekt og oppnådde resultat er tilgjengelege under søknadsarkiv i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter. Løyvingane til tilskott og handsaminga av den enkelte søknaden skal samla sett underbyggje dei nasjonale måla. Ettersom det er fleire ulike styresmakter og mange tiltakshavarar, vil det vere ei stor breidd i type tiltak og kva ein kan oppnå på eitt enkelt år. Det er for ein stor del dei same som betaler avgift som nyttar høvet til å søkje om tilskott, og som nyttar resultatane. Dette fører til ein god samanheng mellom tiltakstypar og årlege behov for resultat. Dei som nyttar tilskottsordningane eller resultatane har eigeninteresse i å oppnå dei nasjonale måla, ettersom måloppnåinga er naudsynt for å kunne halde oppe haustinga og ha eit tilstrekkeleg kunnskapsunderlag for forvaltninga.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 39,8 mill. kroner.

Kap. 1141 Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
23	Jegerprøve m.m., <i>kan overførast</i>	4 526	4 071	4 071
75	Organisasjonar – haustbare viltressursar	8 013	8 876	8 404
	Sum kap. 1141	12 539	12 947	12 475

Post 23 Jegerprøve m.m., kan overførast

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje drift av ordninga med den obligatoriske jegerprøva.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 4,5 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Gebyrinntektene frå kap. 4141, post 01, dekkjer utgiftene under posten, som

til dømes vedlikehald av undervisningsmaterieil, utdanning av jegerprøveinstruktørar, drift av e-læring, eksamensordningar og elektronisk betalingsløyving for eksamensgebyret og vidareutvikling av jegerprøva.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,1 mill. kroner. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4141, post 01, jf. framlegg til vedtak II.

Post 75 Organisasjonar – haustbare viltressursar**Formål med løyvinga**

Løyvinga skal dekkje tiltak som fremjar jaktbasert friluftsliv, og andre tiltak som kan gi grunnlag for auka næringsutvikling og verdiskaping basert på haustbare viltressursar.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 8,0 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Det blei nytta 2,0 mill. kroner til tilskott til tiltak som kan gi barn og unge auka forståing for

bruk av utmarksressursane. Det kom til saman 34 søknader om tilskott i 2022. Samla blei det søkt om 6,3 mill. kroner. 15 søknader blei heilt eller delvis innvilga, og heile tilskottsramma blei brukt.

Norges Jeger- og Fiskerforbund fekk tildelt 4,9 mill. kroner til sine aktivitetar knytte til jakt og fangst på haustbare viltressursar.

Stiftinga Norsk Hjortesenter fekk tildelt 1,1 mill. kroner for å halde fram som kompetansesenter for hjort – både viltlevande og i oppdrett.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 8,4 mill. kroner. Fordeling av løyvinga på tiltak går fram av tabell 4.7.

Tabell 4.7 Fordeling av midlar på kap. 1141, post 75, for 2024 (i 1 000 kroner)

Tiltak	Budsjett 2023 ¹	Budsjett 2024
Tiltak for barn og unge – bruk av utmarksressursar	2 015	1 200
Norges Jeger- og Fiskerforbund	5 008	5 050
Stiftinga Norsk Hjortesenter	2 043	2 154
Sum kap. 1141, post 75	9 066	8 404

¹ Inkludert ekstraordinær prisjustering for 2023.

Departementet vil gi tilskott til tiltak for å gi barn og unge auka forståing for bruk av utmarksressursane.

Departementet vil føre vidare eit tilskott til Norges Jeger- og Fiskerforbund sine aktivitetar. Forbundet sine aktivitetar på området er viktige for rekruttering til jakt og fangst. Forbundet bidreg òg til informasjon, kunnskapsutvikling og kompetansebygging om vilt og viltforvaltning.

Departementet vil føre vidare eit tilskott til Stiftinga Norsk Hjortesenter. Norsk Hjortesenter bidreg til kunnskapsutvikling om hjort og foredling av viltkjøtt, som er til støtte for forvaltning og tiltak knytt til haustbare viltressursar. Norsk Hjortesenter skal arbeide vidare for at både viltlevande hjort og hjort i oppdrett og viltkjøtt kan gi grunnlag for auka næringsutvikling og verdiskaping generelt og i landbruket spesielt.

Kap. 4141 Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Jegerprøve, gebyr m.m.	4 662	4 071	4 071
	Sum kap. 4141	4 662	4 071	4 071

Post 01 Jegerprøve, gebyr m.m.

aukande etter år med mange avlyste kurs som følge av koronapandemien, sjå kap. 1141, post 23.

Formål med løyvinga

Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarande utgiftene under kap. 1141, post 23, til å drifte ordninga med jegerprøva, jf. forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst.

Rapportering 2022

Inntektene i 2022 blei 4,7 mill. kroner.

I 2022 var det til saman 13 803 eksamensgjennomføringer, noko som var ein auke på 2 339 frå året før. Det kan sjå ut som kursaktiviteten er

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,1 mill. kroner. Kvar kursdeltakar som gjennomfører jegerprøveeksamen må betale eit eksamensgebyr på 360 kroner per eksamensforsøk. Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarande utgiftene under kap. 1141, post 23, til å drifte ordninga med jegerprøva. Kap. 1141, post 23, kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. framlegg til vedtak II.

Kap. 1142 Landbruksdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsutgifter	251 395	245 034	272 544
21	Spesielle driftsutgifter – Beredskapslagring av korn		20 000	63 409
45	Større utstyrskjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	3 443	12 051	12 976
50	Arealressurskart	7 592	7 583	8 039
60	Tilskott til veterinærdekning	178 438	184 229	196 392
70	Tilskott til fjellstuer	816	815	862
71	Tiltak for berekraftig reindrift, <i>kan overførast</i>	18 604	4 992	5 286
72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	530	520	600
73	Tilskott til erstatningar m.m. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	29 269	55 610	55 610
74	Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagd beitenekt		1 000	1 000
75	Stønad til jordbruks- og veksthusnæringa for ekstraordinære straumutgifter, <i>overslagsløyving</i>	779 695	1 124 000	102 300
77	Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overførast</i>	221 695	470 000	250 000
78	Tilskott til omstilling ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overførast</i>	25 292		34 000
	Sum kap. 1142	1 516 769	2 125 834	1 003 018

Post 01 Driftsutgifter

Formål med løyvinga

Hovudformålet med løyvinga er drift av Landbruksdirektoratet. Direktoratet er lokalisert i Oslo, Steinkjer og Alta.

Landbruksdirektoratet er eit utøvande forvaltningsorgan for dei sentrale landbrukspolitiske verkemidla og eit støtte- og utgreiingsorgan for Landbruks- og matdepartementet. Direktoratet er òg sekretariat for mellom andre Omsetningsrådet, styret for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, styret for forskingsmidlar over jordbruksavtalen, styret for Utviklingsfondet for skogbruket, Klagenemnda for naturskadesaker, Reindriftsstyret, Marknadsutvalet for reinsdyrkjøtt og styret for Reindriftens utviklingsfond.

Hovudoppgåva til Landbruksdirektoratet er samordna, heilskapleg og effektiv forvaltning av økonomiske og juridiske verkemiddel retta mot primærlandbruket, landbruksbasert næringsmiddelindustri og handel. Verkemidla på området, som Landbruksdirektoratet skal forvalte i samsvar med lov, forskrift og/eller regelverk for ordningane, skal bidra til god måloppnåing innanfor hovudmåla for landbruks- og matpolitikken. Landbruksdirektoratet skal gjennom rettleiing og kontroll bidra til å sikre at verkemidla blir forvalta trygt og effektivt i samsvar med regelverket. Direktoratet har vidare oppgåver innanfor samfunnstryggleik og beredskap som omfattar handtering av hendingar og kriser på områda matforsyning, reindrift, skog, naturskade og avlingsskade.

Landbruksdirektoratet skal ha oversikt over utviklingstrekk i ressursgrunnlaget og heile verdikjeda, bidra til erfaringsutveksling med næringa og samarbeid med anna forvaltning, ha god kunnskap om resultatoppnåing opp mot gjeldande politiske mål og gi innspel til departementet om utvikling av verkemiddel, under dette forenkling. Direktoratet skal drive formidling av fag- og forvaltningskompetanse og av kompetanse om landbruks- og matpolitikk til regional og lokal forvaltning.

Landbruksdirektoratet skal samarbeide med statsforvaltaren for å bidra til god lov- og tilskottsforvaltning på regionalt og lokalt nivå.

Landbruksdirektoratet har desse forvaltningsområda:

- areal, skogbruk, ressursforvaltning, klima, miljø og økologisk landbruk
- reindrift
- inntekts- og velferdspolitiske tiltak
- marknadstiltak, handel og industri
- digitalisering og organisasjon

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 251,4 mill. kroner for å dekkje driftsutgiftene til direktoratet.

2022 blei prega av Russlands angrep på Ukraina frå februar, som òg bidrog til aukande råvareprisar. I mars 2022 nådde FAOs matvareprisindeks sitt høgaste nivå sidan indeksen blei etablert i 1990. I eit ekstraordinært år med fleire tilleggsoppgåver klarte Landbruksdirektoratet likevel å utføre samfunnsoppdraget.

På grunn av høge kraftprisar blei det etablert ei ordning med straumstønad til jordbruksføretak og veksthus. Direktoratet utvikla ei eiga tilskottsordning som baserer seg på forbruksdata frå reguleringsstyresmakta for energi (RME). Vel 11 500 jordbruksføretak, 230 veksthus og 70 vatningslag har søkt om stønad gjennom ordninga i 2022. Tilbakemeldingar viser at ordninga har vore svært viktig, og at den har fungert godt. Det har blitt utbetalt om lag 717 mill. kroner gjennom ordninga i 2022.

Jordbruksoppgjeret i 2022 blei inngått i eit år med ekstraordinær kostnadsvekst på fleire viktige innsatsfaktorar i jordbruket. Som ei følgje av oppgjeret gjennomførte direktoratet ei ekstra-utbetaling på 1,45 mrd. kroner i september 2022.

Landbruksdirektoratet har i 2022 halde fram med å forbetre arbeidet knytt til å vareta kontroll med tilskottsforvaltninga som er lagt til lokal og regional forvaltning. Direktoratet har i 2022 hatt omfattande kontakt med statsforvaltaren for å formidle fag- og forvaltningskompetanse.

For fleire kjøttslag har det vore god etterspørsel og delvis underdekning i den norske marknaden. Det blei opna for import til nedsett tollsats for fleire kjøttslag. I andre halvår blei det ein strammare marknadssituasjon på storfe og behov for å leggje inn varer på reguleringslager. Dette har bidrege til at importvernet har fungert godt i ei uroleg tid, og at marknadsforstyringane i den norske marknaden har blitt dempa.

Samfunnstryggleik og beredskap har fått auka merksemd og har kravd auka innsats i 2022, mellom anna som følgje av klimaendringar, pandemi og krigen i Ukraina. Det har vore ein god dialog med næringsaktørane for å få ein status over matforsyninga. Dei tiltaka som er sette i verk har fungert godt, og dei har bidrege til å sikre norsk beredskap og forsyningstryggleik for mat.

Direktoratet la i 2022 vekt på å vidareutvikle verksemda og tenestene direktoratet forvaltar. I 2022 leverte Landbruksdirektoratet eit omfattande utgreiingsmateriale til jordbruksoppgjeret og til forhandlingane om reindriftsavtalen. Vidare fekk

direktoratet i oppdrag av Landbruks- og matdepartementet å greie ut dei konkurransefremjande tiltaka i prisutjanningsordninga for mjølk. Landbruksdirektoratet har i tråd med mandatet samarbeidd med Konkurransetilsynet om konkurransefaglege vurderingar. Landbruksdirektoratet sende over utgreiinga til departementet 15. desember 2022. Direktoratet har òg vore ein sentral bidragsytar i ulike utval og arbeidsgrupper.

I 2022 har Landbruksdirektoratet arbeidd med å ta vare på den landbruksfaglege sida (husdyr og rein) av den todelte målsetjinga i rovviltpolitikken. Direktoratet har delteke i ulike kontaktforum på nasjonalt nivå og har gjeve fråsegn til fleire forvaltningsplanar for rovviltregionane.

Landbruksdirektoratet har ansvaret for forvaltning av erstatnings- og kompensasjonsordningar etter avviking av hald av pelsdyr. Nye reglar for erstatning til pelsdyroppdrettarar blei gjort gjeldande i mars 2022. I løpet av 2023 skal det utarbeidast så mange endelege tilbod som mogleg, men dette arbeidet vil også gå føre seg i 2024. I 2024 vil det òg bli arbeidd med andre ordningar som kompensasjon for riving- og opprydding, kompetanseutviklingsmidlar, kompensasjon for pensjonstap og erstatning til førkjøkken og pelsier.

Landbruksdirektoratet har etablert ein dialog om dette med statsforvaltarane.

Kontrakt om taksering av eigedommar der det tidlegare blei drive pelsdyrverksemd blei inngått med Norsk Landbrukstakst i 2022, og dei første takstane blei leverte i september 2022. Direktoratet hadde behov for meir informasjon om korleis takseringa i praksis blei gjennomført, og etter samtalar med Norsk Landbrukstakst gav direktoratet nokre presiseringar til takseringsoppdraget. Dette førte til ein mellombels stans i arbeidet som òg gav forseinka sakshandsaming. For å redusere ulempene forseinkinga medførte for søkjarane, fekk Landbruksdirektoratet eit nytt oppdrag i november 2022 om å berekne og utbetale eit forskott til alle søkjarane. Denne nye sakshandsaminga medførte behov for nye malar og utbetalingsrutinar og sjølv sakshandsaminga kom i gang seint på året i 2022.

Arbeidet med å sikre at reintalet er tilpassa beitegrunnlaget blei ført vidare i 2022. Reintalet i Finnmark krev enno tett og aktiv oppfølging. Reindriftsstyret har fastsett nytt øvre reental i fire reinbeitedistrikt i Finnmark reinbeiteområde. Det blei fatta vedtak om reduksjon av reental i tre av desse reinbeitedistrikta. Statsforvaltaren i Troms og Finnmark har teke i bruk reindriftslova § 60, femte ledd, og låst reintalet for siidaandelane i tre reinbeitedistrikt.

I 2022 blei det arbeidd med å styrkje beredskapen i reindriften. Landbruksdirektoratet har vidareutvikla den koordinerande rolla i beredskapsarbeidet og vore med i sekretariatet for arbeidsgruppa som har utarbeidd rapport om ein styrkt beredskap i reindriften.

Landbruksdirektoratet har fleire verkemiddel som bidreg til å sikre matforsyninga og stabile prisar. Gjennom importvern og tollnedsetjing har direktoratet lagt til rette for avsetnad av norsk produksjon, samstundes som det er lagt til rette for supplerande import og oppfyljing av internasjonale forpliktingar.

I 2022 leverte Landbruksdirektoratet rapport om matsvinn i jordbrukssektoren for 2021. Matsvinn skal kartleggjast årleg frå og med 2020, og er knytt til Bransjeavtalen om reduksjon av matsvinn, der målet er ei halvering innan 2030.

Landbruksdirektoratet har ei rådgivande og rettleiande rolle på jordvernområdet. Direktoratet deltok og gav fagleg råd til departementet på fleire motsegn saker som gjaldt kommunal arealplanlegging, både kva gjeld omsynet til jordvern og reindrift. I 2022 etablerte direktoratet på oppdrag frå departementet ei ny ordning der kommunane kunne søkje tilskott til utarbeiding av kommunale jordvernstrategiar. Vidare leverte Landbruksdirektoratet i juni 2022 ei undersøking av saker der aksjeselskap har søkt konsesjon dei siste fem åra.

Tre av totalt fem nye område blei innlemma som Utvalde kulturlandskap i jordbruket i 2022, og dei to siste blir innlemma i 2023. Direktoratet leverte òg i samråd med Riksantikvaren og Miljødirektoratet ei tilråding til jordbruksoppgjæret 2022 om innlemming av Røros bergstad og Cirkumferensen i landbruket si verdsarvordning.

Landbruksdirektoratet samarbeider med miljøforvaltninga på eit breitt område i areal- og miljø saker. Saman med Miljødirektoratet og andre direktorat gav Landbruksdirektoratet i 2022 tilrådingar til dei nye regionale vassforvaltningsplanane som legg rammene for auka innsats frå mellom anna jordbrukssektoren for god miljøtilstand i vatn og vassdrag. Landbruksdirektoratet har i 2022 ført vidare dialogen med statsforvaltarane på vassmiljøområdet når det gjeld oppfølging av arbeidet med fastsetjing av regionale vassmiljøkrav, oppfølging av heilskapleg plan for Oslofjorden og av nye regionale vassforvaltningsplanar.

Saman med Miljødirektoratet handsama direktoratet i 2022 høyringsinnspel til ny forskrift for framleis regulert bruk av utanlandske treslag. Direktoratet og NVE leverte rapporten *Forvaltningsmodellar for sikringsskog mot naturfarer* i mai

2022. Rapporten har ei todelt målsetjing om å vareta både omsynet til samfunnstryggleiken og god forvaltning av skogressursen.

I 2022 har direktoratet fastsett Nasjonalt miljøprogram for perioden 2023–2026 med Jord og jordhelse som nytt miljøtema. Direktoratet fastsette òg i samarbeid med statsforvaltarane instruks for regionale miljøprogram for ny programperiode 2023–2026. Statsforvaltarane legg instruks til grunn når dei fastset sine regionale forskrifter for regionale miljøtilskott for perioden.

Direktoratet har gjennomført fleire utgreiingsoppdrag og delteke aktivt i arbeidet for å styrkje kunnskapsgrunnlaget som basis for vidareutvikling av miljø- og klimatiltak i jordbrukssektoren. Viktige tema som direktoratet har arbeidd med er karbonopptak i jord, betre utnytting av gjødselressursane og utslepp frå husdyrproduksjon. Direktoratet har i 2022 vidareført arbeidet i sekretariatet for Regnskapsgruppa for oppfølging av klimaavtalen mellom regjeringa og jordbruksnæringa.

I utviklinga av digitale tenester i direktoratet er det behovet til brukaren som står i sentrum, og det blir tenkt nytt på korleis ordningane og regelverket blir innretta for å sikre at tenestene blir enklast mogleg for brukarane av systema. Digitaliseringsaktivitet og ressursbruk i 2022 blei vesentleg påverka av to store ekstraoppdrag; utbetaling av straumstønad til jordbruks- og veksthusnæringa og ekstrautbetaling av produksjonstilskott. I tillegg har direktoratet i 2022 avslutta tre digitaliseringsprosjekt; nytt register for reinmerke, det nye intranettet til direktoratet, Innsikt, og tredje fase i digitaliseringa av skogforvaltninga med ei mobil kartløyning kalla SKART. Eitt av delmåla i strategisk plan er å bli ei datadriven forvaltning som brukar data aktivt for å forbetre og effektivisere direktoratet og forvaltninga. I 2022 blei det etablert ei skybasert plattform for datadeling som første skritt mot å bli ei datadriven forvaltning.

Landbruksdirektoratet har ansvaret for drift av Landbruks- og matCERT som er miljøet til sektoren for handtering av kritiske IKT-hendingar, og som inngår i det nasjonale responsmiljøet.

Nærare omtale av aktiviteten i Landbruksdirektoratet i 2022 finst i årsrapporten på www.landbruksdirektoratet.no. Det er utarbeidd separate årsrapportar for Landbrukets utviklingsfond (LUF) og Reindriftens utviklingsfond (RUF) for 2022.

Budsjettframlegg 2024

Løyvinga skal dekkje driftsutgiftene til Landbruksdirektoratet. Departementet gjer framlegg

om ei løyving på 272,5 mill. kroner. Departementet gjer òg framlegg om ei meirinntektsfullmakt mellom kap. 1142, post 01 og kap. 4142, post 01, jf. vedtak II.

Løyvinga til Landbruksdirektoratet er styrkt med 10 mill. kroner. Midlane skal styrkje direktoratet sitt arbeid med arealforvaltning, beredskap, klimaendringar og klimatilpassing. Styrkinga skal òg nyttast til Landbruksdirektoratets arbeid med å byggje opp eit fagmiljø for reindrift og arealforvaltning, og styrkje det samordna arbeidet med å vareta areala til reindriften.

Regjeringa har vidare vedteke å flytte direktoratsansvaret for haustbare viltressursar frå Miljødirektoratet i Trondheim til Landbruksdirektoratet i Steinkjer. Løyvinga på posten er styrkt med 4 mill. kroner til denne omstillinga.

Nedanfor følgjer ei nærare omtale av viktige oppgåver på dei enkelte forvaltningsområda i 2024.

Areal, skogbruk, ressursforvaltning, klima, miljø og økologisk landbruk

Landbruksdirektoratet vil i 2024 føre vidare arbeidet med å bidra til eit berekraftig skogbruk og ein effektiv infrastruktur i skogen. På området klima- og miljøomsyn i skogbruket vil Landbruksdirektoratet prioritere analysar og utgreiing av tiltak som skal fremje ei god utnytting av skogressursen, ivaretaking av biologisk mangfald og som styrkjer bidraget til skogen i klimaarbeidet.

Landbruksdirektoratet vil leggje til rette for ein berekraftig jordbruksproduksjon gjennom målretta tiltak som skal gi minst mogleg utslepp til luft og vatn og som tek vare på naturmangfald og kulturminneverdiar. Viktige innsatsområde er betre utnytting av husdyrgjødsel, utnytting av husdyrgjødsel til biogassproduksjon, dyrkingspraksis for å auke karbonopptak i jorda og tiltak i husdyrproduksjonane.

Landbruksdirektoratet vil støtte statsforvaltaren i regional og lokal oppfølging av vassforskrifta, vassforvaltningsplanane og regionale miljøkrav på vassmiljøområdet.

Vidare vil Landbruksdirektoratet arbeide med implementering av Jordhelseprogrammet og styrkje arbeidet med statistikk og analyse av miljøverkemidla.

Landbruksdirektoratet vil føre vidare samarbeidet med Miljødirektoratet på klima- og miljøområdet. Direktoratet vil bidra til at interessene til landbruket blir tekne omsyn til i saker knytte til naturmangfaldlova.

Det er behov for merksemd på jordvern på alle nivå for å ta vare på god matjord. Landbruksdirek-

toratet vil arbeide for at målsetjingar i den oppdaterte jordvernstrategien blir nådde og vidareutvikle samarbeidet med Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) i denne samanhengen. Forvaltninga av ordninga med tilskott til utarbeiding av kommunale jordvernstrategiar vil bidra til meir merksemd på jordvern også i 2024. Arbeid med kulturlandskap og landbruket si verdsarvordning vil òg vere ei viktig oppgåve for Landbruksdirektoratet i 2024. Direktoratet vil leggje til rette for at dei nye utvalde kulturlandskapa får på plass gode forvaltningsplanar. Direktoratet vil fortsetje arbeidet knytt til eigedomslovgivinga.

Direktoratet vil òg følge opp den nasjonale strategien for økologisk jordbruk og tiltaka i Økologiprogrammet.

Landbruksdirektoratet vil ta i vare dei landbruksfaglege interessene i rovviltpolitikken, og leggje til rette informasjon om ressursgrunnlaget og utviklinga i beitenæringane (husdyr og rein).

Landbruksdirektoratet vil ha stor merksemd på å forvalte det nye regelverket som blei fastsett 25. mars 2022 for erstatning etter avvikling av hald av pelsdyr. Målsetjinga er å tilby endeleg erstatning til næringa i løpet av 2024.

Berekraft og berekraftige matsystem er høgt oppe på den politiske dagsordenen både nasjonalt og internasjonalt. Det er eit stort behov for å synleggjere kva landbruket alt gjer innanfor denne tematikken. Direktoratet vil i 2024 vidareføre arbeidet med å synleggjere og vidareutvikle det fagspesifikke og tverrfaglege arbeidet med berekraftige matsystem.

Reindrift

Landbruksdirektoratet skal i 2024 halde fram med å styrkje arbeidet med reindrift og arealforvaltning. Landbruksdirektoratet skal byggje opp eit fagmiljø for reindrift og arealforvaltning, og bruke dette fagmiljøet aktivt i arbeidet med å vareta areala til reindriften. Direktoratet skal leggje til rette for samordning mellom dei ulike statsforvaltarane og dialogen statsforvaltaren har med kommunane og fylkeskommunane om arealbruken til reindriften.

Landbruksdirektoratet skal arbeide for å vareta grunnlaget for ei berekraftig reindrift ved å sikre at reintalet ikkje er høgare enn fastsett øvre reintall. Saman med statsforvaltaren vil direktoratet følgje opp dei siidaandelane som har auka reintalet meir enn det som er fastsett, ved å nytte føresegnene i reindriftslova. Landbruksdirektoratet vil vurdere behovet for offentleg kontrollerte teljingar på grunnlag av risikovurderingar frå statsforvaltaren.

Vidareutvikling av sjølvstyret i reindriften står sentralt i arbeidet for å nå dei reindriftpolitiske måla. Direktoratet vil i nær dialog med departementet arbeide aktivt med ulike tiltak for å styrkje sjølvstyret og internkontrollen i reindriften.

Direktoratet skal bidra i arbeidet med ein heilskapleg revisjon av reindriftslova som departementet skal gjennomføre fram mot 2025.

For å ha oversikt over utviklinga i reindriften vil Landbruksdirektoratet hente inn og gjere tilgjengeleg naudsynte grunnlagsdata frå totalregnskapet, ressursregnskapet og melding om reindrift.

Arealbrukskartet er eit viktig verktøy for å synleggjere arealbruken til reindriften. Landbruksdirektoratet og NIBIO samarbeider om å vidareutvikle og forbetre den tekniske løysinga for ajourføring av kartet i 2024.

I 2022 lanserte direktoratet eit nytt register for reinmerke. Landbruksdirektoratet arbeider med å digitalisere reindriftsforvaltninga, og vil ferdigstille arbeidet med nye fagsystem i løpet av 2024.

Landbruks- og matdepartementet ber om fullmakt til å overskride løyvinga under posten med opp til 500 000 kroner ved forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein, jf. framlegg til vedtak III.

Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Landbruksdirektoratets arbeid med målretting, forenkling og kontroll av dei økonomiske verkemidla er viktige òg i 2024. Direktoratet vil i 2024 arbeide vidare med å styrkje grunnlaget for ei god forvaltning av produksjonstilskotta i jordbruket, tilskott til avløyning, husdyrkonsesjonsregelverket, pristilskotta, og verkemidla til næringsutvikling og kompetanseutvikling. Med utgangspunkt i dei ordningane og satsingane direktoratet forvaltar på området, vil Landbruksdirektoratet bidra i arbeidet med å styrkje landbruksbasert næringsutvikling.

Landbruksdirektoratet vil òg i 2024 forvalte den mellombelse straumstønadsordninga for jordbruks- og veksthusnæringa.

Direktoratet er sekretariat for to forskingsstyrer; styret for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og styret for FoU-midlar over jordbruksavtalen. Sekretariatet vil i 2024 føre vidare arbeidet med å leggje til rette for eit effektivt og velfungerande styrearbeid gjennom god saksførebuing og oppfølging av vedtak for å sikre forskning av høg kvalitet til størst mogleg nytte for næringa.

Marknadstiltak, handel og industri

Landbruksdirektoratet vil i 2024 arbeide for å sikre ei god forvaltning av dei ulike marknadsordningane for jordbruksråvarer, der like konkurransevilkår for aktørane står sentralt.

Landbruksdirektoratet vil forvalte importvernet for landbruksvarer i tråd med unilaterale, bilaterale og multilaterale forpliktingar, der avsetnad for norske landbruksvarer er eit viktig mål.

Landbruksdirektoratet vil føre vidare arbeidet med faglege analysar og grunnlagsmateriale, mellom anna dei som er til bruk i internasjonale forhandlingar (WTO, EU, EFTA), og rapportering i samsvar med internasjonale forpliktingar.

Direktoratet vil halde fram med å følgje med på konkurransesituasjonen til den mest konkurranseutsette industrien som foredlar jordbruksråvarer (RÅK-industrien), men òg resten av verdikjeda for mat.

Landbruksdirektoratet vil følgje med på dei nasjonale og internasjonale marknadene for landbruksvarer, sørge for å ha relevant og oppdatert informasjon om forsyningssituasjonen, og analysere og rapportere om utviklinga.

Digitalisering og organisasjon

Landbruksdirektoratet vil utvikle vidare styringssystema i verksemda og halde fram arbeidet med å effektivisere verksemda og tenestene. Direktoratet satsar målretta på å styrkje kompetansen i verksemda med eit eige kompetanseprogram.

Digitaliseringsplanen i Landbruksdirektoratet skal bidra til prioriteringar av tiltak som gir nytte for brukarane, samarbeidspartnarane og direktoratet. I 2024 vil arbeidet med å digitalisere tenestene halde fram. Direktoratet har mellom anna arbeidd med digitalisering av reindriftsforvaltninga, forbetring av fagsystem for produksjonstilskott og utvikling av ny løysing for eggleveransar.

Arbeidet med tryggleik og beredskap vil vere eit viktig område òg i 2024.

Post 21 Spesielle driftsutgifter – Beredskapslagring av korn

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å finansiere etablering av beredskapslagring av matkorn for å gi auka sikkerheit i forsyninga av matkorn til den norske

marknaden. Dette arbeidet er viktig for å stå betrusta om det skulle oppstå forstyrningar i verdikjedene, til dømes som følge av store miljøødeleggingar eller sikkerhetspolitiske kriser.

Regjeringa held fram arbeidet med å etablere beredskapslagring for korn, jf. Hurdalsplattforma. Landbruksdirektoratet har på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet arbeidd ut forslag til innretning av ordninga.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 63,4 mill. kroner til etablering av ei ordning med beredskapslagring av matkorn. Ein tek i 2024 sikte på å starte arbeidet med leige av lagerteneser og innkjøp av matkorn med eit mål om at det innan 2029 skal vere på plass eit beredskapslager tilsvarende tre månaders forbruk av matkorn. Ein mindre del av løyvinga kan bli brukt til administrative kostnader i samband med ordninga. Ordninga inneber at staten inngår fleirårige kontraktar med private aktørar. Det blir difor gjort framlegg om ei bestillingsfullmakt på 10,0 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak V.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje større utstyrskjøp og vedlikehald knytt til reindriftsforvaltninga. Løyvinga skal mellom anna dekkje utgiftene til oppfølging av Noregs ansvar ved gjennomføringa av internasjonale avtalar, og til vedlikehald av grensegjerda mot Sverige. Posten skal vidare dekkje utgiftene til oppfølging av reinbeiteavtalar i Røros-regionen og til vedlikehald av gjerde i Hemsedal og Lærdal.

I tillegg skal posten dekkje eventuelle erstatningskrav frå finske og russiske styresmakter i samsvar med gjeldande reingjerdekonvensjon og avtalar.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 3,4 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. I nysalderinga av budsjettet for 2022 blei posten redusert med 11,0 mill. kroner for å dekkje dei auka kostnadene ved reinteiljing i Aust-Finnmark, jf. post 71.

Landbruksdirektoratet har ansvaret for oppfølging av konvensjon mellom Norge og Finland om oppfølging og vedlikehald av reingjerde og

andre tiltak for å hindre at rein kjem inn på det andre rikets område.

Arbeidet med å byggje gjerde mot Finland i samsvar med konvensjonen har vore delt i fire strekningar. I 2022 blei siste del av den fjerde strekninga ferdig. Det står att nokre korte strekningar. Noregs del av utgiftene til felles kartløyving for Noreg og Finland blir òg finansiert over posten. Norsk-finsk reingjerdekommissjon har gjennomført fem møte i 2022.

Statsforvaltaren i Troms og Finnmark hand-sama i 2022 erstatningskrav frå finske styresmakter for norsk rein på ulovleg beite i Finland. Det var fleire slike tilfelle i 2022 enn tidlegare år. Erstatningskrava frå 2022 blei utbetalte i 2023.

Det er over posten dekt kostnader til arbeidet med nytt register for reinmerke og gjennomført kritisk vedlikehald av konvensjonsgjerda mot Sverige, Finland og Russland, og dessutan av gjerda i Røros-området og i Hemsedal og Lærdal.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 13,0 mill. kroner.

Løyvinga i 2024 skal nyttast til vedlikehald av gjerde mot Russland, Finland og Sverige. Det er eit stort behov for vedlikehald særleg av gjerde mot Russland og Finland, og dette skal prioriterast i 2024. Vidare skal arbeidet med å digitalisere reindriftsforvaltninga prioriterast.

Posten skal òg dekkje andre kostnader ved vedlikehald av gjerde, under dette gjerde i Røros-regionen og i Hemsedal og Lærdal, i tillegg til eventuelle erstatningskrav frå finske og russiske styresmakter for norsk rein på ulovleg beite.

Post 50 Arealressurskart

Formål med løyvinga

Over posten blir det gitt støtte til vedlikehald av eit arealressurskart (AR5) som gir næringsdrivande og forvaltninga tilgang til arealinformasjon av høg kvalitet.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 7,6 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Løyvinga er brukt til arbeidet med oppdatering og vedlikehald av arealressurskarta (AR5) hos NIBIO. Karta blir viste mellom anna i løysinga *Gårdskart* på nett og er viktige i samband med kontroll av tilskottsordningar.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 8,0 mill. kroner.

Post 60 Tilskott til veterinærdekning

Formål med løyvinga

Løyvinga skal bidra til tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell.

Tilskott til veterinærdekning har sidan 2008 blitt gitt som eit øyremerkte tilskott. Størsteparten av løyvinga har gått til klinisk veterinær-vakt utanom ordinær arbeidstid.

Posten blir òg nytta til stimuleringsiltak for å bidra til tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringssvake distrikt. I tillegg blir eit mindre beløp nytta til veterinær-tenester på Svalbard.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 178,4 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Midlane til klinisk veterinær-vakt er fordelte til kommunane. Eit mindre beløp har vore nytta til veterinærtenester på Svalbard. Tilskott til stimuleringsiltak har i hovudsak gått til driftsstøtte til veterinærar og til etableringsstøtte og etablering og drift av kommunale stillingar for veterinærar.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 196,4 mill. kroner.

Størsteparten av framlegget til løyvinga på posten er tilskott til klinisk veterinær-vakt utanom ordinær arbeidstid. I framlegget er det òg sett av midlar til kostnader med å administrere vakt for kommunane. Tilskotta blir fordelte til kommunane ut frå ei fastsett vaktinndeling. Landbruksdirektoratet deler midlane ut til kommunane.

Framlegget til løyving omfattar òg stimuleringsiltak som kommunane kan bruke til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringssvake distrikt. Midlane vil bli prioriterte til kommunar som har problem med å få stabil tilgang på veterinær-tenester, og som legg planar for gode lokale løyvingar. Departementet legg til grunn at om lag ein firedel av kommunane vil oppfylle kriteria for å kunne søkje om midlar frå denne delen av løy-

vinga. Eit mindre beløp kan tilsvarende brukast på Svalbard.

Tilstrekkeleg tilgang på veterinærtenester er viktig av omsyn til dyrehelse, dyrevelferd og mattryggleik, og for å kunne ha eit aktivt landbruk i heile landet.

Departementet foreslår at det blir sett av inntil 5 mill. kroner av stimuleringsmidlane i 2024 for å følgje opp tiltak som kan gi betre tilgang til veterinærtenester i distrikta, jf. anbefalingar i *Rapporten om tilgangen på veterinærtjenester*.

Post 70 Tilskott til fjellstuer

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å drifte dei tre stats-eigde fjellstuene Joatka, Mollisjok og Ravnastua. Fjellstuene er viktige for å halde oppe tryggleiken i veglaust terreng, mellom anna for reingjetarar, og har plikt til å halde ope heile året. Landbruksdirektoratet inngår kontrakt med dei som driv fjellstuene.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 816 000 kroner i tråd med formålet med løyvinga.

I 2022 er det gitt tilskott til alle dei tre fjellstuene. I tillegg til det faste driftstilskottet er det òg gitt eit variabelt tilskott til innkjøp av naudsynt utstyr til fjellstuene.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 862 000 kroner.

Post 71 Tiltak for berekraftig reindrift, kan overførast

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å finansiere ulike tilpassingar og tiltak for å leggje til rette for ei berekraftig reindrift. Reinteljing og oppfølging av godkjende bruksreglar er sentrale tiltak, i tillegg til kontrolltiltak retta mot grensekryssande reinbeite mellom Noreg og Sverige.

Auka kunnskap om produksjon og tap vil vere viktig, både for å dempe konflikhtar og for ei berekraftig forvaltning av reindriftnæringa. Kostnader knytte til slik kunnskapsutvikling blir dekte over posten. Utover dette er formålet med løyvinga å dekkje ei rekkje tiltak for å følgje opp både

reindriftslova og grensereinbeitelova, overvakingsprogrammet for Finnmarksvidda, enkelte utviklings- og utgreiingskostnader og arealbrukskart for reindriftnæringa.

Løyvinga skal òg dekkje kostnader ved tiltak i reindriftnæringa ved radioaktivt nedfall.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 utbetalt 18,6 mill. kroner over posten.

Statsforvaltaren i Troms og Finnmark gjennomførte ei tvangsteljing av rein i Aust-Finnmark vinteren 2022. Tvangsteljinga blei langt meir kostnadskreivjande enn det som var føreset, mellom anna fordi det blei gjennomført teljing ved tvang og ikkje ei ordinær offentleg teljing.

I nysalderinga av budsjettet for 2022 blei posten auka med 13,5 mill. kroner for å dekkje dei auka kostnadene ved teljinga.

I tillegg er utgifter til kontroll av grensekryssande reinbeite mellom Noreg og Sverige dekte over posten.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 5,3 mill. kroner.

Løyvinga på posten skal nyttast til kontroll og oppfølging av fastsett reintal og godkjende bruksreglar. Løyvinga skal òg nyttast til kontroll av grensekryssande reinbeite og handheving av beitetider og bruk av beiteområde.

Posten skal òg dekkje tiltak ved radioaktivitet. Frå 2023 er ordninga for tiltak ved radioaktivitet endra slik at ho ikkje lenger er retta berre mot konsekvensar av Tsjernobyl-ulykka, men òg andre framtidige hendingar. Mattilsynet overvakar nivået for radioaktivitet, og fastset grenseverdier for radioaktivitet i mellom anna reinkjøtt. Dersom nivået for radioaktivitet i reinkjøttet i eit område ligg over grenseverdien, kan det bli gitt tilskott som kompensasjon for ekstrakostnader knytte til dette.

Det krev ekstra innsats å følgje opp distrikt der talet på rein ikkje er i samsvar med beiteressursane, og der talet på utøvarar er for høgt til at målet om økonomisk berekraft blir nådd. Oppfølginga inneber mellom anna at det skal leggjast til rette for fellestiltak for betre infrastruktur, og at det framleis skal stimulerast aktivt til auka slaktning og omsetnad av reinkjøtt. Kva for tiltak som blir sette i verk og finansierte over posten, vil vere avhengig av mellom anna situasjonen i det enkelte distriktet og den gjeldande marknadssituasjonen.

Oppfølging av fastsett reintal og godkjende bruksreglar, saman med kontrolltiltak retta mot grensekryssande reinbeite mellom Noreg og Sverige, er prioriterte oppgåver i 2024.

Post 72 Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, overslagsløyving

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje erstatningar ved ekspropriasjon av rett til reinbeite i Trollheimen, jf. føresetnadene i overskjønnet heimla av Frostating lagmannsrett 2. september 1999, og beiteleige ut frå inngåtte reinbeiteavtalar med grunneigarane i Trollheimen.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 530 000 kroner over posten.

Det blei utbetalt erstatning til 45 grunneigarar i Trollheimen. Beiteleige til Trollheimen/Igelfjellet reinbeiteforening for driftsåret 2021/2022 er òg dekt over denne posten.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 600 000 kroner for å dekkje inngåtte avtalar.

Post 73 Tilskott til erstatningar m.m. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, overslagsløyving

Formål med løyvinga

Formålet med ordninga er å gi produsentar erstatning for tap og dekning av visse utgifter i samband med pålagde tiltak mot sjukdommar, smittestoff og skadegjerarar hos dyr og planter, jf. § 22 i Ot.prp. nr. 100 (2002–2003) *Om lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (matlova)*. Løyvinga skal òg dekkje tap i samband med tiltak som blir sett i verk som følgje av antibiotikaresistente bakteriar (MRSA) i svinehaldet, tiltak for å redusere innhaldet av radioaktivitet i storfe og småfe og enkelte andre kompensasjonar for å lette etterleving av krava i matlova og plikter i primærproduksjonen, jf. matlova § 31. Landbruksdirektoratet kan, etter søknad og i spesielt krevjande saker, over denne posten dekkje heile eller delar av statsforvaltaren sine kostnader ved kjøp av spesialistvurderingar som trengst for å handsame erstatningssakene.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 29,3 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Skadegjerarar i planteproduksjon

Det blei utbetalt 4,7 mill. kroner i erstatning etter offentlege pålegg i planteproduksjon i 2022. Av totalbeløpet gjekk 2,1 mill. kroner til nedkjemping av pærebrann og 1,2 mill. kroner gjekk til erstatning til sanering etter påvising av Tospovirus. Vidare blei 816 000 kroner utbetalt til behandling av raud marg i jordbær, om lag 435 000 kroner utbetalt til erstatning for tomatbrunflekkvirus og om lag 88 000 kroner utbetalt til erstatning for nedkjemping av *Phytophthora ramorum*.

Pålagd slakting

I 2022 blei det utbetalt om lag 23,9 mill. kroner i samband med erstatning etter pålagde tiltak i husdyrbesetningar. Av den totale utbetalte erstatninga gjekk 15,3 mill. kroner til dekning av kostnader ved sanering for Aviaer influensa. 5,5 mill. kroner blei utbetalt i erstatning for Newcastle disease. Andre husdyrsjukdommar det blei utbetalt erstatning for var Salmonella, Open yngelrâte og Mædi-visna.

Radioaktivitet

Forureininga etter atomulykka i Tsjernobyl skaper framleis problem for beitebruken enkelte stader på Indre Austlandet og i Midt-Noreg. For å redusere opptaket beitedyra har av radioaktivt cesium frå utmarksbeitet, blir det brukt giesesalt som fôrtilsetning eller i form av saltslikkestein tilsett giesesalt på slutten av beitesesongen. For høge verdier av radioaktive stoff kan føre til at slaktet ikkje kan brukast til mat. Erstatning for radioaktivitet går i stor grad til å erstatte kostnader for transport til måleplass og til ekstra fôrkostnader ved pålagd nedfôring.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 55,6 mill. kroner.

Landbruksdirektoratet har lagt inn tinging på ny levering av giesesalt og saltslikkesteinar. Dette vil bli levert i 2023. Situasjonen i Ukraina fører til auka behov for innkjøp av giesesalt til beredskapslager. Det pågår ein regodkjenningsprosess av tilsetningsstoffet giesesalt i EU. Vidare bruk av

dette tilsetningsstoffet føreset at stoffet blir regodkjent som tilsetningsstoff. Godkjenningssprosessen kan utløse ytterlegare kostnader i 2024.

Post 74 Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagde beitenekt

Formål med løyvinga

Løyvinga på posten blir brukt til å gi dyreeigarar økonomisk kompensasjon når Mattilsynet som følgje av fare for rovviltangrep har gjort vedtak om beiterestriksjonar for storfe og småfe med heimel i dyrevelferdslova.

Rapportering 2022

Det blei ikkje nytta midlar til formålet. Mattilsynet gjorde ingen vedtak om restriksjonar i bruk av utmarksbeite i 2022 som førte til utbetalingar av kompensasjon same år.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1,0 mill. kroner.

Post 75 Stønad til jordbruks- og veksthusnæringa for ekstraordinære straumutgifter, overslagsløyving

Formål med løyvinga

Primærprodusentar i jordbruket, veksthus og vatningslag fekk frå desember 2021 ei mellombels ordning med straumstønad. Formålet med straumstønadsordninga for jordbruks- og veksthusnæringa, som følgje av ekstraordinære straumutgifter, er å bidra til at norsk matproduksjon og norsk produksjon i veksthus kan oppretthaldast trass i dei ekstraordinære utgiftene til straum. Ordninga var ny i 2022, og blei i 2023 forlenga slik at ho vil gjelde ut 2024.

Rapportering 2022

Landbruksdirektoratet forvaltar ordninga med straumstønad til jordbruk, veksthus og vatningslag. Det blei utbetalt 779,7 mill. kroner over straumstønadsordninga i 2022.

Budsjettframlegg 2024

Straumstønadsordninga for jordbruket gjeld for primærprodusentar og har ei grense for maksi-

malt forbruk på 60 000 kWt per foretak per månad. Straumstønadsordninga for veksthus og vatningslag har inga avgrensing på forbruk.

Straumstønadsordninga blei innført som ei mellombels ordning frå desember 2021. Regjeringa har forlenga ordninga til og med 31. desember 2024. Ordninga vidarefører dagens berekningsmetode med gjennomsnittleg månadleg straumpris. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 102,3 mill. kroner.

Post 77 Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald, kan overførast

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å gi kompensasjon etter avvikling av pelsdyrhald. Stortinget vedtok i 2019 eit forbod mot hald av pelsdyr etter 1. februar 2025. Den opphavelge kompensasjonsordninga er endra som følgje av lovvedtak i juni 2021. Dei nye reglane tredde i kraft i mars 2022. Oppdrettarane har no rett på erstatning anten etter ekspropriasjonsrettslege reglar eller ut frå nedskrivne gjenkjøpsverdi. I tillegg blir kostnader til riving og opprydding av pelsdyranlegg og ei ordning med kompensasjon for forventede lågare framtidig alderspensjon som følgje av forbodet mot pelsdyrhald, ført på posten.

Ein mindre del av løyvinga kan bli brukt til administrative kostnader i samband med ordninga. Dette omfattar òg kostnader til taksering av pelsdyranlegg og eventuelle kostnader til skjønnsprossar.

Kompensasjonen er ei regelstyrt ordning, og løyvinga vil bli tilpassa naudsynte utbetalingar. Den enkelte vil få utmålt og utbetalt kompensasjon etter eit fastsett regelverk.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta om lag 221,7 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Det blei utbetalt i overkant av 8,3 mill. kroner i kompensasjon etter dei opphavelge reglane, og 153 mill. kroner i erstatning etter dei nye reglane i samband med avvikling av pelsdyrhald. Vidare blei det utbetalt om lag 52 mill. kroner som kompensasjon for riving og opprydding av pelsdyrhus. I 2022 blei det innvilga kompensasjon for lågare årleg alderspensjon med 718 000 kroner.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 250,0 mill. kroner. Det er usikkert korleis utbeta-

lingar på posten vil fordele seg mellom år. Det blir difor gjort framlegg om ei tilsegnfullmakt på 250 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak IV.

Post 78 Tilskott til omstilling ved avviking av pelsdyrhald, kan overførast

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å lette omstillinga for pelsdyroppdrettarar i samband med forbod mot hald av pelsdyr, jf. Prop. 99 L (2018–2019) *Lov om forbud mot hold av pelsdyr*. Dette omfattar i hovudsak ei ordning med tilskott til omstilling som blir forvalta av Innovasjon Norge. Løyvinga vil òg bli nytta til tilskott til arbeidsretta kompetanseheving for pelsdyroppdrettarar, forvalta av Landbruksdirektoratet.

Ein mindre del av løyvinga kan bli brukt til administrative kostnader i samband med ordningane.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 25,3 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 34,0 mill. kroner. Det er gitt tilsegn om alle midlar som tidlegare er løyvd på posten, men utbetaling skjer i takt med gjennomføring av tiltaka. Departe-

mentet legg til grunn at det ved årsskiftet 2024/2025 framleis vil vere tilsegn basert på tidlegare, overførbare løyvingar der heile beløpet enno ikkje er utbetalt. Det blir difor gjort framlegg om ei tilsegnfullmakt på 10,0 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak IV.

Post 80 Radioaktivitetstiltak

Formål med løyvinga

Statens ansvar for å dekkje kostnader som følgje av radioaktiv nedfall etter Tsjernobyl-ulykka har som prinsipielt utgangspunkt det vedtaket som regjeringa gjorde om økonomisk skadesløyse 31. juli 1986. Regelverket for radioaktivitetstiltak i reindrifta blir fastsett etter dialog mellom avtalepartane, på same måte som forskriftene etter rein-driftsavtalen.

Mattilsynet overvaker nivået for radioaktivitet, og fastset grenseverdiar for radioaktivitet i mellom anna reinkjøtt. Dersom nivået for radioaktivitet i reinkjøttet i eit område ligg over grenseverdien, kan det gis tilskott som kompensasjon for ekstrakostnader knytte til dette.

Posten blei avvikla i 2023, og radioaktivitetstiltak blir frå 2023 dekte over kap. 1142, post 71.

Rapportering 2022

Det blei ikkje utbetalt midlar til radioaktivitetstiltak i 2022.

Kap. 4142 Landbruksdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
01	Driftsinntekter, refusjonar m.m.	46 231	47 853	50 463
	Sum kap. 4142	46 231	47 853	50 463

Post 01 Driftsinntekter, refusjonar m.m.

Inntektene i 2022 blei 46,2 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 50,5 mill. kroner i 2024.

Posten gjeld driftsinntekter som Landbruksdirektoratet har i samband med mellom anna

sekretariatet for Omsetningsrådet, styret for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt, og styret for Utviklingsfondet for skogbruket, administrasjon av ulike fond, prisutjamningsordninga og kvoteordninga for mjølk.

Kap. 1148 Naturskade – erstatningar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
71	Naturskade – erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	40 882	89 400	140 400
	Sum kap. 1148	40 882	89 400	140 400

Post 71 Naturskade – erstatningar, overslagsløyving**Formål med løyvinga**

Løyvinga skal dekkje erstatningar for naturskade. Statens naturskadeordning gir erstatning for dei naturskadane det ikkje er mogleg å forsikre seg mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning, og løyvinga skal brukast til å dekkje desse utgiftene. Søknader om erstatning for naturskadar etter naturskadeerstatningslova blir handsama etter ein rein forvaltningsmodell. Landbruksdirektoratet avgjer sakene i førsteinstans, mens klagenene blir avgjorde av Klagenemnda for naturskadesaker som klageinstans.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 40,9 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

I 2022 blei det handsama 508 saker. Det blei gitt tilsegner om erstatning for om lag 36,8 mill. kroner. Utbetalingane i 2022 var på om lag 26,5 mill. kroner og gjeld erstatningssaker for 2022 og tidlegare år. Tilsegner om erstatning blir gitt med ein utbetringsfrist på tre år.

Ansvarer som utgjer gitte, men ikkje innfridde tilsegner om erstatning, var 31. desember 2022 på om lag 47,2 mill. kroner.

Stormen 19. november 2021 ramma skogeigedommar frå Lillehammer og Øyer i nord og syd-vestover gjennom Viken mot Telemark. Skadeomfanget på skogeigedommane var truleg samla sett større enn stormen Dagmar i 2011. I samband med det store skadeomfanget på skogeigedommane kom § 18 i naturskadeerstatningsforskrifta, ansvaret til staten ved stormskadar på skog, til bruk. Dette var første gong denne paragrafen kom til bruk etter at han tredde i kraft i 2005. Grensa til staten blei for desse stormskadane overskride med 10,9 mill. kroner, og dette beløpet blei utbetalt til forsikringsselskapet til skog-eigarane, Skogbrand, i slutten av 2022.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 140,4 mill. kroner og ei tilsegnfullmakt på 162,2 mill. kroner for 2024, jf. tabell 4.8 og framlegg til vedtak IV.

Tabell 4.8 Tilsegnfullmakt naturskadeerstatningar i 2024 (i mill. kroner)

Ansvar 1.1.2023	47,2
+ Venta tilsegner i 2023	87,8
= Sum	135,0
- Venta erstatningsutbetalingar i 2023	85,7
= Venta ansvar 31.12.2023	49,3
+ Takseringskostnader, IKT-vedlikehald o.a.	3,3
+ Venta nye tilsegner i 2024	250
= Sum	302,6
Forslag til løyving i 2024	140,4
Forslag til tilsegnfullmakt i 2024	162,2

Klimaframskrivingar viser at vi i Noreg må rekne med meir ekstremvêr. Med ei slik utvikling kan det bli fleire og meir omfattande naturskadar i åra framover.

Dei som blir råka av naturskade har på visse vilkår rett til erstatning over statens naturskadeordning etter naturskadeerstatningslova. Det knyter seg uvisse til budsjetteringa for ordninga. Dette kjem av at omfanget av naturulukker varierer frå år til år, og at erstatninga blir utbetalt etter at skaden er utbeta. Fristen for utbetring tre år, noko som òg verkar inn på den årlege utbetalinga. Ved budsjetteringa av løyvinga blir difor normalt eit gjennomsnittleg år for naturskadar lagt til grunn, og det er i tillegg knytt ei tilsegnfullmakt til posten.

På grunn av ekstremveret «Hans» i 2023 forventar Landbruksdirektoratet i 2024 vesentleg

fleire søknader om erstatning enn i eit normalår. Venta tilsegn, og forslag til løyving og tilsegnsmakt, tek på usikkert grunnlag ei viss høgde for dette. Det kan bli aktuelt å justere både løyving og tilsegnsmakt i revidert budsjett for 2024, når dei samla konsekvensane av ekstremvêret «Hans» er klargjorde.

Direktoratet skal sørge for at krav om erstatning for naturskadar blir handsama raskt og forsvareleg. Direktoratet skal dessutan raskt kunne setje inn målretta og utvida innsats når det skjer store naturulukker.

Landbruks- og matdepartementet følgjer opp ordninga på bakgrunn av mellom anna styringsdialog, rapportar og informasjon om økonomi.

Løyvinga skal dekkje innfriing av tilsegner som blir gitt i 2024 og uteståande tilsegner frå tidlegare år. Vidare skal løyvinga dekkje kostnader ved taksering av skadar, informasjonstiltak og andre tiltak som bidreg til å redusere skadeverknadene av framtidige naturulukker, eller aukar verknaden av ressursane som blir nytta på naturskadeområdet. Løyvinga skal òg dekkje utgifter som trengst til ekstrahjelp, kompetansetiltak og vedlikehald og vidareutvikling av IKT-systemet for ordninga. I tillegg skal utgifter til Klagenemnda for naturskadesaker dekkjast av posten.

Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	4 943	4 943	3 571
71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	68 065	51 174	54 223
73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i>	44 073	55 852	55 852
	Sum kap. 1149	117 081	111 969	113 646

Post 51 Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket. Vedtektene for Utviklingsfondet for skogbruket blei fastsette ved kgl.res. datert 25. februar 1977, med endringar sist av 4. desember 2014. Fondet har til oppgåve å støtte opp om forskning, utvikling, informasjon og opplæring innanfor skogbruket. I styret for fondet er offentleg forvaltning og private organisasjonar innanfor skogsektoren representerte. Landbruksdirektoratet er sekretariat for fondet.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 4,9 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. I alt fekk 10 nye prosjekt tilskott.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 3,6 mill. kroner til Utviklingsfondet for skogbruket. Midlane frå fondet vil i første rekkje gå til brukarretta FoU-verksemd med klare problemstillingar og mål. Fondet skal bidra til prosjekt som utviklar og styrkjer skogbruket som ei rasjonell, økonomisk og berekraftig næring.

Post 71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, kan overførast

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje tilskott til vidareutvikling av ein betre transportinfrastruktur for skogbruket i tillegg til andre verdiskapingstiltak i skogbruket. Infrastrukturtiltak i skogbruket bidreg til reduserte kostnader som er viktige for eit lønsamt skogbruk og for auka konkurransekraft og verdiskaping i skogsektoren.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 68,1 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Av dette blei det utbetalt 28,1 mill. kroner til tømmerkaier og 40 mill. kroner til skogsvegar. Det blei ut over dette gitt tilsegn på 20,1 mill. kroner til tømmerkaier, mellom anna 17,5 mill. kroner til eit nytt kaiprojekt i Heim kommune i Trøndelag.

Det blei bygd om lag 110 km nye skogsbilvegar og ombygd om lag 233 km eldre skogsbilvegar. Dette er på nivå med året før. Aktiviteten må sjåast i samanheng med løyvingane til det same formålet over kap. 1150, post 50.

Ansvar på posten 31. desember 2022 var på 119,1 mill. kroner.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 54,2 mill. kroner til verdiskapingstiltak i skogbruket i 2024. Løyvinga på posten, saman med løyvinga på kap. 1150, post 50, skal bidra til å følgje opp regjeringa sitt vegkart for grønt industriløft, der skog- og trenæringa og annan bioøkonomi er eitt av satsingsområda.

Tilskott frå posten vil bli gitt til verdiskapingstiltak med vekt på tiltak som bidreg til å redusere transportkostnadene i skogbruket. Behovet for investeringar i infrastruktur er stort over heile landet, men kyst- og innlandsfylka har ulike utfordringar. I mange av kystfylka står mykje av den skogen som i dag er hogstmoden, eller som snart blir det, langt frå veg eller i vanskeleg tilgjengeleg terreng. I innlandsfylka er ein stor del av skogsvegnettet gammalt og treng opprusting for å oppfylle transportbehova og dei krava som moderne transportutstyr stiller.

Tilskott til investeringar i betre skogsvegar er målretta og prioriterte tiltak for meir kostnadseffektiv tømmertransport. Desse investeringane vil òg bidra til betre klimatilpassing av vegnettet i skogbruket, mellom anna gjennom tiltak som minskar faren for erosjon og lausmasseskred ved kraftig nedbør.

Tilgang til kai og sjøtransport opnar for kostnadseffektive leveransar av tømmer, flis og andre treprodukt til foredlingsindustrien i Noreg og til marknader nasjonalt og internasjonalt. Midlar over denne posten skal bidra til bygging og ombygging av kaier og kaiterminalar for rasjonell transport og logistikk knytte til tømmer. Landbruksdirektoratet forvaltar ordninga med tilskott

til tømmerkaier for departementet. Dei mest sentrale tømmerkaiene langs kysten er no bygd eller under bygging, men det kan òg i 2024 vere aktuelt å nytte midlar frå posten til enkelte kaiprojekt.

Som for 2023 vil departementet bruke ein kombinasjon av løyving og tilsegnfullmakt som verkemiddel for ei effektiv planlegging og gjennomføring av større infrastrukturiltak i skogbruket, der investeringane skjer over fleire år.

Sidan tilskotta ikkje alltid kjem til utbetaling same året som det blir gitt tilsegn, gjer departementet framlegg om ei tilsegnfullmakt for 2024 på 72,2 mill. kroner for å kunne dekkje ansvar frå tidlegare år, jf. tabell 4.9 og framlegg til vedtak IV. Beløpet er basert på ein prognose frå Landbruksdirektoratet.

Tabell 4.9 Tilsegnfullmakt infrastrukturiltak i 2024 (i mill. kroner)

Ansvar 1.1.2023	119,1
+ Venta tilsegner i 2023	48,5
= Sum	167,7
- Venta utbetalningar i 2023	63,4
= Venta ansvar 31.12.2023	104,2
+ Venta nye tilsegner i 2024	22,2
= Sum	126,4
Forslag til løyving i 2024	54,2
Forslag til tilsegnfullmakt i 2024	72,2

Post 73 Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, kan overførast

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje tilskott til skog-, klima-, og energitiltak. Skogen har ei viktig rolle for klimaet. Regjeringa vil halde fram med å leggje til rette for tiltak som kan ta vare på eller styrkje karbonlageret i skogen. Dette vil i sin tur auke ressursgrunnlaget slik at fornybart skogråstoff i større grad kan erstatte fossile utslepp i andre sektorar.

Løyvinga dekkjer òg tilskott til Stiftinga Det norske Skogfrøverk, som har som oppgåve å sikre forsyninga av skogfrø i Noreg. Tilskottet frå departementet er basert på ein avtale med stiftinga om forvaltningsoppgåver frå 1995.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 44,1 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

28,5 mill. kroner gjekk til klimatiltak i skog. Av dette blei 25,0 mill. kroner nytta til tettare planting etter hogst. Vidare blei det nytta midlar til gjødsling av skog, planting av skog på nye areal og ungsogpleie. Det blei ikkje produsert gjødsel for skog i 2022, og av den grunn gjekk aktiviteten knytt til gjødsling vesentleg ned i 2022.

Det blei òg løyvd 9,0 mill. kroner til Stiftinga Det norske Skogfrøverk til forvaltningsoppgåver. Oppgåvene omfattar kontroll etter forskrift om skogfrø og skogplanter, produksjons- og utviklingsoppgåver og informasjons- og opplærings-tiltak knytte til anlegg for frøproduksjon. Til klimatiltaket skogplanteforedling blei det løyvd 6,0 mill. kroner.

Det blei ut over dette løyvd 650 000 kroner til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) til prosjektet *PlanteValg*. Prosjektet skal gi skogeigaren og rettleiingsapparatet eit betre grunnlag for å velje best mogleg plantemateriale ved forynging av skog.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 55,9 mill. kroner til skog-, klima- og energitiltak i skog.

Av dette vil 40,2 mill. kroner bli nytta til klimatiltak som tilskott til tettare skogplanting, gjødsling av skog, foredling av skogplanter og -frø og ungsogpleie. Klimatiltaka vil auke opptaket av CO₂ i skogen. Tiltaka vil samstundes styrkje ressursgrunnlaget, og dermed grunnlaget for verdiskaping i skog- og trenæringa i eit langsiktig perspektiv. Klimatiltaka blir rekna som kostnads-effektive og er blant dei billigaste klimatiltaka som kan gjennomførast nasjonalt. Ved full implementering har tiltaka eit langsiktig potensial til å auke opptaket av CO₂ i skog med 4–6 mill. tonn CO₂ årleg fram mot 2100, jf. Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan for 2021–2030*. Tilskottsordningane er baserte på skog- og miljøfaglege kriterium utarbeidde av Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet.

Departementet legg opp til ei løyving til Stiftinga Det norske Skogfrøverk på 15,0 mill. kroner, der 9,0 mill. kroner går til forvaltningsoppgåver og 6,0 mill. kroner går til arbeidet med langsiktig skogplanteforedling og utvikling.

Departementet legg opp til ei løyving til prosjektet *PlanteValg* ved NIBIO på 650 000 kroner. Prosjektet skal gi skogeigaren og rettleiingsapparatet eit betre grunnlag for å velje best mogleg plantemateriale ved forynging av skog.

Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	15 834	15 800	10 200
50	Tilskott til Landbrukets utviklingsfond	1 635 823	2 058 553	2 331 553
70	Marknadstiltak, <i>kan overførast</i>	258 678	335 100	341 140
71	Tilskott ved produksjonssvikt, <i>overslagsløyving</i>	93 890	96 500	102 400
73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	4 830 023	5 381 935	5 802 918
74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	12 081 695	14 195 545	16 139 630
77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	285 578	319 861	346 470
78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 521 827	1 679 065	1 914 969
	Sum kap. 1150	20 723 348	24 082 359	26 989 280

Tilpassing til økonomiregelverket i staten

Verkemidla under jordbruksavtalen skal samla sett gi rammevilkår som fører til ei god måloppnåing både for næringa og for samfunnet. Ei vurdering av hovudmåla post for post på budsjettkapittelet gir ikkje fullgod informasjon. Difor er det heller ikkje tenleg å ha ei eiga resultatrapportering på kvar enkelt ordning. I omtalen under dette kapittelet gjer departementet årleg greie for hovudtrekka i tilpassingane for ulike ordningar og for bruken av ulike aktørar i forvaltninga av ordningane.

Marknadsregulering og pristilskott/frakttilskott

Tilskott til produsert volum, til marknadstiltak og til frakt blir dekt over fleire ordningar under kap. 1150, post 70 og 73, og i nokon grad under post 77. Satsane er baserte på fastsette kriterium, som produktgruppe, levert volum, distrikt med meir. Grunnlaget for tilskotta som blir utbetalte til produsentane via eit omsetnadsledd, vil normalt vere det same som grunnlaget for oppgjeret mellom omsetnadsledd og produsent. Ordningane utgjer ein del av avtalesystemet med fleire mål og verkemiddel som verkar saman mot dei same måla. Resultatrapporteringa skjer difor samla basert på rapportering frå Budsjettnemnda for jordbruket i samband med den årlege proposisjonen om jordbruksoppgjeret. Rapporteringa blir i tillegg supplert av vurderingsrapportar og statusnotat frå heile forvaltninga som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar.

Tilskott som blir utbetalt via eit omsetnadsledd, skil seg òg frå normalprosedyren ved at tilskottsmottakarane normalt ikkje søker om tilskottet. Storleiken på tilskotta er ei direkte følge av levert vare til omsetnadsleddet. Omsetnadsledda gjer ikkje eigne vurderingar ved forvaltninga av tilskotta. Dei blir difor ikkje rekna som tilskottsforvaltarar, men som medhjelparar. Vidare blir det ikkje sendt eigne tilskottsbrev til, eller kravd rapport frå tilskottsmottakarane (produsentane). Tilskottsbeløpet går normalt fram av avrekninga for kvar leveranse. Naudsynt kontroll blir sikra gjennom kontroll hos omsetnadsledda som leverer grunnlaget for utbetalingane, og som formidlar tilskottet til den enkelte produsenten. Vanlegvis blir det ikkje utført kontroll hos produsentane, men Landbruksdirektoratet har moglegheit til å kontrollere at rett sone er lagt til grunn for berekninga av tilskottet. Samla sett bidreg dette til ei kostnadseffektiv forvaltning av ordningane.

Direkte tilskott og tilskott til velferdsordningar m.m.

Desse ordningane ligg under jordbruksavtalen kap. 1150, post 74 og 78. Også under post 77 har ein slike ordningar. Dei direkte tilskotta er baserte på objektive kriterium slik som talet på dyr, areal, produksjonstype, mengd og distrikt. Satsane står i forhold til løyvd beløp og prioriteringar mellom ulike produksjonstypar, produksjonsomfang og lokalisering av driftseiningane. Velferdsordningane er i hovudsak tiltak for å refundere kostnader til avløyning for sjukdom og moglegheit for ferie/fritid i verksemdar som krev arbeid alle dagar i året. Ein står her overfor den same problemstillinga når det gjeld målformulering og kriterium for måloppnåing som for tilskott til marknadsregulering, pris og frakt. For ordningane med direkte tilskott og velferdsordningar vil resultatrapporteringa òg i hovudsak skje samla basert på rapportering frå Budsjettnemnda for jordbruket i samband med proposisjonen om jordbruksoppgjeret. Det er heller ikkje for denne gruppa av ordningar aktuelt å hente inn rapport frå tilskottsmottakarane. Det gjeld òg for ordninga med tilskott til veterinære reiser, der tilskott blir utbetalt etter søknad om refusjon av utgifter som allereie er oppsamla. Her kan det ikkje stillast vilkår om kva midlane skal nyttast til, eller krevjast rapportering om bruken av midlane.

Kollektive overføringar

På enkelte område er det administrativt meir effektivt å overføre tilskott samla frå departementet og/eller Landbruksdirektoratet direkte til ein sams mottakar, framfor først å utbetale tilskott til kvar produsent, som så betaler inn til same slutt-mottakar. Godtgjersla i sjukepengeordninga for bønder er finansiert gjennom ei kollektiv overføring frå jordbruksavtalen til Folketrygdfondet. Ei anna kollektiv overføring er innbetaling av omsetnadsavgift for frukt og grønt på post 70. Oppfølginga av desse ordningane vil vere å føre over løyvd beløp til rett mottakar. I tillegg må ein regelmessig vurdere om ordningane verkar som tiltenkt, og om overføringane gir eit rett uttrykk for reelle utgifter.

Forvaltning

Hovuddelen av forvaltninga av tilskotta under jordbruksavtalen er delegert til Landbruksdirektoratet. Størsteparten av dei administrative kostnadene til forvaltning av tilskottsordningane blir direkte dekte innanfor løyvingane over kap. 1142,

over kap. 525 til statsforvaltaren i budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet, over kap. 571 rammetilskottet til kommunane og kap. 572 rammetilskottet til fylkeskommunane frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Løyvinga over kap. 1150, post 21, skal dekkje kostnader i samband med utgreiingar i arbeidsgrupper, evalueringar og utvikling av nye IKT- og fagsystem i Landbruksdirektoratet for forvaltning av tilskott over kap. 1150. For å kunne ha fleksibilitet kan det òg i nokre høve vere aktuelt å dekkje utviklings- og utgreiingskostnader over tilskottsordningane.

På enkelte område skjer forvaltninga av tilskott gjennom organ som ikkje er ein del av statsforvaltninga. Dette gjeld særleg Innovasjon Norge. Kommunane er førstelinestyresmakt for dei fleste økonomiske verkemidla på landbruks- og matområdet, og omsetnadsledda har som omtalt ei medhjelparrolle i utbetalinga av tilskott til produsentane. I tilfelle der ikkje-statlege aktørar er tilskottsforvaltarar har departementet klargjort ansvar og oppgåver for desse aktørane. På nokre område er det fastsett at eit styre, utval eller råd skal tildele tilskottsmidlar, mens Landbruksdirektoratet er sekretariat og har ansvar for alle dei andre forvaltningsoppgåvene.

Departementet og tilskottsforvaltninga arbeider kontinuerleg med å ha så gode kontrollsystem som mogleg. Det er etablert prosessar for å styrkje statsforvaltaren sin kontrollfunksjonen på landbruksområdet, mellom anna krav om at embeta årleg skal utarbeide ein risikobasert kontrollplan og gjennomføre føretaks-kontroll og forvaltningskontroll av kommunar. Statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet følgjer elles opp kommunane gjennom rettleiing og rådgiving, kommunebesøk, og særskilde samlingar og kompetansetiltak. Samla sett har det målretta arbeidet med kontroll og oppfølginga av kontroll dei siste åra gitt resultat. Det er likevel framleis behov for vidareutvikling av kontrollsystema i landbruket. Det gjeld særleg å bidra til at kommunane har tilstrekkeleg kompetanse og ressurser, og at statsforvaltaren og kommunane har ei meir systematisk oppfølging av avvik. Departementet vil følgje opp området vidare framover i tråd med det Riksrevisjonen har peika på i fleire samanhengar.

Rapportering 2022

Måla for landbrukspolitikken er omtalte i del I og III av proposisjonen. Hovudmålet er å sikre forbrukarane trygg mat, og å produsere den maten

som forbrukarane etterspør. Ved sida av å produsere varer og tenester i marknaden, er norsk matsektor òg leverandør av ei rekkje fellesgode som ikkje kan omsetjast i marknaden, som mellom anna kulturlandskap og landbruksproduksjon i heile landet. Verkemidla bidreg til at måla for landbrukspolitikken blir nådde gjennom produksjon av varer og tenester for ein marknad, i kombinasjon med produksjon av slike fellesgode. Mange av tilskottsordningane verkar inn på fleire av måla samstundes. Det gjeld mellom anna tilskott som skal sikre det økonomiske grunnlaget for produksjon og velferd for næringsutøvarane. Verkemiddel som er meir målspeifikke vil òg kunne påverke andre mål.

Produksjon av trygg mat er òg ein grunnleggjande føresetnad for næringspolitikken i jordbruket, men dei spesifikke verkemidla er i stor grad av ikkje-økonomisk karakter, og dei matpolitiske verkemidla ligg utanfor avtalen. Det finst òg fleire juridiske verkemiddel som kan verke mot same mål som dei økonomiske. Dessutan er dette tiltak og rammer for sjølvstendige næringsutøvarar. Alt i alt gjer dette at måloppnåinga ikkje kan vurderast ut frå det enkelte tiltak, men på indikatorar som viser utviklingstrekk i næringa samla sett. I jordbruksoppgjeret 2022 blei staten og jordbruket sine organisasjonar samde om ein avtale som innebar ein samla auke i inntektsmoglegheitene for 2022 og 2023 på 10 900 mill. kroner, samanlikna med 2022 før oppgjer. Stortinget vedtok jordbruksoppgjeret 15. juni 2022. Avtalen innebar ein auke i løyvinga over statsbudsjettet på 2 000 mill. kroner i 2022 og ytterlegare 3 505 mill. kroner i 2023. I sum for 2022 og 2023 blei løyvingane over jordbruksavtalen auka med 7 505 mill. kroner.

Kapittel 3 i Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2023 m.m.)* gir ein oversikt over sentrale utviklingstrekk for dei måla som er relevante for dei verkemidla som er omfatta av jordbruksavtalen. Sjå òg resultatrapporteringa i del III av denne proposisjonen.

Jordbruksoppgjeret 2023

Dei to jordbruksorganisasjonane klarte ikkje å bli samde om eit felles krav i jordbruksoppgjeret i 2023. For omtale av prosessen fram mot framlegg av krav, sjå omtale under programkategori 15.30. Norges Bondelags forhandlingsutval la fram sitt krav på vegne av jordbruket den 26. april. Den 5. mai la staten fram sitt tilbod. Det blei halde forhandlingsmøte i plenum 9. og 10. mai, der partane

gjekk grundig gjennom krav og tilbud og utdjupa sine synspunkt. I perioden 11. til 16. mai blei det halde møte på leiarnivå og ulike arbeidsgrupper gjekk gjennom spesifikke problemstillingar. I plenumsmøte 16. mai konstaterte statens forhandlingsleiar at det var inngått jordbruksavtale mellom partane, og sluttprotokollen blei underskriven. Jordbruksoppgjæret blei sendt Stortinget som Prop. 121 S (2022–2023). Proposisjonen blei handsama i Stortinget den 15. juni 2023 på grunnlag av Innst. 487 S (2022–2023) frå næringskomiteen.

I tråd med Hovedavtalen for jordbruket fastsette staten og jordbruksorganisasjonane føresegner og tiltak i ein jordbruksavtale, i samsvar med Stortingets handsaming. Jordbruksavtalen omfattar målprisane for perioden frå 1.7.2023 til 30.6.2024 og tilskott som blir utbetalt i 2024. Målprisauken er berekna til 864 mill. kroner. Løyvinga på kap. 1150 blir auka med 2 907 mill. kroner, og verdien av jordbruksfrådraget aukar med 328 mill. kroner. Den samla auken i inntektsmoglegheiter etter jordbruksoppgjæret i 2023 for 2024 er 4 147 mill. kroner.

Budsjettframlegg 2024

I jordbruksoppgjæret blei den samla løyvinga på kap. 1150 auka med 2 907 mill. kroner for 2024. Postane 71 og 73 er overslagsløyvingar der satsar og volum styrer løyvingsbehovet.

Krig og underskott på energi gir òg det kommande året høge prisar på mange varer og frakt internasjonalt. Utviklinga i grensehandelen og ustabile marknader gjer òg at det er uvisse omkring volumanslaga for overslagsløyvingane. For ordninga med tilskott ved produksjonssvikt har meir ekstremvær ført til at normalt forbruk over ordninga blir høgare enn før. Normalåret gir tilskott over post 71 tilsvarende 102,4 mill. kroner. Prognosane for 2024, det vil seie utan volumjustering og med uendra satsar, viser ei redusert løyving på post 73, med 273,2 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2023.

Dette gir ei samla løyving over kapittel 1150 i 2024 tilsvarende 26 989,280 mill. kroner, mot 24 082,359 mill. kroner i saldert budsjett for 2023.

Jordbruksoppgjæret innebar òg i år eit vesentleg bidrag for å styrkje miljø- og klimaarbeidet i jordbruket. Avsetjinga som har klima- og miljøverknad blei auka med 1 112,7 mill. kroner frå 2023 til 2024, og totalt er 9 305 mill. kroner sett av til desse ordningane over jordbruksavtalen for 2024. Det er ei særskild satsing retta mot tiltak som skal betre situasjonen i Oslofjorden.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å bidra til auka måloppnåing og meir effektiv tilskottsforvaltning gjennom å dekkje kostnader til utvikling av IKT-/fag-system i forvaltninga av tilskott, evalueringar av ordningane og til arbeidsgrupper som er sette ned av avtalepartane eller vedtekne av Stortinget. I nokre tilfelle der kostnadene er direkte relaterte til konkrete tilskottsordningar, kan dei òg bli finansierte over ordninga.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 15,8 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Følgjande prosjekt blei finansierte over ordninga i 2022:

- digitaliseringsprosjekt skog
- ekspertgruppe – modell for å gjere synleg klimaeffekt av jordbruksoppgjæret
- modernisering og risikoreduserande tiltak eStil-RMP
- ulike arbeidsgrupper og utgreingar
- forbetring av eStil-PT

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 10,2 mill. kroner. Løyvinga skal mellom anna finansiere arbeid med forbetring, modernisering og risikoreduserande tiltak i eStil-PT, òg avvikling av Eggsys og flytting av eggdata til LDB. 2,0 mill. kroner er sett av til å finansiere arbeidsgrupper og utgreingar til partane i jordbruksoppgjæret.

Post 50 Tilskott til Landbrukets utviklingsfond (LUF)

Formål med løyvinga

Midlane over posten blir løyvde til Landbrukets utviklingsfond (LUF). I tråd med vedtektene til LUF kan fondsmidlane nyttast til tiltak som styrkjer og byggjer ut næringsgrunnlaget på dei enkelte landbruksføretaka. Ordningane under LUF omfattar verkemiddel knytte til næringsutviklings- og miljøtiltak, medrekna mellom anna tilskottsordningar, utviklingsprogram og prosjekt. Fleire av ordningane som ligg under LUF er viktige for å følgje opp ambisjonane i Hurdalsplattforma knytt til utvikling og investering innan landbruksnærings-

auka produksjon og omsetnad av lokalmat og -drikke og økologisk mat, i tillegg til utdanning, kompetanseheving og landbruksforskning.

Sentrale mål for verkemidla er å leggje til rette for fleire gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og innovative næringsmiljø i landbruket. Risikoavlastande verkemiddel er eit viktig bidrag til å få ein konkurransedyktig og framtidsretta landbruksproduksjon over heile landet. Fleire av verkemidla har vidare som mål å lette oppstartsutfordringar og bidra til kompetanseutvikling i næringa. Ordningane er difor viktige for rekruttering til landbruket.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 1 651,8 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Departementet viser til Prop. 121 S (2022–2023) for ei detaljert omtale av dei enkelte ordningane som er finansierte over LUF. Ordningane det er gitt støtte til, kan delast inn i åtte område:

- bedriftsretta midlar
- tilskott til Stiftinga Norsk Mat
- nasjonale og regionale tilretteleggingsmidlar for næringsutvikling
- tilskott til rekrutterings- og kompetansehevingstiltak
- forskning og utvikling
- skogbruk, fornybar energi og teknologiutvikling
- konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift
- verkemiddel retta mot miljø- og klimatiltak og økologisk landbruk

Budsjettframlegg 2024

Med bakgrunn i Prop. 121 S (2022–2023) og Stortingets handsaming, jf. Innst. 487 S (2022–2023) gjer departementet framlegg om ei løyving til LUF på 2 331,6 mill. kroner. Tabell 4.10 viser kapital-situasjonen for LUF 2022–2027.

Rekneskap og prognosar for utviklinga av fondet er basert på Landbruksdirektoratets årsrapport for fondet. Per 31. desember 2022 var eigenkapitalen til fondet på 602,6 mill. kroner.

Fondet har ansvar for innvilga, men ikkje utbetalte tilskott. Ansvar per 31. desember 2022 er berekna til 2 368 mill. kroner. I tillegg kjem ansvar for rentestøtteordninga som per 31.12.2022 er berekna til 150 mill. kroner.

Tilskottsramma frå fondet har i fleire år vore vesentleg høgare enn løyvinga inn til fondet, noko som har ført til eit relativt stort negativt årsresultat for fondet i fleire år. Sidan fondet har hatt ein

solid eigenkapital med årleg tilførsel av innbetalingar i form av tilbakebetaling av investeringslån, har det vore mogleg å budsjettere med eit visst negativt årsresultat frå jordbruksavtalepartane si side. Investeringslåna vil vere tilbakebetalt i løpet av dei nærmaste åra og det vil etter det kun vere løyvinga til fondet over jordbruksavtalen som tilfører fondet midlar.

I dei siste års jordbruksoppgjjer har det blitt gjort fleire tiltak for å styrkje eigenkapitalen til fondet. I fjorårets jordbruksoppgjjer blei løyvinga til fondet auka med 50 mill. kroner meir enn tilskottsramma frå fondet. Fondet blei òg styrkt med eingongsmidlar i 2022 på 57,3 mill. kroner. Det blei vidare lagt til grunn at eigenkapitalen som eit minimum bør vere 200 mill. kroner, for å vere sikker på å kunne dekkje framtidige utbetalingsforpliktingar.

Vidare har unytta rammer på enkelte ordningar blitt inndregne. I fjorårets jordbruksoppgjjer blei det semje om at det frå årsskiftet 2023/2024 skal innførast ein praksis med at unytta rammer på ordningar forvalta av Landbruksdirektoratet, statsforvaltaren og Innovasjon Norge skal inndragast til fondet.

Årsresultatet for 2022 gav eit positivt resultat på nærmare 60 mill. kroner. Det positive resultatet kjem mellom anna av at løyvinga til fondet blei auka i 2022. Prognosane frå Landbruksdirektoratet i forkant av jordbruksoppgjret 2023 fram mot 2027 tilsa at ein med uendra tilførsel til fondet og uendra tilskottsramme ut av fondet i 2027 ikkje vil ha nok eigenkapital til å betale ut årlege forventede forpliktingar. Landbruksdirektoratet tilrådde at fondskapitalen og likviditeten til fondet måtte styrkjast gjennom auka tilførsel av midlar, slik at fondet kan handtere ansvaret og forventede utbetalingar. Alternativt tilrådde direktoratet at tilskottsramma frå fondet blei redusert, for å styrkje fondet på lengre sikt.

Det er utfordrande å fastsetje gode utbetalingsprognosar for eit fond som har 26 ulike tilskottsordningar under seg. Inndraging av unytta rammer er eit tiltak for å redusere framtidig ansvar. I årets jordbruksoppgjjer blei avtalepartane samde om å møtast innan 15. februar kvart år for å vurdere inndraging av unytta rammer. Hovudregelen skal vere inndraging av rammer, men med opning for vurdering av dei enkelte postane. For IBU-ordninga er det skissert ei eiga løysing. Unytta rammer frå ordningar med samfinansiering frå andre budsjettkapittel og tidsavgrensa ordningar/prosjekt som ikkje er avslutta, skal ikkje inndragast.

Løyvinga til Landbrukets utviklingsfond for 2024 blir sett til 2 331,6 mill. kroner, ein auke på

273 mill. kroner frå 2023. Tilskottsramma frå fondet aukar med 198 mill. kroner til 2 519 mill. kroner. Løyvinga til fondet aukar med det med 75 mill. kroner meir enn det tilskottsramma frå fondet aukar. Tabell 4.10 viser oversikt over kapi-

talsituasjonen til fondet 2022–2027 med utgangspunkt i dei endringane som blei gjorde i årets jordbruksavtale. Kapitalsituasjonen til fondet er framleis krevjande og må haldast under oppsyn og framover i tid.

Tabell 4.10 Kapitalsituasjonen til LUF 2022–2027 (i mill. kroner)

	Rekneskap 2022	Prognose 2023	Prognose 2024	Prognose 2025	Prognose 2026	Prognose 2027
Løyving	1 578,6	2 058,6	2 331,6	2331,6	2331,6	2331,6
Eingongsmidlar	57,3	168,8				
Renteinntekter	7,8	8,0	8,0	8,0	8,0	8,0
Andre inntekter ¹	25,5	23,5	23,5	23,5	23,5	23,5
Løyving kap. 1149	42,4	20,0	20,0	20,0	20,0	20,0
SUM INNTEKTER	1 711,6	2 278,8	2 383,1	2383,1	2383,1	2383,1
Utbetalningar av tilskott frå fondet, jf. årsrapport LUF 2022	1 609,4	2 108,5	2 247,0	2238,1	2272,5	2354,2
Utbetalningar kap. 1149	42,4	20,0	20,0	20,0	20,0	20,0
Endring i tilskottsramme ²		75,0	198,0	198,0	198,0	198,0
SUM UTBETALINGAR	1 651,8	2 203,5	2 465,0	2456,1	2490,5	2572,2
RESULTAT	59,8	75,3	-81,9	-73,1	-107,4	-189,1
<i>Utvikling i eigenkapital</i>	<i>602,6</i>	<i>677,9</i>	<i>596,0</i>	<i>522,9</i>	<i>415,5</i>	<i>226,4</i>
Innestående i Norges Bank, inkl. a konto IN	638,3	578,0	592,0	519,9	413,0	224,1
Utestående investeringslån	9,0	6,2	4,0	3,0	2,5	2,2
Tapsfond risikolån BU	-44,4					
Kortsiktig gjeld	-0,3					

¹ Omfattar overføringar frå to statsforvaltarar til ordninga Verdsarv, i tillegg til overføring frå Reindriftens Utviklingsfond til ordninga konfliktforebyggjande tiltak og overføring frå Miljødirektoratet til ordninga Utvalde kulturlandskap.

² Endring i tilskottsramma for 2024 (ut over prognose sett i årsrapport for LUF 2022) kjem truleg ikkje til utbetaling i sin heilskap i 2024.

Nærare om tilskottsramma over LUF

Tabell 4.11 viser tilskottsramme for LUF i 2024, i tillegg til endring i tilskottsramme frå 2023 til 2024. 70 mill. kroner av ledige midlar for 2023 skal nyttast til å styrkje Verdskapsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket i inneverande år. 5 mill. kroner av ledige midlar for 2023 skal nyttast til å styrkje forskingsmidlane i 2023. For 2024 er partane samde om at tilskottsramma for fondet blir auka med 198 mill. kroner til totalt 2 519 mill. kroner. Utbetalingsforpliktingar for rentestøtteordninga på 40 mill.

kroner og utbetalningar til Landbruksdirektoratets administrasjon av fondet på 4,2 mill. kroner er ikkje inkludert i tilskottsramma.

Ein vesentleg del av tilskottsramma for LUF er i 2024 avsett til ordningar som skal stimulere til næringsutvikling, investering og bedriftsutvikling i landbruket, rekruttering og kompetanseheving. Skogbruk og ordningar knytte til klima- og miljøtiltak er ein annan sentral del av tilskottsramma til fondet. Avtalepartane blei samde om å prioritere investeringstilskott for å imøtekomme dyrevelferdskrav, ordningar med klima- og miljøinnretning og ei satsing på landbruket i Nord-Noreg.

Tabell 4.11 Tilskottsramme LUF (i mill. kroner)

	2023	Ekstra 2023	2024	Endring 2023–2024
Bedriftsretta midlar til investering og utvikling	1 150,5		1 220,5	70,0
Nasjonale tilretteleggingsmidlar inkl. grøntprosjekt	16,0		16,0	
Regionale tilretteleggingsmidlar	40,0		41,0	1,0
Områderetta innsats				
Berekraftig matproduksjon i nord	17,0		17,0	0,0
Fjellandbruket	3,0		3,0	0,0
Rekruttering og kompetanse i landbruket				
Regionale kompetansenettverk for lokalmat	14,7		14,7	0,0
Regionale tilskott til rekruttering og komp.heving	14,0		14,0	0,0
Nasjonal modell for vaksenagronom	17,0		17,0	0,0
Mentorordning	4,0		0,0	-4,0
Forskning og utvikling ¹	77,0	5,0	83,5	6,5
PRESIS- Presisjonsjordbruk i praksis	4,0		4,0	0,0
Stiftelsen Norsk mat	66,0		71,0	5,0
Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping	84,3		84,3	0,0
Bondens marknad og Norsk Gardsost	4,0		3,0	-1,0
Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket	162,0	70,0	222,0	60,0
Skogbruk	260,0		270,0	10,0
Oppfølging av handlingsplan mot villsvin	3,0		1,5	-1,5
Midar til konfliktførebyggjande tiltak jordbruk/reindrift	1,5		1,5	0,0
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)	170,0		200,0	30,0
Drenering	68,0		68,0	0,0
MetanHUB	0,0		10,0	10,0
Klimasmart landbruk	10,0		10,0	0,0
Tilskott til tiltak i beiteområde	31,0		31,0	0,0
Handlingsplan for plantevernmidlar	14,0		14,0	0,0
Klima- og miljøprogram	37,0		40,0	3,0
Biogass	13,0		22,0	9,0
Verdsarvområda og Utvalde kulturlandskap	25,0		25,0	0,0
Utviklingstiltak innan økologisk landbruk	15,0		15,0	0,0
SUM tilskottsramme²	2 321,0	75,0	2 519,0	198,0

¹ 0,5 mill. kroner skal gå til evaluering av vaksenagronomen. Avsetjinga for 2023 skal òg dekkje utgreiingar.

² I tillegg til tilskottsramma må det med utgangspunkt i utbetalingsprognosane for fondet, jf. Landbruksdirektoratets årsrapport for fondet, setjast av ei ramme på 40 mill. kroner til rentestøtteordninga og 4,2 mill. kroner til Landbruksdirektoratets administrasjon av fondet. Desse avsetjingane er inkludert i framtidige utbetalingsprognosar for fondet.

For fullstendige føringar for dei enkelte ordningane under LUF viser departementet til Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet for 2023*

under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2023 m.m.).

Post 70 Marknadstiltak, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70.11	Tilskott til marknadstiltak grøntsektoren	31 400	35 900	40 400
70.12	Tilskott til råvareprisutjamningsordninga	186 642	255 200	254 740
70.13	Tilskott til avrensordninga poteter	40 636	44 000	46 000
	Sum post 70	258 678	335 100	341 140

Det blei i 2022 nytta 258,7 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 341,1 mill. kroner i 2024.

Underpost 70.11 Tilskott til marknadstiltak grøntsektoren

Formålet med marknadstiltaka er å bidra til å nå målprisane for dei ulike jordbruksprodukta, jamne ut produsentpris og pris til forbrukarar over heile landet, skape avsetnad for produsert vare og bidra til å sikre forsyningar i alle forbruksområde. I grøntsektoren blir kostnadene ved marknadsregulering, opplysningsverksemd og faglege tiltak dekte av løyvinga til marknadstiltak, mens desse tiltaka blir dekte gjennom omsetnadsavgift for andre produksjonar. Partane i jordbruksoppgjøret var samde om å tilføre posten 10 mill. kroner frå ledige midlar i 2023 til avsetningstiltak hagebruk og potet. I tillegg var partane samde om å auke løyvinga til Opplysningskontoret for frukt og grønt (OFG) med 3 mill. kroner, og 1,5 mill. kroner Norges Birøkerlag for å finansiere ei opplysningsordning for honning og andre bie-produkter. Dette gir ei løyving på underposten på 40,4 mill. kroner i 2024.

Underpost 70.12 Tilskott til råvareprisutjamningordninga

Formålet med RÅK-ordninga er å jamne ut skilnader i råvarekostnader mellom norske og utanlandske ferdigvarer som blir omsette i Noreg. Løyvingane over denne ordninga må vere avpassa skilnaden mellom prisar på verdsmarknaden og norske prisar på råvarer som inngår i ferdigvarene. Prisane på verdsmarknaden er usikre og

kan variere mykje. Dei siste åra har det gjennomgåande vore høge internasjonale prisar som har redusert løyvingsbehovet på denne ordninga. Det har òg vore svingingar i valutamarknaden som påverkar løyvingsbehovet.

Målprisauken i jordbruksavtalen og utviklinga i prisskilnader mellom verdsmarknaden og Noreg på jordbruksråvarer, gir ein reduksjon i løyvinga tilsvarende 460 000 kroner.

Samla gir dette ei løyving på underposten på 254,7 mill. kroner i 2024.

Underpost 70.13 Tilskott til avrensordninga poteter

Formålet med ordninga er å sikre avsetjing av norskproduserte avrenspoteter. Dette er fråsorterte poteter som ikkje kan nyttast til mat eller industriproduksjon. Det blir gitt prisnedskrivings-tilskott til produksjon av rektifisert potetsprit eller potetstivelse ved avtale om mottak av avrenspoteter frå godkjente omsetnadsledd i marknadordninga for poteter. Dette gir redusert matsvinn og lågare klimagassutslepp. Partane i jordbruksoppgjøret var samde om å auke løyvinga til potetstivelse med 2 mill. kroner. Dette gir ei løyving på underposten på 46 mill. kroner i 2024.

Post 71 Tilskott ved produksjonssvikt, overslagsløyving

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å redusere økonomiske tap i plante- og honningproduksjon som kjem av klimatiske forhold som det ikkje er mogleg å sikre seg mot.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 93,9 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Det er noko meir enn budsjettert.

I 2022 blei det motteke 1134 søknader om tilskott ved klimabetinga produksjonssvikt. Om lag halvparten av søknadene for skadeåret 2022 blei handsama og utbetalt før årsskiftet.

Det blei større utbetalingar knytte til søknader om tilskott ved tap grunna manglande arbeidskraft frå skadeåret 2021 enn rekna med. Om lag halvparten av desse søknadane var ikkje handsama ved starten av 2022, og desse fekk innvilga til saman 20,4 mill. kroner, som blei utbetalt i 2022.

Det blei motteke 10 søknader om tilskott etter svikt i honningproduksjon i 2022. Tre av desse blei handsama i 2022. I tillegg blei 27 saker frå skadeåret 2021 handsama i 2022.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 102,4 mill. kroner.

I jordbruksoppgjeret blei det semje om nye satsar frå 1. januar 2024. Partane var òg samde om å auke taka for vekstgruppene grovfôr og korn og anna frø til modning til 900 000 kroner per vekstgruppe og taka for vekstgruppene frukt, bær, grønsaker og poteter til 1 800 000 kroner per vekstgruppe. Det er lagt til grunn at dette gir ei auka løyving på 5,9 mill. kroner. På grunn av tørke og flaum sommaren 2023, vil regjeringa i samband med nysalderinga for 2023 foreslå for Stortinget at nye satsar og tak òg skal gjelde for produksjonsseksjonen 2023.

Post 73 Pristilskott, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
73.11	Pristilskott ull	102 862	108 000	115 700
73.13	Pristilskott mjølk	679 823	729 700	1 026 700
73.15	Pristilskott kjøtt	1 463 245	1 707 435	1 764 518
73.16	Distriktstilskott egg	3 078	5 500	6 400
73.17	Pristilskott grøntsektoren	216 675	288 400	330 400
73.18	Frakttilskott	407 353	446 500	528 200
73.19	Pristilskott korn	1 956 987	2 096 400	2 031 000
	Sum post 73	4 830 023	5 381 935	5 802 918

Det blei i 2022 nytta 4 830,0 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Departementet gjer framlegg om ei løyving på post 73, på 5 802,9 mill. kroner i 2024.

I jordbruksoppgjeret blei det gjort satsendingar som aukar løyvinga på posten med 421 mill. kroner. Tala på post 73 er ikkje justerte for endringar i volum. Landbruks- og matdepartementet kjem tilbake med volumjusterte tal i Revidert nasjonalbudsjett for 2024.

Underpost 73.11 Pristilskott ull

Formålet med tilskottet er å bidra til å nå måla for inntekts- og produksjonsutvikling i saue-

haldet som ikkje i tilstrekkeleg grad kan sikrast gjennom marknadspris og andre tilskott. Tilskottet skal òg bidra til å betre kvaliteten på norsk ull og sikre avsetnad i marknaden for norsk ull av god kvalitet.

I jordbruksoppgjeret blei satsen for ulltilskottet auka med 3 kroner per kg til 41,96 kroner per kg. Endringane gir ei løyving på underposten på 115,7 mill. kroner.

Underpost 73.13 Pristilskott mjølk

Løyvinga omfattar ordningane med grunntilskott til geitemjølk og distriktstilskott for mjølk og mjølkeprodukt.

Formålet med pristilskott til mjølk er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling i mjølkeproduksjonen som er med på å halde oppe busetjing og sysselsetjing i heile landet gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen.

Ut over område med nullsats, blir det gitt distriktstilskott med ni ulike satsar for mjølk produsert i område med høge produksjonskostnader i Sør-Noreg, og for all mjølk i Nord-Noreg. Etter jordbruksavtalen i år vil satsane for distriktstilskottet variere frå null og opp til 250 øre per liter.

I jordbruksavtalen blei satsane i sone A vidareført på 0, mens satsane for sone B til J blei auka med mellom 10 øre per liter og 85 øre per liter. Den største auken var i sone H. Partane var òg samde om å innføre eit pristilskott til produksjon av økologisk mjølk på 0,40 kroner per liter. Dette gir ei samla løyving på underposten på 1 026,7 mill. kroner.

Underpost 73.15 Pristilskott kjøtt

Ordninga omfattar grunntilskott og distriktstilskott for kjøtt, kvalitetstilskott for storfekjøtt og kvalitetstilskott for slakt av lam og kje.

Formålet med tilskotta er å bidra til ei inntekts- og produksjonsutvikling som er med på å halde oppe busetjing og sysselsetjing i heile landet gjennom å jamne ut skilnader i lønsemda i produksjonen. Grunntilskottet skal òg bidra til rimelegare kjøtt og foredla kjøttprodukt til forbrukaren, mens kvalitetstilskotta skal stimulere til ein auke i produksjonen av kjøtt med høg kvalitet.

Distriktstilskott går i hovudsak til kjøtt frå grovførbaserte produksjonar differensiert på fem soner. Det blir òg gitt distriktstilskott til produksjon av svinerjøtt i Nord-Noreg, Agder og Vestlandet med unntak av Rogaland.

Grunntilskottet for kjøtt blir berre gitt til slakt av sau/lam og geit/kje.

I jordbruksoppgeret blei kvalitetstilskottet for lammeslakt auka med 20 kroner per slakt. For kvalitetstilskottet for storfe blei ordninga ført vidare med uendra satsar. Distriktstilskottet for sonene i Nord-Noreg blei auka med 3 kroner per kg for storfe, sau og geit, og med 0,45 kroner per kg for gris. Samla gir dette ei auka løyving på 57,08 mill. kroner.

Dette gir ei løyving på underposten på 1 764,5 mill. kroner. Av dette utgjer grunntilskottet til sau/lam og geit/kje 90,1 mill. kroner, kvalitetstilskottet til storfekjøtt 438,9 mill. kroner, distriktstilskottet 711,7 mill. kroner og tilskott til lammeslakt og kjeslakt 523,8 mill. kroner.

Underpost 73.16 Distriktstilskott egg

Formålet med ordninga er å bidra til eggproduksjon i heile landet gjennom å jamne ut geografiske skilnader i lønsemda i produksjonen. Tilskottet omfattar Nord-Noreg og Vestlandet utanom Rogaland. I jordbruksavtalen er satsen auka med 0,10 kr/kg for Vestland og 0,10 kroner per kg for Nord-Noreg. Dette aukar løyvinga med 0,9 mill. kroner, og det gir ei løyving på underposten på 6,4 mill. kroner i 2024.

Underpost 73.17 Pristilskott grøntsektoren

Formålet med ordninga er å betre inntekta for produsentane innan grøntsektoren og bidra til ein geografisk spreidd produksjon.

Ordninga omfattar distriktsdifferensierte tilskott til konsumproduksjon av eple, pære, plomme, kirsebær, morellar og bær, leveransar av pressfrukt til industri, bær til industri og til produksjon av matpotet og grønsaker i Nord-Noreg. Det blir òg gitt distriktsdifferensierte tilskott til produksjon av salat og veksthusproduksjon av tomat og slangeagurk.

Distriktsdifferensieringa følgjer dei same sonene som tilskott for areal- og kulturlandskap.

I jordbruksoppgeret blei satsane i ordninga auka med 0,80 kroner per kg for produksjon av frukt til konsummarknaden og til press, og 1,50 kroner per kg for produksjon av morellar og bær til konsummarknaden. For bær til industri blei satsen auka med 2 kroner per kg. Tilskott til tomat og agurk i veksthus blei auka med høvesvis 0,80 kroner per kg og 0,35 kroner per kg, og tilskott til salat blei auka med 0,20 kroner per kg. Tilskott til produksjon av potet og grønsaker i Nord-Noreg blei auka med 0,85 kroner per kg.

Det samla utslaget av alle satsendringane gir ein auke i løyvinga på 42 mill. kroner. Samla forbruk over ordninga er etter dette berekna til 330,4 mill. kroner. Av dette er 11,8 mill. kroner produksjon av poteter og grønsaker i Nord-Noreg og 318,6 mill. kroner produksjon av frukt, bær, salat og grønsaker.

Underpost 73.18 Fraktilskott

Ordninga omfattar tilskott til frakt av slaktedyr, egg, korn, kraftfôrråvarer og kraftfôr. Fraktilskotta skal bidra til å jamne ut prisane til produsent og forbrukar. Tilskott til frakt av slaktedyr skal òg bidra til å vareta rammevilkåra for små slakteri. Fraktilskotta er baserte på at råvarekjøparane og produsentane må dekkje ein eigen del av kostnadene.

Fraktkostnadene har auka mykje, og i jordbruksoppgjeret blei satsane auka med 81,7 mill. kroner. Dette gir ei løyving på underposten på 528,2 mill. kroner. Av dette er 215 mill. kroner til frakt av kjøtt, 10 mill. kroner til frakt av egg og 303,2 mill. kroner til frakt av korn, kraftfôrråvarer og kraftfôr.

Underpost 73.19 Pristilskott korn

Formålet med ordninga er å sikre avsetnad av norskprodusert korn, erter og oljefrø, og å regulere kostnadene og konkurransekrafta til norsk husdyrproduksjon, i tillegg til å styrkje konkurransekrafta til norsk cerealindustri.

Ordinga omfattar tilskott til prisnedskrivning ved kjøp av norskprodusert korn for vidare sal eller tilverking av kraftfôr eller mat, og tilskott til føretak som nyttar norskprodusert korn i tilverking av mjøl eller andre cerealprodukt som blir nytta til mat (matkorntilskott). Gjennom desse ordningane kan ein då regulere prisen på råvarer til kraftfôr og matmjøl. For å fremje avsetnaden av økologisk korn og erter, blir det gitt høgare satsar for økologisk produsert vare.

I jordbruksoppgjeret blei målprisane for matkorn reduserte med 0,01 krone per kg, målprisane for førkorn blei reduserte med 0,10 kroner per kg.

Den ekstraordinære situasjonen på verdensmarknaden har gitt store svingingar i internasjonale kornprisar. I periodar i 2022 og 2023 var prisen over norsk engrospris. Utan tiltak er det då ikkje mogleg å oppretthalde eit målprissystem i Noreg. Partane i jordbruksoppgjeret innførte difor i 2022 eit mellombels system med prisnedskrivning av både norsk og importert karbohydratråvare til eit norsk engrosprisnivå. Prisnedskrivninga av det norske kornet blei etter dette redusert med 0,10 kroner per kg, mens importert korn til kraftfôr fekk eit pristilskott berekna til 0,85 kroner per kg med dei verdsmarknadsprisane som blei registrerte i mai 2023. Dersom marknaden blir normalisert og dei internasjonale prisane går ned, vil dette redusere prisnedskrivninga av det importerte kornet tilsvarande.

Matkorntilskottet kjem i tillegg til prisnedskrivninga. Med den marknadssituasjonen som er no, var partane samde om matkorntilskottet skulle innførast på nytt etter at det blei suspendert i 2022-oppgjeret. Tilskottet blei sett til 0,23 kroner per kg.

Satsendringane i jordbruksoppgjeret gir ei samla redusert løyving på 65,4 mill. kroner, der løyvinga til prisnedskrivning korn går ned med 125,9 mill. kroner og løyvinga til matkorntilskott aukar med 60,5 mill. kroner. Dette gir ei løyving på posten på 2 031,0 mill. kroner.

Post 74 Direkte tilskott, kan overførast

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
74.11	Driftstilskott mjølk og kjøtt	1 757 626	2 483 700	2 796 500
74.14	Tilskott husdyr	3 641 519	4 069 645	4 720 230
74.16	Beitetilskott	1 076 111	1 958 500	1 886 900
74.17	Areal- og kulturlandskapstilskott	4 883 553	4 751 000	5 567 300
74.19	Tilskott til regionale miljøprogram	597 144	786 100	1 006 100
74.20	Tilskott til økologisk jordbruk	125 742	146 600	162 600
	Sum post 74	12 081 695	14 195 545	16 139 630

Det blei i 2022 nytta 12 081,7 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 16 139,6 mill. kroner i 2024.

Underpost 74.11 Driftstilskott mjølk og kjøtt

Formålet med driftstilskottet er å styrkje økonomien i mjølkeproduksjonen og i produksjon av storfekjøtt. Tilskottet skal òg jamne ut skilnader i lønsemd mellom føretak av ulik storleik, og har òg ei geografisk differensiering.

Ordninga består av tilskott til føretak med mjølkeproduksjon og tilskott til føretak med kjøttproduksjon på ammekyr. Satsane er differensierte etter dei same sonene som for tilskott til areal og kulturlandskap.

Driftstilskottet til mjølkeproduksjon er like stort per føretak for alle som har fem kyr eller meir. I jordbruksoppgjæret blei satsen for bruk med mjølkeku auka med 40 000 kroner per føretak i sone 1, 3 og 4, med 44 000 kroner per føretak i sone 2, med 47 000 kroner per føretak i sone 5, og med 67 000 kroner per føretak i sone 6 og 7. Tilskottet varierer etter dette mellom 282 050 kroner og 344 050 kroner per føretak.

For driftstilskottet til produksjon med ammekyr blei satsen auka med 10 000 kroner per føretak i sone 5–7. Tilskottet blir etter dette 230 560 kroner per føretak i sone 1–4 og 307 520 kroner i sone 5–7.

Auken i satsane, rekna saman med ei innsparing som følgje av redusert tal på dyr/føretak, krev ei auka løyving på 312,8 mill. kroner.

Dette gir ei løyving på underposten på 2 796,5 mill. kroner. Av dette er 700,8 mill. kroner til kjøttproduksjon og 2 095,7 mill. kroner til mjølkeproduksjon.

Underpost 74.14 Tilskott husdyr

Formålet med tilskottet er å styrkje og jamne ut inntektene til føretak med ulike husdyrproduksjonar og etter storleiken på husdyrhaldet. Ordninga skal òg styrkje økonomien i honningproduksjon og bidra til bevaring av gen for gamle husdyrassar. Tilskottet blir gitt per dyr/slakt/bikube. Satsane per dyreslag blir trappa ned med aukande dyretal per føretak.

I jordbruksoppgjæret blei satsen for mjølkekyr auka med 2 543 kroner per ku, for ammekyr blei satsen auka med 250 kroner per ku. For andre storfe blei satsen auka med 175 kroner per dyr, mens tilskottet til små og mellomstore mjølkebruk blei vidareført uendra. For storfe samla gir alle satsaukingane ei løyving på 661,3 mill. kroner.

Den felles satsgruppa for sau og ammegeit blei delt med eigne satsintervall for respektive sau og ammegeit. For sau blei det gitt auking i satsane

på 18,9 mill. kroner. Det blei òg gitt auking i satsane for bifolk med 2,4 mill. kroner og hjort med 0,8 mill. kroner. Til ordninga med genbevaring av husdyrassar, blei det sett av 1,1 mill. kroner til auka sats med 200 kroner per dyr for storfe.

Verknaden av endra satsar i jordbruksoppgjæret og tilpassing av løyvingsbehovet til dyretalet krev ein auke i løyvinga på 650,6 mill. kroner. Dette gir ei samla løyving på underposten på 4 720,2 mill. kroner. Av dette er 29,2 mill. kroner sett av som tilskott til genbevaring av husdyrassar.

Underpost 74.16 Beitetilskott

Formålet med ordninga er å stimulere til pleie av kulturlandskap og å oppnå god utnytting av utmarksbeiteressursane.

Ordninga består av eit tilskott for dyr som beitar i utmark, og eit tilskott for dyr som beitar på innmark og/eller i utmark (generelt beitetilskott). Det er krav til minimum beitetid for å få rett til tilskotta. Dei som mottek tilskott for dyr som beitar i utmark, kan òg få det generelle beitetilskottet for dei same dyra.

I jordbruksoppgjæret blei satsane for utmarksbeitetilskottet auka med 350 kroner per dyr for storfe m.m., og med 110 kroner per dyr for småfe. Satsane i beitetilskottet blei auka med 280 kroner per dyr for storfe m.m. og 30 kroner per dyr for småfe m.m. Satsendringane gir, saman med prognosen for talet på beitedyr, ei auka løyving på 537,9 mill. kroner.

Dette gir ei løyving på underposten på 1 886,9 mill. kroner fordelt med 1 160,7 mill. kroner for dyr på utmarksbeite og 726,2 mill. kroner i generelt beitetilskott.

Underpost 74.17 Areal- og kulturlandskaps-tilskott

Formålet med tilskottet er å bidra til å skjotte, vedlikehalde og utvikle kulturlandskapet gjennom aktiv drift, og til å halde jordbruksareal i drift i samsvar med gjeldande landbrukspolitiske mål. Tilskottet er ein del av det nasjonale miljøprogrammet.

Ordninga omfattar eit tilskott til kulturlandskap med den same satsen per dekar til alt jordbruksareal som oppfyller vilkåra for arealtilskott. Som eit tiltak for å nå målet om aktivt jordbruk over heile landet, blir det i tillegg gitt eit arealtilskott der satsane per dekar er differensierte ut frå type produksjon og kvar i landet produksjonen skjer. Dette skal bidra til å styrkje og jamne ut inn-

tektene mellom ulike produksjonar og mellom distrikt med varierende driftskostnader og avlingsnivå.

I jordbruksoppgjøret blei satsen for kulturlandskapstilskottet for alt dyrka areal auka frå 265 kroner per dekar til 285 kroner per dekar. Arealtilskott for potet blei auka med 75 kroner per dekar og for grønsaker med 300 kroner per dekar i intervallet 1–300 dekar for alle soner. Arealtilskott frukt blei auka med 230 kroner per dekar i intervallet 1–75 dekar, og bær med 230 kroner per dekar i intervallet 1–150 i alle soner.

Dette gir ei samla løyving til areal- og kulturlandskapstilskott i 2024 på 5 567,3 mill. kroner, som er fordelt med 2 519,3 mill. kroner i kulturlandskapstilskott og 3 048 mill. kroner i arealtilskott.

Underpost 74.19 Tilskott til regionale miljøprogram

Nasjonalt miljøprogram er inndelt i ni miljøfaglege tema der jordbruket har eit sektoransvar, og legg rammene for utforminga av dei regionale miljøprogramma. Formålet med ordninga er å sikre miljøkvalitetar og kulturlandskap, og å hindre erosjon og avrenning av næringsstoff til vatn gjennom eit regionalt tilpassa regelverk for økonomisk støtte. Dei regionale miljøprogramma har tiltak med tilhøyrande tilskott retta mot føretak innanfor følgjande område: Redusert forureining til vatn og luft, ivaretaking av kulturlandskap, ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø, tilrettelegging for friluftsliv og tilgjenge, ivaretaking av biologisk mangfald, utslepp til luft, plantevern, jord og jordhelse og miljøavtale. Miljøutfordringane varierer frå fylke til fylke. Kvart fylke har eigne 4-årige miljøprogram som prioriterer innsatsen retta mot miljøutfordringane i fylket. Dei regionale miljøprogramma gir ei målretting av miljøinnsatsen i jordbruket ut over det som er mogleg gjennom generelle nasjonale ordningar.

Programmet skal òg gi føringar for prioriteringar i dei kommunale tiltaksstrategiane for bruk av SMIL-midlar. Rapporteringa tyder på stor aktivitet i fylka, og at det gir auka målretting og differensiering av miljøarbeidet. I jordbruksoppgjøret blei det vedteke å auke ramma for ordninga med 220 mill. kroner i 2024, av dette er 80 mill. kroner øyremerkte til vassmiljøtiltak i fylka Oslo, Viken, Vestfold-delen av Vestfold og Telemark og Innlandet. Målet er å stimulere til auka oppslutning om vassmiljøtiltak i jordbruket og for å følgje opp *Helhetlig tiltaksplan for en ren og rik Oslofjord med et aktivt friluftsliv*. Partane vedtok òg at pilotperioden for klimarådgiving skal evaluerast fram til jordbruksoppgjøret 2024. Den samla løyvinga på underposten blir 1 006,1 mill. kroner i 2024. Øvrige føringar for bruk av RMP-midlar finst i Prop. 120 S (2021–2022) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppjøret 2022)*.

Underpost 74.20 Tilskott til økologisk jordbruk

Formålet med ordninga er å stimulere til at ein større del av jordbruksproduksjonen er økologisk. Ordninga omfattar ekstra arealtilskott og husdyrtilskott til økologisk produksjon. I jordbruksoppgjøret blei det vedteke at det skal innførast pristilskott for økologisk mjølk på 0,40 kroner per liter, tilsvarande 18 mill. kroner. Satsane for det ekstra arealtilskottet til økologisk frukt, bær og grønsaker blei auka med 175 kroner per dekar, korn med 100 kroner per dekar, grovfôr med 5 kroner per dekar og økologisk areal i 1. karens med 50 kroner per dekar. Satsane for økologisk husdyrproduksjon blei auka med høvevis 250 kroner per mjølkeku og 250 kroner per ammeku. Endringa i satsane til økologisk produksjon aukar løyvinga med 16 mill. kroner. Samla løyving på underposten blir etter dette på 162,6 mill. kroner i 2024.

Post 77 Utviklingstiltak, kan overført

(i 1 000 kr)

Underpost	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
77.11	Tilskott til dyreavl m.m.	93 989	106 245	117 075
77.12	Tilskott til frøavl m.m.	21 579	29 060	30 060
77.13	Tilskott til rådgiving	98 000	108 000	116 000
77.15	Tilskott til kvalitetstiltak	55 010	55 856	60 635
77.17	Tilskott til fellesanlegg for frukt	17 000	20 700	22 700
	Sum post 77	285 578	319 861	346 470

Det blei i 2022 nytta 285,6 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 346,5 mill. kroner i 2024.

Underpost 77.11 Tilskott til dyreavl m.m.

Tilskott til dyreavl m.m. skal bidra til avlsmessig framgang og populasjonar av friske og sunne husdyr tilpassa miljøet. Ordninga skal òg sikre genetisk variasjon i populasjonane og byggje på berekraftige prinsipp basert på ein tilstrekkeleg stor og effektiv avlspopulasjon og inkludering av funksjonelle eigenskapar i avlsmålet.

Tilskottet skal bidra til at kostnadene ved inseminering av ku og svin kan haldast på om lag same nivå i heile landet, og til å jamne ut kostnadene mellom husdyrbrukarar som nyttar veterinærtenester.

For tilskott til veterinærreiser auka partane i jordbruksoppgjæret køyregodtgjerdsla med 3 kroner per km, tilsvarende 9,3 mill. kroner, og satsen for bruk av båt med 9 kroner per km, tilsvarende 0,1 mill. kroner. Løyvinga til semintenester blei auka med 4 mill. kroner. Tilskott til avlsorganisasjoner blei auka med 0,5 mill. kroner og Norsk Sau og Geit blei løyvd 2 mill. kroner til drift av eit mobilt klimakammer for måling av metan. Det er prognosert ein nedgang i behovet over ordningane tilsvarende 5 mill. kroner. Samla gir dette ei løyving på post 77.11 på 117,1 mill. kroner.

Underpost 77.12 Tilskott til frøavl m.m.

Formålet med ordninga er å fremje frøforsyning av gras, belgvekstar, rotvekstar og grønsaker med klimatilpassa sortar. Det er tre typar tilskott under ordninga: Pristilskott, arealtilskott og lagrings-

tilskott. For å sikre tilgang til klimatilpassa såvare blir det òg gitt tilskott til overlaging av såkorn mellom kornsesongar.

Tilskott til frøavl blir gitt til sertifisert frøavl av godkjente sortar.

For å sikre forsyninga av såkorn i år med små volum eller dårleg kvalitet på norsk såkorn, blir det gitt tilskott til beredskapslagring av såkorn mellom avlingsåra. Som oppfølging av den nasjonale pollinatorstrategien, blir ordninga utvida til å omfatte pollinatorvenlege frøblandingar. Avsetjinga blir ført vidare i 2024.

For beredskapslagringa av såkorn er tilskottet 0,90 kroner per kg innafor ei ramme på 10 mill. kroner. Det er ikkje gjort satsendingar i jordbruksoppgjæret, men prognosen inneber eit auka behov tilsvarende 1 mill. kroner. Dette gir ei samla løyving på underposten på 30,1 mill. kroner i 2024.

Underpost 77.13 Tilskott til rådgiving

Formålet med støtta til Norsk Landbruksrådgiving er å bidra til eit likeverdig rådgivingstilbod til alle bønder i heile landet. Dette betyr at alle bønder skal ha tilgang til fagleg kompetent rådgiving innanfor dei områda som blir støtta over jordbruksavtalen, uavhengig av geografisk tilhørsle og medlemskap. Støtta skal òg bidra til å sikre eit landsomfattande tilbod av krisebistand. Kjerneområde for støtta som blir gitt over jordbruksavtalen er rådgivings- og kunnskapsutviklingsarbeid innan konvensjonell og økologisk planteproduksjon. I tillegg har Norsk landbruksrådgiving ei viktig oppgåve innan fagområdet HMS i landbruket.

I forkant av jordbruksoppgjæret 2023 overleverte Norsk landbruksrådgiving ein plan for samordning av dei regionale einingane til eitt føre-

tak; Samvirkeforetaket Norsk Landbruksråd-giving SA. Jordbruksavtalepartane blei samde om at Samvirkeforetaket Norsk Landbruksråd-giving SA, gjennom sin organisasjonsmodell, vil ivareta dei krav som er stilte for å oppfylle formålet med støtta. I jordbruksoppgjæret blei avtalepartane vidare samde om at Samvirkeforetaket Norsk Landbruksråd-giving SA skulle tildelast 2 mill. kroner frå ledige midlar i 2023 og at støtta til Samvirkeforetaket Norsk Landbruksråd-giving SA for 2024 skulle aukast med 8 mill. kroner, der 4 mill. kroner av aukinga omfattar overføring av mentortenesta som tidlegare blei løyvd over Landbrukets utviklingsfond.

Løyvinga til Norsk Gartnerforbund på 1 mill. kroner til arbeidet med energiråd-giving i veksthusnæringa blir vidareført.

Samla løyving på underpost 77.13 blir etter dette 116 mill. kroner.

Underpost 77.15 Kvalitetstiltak

Formålet med ordninga er å bidra til å gjere norske jordbruksprodukt meir konkurranse-dyktige på heimemarknaden og på eksportmarknadene.

Post 78 Velferdsordningar, kan overførast

		(i 1 000 kr)		
Underpost	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
78.11	Tilskott til avløy-sing	1 227 170	1 335 367	1 554 877
78.12	Tilskott til avløy-sing ved sjukdom m.m.	122 854	168 100	188 700
78.14	Tilskott til sjukepengeordninga	36 900	36 900	38 100
78.15	Tilskott til landbruksvikarordninga	68 008	70 748	73 292
78.16	Tilskott til tidlegpensjonsordninga	66 895	67 950	60 000
	Sum post 78	1 521 827	1 679 065	1 914 969

Det blei i 2022 nytta 1 521,8 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga.

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 1 915,0 mill. kroner i 2024.

Underpost 78.11 Tilskott til avløy-sing

Formålet med ordninga er å leggje til rette for at husdyrbrukarar skal kunne ta ferie og få ordna fri-

Formålet med framavlsarbeidet og det offentlege engasjementet i dette er å skaffe den norske potet- og grøntnæringa plantemateriale som er kontrollert for særskilde skadegjerarar, og med definerte eigenskapar som er tilpassa norske forhold. Formålet med å gi tilskott til statskontrollert settepotetavl er å stimulere til auka bruk av settepoteter at høg kvalitet.

I jordbruksoppgjæret blei partane samde om å auke løyvinga til utvikling av plantemateriale med 2,5 mill. kroner, mellom anna for å møte framtidige behov for plantemateriale. Tilskott til settepotetavl blei auka med 2 mill. kroner. Prognosen inneber òg eit auka behov tilsvarande 0,28 mill. kroner. Dette gir ei samla løyving på underposten på 60,6 mill. kroner.

Underpost 77.17 Tilskott til fellesanlegg for frukt

Formålet med tilskottet er å fremje samarbeid om lagring, sortering, pakking og omsetnad av frukt som bidreg til å sikre forbrukarane tilgang på norsk kvalitetsfrukt.

I jordbruksoppgjæret var partane samde om å styrkje ordninga med 2 mill. kroner, eller om lag 0,20 kroner per kg omsett frukt. Dette gir ei løyving på underposten på 22,7 mill. kroner.

tid og hjelp til avlasting gjennom å bidra til å finansiere leige av arbeidskraft.

Tilskottet blir rekna ut på grunnlag av satsar per dyr. Satsane er differensierte etter dyreslag, men avgrensa til eit maksimalt tilskott per føretak. Dei som søker om tilskott, skal kunne dokumentere faktiske kostnader til leigd arbeid.

I jordbruksoppgjæret blei maksimalt tilskott per føretak auka frå 96 580 kroner til 126 580 kro-

ner per føretak. Satsane per dyr auka med 5 pst. Dette gir ei auka løyving på 232,9 mill. kroner, mens prognosane gir ei innsparing på 13,4 mill. kroner. Dette gir ei løyving på underposten på 1 554,9 mill. kroner.

Underpost 78.12 Tilskott til avløyning ved sjukdom m.m.

Formålet med ordninga er å bidra til å finansiere avløyning i føretak med husdyrproduksjon, honningproduksjon eller veksthusproduksjon og til føretak med planteproduksjon i onneperiodar. Brukarar kan få tilskott når dei på grunn av sjukdom, fødsel eller andre særlege grunnar ikkje kan ta del i arbeidet på bruket.

Grunnlaget for tilskottet blir fastsett ut frå satsar per dyr, bifolk, dekar planteproduksjon på friland og kvadratmeter veksthusareal som blir nytta til planteproduksjon. Ut frå dette blir det rekna ut maksimale dagsatsar for tilskott per føretak. Tilskottet blir gitt for faktiske utgifter til avløyning, opp til maksimal sats per dag per bruk.

I jordbruksoppgjæret blei maksimalt tilskott per dag auka med 350 kroner til 2 450 kroner. Det gir ei auka løyving på 20,6 mill. kroner. Ordninga blei òg utvida for foreldre med sjuke barn tilsvarende 6 mill. kroner. Dette gir ei løyving på underposten i 2024 på 188,7 mill. kroner.

Underpost 78.14 Tilskott til sjukepengeordninga

Ordninga er ei kollektiv innbetaling over jordbruksavtalen til NAV for å finansiere differansen i sjukepengar for jordbrukarar frå 80 pst. av sjukepengegrunnlaget, som andre sjølvstendige nærings-

drivande får, til 100 pst. ved sjukdom ut over 16 dagar. Tilskottet blir utbetalt av NAV til jord- og skogbrukarar som oppfyller dei generelle vilkåra for utbetaling av sjukepengar. Løyvinga blir fastsett ut frå utbetalingane frå NAV og midlane blir overførte sentralt til Folketrygda.

Det er prognosert ein auke i forbruket over ordninga i 2024 med 1,2 mill. kroner. Dette gir ei løyving på underposten på 38,1 mill. kroner.

Underpost 78.15 Tilskott til landbruksvikarordninga

Formålet med landbruksvikarordninga er å sikre at primærprodusentane over heile landet har tilgang på arbeidshjelp når dei treng det ved akutt sjukdom eller i andre krisesituasjonar. Det er eit mål at ordninga skal nå eit omfang på 240 årsverk. I jordbruksoppgjæret blei maksimal støtte per årsverk auka med 10 500 kroner per årsverk til 305 000 kroner. Dette gir ei løyving på underposten på 73,3 mill. kroner.

Underpost 78.16 Tilskott til tidlempensjonsordninga

Formålet med ordninga er å bidra til eit enklare generasjonsskifte for dei som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk. Dei som får tidlempensjon, kan òg få avtalefesta pensjon og arbeidsavklaringspengar, uførepensjon og etterlatenpensjon frå NAV. I jordbruksoppgjæret blei det ikkje gjort endringar i denne ordninga, og løyving på underposten er sett til 60 mill. kroner.

Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
85	Marknadsordninga for korn		50	50
	Sum kap. 4150		50	50

Post 85 Marknadsordninga for korn

Det var ikkje inntekter på posten i 2022. Departementet gjer framlegg om ei løyving på 50 000 kroner på posten i 2024.

Kap. 1151 Til gjennomføring av reindrifftsavtalen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
51	Tilskott til Reindriftens utviklingsfond	90 006	59 700	65 750
72	Tilskott til organisasjonsarbeid	7 250	7 300	8 100
75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	91 407	108 700	121 850
79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	3 335	4 300	4 300
	Sum kap. 1151	191 998	180 000	200 000

Tilpassing til økonomiregelverket i staten

På same måte som for tilskottsforvaltninga under kap. 1150, er det behov for tilpassingar til dei normale prosedyrane for ordningar under kap. 1151. Kostnadssenkande og direkte tilskott under post 75, og velferdsordningar under post 79, er baserte på fastsette kriterium. Ordningane utgjer ein del av avtalesystemet med fleire mål og ei rekkje verkemiddel som verkar saman mot dei same måla. Resultatrapporteringa skjer difor samla i Totalrekneskapen for reindrifftsnaeringa frå Økonomisk utval for reindriffta før dei årlege forhandlingane om reindrifftsavtalen. Rapporteringa er supplert av vurderingsrapportar og statusnotat frå Landbruksdirektoratet som grunnlag for å vurdere korleis dei enkelte ordningane verkar.

Hovuddelen av tilskottsforvaltninga er delegert til Landbruksdirektoratet. Det meste av dei administrative kostnadene til forvaltning av ordningane blir dekte innanfor løyvingane til Landbruksdirektoratet over kap. 1142. For å kunne ha naudsynt fleksibilitet vil det likevel vere aktuelt å dekkje kostnader til utviklings- og utgreiingsopp-gåver og større evalueringar over kap. 1151.

På enkelte område skjer forvaltninga av tilskott gjennom Innovasjon Norge. På desse områda har departementet klargjort ansvar og oppgåver for Innovasjon Norge. Vidare forvaltar styret for Reindriftens utviklingsfond ulike ordningar. Dette styret er partssamansett. Styret skal tildele tilskott, mens Landbruksdirektoratet er sekretariat for styret.

Reindrifftsavtalen

Reindrifftsavtalen er ved sida av reindrifftslova det viktigaste verkemiddelet for å følgje opp måla i reindrifftspolitikken. I forhandlingane om rein-

drifftsavtalen blir dei sentrale økonomiske verkemidla drøfta, mellom anna ut frå dei behova og utfordringane næringa til kvar tid står overfor.

Nærare omtale av mål og strategiar i reindriffts politikken finst under programkategori 15.30 Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak og i del III.

Reindrifftslova skal gi grunnlag for ei god indre organisering og forvaltning av reindriffta. I tillegg skal reindrifftsnaeringa etter lova, gjennom internt sjølvstyre, sjølv spele ei aktiv rolle og ha ansvaret for at reindriffta er berekraftig. Eit sentralt verktøy i denne samanhengen er bruksreglane. Den viktigaste føresetnaden for å nå måla om økologisk, økonomisk og kulturell berekraft er at reintalet er i samsvar med beitegrunnet, at areala reindriffta kan nytte til auka produksjon og lønsemd blir tekne vare på, og at tapet av rein blir redusert.

For reindrifftsutøvarane som sjølvstendig næringsdrivande er det mange forhold, og utanom reindrifftsavtalen, som påverkar inntektene og den naudsynte tilpassinga det enkelte året. Årleg kalvetilgang, samla tap og slaktevekter varierer markant mellom reinbeiteområda i Noreg. Dette er skilnader som har gjort seg gjeldande over tid, og dei kjem mellom anna av variasjon i rovdyrbestanden og ulike føresetnader for drift mellom områda. Utviklinga i årleg kalvetilgang, tap og slaktevekter er viktige indikatorar for å vurdere økologisk og økonomisk berekraft i reindrifftsnaeringa. Tilsvarende vil talet på personar i næringa verke inn på kor mange som kan ha reindrifft som hovudverksemd.

Tal frå Totalrekneskapen for reindrifftsnaeringa viser ein auke i resultatmåla frå 2020 til 2021. Samla sett aukar vederlag for arbeid og eigenkapital frå 115,4 mill. kroner til 192,1 mill. kroner. Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk auka frå 124 054 kroner i 2020 til 202 344 kroner i

2021. Målt per siidaandel er vederlag til arbeid og eigenkapital auka frå 207 001 kroner i 2020 til 341 807 kroner i 2021. Sum produksjonsbaserte inntekter auka frå 154,2 mill. kroner i 2020 til 205,7 mill. kroner i 2021. Kjøttinntektene auka med 51,6 mill. kroner, mens den samla livdyrverdien blei redusert med 3,9 mill. kroner. Utbetaling av tilskott blei redusert frå 130,9 mill. kroner i 2020 til 108,1 mill. kroner i 2021. Reduksjonen er i hovudsak eit resultat av at det i 2020 var store ekstraordinære utbetalingar av tilskott grunna beitekrisa. Kostnadene til siidaandelane blei reduserte frå 184,9 mill. kroner i 2020 til 176,3 mill. kroner i 2021, og reinbeitedistrikta sine felleskostnader blei reduserte frå 66,0 mill. kroner i 2020 til 37,1 mill. kroner i 2021.

Den 15. februar 2023 blei staten og Norske Reindriftsamers Landsforbund (NRL) samde om Reindrifftsavtalen 2023/2024. Avtalen har ei ramme på 200 mill. kroner. Dette er ein auke på 20 mill. kroner samanlikna med reindrifftsavtalen 2022/2023. Reindrifftsavtalen 2023/2024 fører vidare både prioriteringa av dei utøvarane som har reindrift som hovudverksemd og hovudlinene i tilskottssystemet. Det gir stabilitet for næringsutøvarane. Siidaandelar som ikkje følgjer opp vedtak om reduksjon av reintalet, har ikkje rett til tilskott over avtalen.

Reindrifftsavtalen 2023/2024 er den andre reindrifftsavtalen regjeringa Støre inngår med NRL. Semje i avtaleforhandlingane er viktig for å støtte opp om avtaleinstituttet og den hovudavtalen som er inngått mellom Landbruks- og matdepartementet og NRL.

Proposisjonen om reindrifftsavtalen 2023/2024 blei handsama av Stortinget 12. juni 2023, jf. Prop. 108 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Reindrifftsavtalen 2023/2024)* og Innst. 485 S (2022–2023). Departementet gjer framlegg om løyvingar under kap. 1151 for 2024 i samsvar med dette.

Post 51 Tilskott til Reindriftens utviklingsfond

Formål med løyvinga

Reindriftens utviklingsfond (RUF) skal gjennom bruk av økonomiske verkemiddel bidra til å utvikle reindriffts næringa i samsvar med dei reindriftpolitiske måla.

Rapportering 2022

I 2022 blei det utbetalt 90,0 mill. kroner over posten. Tildelinga over reindrifftsavtalen var på 59,7 mill. kroner. I tillegg fatta Stortinget våren 2022 vedtak om ei ekstraordinær løyving på 30 mill. kroner grunna beitekrisa vinteren og våren 2022. Løyvinga la til rette for at reineigarane kunne setje i verk tiltak for å sikre dyrevelferd og framtidig produksjon. Det blei utbetalt 47,6 mill. kroner frå beredskapsfondet i 2022.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 65,7 mill. kroner.

Avtalepartane er samde om at løyvinga blir fordelt med:

- 1,5 mill. kroner til konfliktforebyggjande tiltak
- 8,2 mill. kroner til Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindrifftsbasert vekst og verdiskaping
- 4,0 mill. kroner til fagbrevordninga
- 5,0 mill. kroner til ulike tiltak for marknadsføring
- 5,5 mill. kroner til pramming av rein
- 3,0 mill. kroner til lærings- og omsorgsbaserte tenester
- 0,5 mill. kroner til klassifiseringssystemet for reinkjøtt
- 10,0 mill. kroner til beredskapsfond
- 0,7 mill. kroner til kostnader beredskapsutval
- 2,5 mill. kroner til frakttilskott
- 0,3 mill. kroner til rapportering av slakta rein
- 3,0 mill. kroner til HMS i reindriffta
- 4,1 mill. kroner til tilskott til utgifter ved føring og flytting som følgje av manglande konvensjon om reinbeite mellom Noreg og Sverige
- 0,5 mill. kroner til vidareutvikling av reindriffta sitt arealbrukskart
- 2,0 mill. kroner til eit pilotprosjekt for ei helsesteneste for rein
- 3,0 mill. kroner til eit pilotprosjekt for ei rådgivingsteneste i arealsaker
- 0,4 mill. kroner til arbeidsgruppe klimatilpassing
- 0,35 mill. kroner til evaluering av pilotprosjektet for ei rådgivingsteneste i arealsaker

I tillegg er det sett av 11,2 mill. kroner som styret for Reindriftens utviklingsfond disponerer i samsvar med forskrift om Reindriftens utviklingsfond.

Post 72 Tilskott til organisasjonsarbeid

Formål med løyvinga

Dei store utfordringane reindriftnæringa står overfor, krev aktiv deltaking frå næringa sjølv. Organisasjonstilskottet skal medverke til at Norske Reindriftsamers Landsforbund kan delta aktivt i prosessar som er viktige for reindrifta, og for ei utvikling av reindrifta i samsvar med dei til kvar tid vedtekne politiske mål og retningslinjer i reindriftpolitikken.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 utbetalt 7,2 mill. kroner til Norske Reindriftsamers Landsforbund

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 8,1 mill. kroner.

Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott, kan overførast

Formål med løyvinga

Dei kostnadssenkande og direkte tilskotta skal bidra til å fremje berekraft, kvalitet og produktivitet i reindrifta, heve inntekta og verke utjamnande mellom einingar i næringa.

Kostnadssenkande og direkte tilskott er sett saman av fleire ulike ordningar. Ordningane er regulerte i forskrift om tilskott til siidaandelar og reinlag, og i forskrift om tilskott til reinbeitedistrikt og reinlag.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 utbetalt 91,4 mill. kroner over posten.

Tilskott til reinbeitedistrikt og reinlag

Formålet med distriktstilskottet er å bidra til at reinbeitedistrikta skal kunne ta større ansvar for ei berekraftig utvikling av næringa. Det inneber å få talet på rein i balanse med beitegrunnlaget, sikre areala til reindrifta, få betre lønsemd, leggje til rette for beredskap, arbeide med helse, miljø og tryggleik, og dessutan gi høve til ferie og avløsning ved sjukdom utover ordningane i Folkestrygda. I 2022 blei det utbetalt 24,9 mill. kroner i distriktstilskott.

Produksjonspremie

Formålet med produksjonspremien er å premiere innsats, produksjon og vidareforedling i næringa. Grunnlaget for berekning er inntekt frå avgiftspliktig sal av kjøtt og biprodukt frå rein. For reinlaga vil årsrekneskapen danne grunnlaget for utrekninga av produksjonspremien. Produksjonspremien skal utbetalast til leiar av siidaandelen. I 2022 var satsen for produksjonspremien 39 pst. I 2022 blei det utbetalt 39,0 mill. kroner i produksjonspremie.

Kalveslaktetilskott

Formålet med kalveslaktetilskottet er å stimulere til at ein større del av kjøttproduksjonen er basert på kalv, noko som er ressursøkonomisk gunstig. Uttak av kalv dempar presset på vinterbeita og reduserer tapa i løpet av vinteren. Eit større uttak av kalv medverkar òg til auka produktivitet fordi tilveksten på kalv er større enn tilveksten på større dyr. Det blei utbetalt 21,7 mill. kroner i kalveslaktetilskott i 2022.

Særskild driftstilskott til ungdom

Tilskottet skal støtte opp om leiarar av siidaandelar som er under 30 år, og som er i ei etableringsfase der dei byggjer opp eiga drift. I 2022 blei det utbetalt 2,1 mill. kroner i særskild driftstilskott til ungdom.

Ektefelle- og sambuartillegg

Formålet med ektefelle- og sambuartillegget er å støtte opp om den familiebaserte reindrifta og leggje til rette for at begge ektefeller/sambuvarar kan delta i drifta på like vilkår. Tilskottet kan gis til siidaandelar der begge står som leiar av siidaandelen. I 2022 blei det utbetalt 0,2 mill. kroner i ektefelle- og sambuartillegg.

Tilskott til etablering

Tilskott til etablering skal støtte opp om reindriftsutøvarar under 35 år som har fått overdrege eller fått oppretta eigen siidaandel. Det blei utbetalt 2,8 mill. kroner til tilskott til etablering i 2022.

Særskild driftstilskott til kvinner

Formålet med særskild driftstilskott til kvinner er å støtte opp om kvinner som står aleine som leiar for ein siidaandel, og som har reindrift som

hovudnæring. Det blei utbetalt 0,6 mill. kroner i 2022.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 121,8 mill. kroner.

Avtalepartane er samde om at løyvinga blir fordelt med:

- 32,85 mill. kroner til tilskott til reinbeitedistrikt og reinlag
- 48,9 mill. kroner til produksjonspremie
- 30,8 mill. kroner til kalveslaktetilskott
- 2,2 mill. kroner til særskild driftstilskott til ungdom
- 0,9 mill. kroner til ektefelle- og sambuartilskott
- 5,2 mill. kroner til etableringstilskott
- 1,0 mill. kroner til særskild driftstilskott til kvinner

Post 79 Velferdsordningar, kan overførast

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å sikre gode velferdsordningar for reindriftsnæringa. Posten omfattar innbetaling av medlemsavgift til Folketrygda og sjukepengeordninga. Posten omfattar òg tidlegpensjon og ei ordning for tilskott til leigd hjelp ved svangerskap, fødsel, adopsjon og dødsfall.

Sjølvtendig næringsdrivande får sjukepengar som svarar til 80 pst. av inntektsgrunnlaget. Den kollektive innbetalinga over reindriftsavtalen gjer det mogleg for reindriftsutøvarar å få sjukepengar som svarar til 100 pst. av inntektsgrunnlaget ved sjukdom utover 16 dagar. Fødselspengar blir òg dekte med 100 pst. av inntektsgrunnlaget.

Løyvinga er rekna ut med utgangspunkt i samla næringsinntekt for dei utøvarane i reindrifta som går inn under ordninga. Midlane blir overførte sentralt til Folketrygda.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 utbetalt 3,3 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Av dette blei 1,9 mill. kroner utbetalt til tidlegpensjon for reineigarar, 0,9 mill. kroner til tilskott til leigd hjelp og 0,5 mill. kroner til sjukepengeordninga.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 4,3 mill. kroner.

Avtalepartane er samde om at løyvinga blir fordelt med:

- 2,5 mill. kroner til tidlegpensjon
- 1,3 mill. kroner til tilskott til leigd hjelp
- 0,5 mill. kroner til andre velferdsordningar (sjukepengar)

Kap. 1152 Bionova

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Tilskott til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket		87 540	171 184
	Sum kap. 1152		87 540	171 184

Post 70 Tilskott til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket

Formål med løyvinga

Regjeringa har følgd opp Hurdalsplattforma sine ambisjonar og oppretta Bionova i 2023 som ei eining under Innovasjon Norge. Bionova er eit verktøy for å nå Noregs klimamål for 2030 og målet om å vere eit lågutsleppssamfunn i 2050 ved å bidra til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring. Bionova skal òg bidra til auka verdiskaping gjennom overgang til ein

meir sirkulær bioøkonomi basert på fornybare ressursar frå hav og land. Bionova skal ha to delmål;

1. Reduksjon av klimagassutslepp og auka opptak og lagring av karbon i jord på gardsnivå, og
2. Auka verdiskaping gjennom ein meir ressurs-effektiv og sirkulær bioøkonomi.

Formålet med løyvinga over budsjettposten er drift av Bionova, og aktivitet innanfor Bionova sitt virkeområde.

Bionova si portefølje omfatta ved oppstart i 2023 Bioøkonomiordninga og Verdiskapings-

programmet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket. Det er sett i gang ei evaluering av ordningane i regi av Oxford Research. Evalueringa skal både vurdere resultat og måloppnåing for eksisterande ordningar, i tillegg til å komme med vurderingar til eventuelle endringar i ordningane sett opp mot Bionova sitt formål. Det er under etablering eit rådgivande porteføljestyre for Bionova. Mellom anna næringsorganisasjonane innan jordbruk, skogbruk og fiskerisektoren vil bli representerte, i tillegg til enkeltaktørar innan bioøkonomien og aktørar med miljø- og klimafagleg kompetanse. Landbruks- og matdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet deltek som observatørar.

Rapportering 2022

Bionova blei oppretta i 2023. Det er difor ingen aktivitet å rapportere på for 2022.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 171,2 mill. kroner.

Løyvinga skal i 2024 nyttast til drift av Bionova og aktivitet innanfor Bionova si portefølje. Auken i løyving må mellom anna sjåast i samanheng med auka avgifter for veksthusnæringa og behov for å legge til rette for omstillingstiltak òg i denne næringa. Det er òg behov for virkemiddel både innan omlegging til fornybar energi i jordbruket og verkemiddel som skal byggje opp under verdikjeder for mellom anna fôr, gjødsel og gjenbruk og smarte løysingar for ein effektiv matproduksjon.

For å ta omsyn til ansvar for allereie innvilga men ikkje utbetalte tilsegn over Bioøkonomiordninga, er det knytt ei tilsegnsmakt til posten på 302 mill. kroner, jf. framlegg til vedtak IV.

I tillegg til løyvinga på 171,2 mill. kroner til Bionova over dette budsjettkapittelet, vil løyvinga til Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling over kap. 1150, post 50 på 222 mill. kroner inngå i det samla budsjettet for Bionova. Samla løyving som Bionova forvaltar blir med det 393,2 mill. kroner for 2024.

Kap. 1161 Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2024
		2022	Saldert budsjett 2023	
70	Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	13 968	14 946	15 831
75	Tilskott til oppsyn i statsallmenningar	9 980	16 964	17 969
	Sum kap. 1161	23 948	31 910	33 800

Post 70 Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje dei kostnadene Statskog SF har med delegerte styresmaktoppgåver og sektorpolitiske oppgåver, slik dei går fram av ein avtale mellom Statskog SF og Landbruks- og matdepartementet.

Statskog SF skal sørge for at dei rettane bruksrettshavarar og andre har på eigedommane, blir sikra i samsvar med lover, forskrifter og politiske retningslinjer. Førretaket skal arbeide for ei areal- og ressursdisponering som er tenleg for

samfunnet, for distrikta der eigedommane ligg og for staten som eigar. Innanfor skogbruket følgjer oppgåvene av lov 19. juni 1992 nr. 60 om skogsdrift mv. i statsallmenningane, og oppgåvene er særleg knytte til utvising av virke i statsallmenningar til bruksrettshavarar. I tillegg skal tilskottet dekkje administrasjon av skogsdrifter, der virke blir selt til inntekt for allmenningssfonda.

Vidare utfører Statskog SF oppgåver der førretaket handlar som offentleg styresmakt, hand-samar saker og gjer vedtak i samsvar med fjellova og statsallmenningslova. Kostnadene Statskog SF har med forvaltninga av tilskottet til oppsyn, jf. post 75 Tilskott til oppsyn i statsallmenningar, blir òg dekte over denne posten.

I tillegg til dei lovpålagde oppgåvene, har Statskog SF ei rekkje oppgåver som har grunnlag i pålegg og retningsliner frå departementet. Statskog SF skal vere til stades på eigedommane og ha oppsyn og kontakt med brukarane av areala. Statskog SF har eit eige feltapparat, Fjelltenesta, som driv naturoppsyn og tilrettelegging på statsgrunn utanom statsallmenningane. Tenesta skal gjennom informasjon og rettleiing, overvaking, skjøtsel og tilrettelegging bidra til å sikre naturverdiar og bevare biologisk mangfald. Fjelltenesta sel òg tenester til fleire oppdragsgivarar, mellom andre Statens naturoppsyn (SNO). Fjelltenesta har stor kunnskap om lokale forhold og tek òg del i redningsaksjonar etter oppmoding frå politiet. Statskog SF har inngått ein samarbeidsavtale med SNO, og gjennom denne avtalen har Statskog SF Fjelltenesta årleg eit større sal av tenester til SNO i Troms og Nordland.

Statskog SF skal leggje til rette for at folk flest kan drive eit aktivt friluftsliv på areala til føretaket. Som ledd i dette arbeidet held føretaket opne husvære i fjellet, merkar stiar og løyper og byggjer og driv vedlikehald av bruer, klopper, rasteplassar og fiskebryggjer. Tiltaka har ofte innslag av kulturminnevern. Statskog SF har eit nært samarbeid med miljøvern-, landbruks- og helsestyremaktene, fjellstyra, friluftsråd og dei frivillige organisasjonane i dette arbeidet.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 14,0 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Bruken av midlane er fordelt mellom oppgåver på statsallmenningsgrunn, oppsyn og brukarkontakt utanom statsallmenningar og ulike tiltak som gjeld all statsgrunn.

Oppgåver på statsallmenningsgrunn

Rekneskapen for oppgåvene på statsallmenningsgrunn viser at det blei brukt om lag 2,4 mill. kroner på skogbruksverksemd i statsallmenningane. Det blei utvist om lag 5 400 kubikkmeter tømmer og ved til bruksrettshavarane eller selt til inntekt for allmenningsfonda i statsallmenningar med virkesrett. Høge prisar på skurlast førte truleg til at utvising av tømmer auka i 2021 og 2022 i forhold til 2020. Vidare blei det avverka 2 492 kubikkmeter i statsallmenningar med virkesrett utan fond, slik at den samla avverkinga i statsallmenningane med virkesrett i 2022 var på 7200 kubikkmeter. Det blei utført skogkultur i statsallmenningane for 183 000 kroner i 2022. Skogkulturaktiviteten var mykje høgare i 2022 enn i perioden

2019–2021. Det blei planta på om lag 158 dekar og utført ungskogpleie på om lag 141 dekar. Statskog SF har utarbeidd skogbruksplanar for 58 av dei i alt 77 statsallmenningane med virkesrett. Det er utført miljøregistreringar i dei fleste statsallmenningane.

Oppsyn og brukarkontakt utanom statsallmenning

Statskog SF Fjelltenesta har, med midlar frå denne budsjettposten, oppgåver knytte til oppsyn, nærvær og brukarkontakt utanom statsallmenning. Oppsynet rettar seg mot førebyggjande verksemd, ordinært oppsyn, vedlikehald og skjøtsel av areala, og skal mellom anna avdekkje og førebyggje ulovleg aktivitet, bidra til sikker ferdsel i fjellet og informere om lovleg og fornuftig åtfærd.

Rekneskapen viser at det blei brukt 5,7 mill. kroner til oppsyn utanom statsallmenningane i 2022. Det blei levert 4 907 timer til oppsyn og brukarkontakt i Nordland og Troms. Dette er noko høgare enn føregåande år, og skuldast i stor grad større aktivitet og at oppsynet var til stades på statsgrunn utover hausten, med oppsyn på barmark. Talet på personar som blei kontrollerte i samband med mellom anna motorferdsel i utmarka gjekk noko ned i 2022 i høve til 2021. Betre registreringar viser samtidig at oppsynet var i kontakt med og informerte over 1 000 brukarar av utmarka i 2022.

I 2022 var det tre tilfelle der Fjelltenesta på oppmoding frå politiet deltok i større eller mindre aksjonar der folk var sakna i fjellet.

Fjelltenesta sel tenester til Statens naturoppsyn (SNO).

Ulike friluftslivstiltak på all statsgrunn

Statskog SF skal leggje til rette for bruk av naturen. Det blei brukt om lag 5 mill. kroner på arbeidet med tilrettelegging for friluftsliv i 2022. Oppgåvene er nedfelte i ein eigen handlingsplan for friluftsliv. Midlane er i hovudsak brukte til kontroll, drift og vedlikehald av opne buer, bruer, andre tilrettelagte anlegg og informasjon.

Vedlikehaldsutfordringane knytte til tilretteleggingstiltaka for friluftslivet aukar i takt med klimautfordringane og våtare og villare vør. Sikker ferdsel har hatt høg prioritet, og Statskog Fjelltenesta utførte viktig vedlikehald på fleire gangbruer over vassdrag. Som tidlegare er ferdsel registrert på utvalde stader for å sjå om bruken endrar seg over tid og som resultat av utførte tiltak. Arbeidet med brannsikring av dei opne hus-

væra held fram. Talet på universelt tilrettelagte lokalitetar har over tid auka gradvis.

Statskog SF heldt i 2022 fram samarbeidet med Den Norske Turistforening og Friluftsrådernes Landsforbund om å utvikle nettstaden *UT.no* som ein felles, nasjonal turplanleggjar. Statistikken syner at det var 6,4 mill. brukareiningar inne på portalen i 2022.

Statskog SF Fjelltenesta har stadig ei viktig rolle innanfor tilrettelegging for friluftslivet, og utfører oppdrag for fleire instansar. Fleire turistforeningar og turlag har drege nytte av Statskog SF sin assistanse, når det ligg til rette for å kombinere driftsoppgåver med mellom anna å sjå innom hytter og bruer langs løypenettet.

Andre oppgåver

Etter at Riksantikvaren i 2017 vedtok å frede 20 lokalitetar med kulturhistoriske eigedommar i Statskog SFs eige, er det gjennomført synfaring og registrering av bygningar i regionane Troms, Helgeland, Midt-Noreg og Sør-Noreg. Arbeidet gir grunnlag for forvaltningsplanar der vedlikehaldsarbeid og særskilde rehabiliteringstiltak inngår. Ein eigen mal for praktisk orienterte forvaltningsplanar for freda anlegg er teken i bruk. Malen blir òg brukt på dei andre anlegga i Statskog SFs landsverneplan, der Statskog SF sjølv skal ta vare på verneverdiane på liknande vis som dei som er formelt freda. I samband med utarbeiding av forvaltningsplanar, er det avklart at ein del anlegg krev langt meir omfattande reparasjonar for å vareta forvaltansvaret enn det som ligg inne i ordinære budsjett for drift og vedlikehald.

Det aller meste av Statskog SFs areal i Trøndelag og Nord-Noreg ligg innanfor det samiske reinbeiteområdet. Statskog SF legg vekt på god dialog og godt samarbeid med næringa. I 2022 var det vanskelege driftsforhold for reindrifta fleire stader. Statskog SF har hatt tettare kontakt med reindrifta enn normalt, mellom anna for å samordne informasjon ut til allmennheita og for å avklare moglege avbøtande tiltak. Arbeidet med vidare kartlegging av reindrifta sine anlegg på statsgrunn heldt fram.

Statskog SF deltek i Norge digitalt for å sikre tilgang til kartdata som trengst for å kunne utføre oppgåvene sine.

Grunneigarfondet

Statskog SF har ansvaret for forvaltninga av eit fond for grunneigarinntektene frå statsallmenningane. Hovuddelen av inntektene er frå feste-

kontraktar i statsallmenningane. Halvparten av inntektene frå festekontraktar som gjeld hytter og hotell går til det aktuelle fjellstyret. I tillegg kjem inntekter frå fallrettar, eigedomsutvikling og andre grunn disponeringstiltak. Bruken av Grunneigarfondet er regulert i § 12 i fjellova. Inntektene skal nyttast til å dekkje utgifter til administrasjon av statsallmenningane og til støtte til ein fellesorganisasjon for fjellstyra (Norges Fjellstyre-samband). Fondet skal òg nyttast til tiltak i statsallmenningane med sikte på verdiskaping og lønnsame arbeidsplassar. Bruk av fondet til slike tiltak skal gjerast i samråd med Norges Fjellstyre-samband.

Inntektene i Grunneigarfondet var i 2022 på 38,6 mill. kroner, mot 39,1 mill. kroner i 2021. Nedgangen heng saman med at inntektene frå eigedomsutvikling gjekk meir ned enn auken ein fekk i inntekter frå feste- og fallrettar.

Kostnadene i 2022 var på 30,9 mill. kroner. Tilskottet til Norges Fjellstyre-samband var på 3,75 mill. kroner i 2022, og det blei gitt 7,2 mill. kroner i tilskott til tiltak i statsallmenningane. Resultatet for 2022 blei eit underskott på 2,5 mill. kroner. Behaldninga i Grunneigarfondet var 31. desember 2022 på 31,4 mill. kroner. Det tilsvarende talet i 2021 var 30,8 mill. kroner.

Økonomien i Grunneigarfondet er viktig for omfanget av og kvaliteten på Statskog SFs oppgåver i statsallmenningane og for moglegheita til å bruke midlar til tiltak i statsallmenningane. Fondet er på eit nivå som gjer det mogleg å nytte meir av midlane til tiltak enn tidlegare.

Allmenningsfond

Allmenningsfond i statsallmenningar med virkesrett blir forvalta av Statskog SF og det enkelte allmenningsstyret i fellesskap. Allmenningsfond er delt i tre delar: éin del som skal dekkje investeringar i skogen i allmenningen og dekkje virkesretten der han blir utøvd ved fellesdrift, éin del som er skogfond etter skogbrukslova, og éin del som er erstatningar for vern. Allmenningsfonda var 31. desember 2022 på 153,9 mill. kroner. Av det utgjer erstatning for vern av skog 115,5 mill. kroner.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 15,8 mill. kroner til myndighetsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn.

Oppgåver knytte til skogbruk i statsallmenningar omfattar planlegging og gjennomføring av

arbeidet med utvising av virke til dei som har bruksrett, utarbeiding av skogbruksplanar, miljøregistreringar i skog, landskapsplanar og anna. Også i 2024 skal Statskog SF prioritere takseringar og miljøregistreringar av skogen i statsallmenningane.

Statskog SF Fjelltenesta skal halde fram med å føre tilsyn på statsgrunn utanom statsallmenning gjennom oppsyn, nærvær og brukarkontakt. Prioriterte oppgåver er førebyggjande arbeid gjennom informasjon og rettleiing om regelverket, og trygg og sikker ferdsel i fjellet. Fjelltenesta skal yte bistand og delta på redningsaksjonar på førespurnad frå politiet.

Statskog SF skal i 2024 halde fram med å leggje til rette for bruk av og tilgang til areala for allmenta. Vedlikehald av eksisterande anlegg og trygg ferdsel for dei som ferdist i statens utmark skal ha høg prioritet. Det er behov for tilsyn, vedlikehald og drift av opne husvære for allmenta. Mange av desse husværa blei tidlegare nytta i næringsverksemd, og er viktige kulturberarar som bør haldast i stand så langt det er mogleg. Statskog SF skal halde fram samarbeidet med andre aktørar for å rette merksemd mot friluftsliv og dei store moglegheitene allmenta har til å drive friluftsliv i statsallmenningane og på annan statsgrunn. I den samanheng skal det rettast merksemd mot moglege samarbeidsprosjekt og tilretteleggingstiltak inn mot *Friluftslivets* år 2025, der organisasjonen Norsk Friluftsliv har ei hovudrolle.

Arbeidet med kartlegging og statusgjennomgang av reindriftsanlegg på statsgrunn vil halde fram.

Statskog SF skal i 2024 halde fram arbeidet med forvaltningsplanar og tiltak i tråd med desse for verna bygningar i føretaket sitt eige.

Post 75 Tilskott til oppsyn i statsallmenningar

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje tilskott til refusjon av kostnader ved oppsynet fjellstyra fører i statsallmenningane. Etter § 36 i fjellova kan fjellstyra tilsetje oppsynsmenn til å føre tilsyn med statsallmenningen. Oppsynsmenn mottek løn av fjellkassa. Når tilsetjinga av oppsynsmenn skjer i samsvar med oppsynsordninga som departementet har godkjent, og innanfor årlege budsjett, har fjellstyra krav på å få refundert halvparten av lønsutgiftene over denne posten. Ordninga skal leggje til rette for å sikre samfunnsinteresser, oppsyn og tilrette-

legging der staten som grunneigar har eit særleg ansvar. Fjellstyret gir ein instruks for oppsynstenesta som blir godkjend av Statskog SF. Forvaltninga av tilskottsordninga er delegert til Statskog SF.

Statsallmenningane i Sør- og Midt-Noreg utgjer over 26 mill. dekar, tilsvarande 11 pst. av alt utmarksareal i Noreg. Dette er viktige område for rekreasjon og lokal næringsutvikling. Fjelloppsynet har som formål å bidra til berekraftig bruk av statsallmenningane. Fjelloppsynet skal følgje opp føresegnar gitt i eller i medhald av fjellova, og vere sakshandsamar for fjellstyra. Dette omfattar tilsyn med utøvinga av bruksrettane og jakt og fiske. Fjelloppsynet skal føre tilsyn med statsallmenningane på vegner av staten som grunneigar etter nærare prioriteringar gitt av Statskog SF. Fjelloppsynet skal òg føre kontroll med at lovene som er nemnde i naturoppsynslova § 2, blir følgde. Fjelloppsynet skal i slike tilfelle følgje instruks frå Statens naturoppsyn (SNO). Fjelloppsynet sel tenester til SNO, og kostnader med desse tenestene blir dekte av SNO, og ikkje frå løyvinga på denne posten. Oppsynsmenn kan bli gitt politifullmakt etter politilova § 20.

Rapportering 2022

Det blei i 2022 nytta 10,0 mill. kroner i tråd med formålet med løyvinga. Statskog SF har fordelt midlane på grunnlag av budsjett, rekneskap og rapportering frå fjellstyra, etter ein nøkkel som mellom anna kjem samarbeidsordningar og små fjellstyre til gode. 63 av 93 fjellstyre fekk tilskott i 2022. Fjelloppsynet hadde 64 årsverk i 2022. Av dei er 47 årsverk brukte til oppgåver som gir rett til tilskott.

Om lag 44 pst. av tilskottet er brukt på arbeid i felt knytt til oppsyn og skjøtsel, mens dei resterande midlane er brukte til sakshandsaming og anna innarbeid som gir rett til tilskott. Delen brukt til oppsyn er gått noko ned frå 2021. Talet på kontrollar var om lag 6 000 i 2022. Det er rapportert om 84 ulovlege forhold. Dette er lågare enn i 2021, og samtidig lågare enn det nivået var tidleg på 2000-talet.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 18,0 mill. kroner. Løyvinga på posten gir grunnlag for eit synleg oppsyn i statsallmenningane og rom for vidare tilrettelegging for friluftslivet. Løyvinga skal leggje til rette for eit profesjonelt oppsyn, god kontakt med brukarane og at det er aktivitet i

statsallmenningane. Oppsyn i statsallmenningar skjer gjennom både fjelloppsynet og det offentlegrettslege oppsynet SNO fører. Den lokale forankringa og kunnskapen fjelloppsynet har, er eit

viktig bidrag i det samla oppsynet. Det er naudsynt med eit godt samarbeid mellom fjelloppsynet og SNO.

Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
70	Forskingsavgift på landbruksprodukt	207 233	190 000	225 000
72	Jeger- og fellingsavgifter	92 000	93 000	96 000
	Sum kap. 5576	299 233	283 000	321 000

Post 70 Forskingsavgift på landbruksprodukt

Formål med løyvinga

Løyvinga skal dekkje næringsrelevante forskingsprosjekt etter open utlysning og konkurranse. Formålet er å sikre økonomisk grunnlag for forskning på landbruksprodukt som blir nytta til å framstille nærings- og nyttingsmiddel og førkorn til husdyr. Inntektsposten har ein motsvarande utgiftspost under kap. 1137, post 54.

Rapportering 2022

Inntektene i 2022 blei 207,2 mill. kroner.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 225,0 mill. kroner i 2024.

Det er uvisse knytt til dei endelege inntektene frå forskingsavgifta på landbruksprodukt, og departementet gjer difor framlegg om ei meirinntektsfullmakt mellom kap. 5576, post 70 og kap. 1137, post 54, jf. framlegg til vedtak II.

Post 72 Jeger- og fellingsavgifter

Formål med løyvinga

Jeger- og fellingsavgiftene som blir betalte inn til Viltfondet, blir inntektsførte i statsbudsjettet på denne posten.

Posten dekkjer utgifter under kap. 1140. I tillegg dekkjer posten nokre av utgiftene til forvaltning av ordninga under kap. 1420, post 01, og nasjonal jaktstatistikk i SSB over kap. 1620, post 01.

Rapportering 2022

Inntektene blei 92,0 mill. kroner.

Budsjettframlegg 2024

Departementet gjer framlegg om ei løyving på 96,0 mill. kroner. Forslaget er basert på venta inntekter frå avgiftene til Viltfondet i 2023 og 2024, jf. omtale av fondet nedanfor.

Mål

§ 40 i viltlova fastset at

«den som vil drive jakt og fangst etter denne lov, skal betale jegeravgift etter satser og regler som Kongen fastset», og at «for hvert dyr som tillates felt eller felles av elg, hjort og villrein skal det betales en fellingsavgift etter satser og regler som Kongen fastsetter. Kongen kan bestemme at kommunen innenfor nærmere rammer kan fastsette fellingsavgiften for elg og hjort».

Gjennom handsaminga av statsbudsjettet for 1989 fastsette Stortinget retningslinene for bruken av midlane i Viltfondet. Av retningslinene går det mellom anna fram:

«Viltfondet skal nyttast til forvaltningstiltak som kjem viltet og allmenta til gode, under dette viltforvaltning i kommunane, lokale, regionale og sentrale vilttiltak, viltforskning, førebyggjande tiltak mot og vederlag for skadar valda av hjortevilt, jegerregister og jegersørvis.»

Det er ein føresetnad for den årlege fordelinga av midlar mellom formåla som er nemnde ovanfor, at

om lag halvparten av midlane frå jegeravgifta skal gå til vilttiltak i distrikta, og at fellingsavgiftene som er knytte til villrein, skal nyttast i villreinforvaltninga.

Inntektene til Viltfondet kjem i hovudsak frå jegeravgifter og fellingsavgifter. Ordninga med Viltfondet synleggjer på denne måten at tilretteleggingstiltak for jakt og delar av viltforvaltninga for ein stor del er baserte på brukarfinansiering. I tillegg kjem meir tilfeldige inntekter frå enkelte typar fallvilt; vilt som døyr av andre årsaker enn ordinær jakt.

Kommunane krev inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort og fører desse inntektene i kommunale viltfond. Det er fastsett ei

statleg rammeforskrift for dei kommunale viltfonda der inntektene til kommunane frå fellingsavgifter inngår. For fellingsavgiftene som blir kravde inn for villrein, er det etablert ei tilsvarende ordning der midlar frå innbetalte avgifter frå året før blir ført tilbake til det enkelte villreinområdet.

Jeger- og fellingsavgiftene blei sist endra i 2023. Satsane for dei ulike avgiftene går fram av tabell 4.12.

Oversikta i tabell 4.12 viser òg inntektene for kommunane i 2024, slik at den samla bruken av verkemiddel kan sjåast under eitt. For kommunane er dei oppgitte avgiftene maksimalsatsar.

Tabell 4.12 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter, 2024 (i kroner)

Type avgift	Storleiken på avgifta i 2024	Estimert tal på innbetalingar	Venta innbetalt totalbeløp	Inntektsført
Jegeravgift generelt	390	195 000	76 050 000	Viltfondet
Jegeravgiftstillegg hjortevilt	110	126 000	13 860 000	Viltfondet
Ekstraavgift ved manglande levering av jaktstatistikk ¹	240	11 000	2 640 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen rein	340	3 500	1 190 000	Viltfondet
Fellingsavgift reinkalv	200	1 500	300 000	Viltfondet
Sum statlege avgifter			94 040 000	Viltfondet
Fellingsavgift vaksen elg	620	20 000	12 400 000	Kommunane
Fellingsavgift elgkalv	370	9 500	3 515 000	Kommunane
Fellingsavgift vaksen hjort	480	35 000	16 800 000	Kommunane
Fellingsavgift hjortekalv	290	14 500	4 205 000	Kommunane
Sum kommunale avgifter			36 920 000	Kommunane

¹ Innkrevjing skjer etterskottsvis i 2024 for dei som ikkje leverte jaktstatistikk for jaktåret 2022/2023.

For 2024 er det budsjettert med eit kapitaluttak for å få kapitalen til eit formålstenleg nivå. Kapitaluttaket og inntektene frå avgiftene gjer at det

blir budsjettert med ein kapitalstraum i Viltfondet som vist i tabell 4.13.

Tabell 4.13 Berekning av kapital i Viltfondet, 2024 (i 1 000 kroner)

Saldo 31.12.22	4 566
+ Budsjettert innbetalt i 2023 ¹	94 340
- Budsjettert overføring til statsbudsjettet i 2023 (utbetalinger frå fondet)	93 000
= Budsjettert saldo 31.12.23	5 906
+ Budsjettert innbetalt i 2024 ²	94 340
- Budsjettert overføring til statsbudsjettet i 2024 (utbetalinger frå fondet)	96 000
= Budsjettert saldo 31.12.24	4 246

¹ Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,1 mill. kroner og fallviltinntekter på 0,2 mill. kroner.

² Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,1 mill. kroner og fallviltinntekter på 0,2 mill. kroner.

Administrasjon og økonomiforvaltning

Miljødirektoratet forvaltar Viltfondet på vegner av Landbruks- og matdepartementet, og er ansvarleg for administrasjon og føring av rekneskapen for fondet. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei stipulerte inntektene for fondet det same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og kapitaliserast i fondet og gi grunnlag for eventuelle større refusjonar kommande år.

Inntektene over kap. 5576, post 72, finansierer utgifter til vilttiltak, viltforvaltning og drift av Jegerregisteret over kap. 1140, post 01, 21 og 71. Inntektene finansierer òg utgifter til forvaltning av fondet, forvaltning av fondsmidlane og tilskottsforvaltning i Miljødirektoratet over kap. 1420, post 01, og nasjonal jaktstatistikk i SSB over kap. 1620, post 01. Planlagd bruk av inntektene går fram av tabell 4.14.

Tabell 4.14 Samla ressursbruk finansiert av inntekter til Viltfondet i 2024 (i 1 000 kroner)

Formål	
Drift av villreinnemndene, drift av Jegerregisteret og andre driftsutgifter knytte til viltforvaltning (kap. 1140, post 01)	13 129
+ <i>Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet</i>	1 591
+ Prosjekt, FoU, overvåkingsprogram, sentrale fallviltutgifter m.m. (kap. 1140, post 21)	32 683
+ <i>Meirverdiavgift som er ført under Finansdepartementet</i>	2 852
+ Hjortevilttiltak, særskilde villreintiltak, lokale vilttiltak, viltovervaking (kap. 1140, post 71)	39 778
+ Forvaltning i Miljødirektoratet (kap. 1420, post 01)	3 267
+ Midlar til nasjonale statistikkoppgåver i SSB som er førte under Finansdepartementet (kap. 1620, post 01)	2 700
= Totalsum	96 000

Spesielt om hjortevilt og fallvilt

Det er kommunane som har primæransvaret for forvaltninga av hjortevilt og for alt fallvilt. Det er òg nasjonale oppgåver innanfor desse felta som må løysast. FoU-tiltak og overvaking av hjortevilt blir dekte av Viltfondet gjennom eit tillegg til

jegeravgifta for hjorteviltjegerar. På denne måten medverkar hjorteviltjegerane til finansieringa av naudsynte nasjonale oppgåver.

Det er behov for at Miljødirektoratet gjennomfører sentrale analysar av individ som blir funne som fallvilt eller avliva av ulike årsaker, spesielt for rovviltartane. Utgiftene til sentrale oppgåver i

samband med hjortevilt og fallvilt er difor bud-
sjetterte under kap. 1140, post 21, Spesielle drifts-
utgifter. For dei artane der fallviltet har ein sals-

verdi etter at naudsynte analysar av dyra er
gjennomførte, omset Miljødirektoratet skinn og
skrottar til inntekt for Viltfondet.

Programkategori 15.40 Forretningsdrift

Utgifter under programkategori 15.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
1162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	2 624 900			0,0
	Sum kategori 15.40	2 624 900			0,0

Inntekter under programkategori 15.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024	Endring i pst.
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eierskap			10 000	100,0
5652	Statskog SF – renter og utbytte		20 000	34 400	72,0
	Sum kategori 15.40		20 000	44 400	122,0

Landbruks- og matdepartementet forvaltar statens eigarinteresser i statsforetaket Statskog SF, og i aksjeselskapa Graminor AS og Kimen Såvarelaboratoriet AS. Selskapa er omtalte i Meld. St. 6 (2022–2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap — Statens direkte eierskap i selskaper*, og er der plasserte i kategori 2; selskap med mål om berekraftig og mest mogleg effektiv oppnåing av sektorpolitiske mål.

Det er berre for Statskog SF det blir budsjettet med utbytte for 2023, jf. kap. 5652 Statskog SF – utbytte.

Statskog SF

Mål- og strategiar

Statskog SF forvaltar om lag ein femdel av landarealet i Noreg. Statskog SF er den største skog-eigaren i landet med om lag 7 pst. av det samla skogarealet. Resten er fjell- og utmarksareal, for det meste i Troms og Nordland. I Sør-Noreg er ein stor del av arealet (om lag 26 mill. dekar) stats-

allmenning, der eigeidommar med allmenningsrett har rett til å få vist ut tømmer og ved, beite og seter.

Statskog SF er ein desentralisert organisasjon. Hovudkontoret ligg i Namsos, men foretaket har 18 kontor rundt om i landet. Lokal kunnskap er viktig i forvaltninga av ressursane, og foretaket legg vekt på å vere til stades på areala dei eig. Statskog SF etablerer no kontor på Røros, og har utvida sitt feltapparat, Fjelltenesta, til òg å dekkje område i Sør- og Midt-Noreg. Statskog SF er med sin kompetanse og si erfaring innanfor skog- og utmarksområdet ein sentral aktør i ei berekraftig forvaltning av dei norske skog- og utmarksressursane. Foretaket er òg viktig for å løyse oppgåver knytte til skog- og utmarksspørsmål. Statskog SF skal ut frå vedtektene forvalte, drive og utvikle statlege skog- og fjelleigeidommar med tilhøyrande ressursar, det som står i samband med dette, og anna naturleg tilgrensande verksemd. Innanfor ramma av målsetjinga kan Statskog SF òg drive andre eigeidommar og yte andre former

for tenester. Statskog SF skal leggje vekt på å oppnå eit tilfredsstillande økonomisk resultat, drive aktivt naturvern og ta omsyn til friluftsinnteresser. Ressursane skal utnyttast balansert.

Statskog SF hadde i 2022 eit resultat etter skatt på 137 mill. kroner, om lag 100 mill. kroner høgare enn i 2021. Hovudårsaka til resultatauken er dei høge straumprisane som har gitt sterk vekst i inntekter frå føretaket si energiverksemd.

Skogbruk er normalt det viktigaste forretningsområdet til Statskog SF og utgjorde 26 pst. av bruttoinntektene i 2022. Statskog har som mål å utnytte skogproduksjonen som grunnlag for verdiskaping og høge skogverdiar. Skogbruket i Statskog SF rettar seg mellom anna etter Norsk PEFC Skogstandard for eit berekraftig skogbruk. I 2022 var den samla hogsten på 238 000 kubikk-meter tømmer. Dette er om lag same nivå som i 2021. Statskog SF ventar at avverkinga framover vil liggje lågt i ein periode på grunn av mindre tilgjengeleg hogstmoden skog, før avverkinga igjen kan auke på lengre sikt.

Grunngivinga for statens eigarskap i føretaket er å ha kontroll over viktige skog- og utmarksareal i tillegg til å sikre berekraftig forvaltning av statlege skog- og fjelleigedommar med tilhøyrande ressursar, medrekna å leggje til rette for allmenta sitt behov for jakt-, fiske- og friluftstilbod med vidare. Statens mål som eigar er berekraftig forvaltning av areala, gjennom effektiv drift og tilfredsstillande resultat over tid.

Departementet si styring, oppfølging og kontroll av Statskog SF

Departementet si styring og kontroll av Statskog SF følgjer reglane i lov om statsføretak og vedtektene til føretaket. Alle avgjerder frå eigaren som er bindande for styret i føretaket, skjer som vedtak i føretaksmøte. Det ordinære føretaksmøtet i Statskog SF er i juni, og utover dette blir det kalla inn til ekstraordinært føretaksmøte når det trengst.

Spørsmål om korleis føretaket handsamar myndigheita som er delegert gjennom fjellova og allmeningslova, ligg utanfor sjølve eigarstyringa og blir handtert gjennom eigne kontaktmøte og tildelingsbrev, jf. kap. 1161.

Departementet har kontakt med og får informasjon frå føretaket i aktuelle saker. Det er regelmessige kontaktmøte mellom departementet og Statskog SF om mellom anna Statskog SFs framlegging av kvartalsresultat. Økonomien i verksemda og viktige hendingar blir gjennomgatte på kontaktmøta og på ordinært føretaksmøte.

Statskog SF sitt kjøp av AS Meraker Brug

Statskog SF kjøpte i 2022 100 pst. av aksjane i AS Meraker Brug til ein pris på 2,65 mrd. kroner. Kjøpet blei finansiert gjennom eit kapitalinnskott på 2,35 mrd. kroner og eit statleg lån på 300 mill. kroner, jf. Prop. 6 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Landbruks- og matdepartementet (kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF)* og Innst. 47 S (2022–2023).

AS Meraker Brug var inntil kjøpet ein av dei største private eigedomane i Noreg. Selskapets areal omfattar 1,2 mill. dekar, inkludert 229 000 dekar produktivt skogareal, i Meråker, Stjørdal, Malvik og Steinkjer. Selskapet si kjerneverksemd er skogbruk, jakt og fiske og eigedomsutvikling.

Statskog SFs grunngiving for kjøpet av AS Meraker Brug var at dette ville underbygge Statskog SFs vedtektsfesta formål og overordna strategiar, styrkje føretaket forretningsmessig og betre allmenta sin tilgang til jakt og fiske.

Graminor AS

Graminor AS driv planteforedling, sortsrepresentasjon og oppformering for å sikre at norsk jord- og hagebruk får tilgang på klimatilpassa, variert og sjukdomsfritt plantemateriale. Selskapet tek imot lisens- og foredlaravgift ved omsetnad av sjukdomsfritt plantemateriale i marknaden, forskingsmidlar frå jordbruksavtalen og tilskott, jf. omtale under kap. 1150, post 77.

Staten eig 34 pst. av aksjane i selskapet. Av dette forvaltar departementet 28,2 pst., mens Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og Norges miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU) forvaltar høvesvis 5 pst. og 0,8 pst. Dette skal sikre eigar- og samfunnsinteressene i planteforedling og oppformering av plantemateriale i Noreg.

Graminor AS hadde i 2022 ein omsetnad på 79,4 mill. kroner og eit negativt resultat etter skatt på 0,3 mill. kroner. Det blei ikkje utbetalt utbytte for 2022.

Graminor AS har utarbeidd ein ny strategi for verksemda som blei vedteken i 2020, og som er lagd til grunn for drifta av selskapet. I strategien er verksemda presentert som ei forretningsmessig verksemd basert på planteforedling, representasjon og prebasisproduksjon og planteforedling på vegner av staten. I strategien til verksemda er det lagd til grunn ein langsiktig utbyttepolitikk basert på stabilitet og på at ein stor del av det årlege overskottet skal haldast tilbake til finansiering av planteforedlingsaktivitet. Det blir difor ikkje budsjettert med utbetalt utbytte i 2024.

Grunngivinga for statens eigarskap er å ha ein aktør som driv planteforedling tilpassa norsk og nordisk klima. Statens mål som eigar er mest mogleg kostnadseffektiv utvikling, produksjon og sal av plantemateriale til jord- og hagebruksnæringa, tilpassa norske og nordiske vekstforhold.

Kimen Såvarelaboratoriet AS

Kimen Såvarelaboratoriet AS (Kimen) er Noregs kompetansesenter på frøkvalitet og frøanalysar og nasjonalt referanselaboratorium for såvareanalysar. Selskapet har bygt opp kompetansen sin gjennom over 130 år og blei i 2004 omdanna til aksjeselskap. Staten eig 51 pst. av aksjane, Felleskjøpet Agri SA eig 34 pst. og Strand Unikorn AS eig 15 pst. Grunngivinga for statens eigarskap er å ha

ein norsk aktør innanfor frøkvalitet og frøanalysar. Statens mål som eigar er mest mogleg ressurs-effektiv såvareanalyse av frø og såkorn i Noreg.

Kimen hadde i 2022 ein omsetnad på 15,0 mill. kroner og eit negativt resultat på 0,9 mill. kroner. Det blei ikkje utbetalt utbytte for 2022, og det blir ikkje budsjettert med ordinært utbytte for 2024.

Styret for Kimen utarbeidde ein ny strategi for selskapet i 2020 med ein plan for berekraftig verdiskaping. Hovudstrategien er å vere eit nasjonalt kompetansesenter innan såvarekvalitet og såvareanalysar. Kimen skal levere kostnads-effektive produkt og tenester til såvarebransjen, forvaltninga og andre aktørar i marknaden. Ein solid eigenkapital og vedlikehald av kompetanse vil difor framleis vere naudsynt dei kommande åra.

Kap. 1162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2022	Saldert budsjett 2023	Forslag 2024
90	Lån til Statskog SF	300 000		
95	Innskott til eigenkapital i Statskog SF	2 324 900		
	Sum kap. 1162	2 624 900		

Post 90 Lån til Statskog SF

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å finansiere Statskog SFs kjøp av AS Meraker Brug.

Rapportering 2022

I samband med Statskog SFs kjøp av AS Meraker Brug til ein pris på 2,65 mrd. kroner, jf. Prop. 6 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Landbruks- og matdepartementet (kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF)*, løyvde Stortinget 300 mill. kroner til eit statleg lån til Statskog SF.

Post 95 Innskott til eigenkapital i Statskog SF

Formål med løyvinga

Formålet med løyvinga er å finansiere Statskog SFs kjøp av AS Meraker Brug.

Rapportering 2022

I samband med Statskog SFs kjøp av AS Meraker Brug til ein pris på 2,65 mrd. kroner, jf. Prop. 6 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Landbruks- og matdepartementet (kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF)*, løyvde Stortinget 2 324 900 000 kroner til innskottskapital i Statskog SF.

Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2024
		2022	Saldert budsjett 2023	
90	Avdrag på lån			10 000
	Sum			10 000

Post 90 Avdrag på lån

I samband med Statskog SFs kjøp av AS Meraker Brug til ein pris på 2,65 mrd. kroner, jf. Prop. 6 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Landbruks- og matdepartementet (kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF)*, løyvde Stortinget 300 mill. kroner til eit statleg lån til Statskog SF.

Det er gjort greie for vilkåra for lånet i Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023*. Lånet blei betalt ut i november 2022, og skal betalast ned innan november 2037, med eit minimumsavdrag på 10 mill. kroner. For 2024 blir det budsjettert med eit avdrag på 10 mill. kroner. Statskog SF står fritt til å betale større avdrag.

Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2024
		2022	Saldert budsjett 2023	
80	Renter			11 400
85	Utbytte		20 000	23 000
	Sum kap. 5652		20 000	34 400

Vedrørende 2023: Ved Stortinget sitt vedtak av 16. juni 2023 blei post 85 auka med 82,8 mill. kroner, jf. Prop. 118 S (2022–2023) og Innst. 490 S (2022–2023).

Post 80 Renter

I samband med Statskog SFs kjøp av AS Meraker Brug til ein pris på 2,65 mrd. kroner, jf. Prop. 6 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Landbruks- og matdepartementet (kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF)*, løyvde Stortinget 300 mill. kroner til eit statleg lån til Statskog SF.

Det er gjort greie for vilkåra for lånet i Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023*.

Rente på lånet vil vere om lag 11,4 mill. kroner i 2024. Eksakt beløp vil avhenge av utviklinga i pengemarknadsrenta og storleik på og tidspunkt for innbetaling av avdrag. Avdrag på lånet er omtalt under Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap.

Post 85 Utbytte

Rekneskapan for 2022 viser at det ikkje var inntekt frå utbytte dette året. Bakgrunnen for dette er at i samband med Statskog SF sitt kjøp av AS Meraker Brug og auka kapitalinnskott i føretaket i 2022, blei utbyttet for 2021 sett ned med 25,1 mill. kroner (til 0), jf. Prop. 6 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2022 under Landbruks- og matdepartementet (kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF)*.

Utbyttet frå føretaket for 2023 blir sett til 75 pst. av årsresultatet etter skatt.


Departementet gjer framlegg om eit ordinært utbytte for 2023 på 23 mill. kroner. Prognosen for årsresultatet etter skatt for 2023 er på 31,2 mill. kroner. Endeleg framlegg til ordinært utbytte vil bli fastsett og betalt ut når årsresultatet for 2023 ligg føre, og vil bli lagt fram i den ordinære budsjettprosessen. Vedtak om utbytte for 2023 blir gjort på ordinært føretaksmøte første halvår 2024.

Del III

Rapportering på dei landbruks- og matpolitiske måla og omtale av særlege tema

5 Dei ulike landbruks- og matpolitiske måla

Regjeringa har følgjande mål for ein berekraftig landbruks- og matsektor:



Figur 5.1 Målstrukturen for Landbruks- og matdepartementet

I del III er det gjort nærare greie for resultatane knytte til dei landbruks- og matpolitiske måla. Ein berekraftig landbruks- og matsektor er eit gjen-

nomgåande omsyn for alle dei landbruks- og matpolitiske måla.

6 Mål: Matsikkerheit og beredskap

Sikre forbrukarane trygg mat

All mat som blir omsett i Noreg, skal vere trygg. Trygg mat er viktig for Noreg som matnasjon. Produksjon av trygg mat skaper tillit, sikrar avsetnad av varer, legitimitet for eit levande landbruk og for næringsmiddelindustrien.

Infeksjon grunna næringsmiddel er framleis eit stort helseproblem internasjonalt. Noreg har generelt færre smittestoff i mat samanlikna med andre land. Ein stor del av dei melde tilfella av matborne infeksjonar kjem frå smitte i utlandet. Førekosten av smittestoff i husdyr og mat som er produsert i Noreg, er låg samanlikna med dei fleste andre land, sjølv om enkelte smittestoff har eit reservoar blant norske husdyr.

For å halde ved lag den gode statusen, blir det lagt vekt på kontinuerleg overvaking slik at tiltak kan setjast inn i tide. Faktorar som verkar inn på førekosten av matborne infeksjonar i Noreg, er mellom anna auka internasjonal handel med mat, nye matvanar og nye produksjonsrutinar.

Sjølv om mattryggleiken i Noreg generelt er god, opplever vi kvart år fleire større og mindre utbrott av matborne infeksjonar. Talet på varsla utbrott har vore ganske stabilt dei siste åra.

Kvaliteten på drikkevatnet er generelt god. Svært få blir sjuke av drikkevatnet. Likevel er det mange stader eit gammalt og dårleg leidningsnett som kan gi forureina vatn.

Tilstanden er god for framandstoff og restar av legemiddel i mjølk, kjøtt og fisk og for restar av plantevernmiddel i vegetabilsk mat. Det er ei utfordring med kosttilskott som inneheld udeklarte og ulovlege ingrediensar, eller som er tilsette legemiddel. Bruk av slike kosttilskott kan føre til alvorleg helseskade. Det er utfordringar knytte til produkt som blir omsette over internett og per postordre.

Auka matvareberedskap

Regjeringa vil ha eit aktivt og berekraftig jordbruk over heile landet. Regjeringa arbeider med å auka sjølvforsyninga mellom anna gjennom å styrkje konkurransekrafta mot import. Konkurransen

i matsektoren er avgjerande for å oppretthalde ein høg marknadsandel i heimemarknaden. For regjeringa er dette ein sentral del av arbeidet med å styrkje beredskapen.

For å sikre berekraftig landbruk over heile landet, auka verdiskaping og redusert klimaavtrykk er det naudsynt å auke lønsemda i bruk av jordbruksareala. Dette skal mellom anna skje gjennom eit sterkt importvern, årlege jordbruksforhandlingar og å bevare landbrukssamvirka som marknadsregulatorar. Næringsutøvarane i landbruket må ha same inntektsmoglegheiter som andre grupper.

I fleire produksjonar er det nær full marknadsdekning av norske varer, til dømes gjeld dette kjøtt frå storfe, svin, sau og lam, egg, fjørfe og mjølk. Frukt, bær, korn, grønsaker og potet er produksjonar med stort marknadspotensial. Auka produksjon og forbruk av desse energirike matvekstane kan bidra til auka sjølvforsyningsgrad. Regjeringa har eit mål om at sjølvforsyningsgraden av norske jordbruksmatvarer, korrigert for import av fôrvarer, skal komme opp til 50 pst.

Sjølvforsyningsgraden beskriv kor stor del av matvareforbruket vårt som er produsert i Noreg, målt i energi. Denne kan per definisjon ikkje overstige 100 pst. Dette er eitt av fleire mål på kva marknadsdel den norske matsektoren har i den innanlandske matmarknaden.

Sjølvforsyningsgraden for varer produserte i jordbruket blir påverka av dei naturgitte produksjonsforholda, vêret, ulike krav til kvalitet, prisar, landbrukspolitiske verkemiddel og av internasjonale handelsavtalar. Dette kom ekstra godt fram etter tørken sommaren 2018, som gjorde at sjølvforsyningsgraden blei redusert både i 2018 og 2019.

Sjølvforsyningsgraden inkludert sjømat har variert rundt 50 pst. i fleire tiår. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) har frå og med 2020 innarbeidd anslag for grensehandel/privatimport, og revidert tidsserien tilbake til 2000. Denne endringa i metode førte til at sjølvforsyningsgraden blei justert ned om lag to prosentpoeng samanlikna med tidlegare. Dei låge avlingane som følgje av tørken sommaren 2018, påverka sjølvforsy-

ningsgraden òg i 2019. Sjølvforsyningsgraden låg då på 42 pst. I 2020 auka sjølvforsyningsgraden til 45 pst., i 2021 til 46 pst. og i 2022 til 47 pst. Sjølvforsyningsgraden med grunnlag i norsk fôr var 38 pst. i 2020 og 40 pst. både i 2021 og 2022. Naturgitte forhold gjer at sjølvforsyningsgraden for husdyrprodukt, som har eit høgt proteininnhald, er gjennomgåande høg, mens den er klart lågare for planteprodukt. For protein ligg sjølvforsyningsgraden på om lag 64 pst.

Tal frå NIBIO viser at sjølvforsyningsgraden for kjøtt var 88 pst. i 2021. For mjølk, fløyte og rømme var sjølvforsyningsgraden 100 pst., mens den for ost var 81 pst. Dette er matvarer vi produserer og som det er naturgitte grunnlag for å produsere i Noreg. Sjølvforsyningsgraden for frukt og bær auka frå 5 pst. i 2020 til 7 pst. i 2021, delvis som følgje av at det i 2020 var problem med å få tak i arbeidskraft under koronapandemien. For grønsaker var sjølvforsyningsgraden 48 pst. i 2021. Den låge sjølvforsyningsgraden på frukt, bær og grønsaker kjem mellom anna av ein kortare vekstsesong og begrensa moglegheiter for konkurransedyktig produksjon i Noreg, men viser òg at det er marknadsmoglegheiter for auka norsk produksjon. Det er stor merksemd på innovasjon for å forlengje vekstsesongen på mellom anna jordbær, gjennom utvikling av sortar og dyrkingsmetodar. For eple har det blitt satsa på å auke haldbarheita ved lagring, slik at norske eple er tilgjengelege på marknaden fleire månader av året.

I 2021 var i overkant av 85 pst. av fôret til norske husdyr produsert i Noreg. Førebelse tal frå Budsjettneemnda for jordbruket viser at norskandelen i 2022 var over 84 pst. Alt grovfôr som nyttast er produsert innanlands, og delen norske råvarer i kraftfôret var i 2021 på 58 pst. og i 2022 på 54 pst. Krav til energi- og proteininnhald i kraftfôret gjer at delen karbohydrat blir redusert. Delen av norske karbohydrat er og avhengig av vidare fôrutvikling, bruk av andre råvarer i fôret og samansetjinga av husdyrhaldet. Delen av norskprodusert kveite i kraftfôret er aukande, og i rapport nr. 10/2021 frå Landbruksdirektoratet om bruk av norske fôrressursar, blir det konkludert med at auka tilgang til kveite er ein nøkkel for å auke norskandelen i kraftfôret. Norskprodusert del av karbohydrat i kraftfôret var 75 pst. i 2021 og 68 pst. i 2022. Den norskproduserte delen av feitt og protein i kraftfôret har gått mykje ned som følgje av forbodet mot bruk av animalsk protein i dyrefôr. Delen av norskproduserte feittråvarer var i 2022 på 50 pst. I kraftfôret blir feitt frå råvarer som erter og oljefrø nytta. Norskproduserte varer

held god kvalitet, men bruken en likevel avgrensa fordi eigenskapane til feittet i desse råvarene ikkje fullt ut kan erstatte importert vare.

Den norskproduserte delen av matvareforbruket målt i energi, korrigert for eksport av norskproduserte matvarer, blir kalla dekningsgraden. Tala for 2021 viser ein total dekningsgrad på 91 pst.

God dyre- og plantehelse og god dyrevelferd

God dyre- og plantehelse er viktig for mattryggleik, kostnadseffektivitet og ein langsiktig og berekraftig matproduksjon. Ein stor del av det globale potensialet for matproduksjon blir i dag ikkje utnytta på grunn av skadegjerarar i planteproduksjon og dyresjukdommar. Klimaendringar og auken i ferdsel over landegrensene er òg risikofaktorar for både dyre- og plantehelsa.

Plantehelsa er generelt god i Noreg samanlikna med mange andre europeiske land, sjølv om det kvart år er tilfelle av skadegjerarar i viktige kulturar.

Helsesituasjonen i norske husdyrpopulasjonar er god. Det er svært få tilfelle av salmonella-infeksjon hos norske husdyr samanlikna med mange andre land. Smitte til menneske frå norskprodusert kjøtt og kjøttprodukt er difor uvanleg.

Antibiotikabruken i norsk husdyrhald er svært låg i internasjonal samanheng. Dyktige og ansvarsmedvitne bønder, ansvarsfulle veterinærar og eit godt samarbeid mellom næringa og styresmaktene er avgjerande faktorar for den gode situasjonen i Noreg.

Landbruks- og matdepartementet har utarbeidd ein eigen handlingsplan mot antibiotikaresistens innanfor eige sektoransvar. I denne planen er det mellom anna ei målsetjing om at den antibiotika-resistente LA-MRSA-bakterien ikkje skal få etablere seg i norsk svinehald. I 2022 blei det ikkje påvist MRSA i norske svinebuskapar, noko som viser at vi framleis klarer å halde MRSA hos svin under kontroll. Salet av antibiotika til matproduserande landdyr er i perioden 2013–2022 redusert med 30 pst. målt i kilo aktivt stoff. Det er ein nedgang i forbruket av veterinære antibakterielle middel på 28 pst. til kjæledyr frå 2013 til 2022. Data rapportert for perioden 2015–2022 viser ein reduksjon på 39 pst. i salet av antibakterielle humanpreparat til hund og katt, noko som indikerer at redusert sal av veterinære antibakterielle middel ikkje har blitt erstatta av antibakterielle humanpreparat.

Generelt er helsa god òg hos viltlevande dyr, men i april 2016 blei sjukdommen chronic wasting

disease (skrantesjuka) påvist hos villrein og elg. Skrantesjuka er seinare påvist to gonger hos villrein felt under jakt på Hardangervidda i høvesvis 2020 og i 2022. Viktige oppgåver er å kartleggje utbreiinga og leggje til rette for å etablere ein ny reinsdyrflokk i Nordfjella, følgje opp vedteken handsaming av klassisk skrantesjuka på Hardangervidda og bidra til å utforme den langsiktige forvaltninga av skrantesjuka.

God dyrevelferd er eit mål i seg sjølv, i tillegg til at det er eit gode for samfunnet og eit konkurransefortrinn for norsk mat. Generelt er dyrevelferda i Noreg betre enn i mange andre land. Det er stor offentleg merksemd på dyrevelferd.

Sjølv om dyrevelferda generelt er god, er det framleis utfordringar i enkelte produksjonar og hos enkelte eigarar av både produksjonsdyr, sportsdyr og kjæledyr.

Satse på avl, forskning og utdanning for å auke bruken av dei biologiske ressursane

Systematisk avls- og foredlingsarbeid er viktig for meir effektiv og berekraftig matproduksjon, med auka sjølvforsyningsgrad basert på norske ressursar og lågare klimagassproduksjon. Forsking og teknologiutvikling legg til rette for at vi har eit plante- og dyremateriale som er godt tilpassa norske forhold og eit endra klima. Landbruks- og matdepartementets løyvingar til forskning har over

fleire år bidrege med finansiering av viktige forskingsprosjekt innan husdyravl, der avlsorganisasjonane Geno og Norsvin er sentrale aktørar.

Norsk avlsarbeid, med Geno og Norsvin i spissen, har gjennom mange tiår lagt stor vekt på fleire eigenskapar enn berre auka produksjon av mjølk og kjøtt i avlsmåla sine. Vektlegginga av eigenskapar som til dømes helse, fruktbarheit, haldbarheit, beinkvalitet, gemytt og morseigenskapar har bidrege til at norsk avlsmateriale er særst ettertrakta i mange land.

Dei seinare åra har GENO og samarbeidspartnarar, med mellom anna midlar over jordbruksavtalen, greidd ut moglegheitene for å inkludere lågare metangassutslepp i avlsarbeidet på NRF mjølkekyr. Resultata verkar lovande og gir vinnvinn for både klima og økonomi. Basert på desse avlstilltaka ønskjer GENO å utvikla ein *bærekraftsavlsværdi* som grunnlag for seleksjon på NRF.

Bioteknologi og forskning står sentralt i bioøkonomien. Regjeringa fremjar bioøkonomien ved å leggje vekt på tiltak som aukar verdiskaping og sysselsetjing, reduserer klimagassutslepp, og meir effektiv og berekraftig utnytting av dei fornybare biologiske ressursane. Landbruks- og matdepartementet sine løyvingar til forskning gir viktige bidrag til vidareutvikling av bioøkonomien, og departementet er oppteke av å auke rekrutteringa til relevant utdanning på alle nivå, jf. omtale under mål 2 og 6.

7 Mål: Landbruk over heile landet

Leggje til rette for bruk av beite- og jordressursane

I Noreg er lite av arealet dyrka mark, og klimatiske forhold begrensar avlingsmoglegheitene og kva for vekster som kan dyrkast. Regjeringa har som mål å leggje til rette for bruk av jord- og beite-ressursane i heile landet. Det gjeld både jordbruk og reindrift, og reindrift er særskild omtalt i slutten av kapitelet. Verkemiddel for eit mangfaldig landbruk med variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling bidreg til å kunne

utnytte dei samla produksjonsmoglegheitene i landet.

Frå 2010 til 2022 har det samla jordbruksarealet i drift blitt redusert med 2 pst., jf. tabell 7.1. Frå 2005 til 2013 blei eit nytt digitalt kartgrunnlag teke i bruk som kontrollgrunnlag ved søknad om produksjonstilskott. Innføringa gav ein reduksjon i arealet på om lag 3,3 pst. Årsakene er både meir nøyaktige målingar og at endringar, som har skjedd over tid, først blir fanga opp når nytt kartgrunnlag blir teke i bruk.

Tabell 7.1 Jordbruksareal i drift, 1999–2022, 1000 dekar

	1999	2010	2020	2021	2022	Endring i pst. 2010–2022
Korn og oljevekstar mm.	3 345	3 071	2 832	2 859	2 836	-8
Åker og hage	3 995	3 536	3 271	3 295	3 298	-7
Fulldyrka eng og beite	4 877	4 765	4 806	4 777	4 776	0
Sum fulldyrka jord	8 871	8 301	8 077	8 072	8 074	-3
Anna eng og beite	1 511	1 758	1 783	1 773	1 771	1
Jordbruksareal i drift i alt	10 382	10 060	9 860	9 845	9 845	-2
Areal dekar/innbyggjar	2,34	2,07	1,84	1,83	1,81	-12

På landsbasis har delen fulldyrka areal hatt ein reduksjon på om lag 3 pst. i perioden frå 2010 til 2022, mens delen eng og beite har auka med 1 pst. Kornarealet har gått ned med 8 pst. frå 2010, men den største delen av reduksjonen var tidleg i perioden.

Systemet for registrering av dyr som gir grunnlag for produksjonstilskott blei lagt om i 2017/2018, og tala for dyr på beite frå og med 2018 er difor ikkje direkte samanliknbare med tal frå tidlegare år. 69 pst. av alle mjølkekyr og anna storfe gjekk på beite (innmark og/eller utmark) i minst 12/16 veker i 2022, og 29 pst. på utmarksbeite, i følgje tal frå Landbruksdirektoratet. For vaksen sau på beite har dyretalet vore stabilt høgt, og i 2022 var 94 pst. på beite (innmark og/eller

utmark) i minst 12/16 veker og 84 pst. på utmarksbeite. For sau er delen dyr på utmarksbeite høgare i større buskap enn i mindre buskap, mens for storfe er det motsett.

Moglegheiter for busetjing og sysselsetjing

Sysselsette i landbruket stod for 3,3 pst. av den samla sysselsetjinga i Noreg i 2022. Om lag 1,3 pst. var sysselsette i jordbruk og reindrift, 0,2 pst. i skogbruk og 1,1 pst. i matindustrien.

I alt var om lag 90 500 personar sysselsette i landbrukssektoren. Av desse var rundt 37 100 personar sysselsette i jordbruk og reindrift, 6 200 i skogbruk, 31 200 i matindustrien og 16 000 i skogbruksbasert industri, jf. tabell 7.2.

Tabell 7.2 Førebelse tal for sysselsette etter arbeidsstad, fordelt på næringer, 2022

	Totalt tal	Sysselsette		Sysselsette		Sysselsette		Sysselsette i skog-		Sysselsette	Landbrukets	
	sysselsette	i jordbruk og reindrift		i skogbruk		i matindustri		bruksbasert industri		i landbruket	sysselsetjing	
	tal	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	tal	pst.	av total
Viken	561 894	5 526	14,9	1 559	25,3	5 699	18,2	3 041	19,0	15 825	17,5	2,8
Oslo	528 122	314	0,8	169	2,7	4 267	13,7	251	1,6	5 001	5,5	0,9
Innlandet	173 960	6 620	17,8	1 699	27,6	3 371	10,8	3 478	21,7	15 168	16,8	8,7
Vestfold og Telemark	188 901	2 569	6,9	694	11,3	2 893	9,3	1 066	6,7	7 222	8,0	3,8
Agder	145 900	1 629	4,4	607	9,9	1 415	4,5	2 066	12,9	5 717	6,3	3,9
Rogaland	259 851	5 072	13,7	123	2,0	3 720	11,9	1 257	7,9	10 172	11,2	3,9
Vestland	328 066	4 111	11,1	288	4,7	2 848	9,1	1 273	8,0	8 520	9,4	2,6
Møre og Romsdal	131 776	1 989	5,4	130	2,1	1 392	4,5	511	3,2	4 022	4,4	3,1
Trøndelag	246 556	5 621	15,2	612	10,0	3 809	12,2	2 327	14,5	12 369	13,7	5,0
Nordland	118 494	2 007	5,4	172	2,8	611	2,0	595	3,7	3 385	3,7	2,9
Troms og Finnmark	126 269	1 640	4,4	97	1,6	1 221	3,9	143	0,9	3 101	3,4	2,5
Svalbard	1 258	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0,0
<i>Ikkje fylkesfordelt¹</i>	<i>7 114</i>	<i>0</i>	<i>0,0</i>	<i>0</i>	<i>0,0</i>	<i>0</i>	<i>0,0</i>	<i>0</i>	<i>0,0</i>	<i>0</i>	<i>0,0</i>	<i>0,0</i>
Sum fylke	2 811 047	37 098	100,0	6 150	100,0	31 246	100,0	16 008	100,0	90 502	100,0	3,2
Sum landet	2 818 161	37 098	100,0	6 150	100,0	31 246	100,0	16 008	100,0	90 502	100,0	3,2

¹ «Ikkje fylkesfordelt» inkluderer Jan Mayen (10 sysselsette tilknytt forskning og utviklingsarbeid) og kontinentalsokkelen (6 960 sysselsette tilknytt utvinning av råolje og naturgass).

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Ressursane knytte til landbrukseigedommane spelar ei viktig rolle for sysselsetjing og busetjing i store delar av landet. Tal frå SSB viser at det var registrert 5 391 369 innbyggjarar i Noreg første kvartal 2021. Av dei var 349 895 fast busette på ein landbrukseigedom. I 2021 var det registrert 142 512 landbrukseigedommar med bustadhus i Noreg. I 2021 budde 6,5 pst. av folkemengda på ein landbrukseigedom.

Eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur og geografisk produksjonsdeling

Den geografiske fordelinga av produksjon i landbruket er viktig for å nå målet om landbruk over heile landet. Figur 7.1 viser endringa i produsert mengde for nokre produksjonar fordelt på fylke for perioden 2010 til 2022.

Produksjonen av kumjølkkvoter blir styrt av kvoter, og har difor vore relativt stabil over fleire år både i volum og geografisk fordeling. Som følgje av Stortingets vedtak om å fjerne eksportsubsidiene frå 1. juli 2020, har kvoter som blei selde til staten i perioden frå 2017 til 2021 ikkje blitt ut igjen til produsentane. Dette har i nokon grad endra den regionale balansen. Den ekstraordinære oppkjøpsordninga som blei vedteken hausten 2019 og gjennomført i 2020, fekk verknad frå 2021. Oppkjøpa var fordelte på produksjonsregion, men fordi nokre regionar ikkje nytta heile oppkjøpskvota, påverka òg dette den regionale balansen noko. Forholdstalet for kumjølkkvoter blei auka fleire gongar frå april 2020 grunna auka etterspørsel under pandemien. Etterspørselen har gått ned igjen etter pandemien. Frå 2014 til 2023 er reduksjonen i produksjonen av kumjølkkvoter 8 pst.

Produksjon av storfekjøtt auka mellom 2010 og 2022 i Viken, Innlandet, Vestfold og Telemark, Agder, Rogaland og Trøndelag. Produksjonen har gått noko ned i Vestland og Møre og Romsdal, og


ligg på om lag same nivå i Nordland og Troms og Finnmark. Produksjon av sauekjøtt har auka i Viken og Trøndelag, mens den har gått ned i Vestfold og Telemark, Vestland, Møre og Romsdal, Nordland og Troms og Finnmark. Dei andre fylka har berre mindre endringar i produksjon av sauekjøtt.

Produksjonen av fjørfekjøtt har hatt ein sterk auke dei siste åra, trass i reduksjonen i 2015 og 2016. I dag blir det i hovudsak produsert fjørfekjøtt i Viken, Innlandet, Trøndelag og Rogaland. Auken i produksjonen frå 2010 til 2022 har i stor grad komme i Rogaland. Produksjonen av egg går i hovudsak føre seg i dei same fylka som produksjon av fjørfekjøtt. I Trøndelag har eggproduksjonen auka mykje dei siste åra, mens den har vore relativt stabil i dei andre fylka.

Svinekjøttproduksjonen er størst i fylka Viken, Innlandet, Vestfold og Telemark, Rogaland og Trøndelag. Det har ikkje vore store endringar i det totale produksjonsvolumet eller i den geografiske fordelinga av produksjon av svinekjøtt frå 2010 til 2022.

Kornproduksjonen blei hardt ramma av tørken sommaren 2018. Arealet nytta til korn, erter og oljevekstar blei redusert i 2019, truleg fordi mange produsentar nytta kornarealet til å produsere gras for å byggje opp fórlager etter tørkesommaren. I 2020 var produksjonen av korn høgare enn på mange år, mens kornproduksjonen i 2021 var om lag 10 pst. lågare enn i 2020. 2022 var eit svært godt kornår, og tilgangsprognosane for 2022 viser til om lag 20 pst. høgare volum enn gjennomsnittet for perioden 2018–2022.

Produksjon av potet har auka med 13 pst. i perioden 2010 til 2022. Produksjonsvolumet har i stor grad konsentrert seg til Innlandet, og i 2022 var 48 pst. av potetproduksjonen her. Av fylka med mykje produksjon av potet, har produksjonen òg auka i Rogaland og Trøndelag dei siste åra.



Figur 7.1 Endring i produsert mengde fordelt på produksjonar og fylke, 2010 til 2022 (i prosent)


Kjelde: Budsjettnemnda for jordbruket, Resultatkontrollen

For å nå målet om eit mangfaldig landbruk med ein variert bruksstruktur må produksjonsgrunnlaget (areal og struktur) vere innretta på ein tenleg måte.

Statistikk frå SSB viser at det var om lag 180 000 registrerte landbrukseigedommar i 2021. Dette er landbrukseigedommar som har minst 5 dekar jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktiv skog. Ei gruppering av landbrukseigedommane etter storleiken på eigd jordbruksareal viser at mange eigedommar har lite jordbruksareal. Hovudtyngda (70 pst.) av eigedommane hadde mellom 5 og 100 dekar eigd jordbruksareal både i 2020 og 2021. Om lag 18 pst. hadde mellom 100 og 500 dekar eigd jordbruksareal. Under 1 pst. hadde eigd jordbruksareal på 500 dekar eller meir. Utviklinga frå 2020 til 2021 i talet på landbrukseigedommar som har mellom 100 og 500 dekar eigd jordbruksareal er stabilt. Utviklinga viser òg ein auke i talet på eigedommar med 500 dekar og meir eigd jordbruksareal i perioden.

Av dei 180 000 registrerte landbrukseigedommane i 2021 har i underkant av 160 000 eigedommar (89 pst.) minst 5 dekar eigd jordbruksareal. Av dei har om lag 52 pst. jordbruksareal som berre blir drive ved bortleige. Om lag 21 pst. av eigedommane blir drivne utan bortleigd jordbruksareal, jf. figur 7.2, som viser landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal i 2021. Tala for 2021 viser ein nedgang for eigedommar med areal som blir drive av eigaren sjølv, og ein auke i areal som blir drive av andre ved

bortleige. For eigedommane med minst 5 dekar eigd jordbruksareal var den gjennomsnittlege arealstorleiken på jordbruksarealet om lag 68 dekar.




Figur 7.2 Landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal, 2021 (i prosent)

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Tal frå SSB viser at over halvparten (56 pst.) av dei 38 079 jordbruksverksemdene hadde mellom 100 og 499 dekar jordbruksareal i drift i 2021. Dette er uendra frå 2020. I 2021 hadde i overkant av 5 000 jordbruksverksemder 500 dekar og meir jordbruksareal i drift, mot om lag 4 900 året før. Tala viser framleis ein auke i jordbruksverksemder med 500 dekar og meir jordbruksareal i drift – frå 2,5 pst. i 2000 til 13,2 pst. i 2021.

Det er i dag eit stort omfang av leigejord og 60 pst. av jordbruksverksemdene driv landbruksproduksjon med både leigd og eigd jordbruksareal. Om lag 31 pst. av jordbruksverksemdene driv produksjon berre på eigd jordbruksareal. 6 pst. driv landbruksproduksjon berre med leigd jordbruksareal, jf. figur 7.3, som viser jordbruksverksemdene fordelte etter jordbruksareal i drift. Tala er stabile.

Eigd jordbruksareal i drift på jordbruks-eigedommane var på litt over 5,15 mill. dekar. Det leigde jordbruksarealet var på litt under 4,7 mill. dekar. Samanlikna med tala frå 2020 viser dette ein nedgang på 121 000 dekar i eigd jordbruksareal i drift, og samstundes ein auke på 106 800 dekar i jordbruksarealet som blir leigd av jordbruksverksemdene.



Figur 7.3 Jordbruksverksemder etter jordbruksareal i drift, 2021 (i prosent)

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Tal frå KOSTRA (kommune-stat-rapportering) i 2022 viser at 2 410 fekk samtykke til å dele ein landbrukseigedom. Av dei skulle om lag 20 pst. (493) selje jorda som tilleggsjord til ein eller fleire landbrukseigedommar. I perioden 2011–2019 var den tilsvarende fordelinga på om lag 16 pst., mens den i 2020 og 2021 var høvesvis 22 pst. og 19 pst.

Leggje til rette for rekruttering i heile landet

Stabil rekruttering av kompetente næringsutøvarar er viktig for å nå måla i landbrukspolitikken. Jordbruksavtalen inneheld sentrale rammevilkår og gir grunnlag for auka lønsemd i landbruket. Avtalen er difor det viktigaste verktøyet for å leggje til rette for rekruttering i heile landet. Særleg er ordninga med investerings- og bedriftsutviklingsmiddel målretta for å fremje rekruttering til næringa, både fordi yngre investerer i større grad enn eldre, og fordi mange eldre som investerer, gjer det for å leggje til rette for neste generasjon. Næringsutøvarar under 35 år er prioriterte i delar av regelverket. I 2022 gjekk 30 pst. av tilskottsmidlane til personlege motakarar under 35 år. Talet har vore relativt stabilt dei siste åra.

Norsk landbruk er ei kunnskapsintensiv og kompetansekreivjande næring. Det er viktig å leggje til rette for eit godt utdanningssystem i landbruket. Nær alle fylka i landet tilbyr landbruksutdanning i vidaregåande opplæring under utdanningsprogrammet Naturbruk, og fleire fylke har fagskuletilbod i ulike landbruksfag. På universitets- og høghskulenivå er det tilbod om landbruksutdanning på tre ulike stader i landet – ved Nord universitet, Høgskolen i Innlandet og Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU).

Det har dei siste åra vore ei positiv utvikling i talet på elevar som vel utdanningsprogrammet Naturbruk, men dei enkelte landbruksfaga under utdanningsprogrammet har variert. Samstundes er det stor interesse for agronomi- og gartneropplæringa for vaksne knytt til den nasjonale modellen for vaksenagronomen. Ordninga er etablert ved 20 av landets naturbruksskular fordelt på ni av landets fylkeskommunar. Gartneropplæringa under ordninga gir ikkje lengre formell kompetanse fordi opplæringa i vidaregåande skule er endra frå tre år i skule til 2 år på skule og 2 år lære, som gir sluttkompetanse fagbrev. Gartneropplæringa under ordninga gir ikkje lenger formell kompetanse fordi opplæringa i vidaregåande skule er endra frå tre år i skule til to år på skule og to år lære, som gir sluttkompetanse fagbrev. Det første kullet dette gjeld for, er dei

som starta hausten 2021 og avslutta våren 2023. Opplæringa er den same som tidlegare, men ein får eit kursbevis i staden for eksamen med slutt-kompetanse med yrkestittel gartner.

I høgare utdanning har interessa for landbruksfag variert frå fag til fag, og det er relativt små tal ein samanliknar frå år til år. Når ein ser dei siste fem åra under eitt for dei tre utdanningsinstitusjonane, har det vore ein auke på over 20 pst. for søkinga til landbruksfaga, mens interessa for andre grøne fag som er særleg relevante for landbruket, har gått ned tilsvarande. For fagskulane har rekrutteringa til landbruksfag halde seg stabil, samstundes som interessa for matfag har auka.

Rekruttering av rett og god kompetanse er viktig i heile verdikjeda for mat. Matindustrien står overfor eit utfordrande generasjonsskifte, og det er stor etterspørsel etter kokkar mange stader. Etter mange år med nedgang i interessa for matfaga i vidaregåande skule, er det no stabile søkjar-tal.

Ei økologisk, økonomisk og kulturell berekraftig reindrift

Regjeringa legg til grunn at reindriftsnæringa er viktig for å bevare samisk kultur, samfunnsliv og språk. Næringa utnyttar viktige utmarksressursar og har potensial for auka verdiskaping, særleg gjennom auka vidareforedling av reinkjøtt og formidling av reindriftssamisk kultur og levestett.

Tilgangen på slaktedyr er avhengig av kalvetilgangen, tap av dyr og kor mange dyr reineigaren set til livdyr. Det blei slakta 59 097 rein i kalenderåret 2022. Det var ein nedgang frå 2021 på 11 pst. Innrapporterte slaktedata for 2022 viser ei gjennomsnittleg slaktevekt på 23,7 kilo mot 22,1 kilo i 2021 for alle slaktedyr. Av alle slaktedyr var 82 pst. kalv, det same nivået som i 2021.

Det er stor variasjon i gjennomsnittsvekt mellom reinbeitedistrikta. I nokre område er gjennomsnittsvekta på under 16 kilo per kalv. I den andre enden av skalaen er det nokre distrikt som har gjennomsnittsvekt på over 20 kilo per kalv. Reinlaga i Sør-Noreg ligg på rundt 24 kilo per kalv.

Produktiviteten per livrein varierer mykje mellom reinbeiteområda og mellom distrikta i det enkelte området. Totalproduktiviteten, det vil seie slakt per livdyr korrigert for reental, er 7,5 kilo for heile landet i driftsåret 2021/2022, men varierer mellom 3,6 kilo i Nordland og 20,1 kilo i reinlaga i Sør-Noreg.

Tilgang på areal er ein føresetnad for at reindriftsnæringa når målet om auka produksjon og lønnsemd. Det samiske reinbeiteområdet strekkjer seg over 40 pst. av Noregs areal. Innanfor dette arealet er det område som er mellom anna bustadområde, industriområde og hyttefelt. Det området som faktisk er tilgjengeleg for reinbeite er difor ikkje så stort. Ei arbeidsgruppe etablert av Landbruks- og matdepartementet leverte i 2022 ein rapport der ein har sett nærare på korleis ein kan få betre statistikk for å sjå kva for areal som faktisk er tilgjengelege. Arbeidsgruppa føreslo at det blir laga statistikk med utgangspunkt i reinbeitedistrikt, der ein ser på kva arealet innanfor dette distriktet blir brukt til. Dette vil gi eit tydelegare bilde av kva areal som er tilgjengelege for reinbeite.

Konfliktar mellom ulike interesser om bruken av areala er ei stor utfordring for næringa. Medverking i planleggings- og utbyggingsprosessar er avgjerande for at reindrifta skal få synleggjort sin bruk av areal, og kva konsekvensar utbygging vil ha for reindrifta. Dette er svært ressurskrevjande for reindrifta. Avtalepartane har gjennom dei siste reindriftsavtalane difor etablert eit pilotprosjekt for ei rådgivingsteneste i arealsaker. Norske Reindriftsamers Landsforbund har tilsett tre rådgivarar, som skal gi råd til reinbeitedistrikt som har plan- eller utbyggings saker i sine område. Tenesta skal bidra til å tilføre distrikta kompetanse om arealforvaltningsprosessar og leggje til rette for at distrikta kan medverke i prosessane. I tillegg til dette har avtalepartane styrkt distrikts-tilskottet for å styrkje den administrative kapasiteten. Det er òg laga ein mal for distriktsplan for å leggje til rette for oppdatering av desse.

Det er mange årsaker til tap av rein. Dei viktigaste er rovvilt, sjukdom, ernæringssvikt eller trafikkulukker. Reinlaga har dei klart lågaste oppgitte kalvetapa, etterfølgt av Sør-Trøndelag/Hedmark og Polmak/Varanger. Generelt god kondisjon hos reinen og lågare dyretettleik på beiteareala har vore viktige faktorar for å forklare dei lågare tapa heilt aust i Finnmark samanlikna med Karasjok og Vest-Finnmark. På grunn av høge tap til rovvilt har Troms og Nordland over tid hatt dei største oppgitte tapa av kalvar og vaksne dyr i prosent av reental. Samla tap til rovvilt for heile landet i driftsåret 2021/2022 var 79 802 rein mot 86 029 for driftsåret 2020/2021. Av det samla tapet var om lag 71 pst. tap av kalv.

8 Mål: Auka verdiskaping

Utnytte marknadsbaserte produksjonsmoglegheiter

Naturgitte forhold gjer at den norske sjølvforsyningsgraden for husdyrprodukt er gjennomgåande høg, mens den er lågare for planteprodukt, jf. nærare omtale under kap. 1150 i del II og kapittel 8 i del III av proposisjonen. Samla sett er det framleis marknadsomlegheiter for auka planteproduksjon, særleg i grøntsektoren. Det er eit mål i *Nasjonal handlingsplan for betre kosthald* at folk sitt inntak av frukt, bær og grønsaker skal auke, men dei siste tre åra har forbruket per innbyggjar blitt redusert. I dag er ein stor del av forbruket dekt av import. Auka produksjon og forbruk av desse energirike matvekstane kan bidra til auka sjølvforsyningsgrad. For kjøtt har det ei tid vore om lag balanse mellom tilbod og etterspørsel, men det siste året har vore prega av overproduksjon av storfe og gris og oppbygging av lager. Koronapandemien førte til større forbruk av norsk kjøtt i 2020 og 2021 enn det som tidlegare var prognosert, mellom anna grunna ein stor reduksjon i grensehandelen. Både produksjon og prisar på kjøtt auka i 2021. Kjøttproduksjonen var om lag på same nivå i 2022 som i 2021, mens prisane auka ytterlegare.

I 2022 blei det importert jordbruksvarer for 102,9 mrd. kroner til Noreg, ein auke på 15 pst. samanlikna med 2021, ifølgje tal frå Landbruksdirektoratet. Den største delen av importen av jordbruksvarer kjem frå EU-land, og i 2022 var importen frå desse landa om lag 57 pst. av den samla importverdien. Dei siste ti åra har denne delen variert mellom 61 og 65 pst. av samla importverdi. I volum er delen av import frå EU-land noko lågare. I 2022 var han 55 pst. og dei siste fire åra har han variert mellom 52 og 57 pst. Importen er stort sett varer som ikkje blir produserte i Noreg, eller varer som blir importerte utanom norsk sesong. Eksporten av jordbruksvarer frå Noreg var på 16,8 mrd. kroner i 2022. Det er ein auke på om lag 18 pst. frå 2021.

Import av råvarer til fiskefôr stod for 29 pst. av importverdien av jordbruksvarer i 2022, mens importen av frukt og grønsaker stod for 12 pst. av

importverdien. Slike varer blir i hovudsak importerte utan toll. Importen av brød og bakverk utgjorde 6 pst. av importverdien. Dette er varegruppa med mest import av varer som ikkje er tollfri, i hovudsak til tilverka produkt, såkalla RÅK-varer.

Marknaden for lokal mat og drikke har hatt ei positiv utvikling over dei siste to tiåra. Til saman blei det i 2022 omsett slike produkt for 11,5 mrd. kroner. I daglegvarehandelen blei det omsett for 6,5 mrd. kroner og 5,0 mrd. kroner i marknaden for storhushald. Tala for 2022 syner ein nedgang i salet av lokalmat- og drikke frå daglegvaremarknaden på om lag 5 pst. Samstundes har salet frå storhushald auka med om lag 13 pst. i 2022, etter ein nedgang i 2021 som følgje av pandemien. Lokalmatnæringa er kjenneteikna av innovative og kvalitetsmedvitne produsentar. Fleire norske produsentar har dei siste åra gjort det skarpt i internasjonale tevlingar som oste- og sider-VM.

Økologisk mat representerer eit mangfald som forbrukarane etterspør. Landbruksdirektoratet publiserte fram til 2018 tal for omsetnad av økologiske varer i daglegvarehandelen, og har etter dette arbeidd med å få på plass eit nytt datagrunnlag. For dei tre siste åra har Landbruksdirektoratet innhenta tal frå daglegvarekjedene og handsama dei sjølv. Dei er difor ikkje samanliknbare med tal frå før 2019. I 2022 blei det gjort enkelte endringar i kva for varer som blir klassifisert som økologiske, og det er korrigert for dette i tala frå 2021 og 2022 for å få samanliknbare tal. Tala frå 2020 og 2021 er difor omtrent 15 pst. lågare enn dei som blei publiserte i rapporten frå i fjor. Omsetnaden av økologiske landbruksvarer i daglegvarehandelen var på 2,4 mrd. kroner i 2022. Dette er ein nedgang frå året før på 4 pst. Tala tyder på at forbruket av økologiske daglegvarer er tilbake på nivået det var på før pandemien. Dei største varekategoriane av økologiske landbruksvarer i daglegvarehandelen er tørrvarer, meieriprodukt, fersk frukt og grønt og drikkevarer.

Vinmonopolet som er den største salskanalen utanom daglegvare for omsetnad av økologiske produkt, hadde ein nedgang på 18 pst. målt i liter frå 2021 til 2022. Omsetnaden i dei andre sals-

kanalane utanom daglegvare og Vinmonopolet auka med 18,4 pst. i 2022.

Ei konkurransedyktig og kostnadseffektiv verdikjede for mat

Samfunnsoppdraget til jordbruket er å sikre befolkninga nok og trygg mat produsert på norske naturressursar, og gjennom dette bidra til sysselsetjing i heile landet, god ernæring og helse. Verdikjeda for jordbruksvarer må tilpasse seg sterkare konkurranse i framtida. Det betyr at jordbruket må vere ei effektiv næring som leverer det forbrukarane etterspør, og som tek inn over seg ein stadig meir krevjande internasjonal marknad. Regjeringa arbeider for å sikre eit aktivt landbruk med trygge inntekts- og velferdsordningar. Det er òg ein føresetnad for auka norsk matproduksjon og for at det framleis kan vere eit mangfaldig jordbruk over heile landet. Det viktigaste bidraget frå regjeringa til å sikre norsk jordbruk og matproduksjon er gjennom dei årlege forhandlingane med jordbruket.


Ein konkurransekraftig matsektor er avgjerande for å oppretthalde ein høg heimemarknadsdel. Tilstrekkeleg konkurransekraft er fundamentet for eit aktivt og variert norsk jordbruk og for å nå dei landbrukspolitiske måla. Norsk jordbruk har mange konkurransefortrinn og eit godt utgangspunkt for produksjon av konkurranse-dyktige kvalitetsprodukt, mellom anna gjennom ein variert bruksstruktur og geografisk produktfordeling, god dyrevelferd, låg medisinbruk, høg innovasjonsgrad og ein berekraftig produksjon.

Det er ei gjensidig binding mellom norsk næringsmiddelindustri og norsk landbruk, og det er viktig å sikre verdiskaping og lønsemd i heile verdikjeda. Store delar av næringsmiddelindustrien foredlar norskproduserte råvarer, samstundes som han i aukande grad er eksponert for internasjonal konkurranse. Det er viktig å halde

oppe norsk matproduksjon og sikre tilgangen på norske råvarer til næringsmiddelindustrien over heile landet, for å sikre at norske forbrukarar får den maten dei ønskjer. Importen av næringsmiddel aukar, men det gjer òg den samla omsetnaden av matvarer i Noreg.

I perioden frå 2014 til 2023 har det samla produksjonsvolumet av planteprodukt auka med over 10 pst. (prognosert volum for 2023), jf. figur 8.1. Planteproduksjonar er særskild avhengige av vêret. Vêrforholda i 2016 og 2017 gav gode avlingar, mens tørken sommaren 2018 gjekk hardt ut over kornproduksjonen og nokre grønsakskulturar. Produksjon av korn, erter og oljefrø har auka jamt heile perioden frå 2014 til 2023, med totalt 15 pst. Dei siste vekstsesongane har vore svært gode for korn. For poteter har auken vore nesten 13 pst., mens han for grønsaker har vore rett under 30 pst. Produksjonen av frukt har hatt ein auke på nesten 35 pst. dei siste ti åra, og fruktavlingane i 2021 og 2022 var dei største på ti år. Produksjonen av bær har gått ned med over 33 pst. dei siste ti åra. Uvisse rundt tilgang på arbeidskraft frå utlandet grunna koronapandemien, er sannsynlegvis hovudårsaka til den sterke nedgangen dei siste åra. Mangel på arbeidskraft førte mellom anna til at jordbærplanter aldri kom i jorda, noko blei pløgd ned, mens andre produsentar ikkje hausta avlinga. Det blei teke ut høge prisar på bær i denne perioden.

Marknaden for frukt og grønsaker er prega av sterk konkurranse frå import. I 2021 oppnådde likevel elleve av tolv produkt i grøntsektoren målpris. Unntaket var eple. I jordbruksoppgjæret 2022 blei målprisane for frukt og grønt auka med 15 pst. Dette var den høgaste auken i målpris på mange år, og per 31. desember 2022 var målpris oppnådd for 8 av 12 produkt i grøntsektoren. I jordbruksoppgjæret 2023 blei målprisane auka med 8,8 pst. Samla sett er det framleis marknadsmoglegheiter for auka planteproduksjon, særleg for frukt, bær og grønsaker.



Figur 8.1 Endring i produksjonsvolum fra 2014 til 2023, ifølgje normalisert regnskap. 2014=100

Kjelde: Budsjettnemnda

Produksjonen av husdyrprodukt auka jamt fram til 2018, før den flata ut. Produksjonsauken i 2020 og 2021 skuldast den auka etterspørselen som kom som følgje av restriksjonane under koronapandemien, med kraftig reduksjon i grensehandelen, redusert reising utanlands som følgje av stengde grenser, og auka etterspørsel i hushaldningsmarknaden. Auken i kjøttsalet blei vurdert til å vere mellombels. For å unngå ein situasjon med overproduksjon når etterspørselen blei normalisert, blei delar av etterspørselsauken på kjøtt teken ut gjennom ein auke i importen, særleg av svinekjøtt og storfejøtt. Denne vurderinga viste seg å vere rett, og dei seinaste prognosane frå Nortura for 2023 indikerer at salet av svine- og storfejøtt vil gå ned med om lag 7 pst. samanlikna med 2022. For å oppnå balanse i marknaden må ein dermed vente at òg produksjonen må reduserast. Den samla norske produksjonen av kjøtt frå gris, storfe, kylling, sau og lam har auka kraftig dei siste femten åra. Auken har først og fremst skjedd i dei kraftfôrbaserte produksjonane svin og fjørfe. Produksjonen av dei grovfôrbaserte kjøttslaga har vore relativt stabil i perioden sett under eitt, men med ein del variasjonar mellom produksjonar og mellom år.

Salsauken for mjølk og meieriprodukt under pandemien blei i stor grad teken ut gjennom auka innanlandsk produksjon, og forholdstalet innebar i 2021 at produsentar med kumjølkkvote kunne levere 7 pst. over disponibel kvote. I 2023 blei forholdstalet sett til 0,95 for kumjølk som følgje av

redusert etterspørsel, men i juli blei det auka til 0,99 fordi mjølkeinngangen var låg og etterspørselen høgare enn prognosert. Frå 2014 til 2023 er reduksjonen i kumjølkkproduksjonen 8,5 pst. For geitemjølk har forholdstalet over mange år vore under ein, noko som inneber at produsentane med geitemjølkkvote ikkje har kunna produsere på heile kvota si. I 2023 er forholdstalet for geitemjølkkvotar 0,95.

Hausten 2021 auka kostnadene på svært mange av innsatsfaktorane i jordbruket. Auken fortsette gjennom 2022, men kostnadene har stabilisert seg, og for enkelte innsatsfaktorar gått noko ned hittil i 2023. Regjeringa gjennomførte fleire tiltak for å avhjelpe situasjonen, mellom anna tilleggsforhandlingar med jordbruket hausten 2021, innføring av straumstønsordning for jordbruk, vatningslag og veksthusnæringa, og ekstraordinær utbetaling av produksjonstilskott hausten 2022. I tillegg var det svært høge jordbruksoppgjer i 2022 og 2023 der store delar av kompensasjonen blei teken over statsbudsjettet.


Lønsemd er den viktigaste faktoren som påverkar valet den enkelte produsent tek. Det inneber at dei økonomiske verkemidla mellom anna verkar inn på den geografiske produksjonsfordelinga. Det totale jordbruksarealet har vore uendra eller hatt ein liten auke i Innlandet, Vestfold og Telemark, Agder og Rogaland i perioden 2020 til 2022. Det har vore ein liten nedgang i det totale jordbruksarealet, -0,1 pst. for landet totalt. Reduksjonen har først og fremst skjedd i Nord-

land, Viken, Vestland, Møre og Romsdal og Troms og Finnmark. Arealet av eng og beite har vore relativt stabilt i dei fleste fylka, med unntak av Viken, Vestfold og Telemark og Rogaland, som har hatt ein liten reduksjon.

Figur 8.2 viser endringane i antall dekar grovfôr- og kornareal i periodane 2014–2020 og 2020–2022 for dei arealtilskottssonene der arealet i størst grad kan vekslast mellom korn og grovfôr. På grunn av variasjonar, spesielt i vêravhengige produksjonar som korn, grønt, bær og potet, er indikatoren for prosentvis endring svært følsam

for spesielle utslag i start- og sluttåret. I perioden 2014–2020 auka grovfôrarealet i sone 3, 4 og 5, mens kornarealet blei redusert i desse sonene. I sone 1 var det motsett, med ein auke i kornarealet og ein reduksjon i grovfôrarealet.

I perioden 2020–2022 har utviklinga delvis snudd, ved at kornarealet i sone 1 og 3 har auka med 26 000 dekar, mens grovfôrarealet i desse arealsonene er redusert med 19 000 dekar. I sone 4 og 5 har det vore mindre endringar frå 2020 til 2022, utover at grovfôrarealet i sone 5 har blitt noko redusert.



Figur 8.2 Endring i areal grovfôr og korn, 2014–2020 og 2020–2022

Kjelde: Landbruksdirektoratet

Regjeringa vil leggje til rette for at landbruket skal ha føreseielege rammevilkår som kan bidra til at den samla lønsemda i næringa aukar. Det er avgjerande at næringsutøvarane i landbruket skal ha dei same inntektsmoglegheitene som andre grupper. Innanfor desse rammevilkåra har utøvarane i landbruket, som sjølvstendige næringsdrivande, ansvar for eiga inntekt. Ei berekraftig kostnadsutvikling, god marknadstilpassing og produktivtetsutvikling vil vere ein føresetnad for inntektsutviklinga. Målet er at inntekter for bonden i størst mogleg grad blir henta i marknaden. Regjeringa vil arbeide for at næringsutøvarar i alle produksjonar og på alle typar bruk skal ha reell moglegheit for inntektsutvikling på line med andre i samfunnet.

Den normaliserte rekneskapan for 2023 frå Budjettneemnda for jordbruket viste ein auke i

bruttoinntektene i jordbruket med 8,7 mrd. kroner frå 2021 til 2023, før jordbruksoppgjere, med budsjetterte tal for 2023. Kostnadene (inkl. realrentekostnaden) var berekna til å auke med 6,9 mrd. kroner. Dette innebar at vederlag til arbeid og eigenkapital for jordbrukssektoren frå 2021 til 2023 var berekna å auke med 1,8 mrd. kroner, eller 11 pst. før jordbruksoppgjere i 2023. Dette blir utdjupa i avsnittet om inntektsutviklinga i jordbruket.

Ei effektiv og lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden

Det er heilt sentralt for landbruks- og matpolitikken at dei ulike verkemidla bidreg til lønsam utnytting av dei samla ressursane på garden. Det er sett av midlar til dette over jordbruksavtalen,

mellom anna til Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping, forvalta av Innovasjon Noreg (IN). Innsatsen har medverka til auka profesjonalisering og vekst særleg innan lokalmatområdet, men òg innanfor område som reiseliv og Inn på tunet. Omsetnad av lokalmat gjennom daglegvarehandelen har auka frå 2,3 mrd. kroner i 2010 til 6,5 mrd. kroner i 2022 – ein auke på 196 pst. Tala for 2022 viser at det har vore ein nedgang i salet av lokalmat frå daglegvarehandelen på 0,3 mrd. kroner frå 2021, men salet til storhushald har auka med 0,5 mrd. kroner. Totalomsetnad av lokalmat og drikke var 11,5 mrd. kroner i 2022.

Dei fleste bedriftsretta verkemidla over Landbrukets utviklingsfond (LUF) er forvalta av Innovasjon Noreg (IN), der måla om fleire grunderar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø står sentralt. Dei offentlege verkemidla verkar saman med fleire andre faktorar, og det er difor svært krevjande å måle samanhengen mellom tildeling av middel og utvikling i lønsemd, produktivitet og omsetnad. Dei fleste landbrukskundane hos IN er enkeltpersonføretak eller personkandar, og rekneskapstala deira er ikkje tilgjengelege på same måten som for aksjeselskap. Mangelen på rekneskapsdata gjer at det ikkje er mogleg å måle verknaden av midla til tradisjonelt landbruk med same metode som for middel til andre tenester til næringslivet hos IN. For tenester innan INs landbruksoppdrag som ikkje er tradisjonelt landbruk, har SSB gjort berekningar av verknaden.

I INs rapport til oppdragsgivarane for 2022 viser effektindikatorar for finansiering gitt til aksjeselskap under landbruksoppdraget at bedrifter som har fått tilsegn frå INs tenester, har høgare årleg gjennomsnittleg meirvekst i salsinntekter (9,0 prosentpoeng), verdiskaping (7,6 prosentpoeng) og produktivitet (3,0 prosentpoeng) enn dei som ikkje har fått tilsegn frå IN. Gjennomsnittleg årleg meirvekst for prosjekt finansiert av Landbruks- og matdepartementet er noko høgare enn andre distriktsretta oppdrag i IN. Addisjonalt, det vil seie i kva grad bedriftene oppfatar at INs bidrag har vore avgjerande for gjennomføringa av prosjektet, har vore vedvarande høg for landbruksoppdraget. I 2022 var denne på 83 pst., ein nedgang på 14 prosentpoeng frå føregåande år. IN viser til at tala ikkje er direkte samanliknbare, då ein i 2022 har forsøkt å måle addisjonaliteten gjennom fleire spørsmål til støttemottakar i staden for eitt spørsmål som tidlegare år.

Tilgang til investeringsverkemiddel bidreg til fornying av produksjonsapparatet i landbruket og

til framtidig vekst og utvikling i landbruksbaserte næringar. Midla til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-middel) er Landbruks- og matdepartementet sitt viktigaste verkemiddel for å fremje investeringstiltak i landbruket. Det har over fleire år vore stor etterspørsel etter investeringsverkemiddel. I 2022 var det rekordstor pågang etter middel og ramma auka vesentleg. Saman med noko redusert etterspørsel siste del av året var det difor likevel i fleire fylke udisponerte middel ved utgangen av året. 89 pst. gjekk til fornying av produksjonsanlegg i tradisjonelt landbruk inkludert tilskott til frukt- og grøntsektoren, og er knytte til delmålet om vekst i bedrifter. Ein vesentleg del av midla som går til landbruksbaserte næringar utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, er knytte til delmålet om fleire grunderar. Rapporten frå IN om bruk av IBU-middel for 2022 legg til grunn ein vekst i sysselsetjinga på 309 årsverk samla for dei prosjekta det er løyvd støtte til i tiltaksgruppene etablerartilskott, bedriftsutvikling og investeringar i andre landbruksbaserte næringar. Det er noko færre enn i 2021. Innovasjon Noreg vurderer at hovudårsaka til dette er at prosjekta i 2022 er meir innretta mot å vidareutvikle og sikre eksisterande sysselsetjing enn å skape ny sysselsetjing.

Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping har tiltak retta mot vekstkraftige bedrifter, forpliktande produsentsamanslutningar og omdømmetiltak. Målet med programmet er å få til auka vekst og verdiskaping innan lokalmat, reiseliv, reindriftsnæringa, Inn på tunet, innlandsfiske, jaktturisme og viltkjøtt, og anna ny næringsverksemd basert på ressursane i landbruket og reindrifta. I 2022 blei det innvilga i overkant av 58 mill. kroner til nye prosjekt. Nær to tredelar av løyvingane gjekk til finansieringstiltak og bedriftsnettverk. Finansieringsprosjekta er i stor grad mat- og reiselivsrelaterte, anten kvar for seg eller i kombinasjon. Gjennomsnittleg omsetnadsauke for dei vekstbedriftene som er organisert som AS (81 av 130) i vekstordninga var 34 pst. Kundeeffektundersøkingane til IN viser at Utviklingsprogrammet har hatt høg addisjonaltitet over fleire år. I 2022 var addisjonaliteten på 94 pst. Det er ein vesentleg auke frå 2021, og vesentleg høgare enn snittet for Innovasjon Noreg sine tenester, som ligg på 87 pst. Undersøkingane viser vidare at ordningane medverkar positivt til kompetanseheving og samarbeid, og at prosjekta i stor grad har bidrege til innovasjon innan varer, tenester og marknad.


Tal frå Landbruksteljinga 2020 viser at det er 21 773 jordbruksbedrifter som driv ei eller anna

form for tilleggsnæring. Leigekøyring, i eller utanfor landbruket og utleige av jakt- og fiskerettar utgjer dei største næringskategoriane. Tala viser òg at det er 1 462 jordbruksbedrifter som driv med vidareforedling av råvarer til matprodukt for sal. 1 446 jordbruksbedrifter er registrerte under næringskategorien turisme. Ein annan indikator på mat- og reiselivsverksemdar av eit visst omfang og profesjonalitet, kan vere talet på medlemmer hos HANEN, som er ein landsdekkjande næringsorganisasjon for verksemdar innan bygdeturisme, gardsmat og innlandsfiske i Noreg. Ved utgangen av 2022 hadde HANEN 555 medlemmer, ein auke frå 2021. Stiftinga Norsk Mat rapporterer at talet godkjente Inn på tunet-bedrifter ved utgangen av 2022 var 404 mot 387 året før.

Driftsgranskingane frå Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er ei viktig kjelde til kunnskap om utvikling og lønsemd innanfor dei landbruksbaserte næringane utanom tradisjonelt jord- og skogbruk. Bruka som inngår i driftsgranskingane

er valde ut på grunn av jordbruksproduksjonen på bruket. Det blir ikkje teke omsyn til om bruket har tilleggsnæring eller kva tilleggsnæring som blir driven. Resultata for tilleggsnæringane i driftsgranskingane kan difor variere noko meir enn det ein ser for resultatane for jordbruket.

Av dei 916 enkeltbruka som var med i driftsgranskingane i 2021, hadde 84 pst. (593 bruk) omsetnad knytt til anna landbruksbasert næring. Det er ein nedgang på eitt prosentpoeng frå 2020. Prosentdelen bruk med andre landbruksbaserte næringar av vesentleg omfang har dei seinare åra vore størst på Austlandet og minst i Nord-Noreg. Omsetnaden seier noko om kor høgt aktivitetsnivået i bedriftene er, men ikkje nødvendigvis noko om fortjeneste og inntekt. 65 pst. av bruka hadde ein omsetnad på meir enn 20 000 kroner frå andre landbruksbaserte næringar. Gjennomsnittleg omsetnad på desse bruka var 300 600 kroner, ein auke på 2 pst. frå 2020.



Figur 8.3 Gjennomsnittleg driftsoverskott for bruk med omsetnad over 20 000 kroner i andre landbruksbaserte næringar, 2019–2021 (i kroner per bruk)

Kjelde: Budsjettneemnda for jordbruket

Driftsoverskottet frå andre landbruksbaserte næringar utgjorde i gjennomsnitt 112 100 kroner per bruk i driftsgranskingane i 2021. Det er ein nedgang på 6 100 kroner frå 2020. Driftsoverskottet varierer mykje mellom dei ulike formene for anna landbruksbasert næring, jf. figur 8.3. Anna tenesteyting, som omfattar mellom anna Inn på tunet, klauvskjering og saueklipping, har hatt størst driftsoverskott per bruk av gruppene. Vare-

produksjon, som omfattar mellom anna omsetnad av ved og vidareforedling av kjøtt, mjølk og frukt hadde i snitt eit driftsoverskott for 2021 på 37 100 kroner. Utmarksnæring inkluderer til dømes utleige av jakt og fiske, sal av grus, sand og stein, utvikling og sal av tomter og småkraftverk. I 2021 blei driftsoverskottet for denne driftsforma i gjennomsnitt 52 800 kroner. Figur 8.3 syner ein nedgang frå åra før, noko som kjem av overskott frå

sal av tomter i 2019 og 2020 som bidrog til godt resultat for denne driftsforma. Driftsforma «turisme» og «annan biologisk produksjon», som til dømes hunde- eller hesteoppdrett, har hatt varierende resultat. Dei siste åra har det vore så få bruk med turisme og annan biologisk produksjon i driftsgranskingane at det ikkje blir presentert resultat for desse driftsformene. Bruka som driv med turisme som tilleggsnæring blei råka av koronapandemien, og det er ein nedgang både i resultat og arbeidsinnsats for denne driftsforma både i 2020 og 2021.

Driftsgranskingane viser at overskottet frå tilleggsnæring utgjorde i gjennomsnitt 8 pst. av samla nettoinntekt på alle (916) driftsgranskingsbruk i 2021. Bidraget varierer med ulike regionar og ulike tilleggsnæringar. Stor variasjon i bidraget frå tilleggsnæring mellom år i ein region kjem elles i stor grad av utskifting av bruk i driftsgranskingane. NIBIO viser til at ei av årsakene til at tilleggsnæringane ikkje betyr meir, kan vere at utvalet av bruk som er med i driftsgranskingane har relativt stor jordbruksaktivitet. På desse bruka kan det vere lita tid til, og mindre behov for, å byggje opp andre næringar. God tilgang på inntektsgivande arbeid utanfor landbruket kan vere ei anna forklaring. Med utgangspunkt i driftsgranskingane hadde tilleggsnæringane i 2021 størst økonomisk innverknad på Austlandet, Jæren og i flatbygdene i Trøndelag.

Vidareutvikle Noreg som matnasjon

Arbeidet med å vidareutvikle Noreg som matnasjon held fram. Visjonen for Matnasjonen Noreg fannar breitt, både mellom sektorar og langs heile verdikjeda for mat:

«I 2030 er mat ei kjelde til matglede, stoltheit, god helse og fellesskap i heile befolkninga, og eit synleg element i turistlandet Noreg. Noreg er internasjonalt kjend for ein spanande matkultur, sin store sjømateksport og mat- og drikkeopplevingar i verdsklasse.»

Arbeidet med å byggje Noreg som matnasjon blir følgt opp både gjennom tiltak innanfor Utviklingsprogrammet og gjennom nasjonale og regionale samarbeidsarenaer og verkemiddel.

Matgledekorpsa som er etablerte i fleire delar av landet, er òg eit viktig tiltak i bygginga av Noreg som ein matnasjon. Dette arbeidet har vore i gang over fleire år og viser gode resultat. Arbeidet har bidrege til auka matglede blant bebuarar på institusjonar og auka kompetanse blant dei som lagar maten på desse institusjonane. Og matsvinn og bruk av lokale råvarer og oppskrifter er viktig i det

arbeidet Matgledekorpsa gjer. Dette, saman med arbeidet for å byggje sterke mat- og reiselivsregionar, vil stå sentralt i oppfølginga.

Innovasjon Noreg leverte i 2021 Nasjonal reiselivsstrategi 2030 til dåverande regjering. Strategien hadde fleire innspel på mat- og reiselivsområdet. Det blei mellom anna nedsett eit offentleg utval som la fram ei offentleg utgreiing i 2023, NOU 2023: 10 *Leve og oppleve – Reisemål for en bærekraftig framtid*. Regjeringa har òg sett i gang arbeidet med Reiseliv 2030. Gjennom arbeidet skal det lagast ein strategi. Nærings- og fiskeridepartementet har satt ned ei strategigruppe som skal komme med tilrådingar om korleis verkemidla, forskingsinnsatsen og innovasjonsfremjande aktivitetar kan vere innretta for å oppnå langsiktig og berekraftig verdiskaping.

Stiftinga Norsk Mat har ei sentral rolle i utviklinga av Noreg som matnasjon. Stiftinga administrerer og utviklar Kvalitetssystem i landbruket (KSL), merkeordningane Nyt Norge, Beskytta nemningar og Spesialitet og har ansvar for faktabasert informasjon om økologisk mat. Utviklinga i merkeordningane kan gi nyttig informasjon om korleis Matnasjonen Noreg utviklar seg. Auka verdiskaping i landbruket gjennom mangfaldige, synlege og tilgjengelege norske produkt og matspesialitetar er vektlagt i arbeidet med Matnasjonen Noreg og mat og reiseliv.

KSL ligg til grunn for alle merkeordningane Stiftinga Norsk Mat forvaltar. Norsk Mat har i 2022 vidareført utviklingsarbeidet med nytt KSL. I 2022 blei det gjennomført 5 728 KSL-revisjonar, 34 bedriftsrevisjonar for Nyt Norge, 85 bedriftsrevisjonar knytt til lokalmat.no, 36 bedriftsrevisjonar for Spesialitet og 10 revisjonar på frukt- og grøntpakkeri.

Ved utgangen av 2022 var 4 860 produkt frå til saman 120 ulike bedrifter godkjende for Nyt Norge-merket. Norsk Mat har registrert fem feilmerkingar med Nyt-Norge-merket. Frå 1.1.2022 kan ikkje-etande planter og produkt frå hurtigmatrestaurantar ta i bruk Nyt Norge-merket. Stiftinga har starta arbeidet med å opprinnelsesmerke viltkjøtt.

Kjennskapet til Nyt Norge-merket hos forbrukarane er framleis høg, med ein merkekjennskap på 94 pst., noko som gjer merkeordninga til den mest kjende i Noreg. Det var 32 produkt godkjende i Beskytta nemningar i 2022. Vidare er 579 produkt godkjende som Spesialitet.

Bransjeportalen lokalmat.no har blitt ein viktig kanal for lokalmat og koplpar saman produsentar av lokalmat og innkjøparar i daglegvare- og restaurantmarknaden. Ved utgangen av 2022 var det 513

bedrifter med til saman 3 103 produkt registrerte i databasen og 418 innkjøparar.

Leggje til rette for bonden sine inntekts- moglegheiter og evne til å investere i garden

Inntekts- og kostnadsutviklinga

Normaliserte rekneskap frå Budsjettnemnda for jordbruket viser at frå 2021 til 2023 er bruttoinntektene i jordbruket berekna å auke med om lag 8,7 mrd. kroner, mens kostnadene (inkl. realrentekostnaden) er anslått å auke med 6,9 mrd. kroner. Det inneber at vederlag til arbeid og eigenkapital for jordbrukssektoren frå 2021 til 2023 er berekna til å auke med 1,8 mrd. kroner, eller 11 pst.

Internasjonale utviklingstrekk gav betydelege utslag på både inntekts- og kostnadssida i jordbruket i 2021 og 2022. Mellom desse er utslag av koronapandemien, leveringsvanskar grunna flaskehalsar i transport og logistikk, energiprisauke og utslag av krigen i Ukraina.

Budsjettnemnda legg til grunn at kostnadsveksten held fram i 2023. Svekkja kronekurs fører isolert sett til prisvekst på importvarer. Den pågåande renteoppgangen gir auka låne- og kapitalkostnader. For ein del kostnader har ikkje prisane falle. Når ein samanliknar året 2022 med året 2023 vil kostnadene likevel kunne bli høgare i 2023.

For handelsgjødsel anslår Budsjettnemnda at prisane aukar med 42 pst. frå gjødselåret 2022 til 2023. Frå 2021 til 2022 auka gjødselprisane med 70 pst. Prisane har variert mykje gjennom sesongane. Gjødselprisane har blitt vesentleg reduserte dei siste månadene, noko som i hovudsak verkar inn på gjødselåret 2024.

Jordbruksoppgjeret 2022 bidrog til den sterke auken i bruttoinntekter gjennom direkte tilskott. Då blei det som følgje av den høge kostnadsveksten forhandla om to år i oppgjeret. Frå 2021 til 2023 aukar dei direkte tilskotta til jordbruket med 5,2 mrd. kroner, som tilsvarar heile 43 pst.

Frå 2021 til 2022 blei det òg inntektsvekst gjennom auka prisar. Målprisane blei auka i jordbruksoppgjeret i 2022, og det var også vekst i prisane som ikkje blir avtala i oppgjeret, i hovudsak for kjøtt og egg. For mjølkeprodusentane har prisaukane i 2022 blitt utlikna av høgare kostnader til

innfrakt og lågare etterbetaling enn året før, så utbetalingsprisane hamna på om lag uendra nivå.

Den inngåtte jordbruksavtalen for 2023–2024 har ei økonomisk ramme på 4 147 mill. kroner. Med dette blir det kompensert for avviket mellom føresetnadene som blei lagde til grunn for fjorårets jordbruksoppgjer og den faktisk oppnådde inntektsutviklinga, og avstanden til andre grupper kan bli redusert med 60 000 kroner per årsverk på toppen av ei kronemessig lik utvikling som andre grupper.

Utvikling i produktivitet

Veksten i arbeidsproduktiviteten i jordbruket har vore høg i mange år. Dei siste ti åra var veksten i arbeidsproduktiviteten på i gjennomsnitt 3,7 pst. årleg, ifølgje Budsjettnemnda. Dei siste åra i perioden har veksten i arbeidsproduktiviteten derimot gått klart ned, mellom anna som følgje av at den lange trenden med færre bruk og lågare arbeidsforbruk har blitt svakare. I 2022 auka den berekna arbeidsproduktiviteten i jordbruket med 6 pst. frå året før. Det heng saman med at jordbruket reduserte vareinnsatsen utan at produksjonen blei redusert like mykje.

Over tid har veksten i arbeidsproduktiviteten vore høgare i jordbruket enn for resten av økonomien. Gjennomsnittleg vekst i Fastlands-Noreg dei siste ti åra var 1,0 pst., ifølgje Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera (TBU). Det er ein del metodiske utfordringar ved å rekne produktivitet, det fører til at berekningane ofte er svært usikre.

Investeringar i jordbruket

Førebelse rekneskapstal frå totalalkylen for jordbruket 2022 viser at det samla investeringsnivået i driftsbygningar innan jord- og hagebruk var på i overkant av 5,9 mrd. kroner. Tabell 8.1 gir ei oversikt over gjennomsnittleg bruttoinvestering per bruk innanfor driftsgranskingane i jordbruket for 2021 fordelt på regionar. Driftsgranskingane omfatta 916 bruk i 2021. Storleiken på investeringsnivået for det enkelte bruket er mellom anna avhengig av produksjonstype og bruksstorleik.

Tabell 8.1 Gjennomsnittleg bruttoinvestering per bruk innanfor driftsgranskingane i jordbruket fordelt på regionar, 2021 (i 1 000 kroner)

Regionar	Bruttoinvestering per bruk
Austlandet	
Flatbygdene	417,4
Andre bygder	439,7
Agder og Rogaland	
Jæren	971,0
Andre bygder	393,2
Vestlandet	537,3
Trøndelag	
Flatbygdene	584,2
Andre bygder	403,5
Nord-Noreg	493,3

Gjennomsnittleg investeringsnivå i driftsgranskingane gjekk særleg opp for bruka på Jæren i 2021. Dei største bruttoinvesteringane per bruk for 2021 finn vi på Jæren, etterfølgt av flatbygdene i Trøndelag og Vestlandet utanom Rogaland.

Berekraftig skogbruk og konkurransedyktige skog- og trebaserte verdikjeder

Skogbruk og trebasert industri er ei viktig verdikjede i Noreg. Denne næringa sysselset om lag 22 000 personar, og av desse er rundt 6 000 i skogbruket. Det blei i alt avverka rundt 11,5 mill. kubikkmeter tømmer for sal til industrien i 2022, ein auke på om lag 16 pst. frå året før. Det blei eksportert rundt 4,3 mill. kubikkmeter tømmer, ein auke på knappe 10 pst. frå 2021. Den årlege tilveksten i skogen er på om lag 24,5 mill. kubikkmeter.

I 2022 blei det sett ut rundt 47,5 mill. skogplanter og utført ungskogpleie på litt over 269 000 dekar, ein auke frå året før. Markrivinga var på 82 400 dekar i 2022, ein nedgang frå året før. Det blei bygd om lag 110 km nye skogsbilveggar og ombygd 233 km eldre skogsbilveggar i 2022. Dette er på same nivå som i 2021.

Det er utarbeidd skogbruksplanar med miljøregistreringar (MiS) for om lag 5,2 mill. dekar skog i 2022. Skogeigarane har frivillig sett til side over 74 000 større og mindre nøkkelbiotopar frå ordinært skogbruk – i hovudsak som ikkje-hogstområde. Stortinget har vedteke at det er klassifiseringssystemet Natur i Norge (NiN) som skal brukast ved offentleg kartlegging av natur, og dette systemet er teke i bruk og innarbeidd i MiS-kartlegginga. Departementet la i 2021 fram ein rapport om den eldste skogen og auka ivaretaking av nøkkelbiotopar, der det blir peika på utviklingsoppgåver framover. Departementet, direktoratet og NIBIO er i gang med dette arbeidet.

9 Mål: Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar

Norsk landbruk forvaltar store delar av norsk natur gjennom jordbruk, skogbruk, reindrift og annan aktivitet. Landbruket skaper økonomiske verdiar, mat, trevirke og miljøgode av ulike slag. Kulturlandskapet er eit resultat av eit aktivt landbruk. For å sikre at innbyggjarane i dag og framtidige generasjonar har tilgang til nok og trygg mat, tømmer og treprodukt, energi og andre varer og tenester, må landbruket ha eit langsiktig perspektiv for vern og berekraftig bruk av areal og ressursgrunnlag. Gjennom berekraftig produksjon skal landbruket bidra til redusert forureining og reduserte utslepp av klimagassar, leggje til rette for auka opptak av klimagassar og naudsynt tilpassing av produksjonen til klimaforholda i framtida.

Miljø- og klimasatsinga over jordbruksavtalen skal bidra til å halde ved lag kulturlandskapet og redusere miljøbelastninga frå jordbruket. Nasjonalt miljøprogram samlar verkemiddel til støtte for miljøomsyn i jordbruksdrifta. Noverande nasjonalt miljøprogram og regionale miljøprogram har sine programperiodar frå 2023–2026. Frå 2023 er jord og jordhelse innarbeidd som eigne miljøtema i begge programma, med tilhøyrande nye jordhelsefremjande tiltak. Som oppfølging av Meld. St. 11 (2016–2017) er klima og miljø i større grad vektlagt i jordbruksoppgjera. Intensjonsavtalen med organisasjonane i jordbruket om å arbeide for reduserte utslepp og auka opptak av karbon i jordbruket, med til saman 5 mill. tonn CO₂-ekvivalentar innan 2030, jf. Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan 2021–2030*, ligg til grunn for klimaarbeidet i sektoren framover. Det er etablert ei rekneskapsgruppe som skal halde rekneskap over progresjonen i arbeidet. 2023 er første rapporteringsår, og ei omfattande rapportering (gap-rapportering) blir presentert hausten 2023. I jordbruksoppgjeret 2023 blei miljø- og klimainnsatsen ytterlegare styrkt. Det er viktig for regjeringa å leggje vekt på arbeidet med grøn omstilling og vareta eit berekraftig landbruk, både knytt til sirkulær bioøkonomi, arbeid med miljøretta tiltak og reduksjon av klimagassar. Årets satsing skal bidra til å følgje opp intensjonsavtalen

om klima med organisasjonane i jordbruket med styrking av kunnskapsgrunnlaget om klimatiltak, spesielt knytt til metanhemmere i fôr og tilskottsordningar som bidreg til reduserte utslepp. Avtalen styrkjer ordningar som vil bidra til ein vesentleg auke i miljø- og klimainnsatsen i norsk jordbruk, både i form av målretta tiltak og forbetring av kunnskapsgrunnlaget, under dette vesentleg auke på ordningane Regionalt miljøprogram, SMIL-ordninga og Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket. Vidare blei tiltak for å følgje opp Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden og beitetilskotta òg prioriterte. Totalt blei avsetjinga til ordningar med klima- og miljøverknad auka med 1 113 mill. kroner frå 2023 til 2024. Den totale avsetjinga til ordningar med klima- og miljøverknad for 2024 er 9 305 mill. kroner. Departementet viser til Prop. 121 S (2022–2023) for detaljar. Regjeringa har etablert Bionova som ein del av Innovasjon Norge. Bionova er eit verktøy for å nå Noreg sine klimamål for 2030 og målet om å vere eit lågutslepps-samfunn i 2050 ved å bidra til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring, jf. omtale av Bionova under kap. 1152, post 70.

Regjeringa sin klimastatus og -plan, vedlegg til Prop. 1 S (2023–2024), ligg til grunn for regjeringa si satsing på auka opptak og reduserte utslepp frå skog- og arealsektoren. Regjeringa vil vidareføre tiltaka i skog med tilskott til tettare planting etter hogst, gjødsling og skogplanteforedling.

Regjeringa sin klima- og miljøpolitikk byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for sine aktivitetar og for å medverke til at dei nasjonale klima- og miljømåla kan bli nådde.

Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – Sammen for et klimarobust samfunn* peikar på utfordringar og moglege løysingar som samfunnet, og under dette òg landbruket, står overfor i møte med klimaendringane.

For nærare omtale av regjeringa sitt samla klima- og miljørelevante arbeid, sjå Klima- og miljødepartementets Prop. 1 S (2023–2024).

Redusert forureining frå landbruket

Tiltak for å avgrense forureininga

Reduksjon av vassforureininga frå avrenning av næringsstoff og plantevernmiddel, er viktig for at vatn skal oppnå ein god økologisk tilstand, jf. vassforskrifta. Konsentrasjonar og tap av næringsstoff frå jordbruksareal varierer mykje frå år til år på grunn av variasjonar i nedbør, temperatur og jordbruksdrift. Åkerareal utan vernande plantedekke haust og vinter gir større risiko for erosjon. Årlege tilskott til tiltak for redusert jordarbeiding om hausten er difor eitt av dei viktigaste tiltaka for å redusere vassforureininga frå jordbruket. Innsatsen er størst der vassførekomstane har eller har hatt ein dårleg tilstand, slik som i Viken og Innlandet. Det har gjennom fleire år vore lagt vekt på å rette innsatsen mot dei areala der det er viktigast å gjennomføre målretta tiltak. Dette kan ha bidrege til at redusert jordarbeiding i mindre grad blir gjennomført på lite utsette areal.

Reduksjon av vassforureining frå mellom anna avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmiddel er ein viktig del av miljøarbeidet i landbruket. Samla gjennomføring av ulike jordarbeidingstiltak, grasdekte areal med meir i kornområda, har redusert erosjonsrisikoen på dyrka areal, men ikkje tilsvarende det som har vore forventet effekt av tiltaka. Resultata frå analyse av 25 år med overvakingsdata i JOVA-programmet til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), viser at nedbør og temperatur er dei viktigaste faktorane som avgjer jord- og fosfortap, og at det er effekt av jordarbeiding på fosfortap og fosforkonsentrasjonar. Effekten er størst når det er mykje nedbør, stor avrenning og store jordtap. NIBIO viser til at jord- og fosfortap i eit nedbørfelt blir påverka av mange faktorar som bidreg til å tilsløre effekten av jordarbeiding. Temperatur, nedbør og avrenning er viktige faktorar, og særleg i samband med vinterforhold kan veret utgjere ein viktig faktor for kor store jord- og fosfortapa blir det enkelte år.

Tilskott til drenering blei innført frå 2013. Godt drenert jord reduserer faren for jordpakking og utslepp av lystgass frå jordbruksjord. Det blei innvilga om lag 90 mill. kroner til gjennomføring av dreneringstiltak i 2022. Basert på tilskottsdata blei om lag 39 000 dekar drenert i 2022, noko som er 4 000 dekar meir enn året før. Utbetring og oppgradering av hydrotekniske anlegg har vore ei viktig prioritering over fleire år. Det bidreg til redusert avrenning og tilpassing av areala til eit klima med meir vatn og meir ekstrem nedbør. Frå 1989 til 2022 er det innvilga rundt 665 mill. kroner gjennom ordninga.

Nitrogengjødsel frå mineral- og husdyrgjødsel er viktig for plantevekst, men samstundes ei kjelde til skadelege utslepp av ammoniakk (NH₃), lystgass og nitrat. Rett spreiemengd, spreietidspunkt og spreiemetode er difor viktig for å få ned utsleppa. I 2022 blei det gjennomført tiltak på miljøvenleg spreieing av husdyrgjødsel på om lag 2,4 mill. dekar.

Salet av plantevernmiddel varierer frå år til år mellom anna på grunn av klimatiske forhold. Det er difor vanskeleg å seie noko sikkert om risiko-utviklinga på kort sikt. Dei siste åra har det i hovudsak vore ei dreining mot bruk av preparat med lågare helse- og miljørisiko. Basert på omsetnaden av plantevernmiddel er berekna helseserisiko for 2020 redusert til 71 pst. av 1996/1997-nivået, mens berekna miljørisiko er redusert til 80 pst. av 1996/1997-nivået.

Reduserte utslepp av klimagassar, auka opptak av CO₂ og gode klimatilpassingar

Reduserte utslepp av klimagassar

Utsleppet av klimagassar frå jordbruket var i 2022 på 4,6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar, og utgjorde om lag 9,4 pst. av dei samla norske utsleppa¹. Utsleppa frå jordbruket er reduserte med 6,9 pst. frå 1990 til 2022. Jordbruksaktivitetar og særleg husdyrhald er opphav til utslepp av klimagassar, hovudsakleg i form av metan (CH₄) og lystgass (N₂O). Om lag 97 pst. av klimagassutsleppa frå jordbrukssektoren i klimagassrekneskapen er metan frå naturlege prosessar hos husdyr som storfe og sau, og lystgass frå husdyrgjødsel. Færre storfe, på grunn av auka produktivitet i mjølkeproduksjonen, og redusert bruk av gjødsel er blant hovudårsakene til nedgangen i utsleppet frå jordbruket.

Ein stor del av utsleppa frå jordbruket er den kortliva gassen metan. Fordi metan er ein kortliva klimagass er det i hovudsak utsleppa dei siste tiåra som avgjer kor stor oppvarmingseffekten av gassen er. Stabile eller svakt fallande utslepp bidreg ikkje til ytterlegare oppvarming. Problemet med kortliva gassar er at dei har stor verknad den tida dei er i atmosfæren. Av den grunn har kvar auke i utslepp eller kutt i utslepp ein raskare, men samstundes meir forbigåande, verknad på temperaturen. Denne verknaden held seg difor berre så lenge auken i utsleppa eller kutt i utsleppa held fram. Dette til forskjell frå langliva gassar som til dømes CO₂. CO₂ blir ikkje brote ned, men hopar seg opp i atmosfæren til utsleppa blir tekne opp i


¹ Utslepp til luft (ssb.no) – førebelse tal 2022.

havet eller på landjorda. Det inneber at CO₂-utslepp bidreg til ytterlegare oppvarming til utsleppa er redusert til netto null.

For å nå eit særskilt temperaturmål kan det vere naudsynt å kutte utsleppa av kortliva gassar ned til eit nytt nivå, men vi treng ikkje nødvendigvis å redusere utsleppa til null. Modellberekningar frå FNs klimapanel peikar på at CO₂-utsleppa globalt må kuttast til netto null, mens utsleppa av metan må reduserast med minst 35 pst. for å nå 1,5-gradersmålet. Dei globale utsleppa av metan har dei siste ti åra auka raskt.

Klimaforskarar har dei siste åra utvikla ein ny metode, med nemninga GWP*, for å berekne oppvarmingseffekten av kortliva klimagassar over tid. Metoden tek utgangspunkt i den etablerte vekt-

faktoren GWP(100) for å rekne om utslepp til CO₂-ekvivalantar. Figur 9.1 viser det akkumulerte bidraget frå jordbruket til oppvarming frå 1990 til 2021. Rekna på vanleg måte, med GWP(100), utgjer utsleppet frå jordbruket om lag 150 mill. tonn CO₂-ekvivalantar i perioden, eller 9,4 pst. av dei samla norske utsleppa, mens metan utgjer om lag halvparten av jordbruksutsleppa. Figuren syner at det samla oppvarmingsbidraget frå jordbruksutsleppa er om lag halvparten (om lag 72 mill tonn CO₂-we, warming equivalents) ettersom metanutsleppa har falt noko i den same perioden, og oppvarmingseffekten av det er om lag ein firedel av det som kjem fram gjennom å rekne med GWP100. Dette kan endre seg dersom det skjer ein auke i metanutsleppet.



Figur 9.1 Akkumulert bidrag til oppvarming av klimagassar frå jordbruket

Kjelde: Basert på utsleppsdata frå SSB

I juni 2019 inngjekk regjeringa Solberg, Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag ein intensjonsavtale om klimamål for jordbruket. Avtalen handlar om utsleppskutt og auka opptak, som samla skal utgjere 5 mill. tonn CO₂-ekvivalantar for perioden 2021–2030. Klimaavtalen mellom jordbruket og staten seier at partane òg skal følgje utsleppa av dei ulike klimagassane separat. Den viktigaste oppgåva for jordbruket i klimasamanheng er å redusere utsleppa frå jordbruket utan at klimaomstillinga fører til karbonlekkasje, det vil seie å redusere utsleppa per produserte eining. Klimaavtalen ligg til grunn for omtalen av jordbruk i Meld. St. 13 (2020–2021) *Klimaplan 2021–2030*, og vil òg liggje til grunn for klimaarbeidet i

sektoren framover. Det er etablert ei rekneskapsgruppe som følgjer opp klimaavtalen.

Når myr (organisk jord) blir dyrka, blir karbon- og nitrogenhaldig materiale gradvis brote ned og gir utslepp av klimagassar. Landbruks- og matdepartementet fastsette i 2020 eit forbod mot nydyrking av myr, men kommunen kan tillate dyrking av myr når særskilte vilkår er oppfylte. Gjennom Stortinget si handsaming av eit representantforslag, Dokument 8: 288 L (2020–2021), vedtok Stortinget endringar i reglane i jordlova om nydyrking. Lovvedtaket blei sanksjonert 11. juni 2021, men reglane er ikkje sette i kraft. Stortinget har i vedtak nr. 928, 16. juni 2023 bedt regjeringa om å leggje fram forslag om å oppheve

det nemnte lovvedtaket. Regjeringa vil følgje opp vedtaket gjennom ein ordinær lovprosess.

Auka opptak av CO₂ og karbonlagring i skog og jord

I 2021 stod norske skogar for eit nettoopptak på 20,2 mill. tonn CO₂. Når alt anna areal er teke med, blir nettoopptaket om lag 15,5 mill. tonn, noko som svarar til om lag 30 pst. av dei samla norske utsleppa av klimagassar. Tala viser ein nedgang frå 2020, først og fremst på grunn av metodiske endringar i berekningane.

Netto karbonopptak i skog er eit resultat av differansen mellom brutto opptak i form av tilvekst og utslepp som følgje av hogst og naturleg avgang. Tømmerhogsten i Noreg har òg auka dei siste åra. Omfanget av skogforynging har mykje å seie for tilveksten i skogen i framtida og såleis òg for karbonopptaket. Planteaktiviteten i Noreg har auka dei siste åra. I 2022 blei det planta 47,5 mill. skogplanter. Det er det høgste plantetalet som er registrert dei seinare åra. Det blei gjort ungskogpleie på 269 000 dekar, ein auke på om lag 20 pst. frå 2020. Som følgje av lågare investeringar i skogbruket dei siste tiåra, viser netto opptak i eksisterande skog ein nedgåande trend.

Omfang av bruk av tre i varige konstruksjonar

Auka bruk av tre i varige konstruksjonar er eit grunnlag for landbasert industriutvikling i alle regionar, og er ei av løysingane for å redusere klimagassutslepp i byggjenæringa. Bioøkonomiordninga under Bionova har *Bygg i tre* som eit eige strategisk satsingsområde, med vekt på mobilisering og finansiering av utviklingsprosjekt. Resultatet frå arbeidet er auka kompetanse om bruk av tre i store konstruksjonar i Noreg og vekst i marknadsdelar for tre i fleire kategoriar bygg, som oppvekst- og undervisningsbygg, næring, helse og idrett, og studentbustadar. Veksten i desse marknadene gir grunnlag for fleire industrialiseringsprosjekt, med vekt på effektivisering, digitalisering av produksjonsprosessar og nye fabrikkar. Kompetansen og produkta frå dette arbeidet er etterspurde internasjonalt. Innovasjon Norge har starta opp eit større profilerings- og samspelsarbeid knytt til moglegheit i fleire marknader basert på arkitektur, ingeniørkunnskap, digitale verktøy og produkt. Parallelt blir det bygd vidare på bedriftsnettverk og klynger innanfor skog- og trenæringa. Sidan 2020 har det blitt gitt eit ekstra tilskott til investering i landbruksbygg i tre over investerings- og bedriftsutviklingsordninga i landbruket for å pre-

miere landbruksbygg som har tre som byggjemateriale. I 2022 blei det løyvd 44,7 mill. kroner til 195 prosjekt.

Produksjon og bruk av bioenergi

Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologiutvikling i landbruket som Bionova forvaltar, gir mellom anna støtte til investering i gardsvarmeanlegg basert på bioråstoff og anlegg for sal av biovarme og kombinerte anlegg for bio- og solenergi, både kraft og varme. Det er òg eit mål at ordninga skal bidra til å teste ut ny teknologi som kan gi reduserte klimagassutslepp og økt konkurransekraft for landbruket. Programmet bidreg såleis til meir miljøvenlege energiløysingar både i landbruket og i andre sektorar. Breidda i programmet vil gjere det mogleg for gardsbruk å bli sjølvforsynte med energi framover. Dei siste åra har det vore ein sterk auke i talet på prosjekt. I 2022 blei det gitt støtte til 377 prosjekt over programmet, 41 fleire enn i 2021. I den tida programmet har eksistert, er det i alt etablert 2 600 gardsvarmeanlegg, 44 anlegg i veksthus, og 273 varmesalsanlegg med ein samla planlagd energiproduksjon på 600 GWh.

Utvikling av småskala biogassanlegg for gardsbruk er òg eit prioritert område innanfor programmet. Det er etablert fleire pilotanlegg for kombinert behandling av husdyrgjødsel og anna biologisk avfall. Utvikling av driftssikre løysingar, lågare etableringskostnader og betre driftsøkonomi gjer det no mogleg å oppnå tilstrekkeleg lønsemd for slike anlegg. Lønsemda for anlegg som involverer solceller (reine eller i kombinasjon med andre energikjelder) er òg blitt betre.

Vidare blei det i 2022 gitt støtte til to prosjekt som gjeld introduksjon av ny teknologi innan biogassområdet.

Produksjon av biokol som sideprodukt til bioenergi vil kunne gi ein viktig klimagevinst i tillegg til utsleppsreduksjonen frå jordbruket knytt til energiproduksjonen. Det er estimert at fornybarprogrammet bidreg med ein samla årleg reduksjon i klimagassutsleppa på om lag 110 000 tonn CO₂.

Berekraftig bruk og eit sterkt vern av landbruket sitt areal- og ressursgrunnlag

Nydyrking og omdisponering av areal

Ny jordvernsstrategi blei lagt fram for Stortinget i Prop. 121 S (2022–2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Jord-*

bruksoppjøret 2023 m.m.). Strategien har eit nytt og skjerpa mål for omdisponering av matjord, som seier at omdisponeringa av dyrka mark skal vere maksimalt 2 000 dekar per år. Målet skal vere nådd innan 2030. Regjeringa vil følgje opp den nye strategien.

Jordvernstrategien inneheld ei rekkje nye tiltak, mellom anna å greie ut ein heimel i jordlova for vern av viktige jordbruksareal, å utvikle eit sentralt register for viktige jordbruksareal av nasjonal interesse, å utvikle eit jordbruksarealregnskap, som kan bli ein del av nasjonalt arealregnskap og å etablere eit nytt kartlag for dyrkbar jord. Strategien inneheld òg fleire tiltak med sikte på å redusere landbruket si eiga nedbygging. For 2022 viser KOSTRA-tala frå SSB at det blei omdisponert 3 509 dekar dyrka jord til andre formål enn landbruk, og at ein såleis ikkje kom under det dåverande målet på 3 000 dekar. Dette er likevel den nest lågaste omdisponeringa sidan registreringa blei starta i 1967. Omdisponeringa av dyrkbar jord var på 4 254 dekar, noko som er ein del høgare enn det rekordlåge talet for 2021 (2 642 dekar). I 2022 blei 156 dekar dyrka jord ført tilbake til landbruksformål, noko som er mindre enn dei tre føregåande åra (194, 356 og 367 dekar).

KOSTRA-tala viser ein vesentleg reduksjon i godkjent areal for nydyrking i 2022, men frå eit høgt nivå dei siste åra. I 2022 blei det gitt løyve til å nydyrke 15 900 dekar, mot om lag 18 100 dekar i 2021, 21 600 dekar i 2020 og heile 28 100 dekar i 2019. Frå og med 2014 har i gjennomsnitt om lag 21 000 dekar blitt godkjent nydyrka årleg.

Økologisk produksjon og forbruk

I økologisk produksjon blir det stilt ekstra krav til miljø og dyrevelferd i produksjonen. Økologiske driftsformer utan bruk av kjemisk-syntetiske plantevernmiddel og mineralgjødsel, i kombinasjon med vekstskifte, har positiv verknad for biologisk mangfald, jordkvalitet og jordstruktur. I tillegg kan erfaringar og kunnskap frå økologiske driftsformer overførast til det konvensjonelle jordbruket. Regjeringa si satsing på økologisk jordbruk tek utgangspunkt i *Nasjonal strategi om økologisk jordbruk*.

Delen føretak med økologisk produksjon har vore relativt stabil på 5 pst. dei siste åra. Det økologiske arealet utgjorde 414 600 dekar i 2022, om lag 4,2 pst. av det samla jordbruksarealet. Dette er på om lag same nivå som det har vore dei siste åra. Den samla produksjonen av økologisk kjøtt av storfe, gris og sau og lam auka med 2 pst. saman-

likna med året før. Økologisk slakt av fjørfe auka med 4 pst. i 2022.

Omsetnaden av økologiske landbruksvarer i daglegvarehandelen var på 2,4 mrd. kroner i 2021². Dei største varekategoriane i daglegvarehandelen er tørrvarer, meieriprodukt, fersk frukt og grønt og drikkevarer. Med unntak av storhushaldning, er det registrert ein nedgang på 1,5 pst. i omsetnaden i andre salskanalar, hovudsakeleg på grunn av redusert omsetnad hos Vinmonopolet. Tala tyder på at forbruket av økologiske daglegvarer er tilbake på same nivå som før pandemien.

Genressursane i landbruket

Genmangfaldet i landbruket er viktig for tilgangen til mat i verda. Genmangfaldet gir grunnlag for at husdyr, matplanter og skogtre skal kunne tilpassast nye og endra dyrkings- og driftsforhold, sjukdommar og nye krav til sluttprodukta. FNs berekraftsmål 2.5 forpliktar Noreg til å sikre berekraftig bruk og bevaring av husdyrrasar og plante-sortar som eit tiltak for å utrydde svolt. I Noreg blir Nasjonal strategi for bevaring og bærekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk, *Forråd av gener – muligheter og beredskap for framtidens landbruk* frå 2019, lagd til grunn for oppfølginga av berekraftsmålet.

I Noreg er 37 av dei 49 nasjonale husdyrrasane rekna som verneverdige. Den samla summen av avlsdyr innanfor dei verneverdige husdyra aukar jamt for kvart år. Det er sett i verk tiltak som skal sikre dei truga og kritisk truga rasane for framtida. I 2023 er det ikkje lenger nokon verneverdige husdyrrasar som er karakterisert som kritisk trua. Òg innanfor dei husdyrrasane som ikkje er truga, blir det lagt vekt på berekraftig avl som sikrar det genetiske mangfaldet i populasjonane.

I 2022 var det i alt 27 klonarkiv og feltgenbankar som bevarte meir enn 6 000 aksesjonar av frukt, bær, grønsaker, potet, medisin- og krydderplanter, prydplanter og grøntanleggsplanter. 18 bevarings- og tradisjonssortar er i 2022 oppførte på den norske plantesortslista. Det er òg oppretta ein bruksgenbank for gamle sortar av korn og grønsaker der interesserte bønder kan få mate-

² Landbruksdirektoratet publiserte fram til 2018 tal for omsetnad av økologiske varer i daglegvarehandelen, og har etter dette arbeidd med å få på plass eit nytt datagrunnlag. For dei tre siste åra har Landbruksdirektoratet innhenta tal frå daglegvarekjedene og handsama dei sjølv. Dei er difor ikkje samanliknbare med tal frå 2019. I 2022 er det gjort endringar i kva for varer som blir klassifisert som økologiske, og det er korrigert for dette i tala frå 2020 og 2021. Desse tala er difor omkring 15 pst. lågare enn dei som blei publiserte i fjor.

riale til bruk og foredling. Gjennom drifta av Nordisk genressurscenter (NordGen), under Nordisk ministerråd, samarbeider Noreg med dei andre nordiske landa om bevaring av nordiske plantesortar som kan frøformeirast.

Om lag 30 artar av skogtre høyrer naturleg heime i Noreg. Genetiske ressursar hos skogtre blir tekne vare på in situ, det vil seie i sine naturlege vekseområde. For å nå målsetjinga om at genetisk variasjon i alle heimlege treslag skal bevarast i heile utbreiingsområdet, er det etablert 32 bevaringsområde for skogtregenetiske ressursar i Noreg. Dette omfattar 24 bevaringsområde etablert i utvalde verneområde nord til og med Nordland og 8 dynamiske bevaringsområde for tidlegare foredlingsmateriale av gran. Til no er det etablert bevaringsområde for treslaga alm, ask, barlind, bøk, kristtorn, lind, sommareik, vintereik, spisslønn, villeple og gran.

Ein vesentleg del av foryngingane etter hogst i granskog blir etablert med frø og planter frå Skogfrøverkets foredlingsprogram. Per desember 2022 er 92 pst. av planta materiale i norske skogar foredla materiale frå kvalifiserte eller testa frøkjelder. Desse individa dannar grunnlaget for eit utval av dei beste individa for produksjon av foredla frø i frøplantasjar og neste generasjon foredlingspopulasjon, jf. målsetjingar i *Strategi for skogplanteforedling 2010–2040*.

Svalbard globale frøhvelv er i dag det største sikkerheitslageret i verda for biologisk mangfald innanfor vekstar. Det er eit norsk tiltak av stor verdi for den globale matforsyninga. Dette spesialbygde fryselageret husar sikkerheitskopiar av frø frå nasjonale og internasjonale frøsamlingar. I 2022 sende 31 genbankar 69 825 nye frø til frøkvelvet for langtids sikringslagring. Ved utgangen av 2022 sikrar kvelvet på Svalbard 1 195 244 sikkerhetskopiar av frø frå i alt 93 institusjonar verda over. Om lag halvparten av alt mangfald av matplanter som ifølgje FNs organisasjon for mat og landbruk (FAO) ligg lagra i frøsamlingar verda over, er med dette sikra i Svalbard globale frøhvelv. Noreg gir årleg eit bidrag tilsvarende 0,1 pst. av omsetnaden av såvarer i Noreg til Fondet for fordelssdeling under Den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar for mat og landbruk og støttar samstundes opp om arbeidet for bønder sine rettar med sikte på å styrkje lokal forvaltning av plantegenetisk mangfald.

God agronomi

God agronomi er viktig for å ta ut avlingspotensialet, heve kvaliteten i produksjonen og for å

reduere klima- og miljøbelastninga frå landbruket. For å leggje til rette for berekraftig produksjon av nok og trygg mat over heile landet, treng vi oppdatert kunnskap om agronomi, klimatilpassing og miljøomsyn både hos den enkelte bonden og i heile apparatet rundt norsk matproduksjon.

Det er viktig at norsk landbruk er godt rusta for eit klima i endring, med høgare temperaturar, meir nedbør, flaum, tørke og truslar frå ulike skadegjerarar. Auka nedbørsmengder, særleg over kort tid, kan dra med seg avlingar og god matjord, påverke kvaliteten og mengda på avlinga og gjere det vanskeleg å komme ut på åkeren med tunge køyretøy. Eit varmare og våtare vêr vil dessutan gjere norsk landbruk utsett for framande artar og sjukdom. For å lukkast må vi tenkje nytt omkring driftsmetodar og utvikle plantemateriell som toler eit våtare klima, og som er meir robust mot sjukdom og skadegjerarar. I tillegg til kunnskap innan agronomi, jordhelse, og sortsutvikling, vil utvikling og bruk av ny teknologi vere sentralt for å møte dei utfordringane vi står framfor.

Forskning på klimatilpassa og berekraftig matproduksjon har høg prioritet i Landbruks- og matdepartementet. Dei seinare åra er det finansiert fleire forskingsprosjekt på området, til dømes prosjektet OPTIKORN, som blir leia av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Prosjektet har som hovudmål å utvikle tilpassingsstrategiar for norsk kornproduksjon i møte med eit framtidig våtare klima, slik at avlingspotensialet kan haldast ved lag eller aukast. Resultat frå prosjektet skal bidra til kunnskap om drenering, jordstruktur og gjødsling som trengst for å lage strategiar som reduserer risikoen for jordpakking og vassmetting, og som minimerer tap av næringsstoff til luft og vatn. Førebelse resultat viser at rett drenering gir lågare klimagassutslepp, i tillegg til høgare avlingar. Gjennom nasjonal oppfølging av samfunnsoppdrag om jordhelse innan Horisont Europa, blir innsatsen trappa opp for å utvikle kunnskap og praksis til beste for jordsmonn og jordhelse.

God agronomi handlar òg om å gjere rette val til rett tid og på rett stad, og her spelar presisjonsjordbruk ei viktig rolle. Presisjonsjordbruk handlar om å tilpasse til dømes gjødselmengda og sprøytemengda til stadsspesifikke behov. Ved Senter for presisjonsjordbruk ved NIBIO Apelsvoll blir det utvikla og testa teknologiske løysingar for jordbruket i dag og i framtida. I prosjektet PRESIS utviklar dei eit heilskapleg system som skal sørge for at norske bønder får tilgang på brukarvenlege, teknologiske tenester som er godt testa og tilpassa norske forhold. Dei ulike tenestene vil kunne bidra

til å redusere unødige klima- og miljøbelastningar frå jordbruket, gi auka effektivitet og betre driftsøkonomi på gardsnivå. PRESIS-prosjektet er finansiert over jordbruksavtalen og er eit samarbeid mellom NIBIO, Norges Bondelag, Norsk Bonde- og småbrukarlag og Norsk Landbruksrådgiving (NLR). NLR har rolla som fagleg bindeledd mellom forskning og landbruket med tanke på å utvikle god agronomi og auka kompetanse i næringa.

Vareta kulturlandskapet og naturmangfaldet

Det er eit mål å vareta og utvikle kulturlandskapet. Over jordbruksavtalen er det sett av midlar gjennom miljøprogramma, der mellom anna regionale prioriteringar ligg til grunn for tiltak for å ta vare på viktige miljøverdiar. Tilskott til tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket bidreg til å ta vare på særskilde landskap over heile landet, med stort biologisk mangfald i tillegg til kulturminne og kulturmiljø. Saman med midlar frå Klima- og miljødepartementet blir 51 ulike landskap tekne vare på gjennom ordninga. Dei respektive kommunane er tett på forvaltninga ved mellom anna å administrere tilskott. For å støtte landbruket og oppretthalde kulturlandskapet i verdsarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap, er det òg sett av særskilde midlar. Frå 2023 er verdsarven Røros bergstad og Cirkumferensen òg omfatta av midlane, og i 2024 vil òg tilhøyrande buffersone inngå i ordninga. Midlane kjem i tillegg til midlane frå Klima- og miljødepartementet.

Overvakingsprogrammet 3Q (Tilstandsovervåking og resultatkontroll i jordbruket sitt kulturlandskap) er basert på ei nasjonal utvalskartlegging som dokumenterer arealbruk, kulturminne og kulturmiljø, biologisk mangfald og tilgjengelegheit på eit representativt sett av overvakingsflater. Overvakingsflatene ligg spreidde over heile landet. Programmet inkluderer feltarbeid på eit utval av flater for å registrere fuglar, planter, bygningsmiljø og kulturminne, og for å dokumentere landskapet sin utsjånad ved hjelp av fotografi.

3Q-registreringane har pågått gjennom 25 år.

Med tidsseriar bakover i tid, kan ein òg fange opp endringane som ein kan forvente framover.

Jordbruksproduksjonen er sjølv grunnlaget for kulturlandskapet, både produksjon og driftsmåte har innverknad.

Programmet viser at det ikkje skjer store og dramatiske endringar på nasjonalt nivå. Programmet rapporterer òg på regionale endringar, og der blir endringar meir synlege. Areal går ut av bruk,

men areal blir òg teke i bruk igjen til produksjon. Det er tendensar til aukande ulikskap mellom regionar i Noreg. I programmet blir òg endringar som er viktige både for naturmangfaldet og kulturhistoria i landskapet, registrerte. Både planter og fugl blir overvaka, og ein har òg starta noko overvaking av humlar og dagsommarfuglar.

Overvakinga viser at jordbrukslandskapet i stor grad varetek grunnlaget for eit biologisk mangfald til dømes knytt til steinrøyser, steingjerde og einslege tre. Grøfter og bekkar blir i liten grad lagde i røyr, sjølv om driftsstrukturen har endra seg mykje over tid. Nye dammar kjem til. Når det gjeld førekomst av hekkefuglar og karplanter i jordbrukslandskapet har val av produksjon og driftsmetodar stor innverkna. Det er likevel ein tendens til at jordstykkja blir større i område der det er formelle eigedomsgrenser og ikkje naturen som set grenser for jordstykkestorleiken. I område med relativt små jordstykke er situasjonen annleis. Følgjeleg aukar forskjellar mellom ulike landskapsregionar.

Nasjonalt blir det registrert at det ikkje er store netto endringar i jordbruksareal i drift. Men overvakinga dokumenterer at det både er område med nedlegging og andre med nydyrking/ny bruk. Dette gir lite netto endring i statistikken, men har verdi for dei som bur og driv i dei ulike områda og eigenskapane til areala som inngår.

Nasjonal pollinatorstrategi, som blei lagd fram i 2018, blir følgd opp på fleire måtar i verke-middelsystemet i jordbruket. Frå og med 2019 er det lagt til rette for tilskott for tilsåing og skjøtsel av soner med pollinatorvenlege frøblandingar på jordbruksareal gjennom dei regionale miljøprogramma. Element frå strategien blir òg følgde opp gjennom ordningane Utvalde kulturlandskap i jordbruket, Handlingsplan for plantevernmidler, SMIL og Klima- og miljøprogrammet. Norsk Landbruksrådgiving formidlar kunnskap om gode tiltak for pollinerande insekt til bønder i heile landet. Tiltaksplan for ville pollinerande insekt (2021–2028) presenterer statens samla innsats innan og mellom sektorane. Tiltak i landbruket er tilskott til frøavl av norske villblomblandingar over jordbruksavtalen, overvaking av pollinatorar i jordbrukslandskap og auka kunnskap om verdien av skog for pollinerande insekt.

Regjeringa følgjer opp *Strategi for urbant landbruk (2021)*. At fleire i samfunnet får kunnskap om matproduksjon og at fleire areal i byar og tettstadar blir haldne i hevd, gir lokalt eigarskap til matjorda, og bidreg til matsikkerheit og beredskap.

10 Mål: Ei effektiv landbruks- og matforvaltning

Fornyning og utvikling i offentlig sektor

Tillitsreforma

I juni 2023 publiserte regjeringa ei oversikt over tiltak som er sett i gang innanfor dei ulike departementa sine ansvarsområde så langt. Mattilsynet og Landbruksdirektoratet arbeider med fleire viktige tiltak som del av reforma.

Digitalisering

Digitalisering av tenester og interne arbeidsprosessar er ein integrert del av regjeringa sitt arbeid med å fornye og utvikle offentlig sektor. Landbruks- og matsektoren skal halde fram med å tilby fleire og meir brukarretta digitale tenester. Digitale tenester skal bidra til å gi innbyggjarar og næringsdrivande ein enklare kvardag, samstundes som dei kan leggje til rette for at stat og kommune kan løyse oppgåvene sine meir effektivt. Digitale tenester kan òg leggje til rette for auka verdiskaping, kvalitet, tillit til offentlege tenester og demokratisk deltaking. Å leggje til rette for deling av offentlege data skal òg kunne danne grunnlag for ny næringsverksemd. Kommunikasjonen mellom forvaltninga og brukarane skal normalt skje gjennom digitale, nettbaserte tenester. Digitalisering av interne arbeidsprosessar kan gi innsparingar og betre utnytting av ressursane, i tillegg til å auke kvaliteten.

Landbruksdirektoratet

Landbruksdirektoratet heldt i 2022 fram med digitaliseringsarbeidet. Aktiviteten og bruken av ressursar blei i 2022 vesentleg påverka av to store upårekna hasteoppgåver; utbetaling av straumstønad til jordbruks- og veksthusnæringa og ekstra utbetaling av produksjonstilskott. Det gjorde at fleire mindre digitaliseringsprosjekt blei utsette til 2023.

I midten av januar vedtok regjeringa at den ville kompensere straumutgifter for veksthusnæringa og jordbruket. Etter rundt ein månad hadde direktoratet utvikla ei digital løysing for utbetaling av straumstønad. Dei digitale løysingane

blei kontinuerleg tilpassa og vidareutvikla etter nye behov og endring av regelverk gjennom heile 2022. Ekstra utbetalinga av produksjonstilskott, på om lag 1 450 mill. kroner, blei realisert gjennom vidareutvikling av eksisterande fagsystem for produksjonstilskott.

Landbruksdirektoratets strategiske plan for 2021–2025 har høg merksemd på digitalisering. Arbeidet med å auke digitaliseringsgraden og effektiviseringa av tenestene og fagsystema for skogbruksforvaltninga har vore eit satsingsområde for direktoratet over fleire år. Eitt av tiltaka har vore å tinge og ta i bruk ei ny plattform som har ført til ei kostnadseffektiv og rask utvikling av kartløyninga for skogforvaltninga. Den vil òg bidra til ei kostnadseffektiv utvikling av kartløyningar for andre område i direktoratet og for visualisering av kartdata. I 2022 leverte direktoratet òg ei mobil kartløyning kalla *SKART*. Den første versjonen, som blei lansert hausten 2022, inneheld ein funksjon som kommunane kan bruke for å handtere «resultatkartlegging skog og miljø». I tida framover vil *SKART* bli utvida.

I 2022 avslutta Landbruksdirektoratet to store digitaliseringsprosjekt; direktoratet sitt nye intranett, *Innsikt*, og nytt register for reinmerke.

Landbruksdirektoratet arbeider med å utvikle nye digitale fagsystem for reindrift. I 2024 skal direktoratet ha utvikla nye system for melding om reindrift og for søknad om tilskott. Nye system vil bidra til å gjere reindriftsforvaltninga meir effektiv og sikre lik handsaming av like saker. Reindriftnæringa vil få store fordelar av ei meir effektiv forvaltning og gode digitale løysingar for innlevering av melding om reindrift og søknader.

Digitaliseringsprosjektet for erstatningsordningane har hatt høg aktivitet i 2022 og lagt eit godt grunnlag for lansering av dei enkelte erstatningsordningane i 2023.

Mattilsynet

Mattilsynet har i lang tid hatt merksemd på å effektivisere og forbetre drifta. Trygg og kostnadseffektiv elektronisk datafangst og datadeling, og god datakvalitet er ein kritisk suksess-

faktor for effektiviseringa av Mattilsynet dei neste åra. Digital teknologi bidreg til meir effektiv brukardialog og utvikling av nye effektive metodar som Mattilsynet kan nytte i det offentlege kontrollarbeidet.

For å få fortgang på digitaliseringsarbeidet etablerte Mattilsynet i 2022 ni produktteam og eit plattformteam. Produktteama er tverrfaglege og har ansvaret for ulike fagdomene. Innanfor sitt område skal dei levere gode verktøy og betre tenester for interne og eksterne brukarar, i tillegg til å vere med på å endre måten Mattilsynet løyser samfunnsoppdraget på. Arbeidet har allereie ført til gode resultat. Å ha dedikerte utviklingsressursar med inngåande innsikt i viktige fagområde er av stor verdi. Det er klare fordelar av å ha fleire eigne tilsette som løyser digitaliseringsoppgåvene, mellom anna gjennom auka føreseielegheit for kva kompetanse og kva ressursar Mattilsynet har tilgjengeleg.

Brukarretta digitale tenester er ein av grunnpilarane i den digitale utviklinga av Mattilsynet. Tidlegare har tenestene i hovudsak vore nettsidene og skjematenestene. Nå utviklar eller vidareutviklar Mattilsynet tenester der brukarane kan løyse utfordringar betre, mellom anna korleis dei melder inn bekymringsmeldingar, eller som direkte effektiviserer kvardagen deira, noko Mattilsynet har tilrettelagt for gjennom elektroniske eksportsertifikat.

I tillegg vil det bli arbeidd med avanserte analysar og datadriven automatisering for å hjelpe og effektivisere kvardagen til medarbeidarane i organisasjonen. Dette vil gi betre og meir effektiv kontroll som òg vil komme næringslivet til gode gjennom moglegheita for mellom anna meir automatisert innhenting av data.

Norsk institutt for bioøkonomi

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) tilbyr ei rekkje nettbaserte tenester som har sitt opphav i instituttet si forskning og kunnskapsutvikling. Dette er ulike digitale plattformer, nettløysingar og verktøy som skal forenkle kvardagen til aktørar innan næringsliv og forvaltning. I stor grad handlar tilboda om geografisk informasjon.

Kilden er hovudkartløyninga til NIBIO. Her er all data til instituttet samla på ein stad saman med eit utval andre sentrale, nasjonale datasett. I 2022 starta arbeidet med ei ny plattform for *Kilden* som vil gi auka fleksibilitet, nye funksjonar og nye kartlag.

I Landsskogtakseringa har NIBIO utvikla og forbetra det nasjonale skogressurskartet SR16

som ligg på *Kilden*. Dekningsområdet er utvida til å omfatte all skog i heile landet. Eit betre tilbod har ført til ein sterk auke i bruken av SR16 i skognæringa, forskning og forvaltning. Betre skogressurskart reduserer kostnadene med å utarbeide skogbruksplanar vesentleg.

I 2022 har NIBIO vidareutvikla Grovfôrmodellen. Dette er ei digital teneste som gardsbrukarar og rådgivarar brukar til beslutningsstøtte for haustetid i grovfôrproduksjonen. Modellen blir òg brukt i undervisning på naturbruksskular og i høgare landbruksfagleg utdanning.

NIBIO har gjennom mange år utvikla kunnskap om optimale gjødslingsstrategiar. Kalkulatoren *Optimal-N-gjødding* til korn har vore mykje brukt i 2022. Ikkje minst har dette tilbodet vore viktig som følgje av høge prisar på gjødsel.

I 2021 blei barkebilleovervakinga heildigitalisert med registrering av data i felt og rapportering av bildefangstar på kart i *Kilden*. Visninga på *Kilden* inkluderer no fleire kartlag med informasjon som er viktig for utbrotsrisiko. Tilbodet har blitt vidareutvikla og forbetra i 2022.

AR5 er eit detaljert kart som viser arealressursane med vekt på produksjonsgrunnlaget for jord- og skogbruk. Det er eit detaljert og nasjonalt heildekjande datasett, der landareal er delt inn etter arealtype, skogbonitet, treslag og grunnforhold. NIBIO har utvikla ein web-basert kartoppdateringsløyning for kommunane slik at dei kan ajourhalde kartet på ein enkel måte utan å vere GIS-spesialistar.

Digitale data frå NIBIO inngår òg i tenester som andre tenesteytarar leverer. Instituttet sine digitale tenester er viktige for driftsplanlegging, dokumentasjon av tilskottsrettkomme areal, klimatilpassing, potensial for ulike sortar, miljø- og gjødselplanar på den enkelte eigedom og som støtteinformasjon i radiobjøllesystem. Ved å tilby informasjonen samla gjennom brukarvenlege tenester på internett, får næringsdrivande tilgang til oppdatert informasjon i ei døgnopen teneste. I tillegg gir eit einskapleg kartgrunnlag rett fordeling av tilskott på tvers av kommunar og fylke. Samstundes kan landbruksrådgivinga utføre sine oppgåver med høg kvalitet og effektivitet.

Veterinærinstituttet

Veterinærinstituttet (VI) arbeider kontinuerleg for tenesteutvikling og digitalisering av verksemda, både for betre samhandling med kundar og oppdragsgivarar og for å betre instituttet sine eigne kunnskapssystem.

Målet for digitaliseringa er å leggje til rette for auka verdiskaping og innovasjon, i tillegg til å medverke til auka samhandling og produktivitet, både internt og eksternt. Digitale verktøy kan bidra til at forvaltninga får raskare laboratorieresultat, saumlaus overføring av data, auka digital kunnskapsproduksjon og -formidling. Satsingsområdet digital transformasjon er høgt prioritert ved Veterinærinstituttet.

I 2023 blei det etablert ei programorganisering for digitaliseringsarbeidet ved instituttet. Programmet omfattar dei prioriterte satsingsområda og prosjekta instituttet har. Programorganiseringa skal styrkje prosjekta med ressursar i form av leiing, prosjektmetodikk og tilsette med kritisk IT-kompetanse. Arbeidet med digitaliseringa er no tverrfagleg prosjektorganisert. Det viktigaste prosjektet i nær framtid er innkjøp og implementering av nytt prøvejournalssystem og tilhøyrande integrasjonsplattform for visualisering av data. Dette er blant dei mest verksemdskritiske leveransane. Dette vil òg resultere i betre integrasjon og dataflyt med ny infrastruktur og nytt utstyr.

Veterinærinstituttet ser at det blir stadig stilt større krav til god digital infrastruktur for å komme framtidige behov i møte og å løyse samfunnsoppdraget. Dette inkluderer både aktivitet internt i instituttet og formidling av instituttet sine tenester. Vi ser òg auka behov for arbeid med informasjonssikring og hensiktsmessige løysingar for lagring av store datamengder.

Miljødirektoratet (haustbare viltressursar)

Landbruks- og matdepartementet har ansvar for etatsstyring av Miljødirektoratet på området haustbare viltressursar, og for regelverk om utøving av jakt og fangst. Om lag 537 000 personar er registrerte i Jegerregisteret. Alle som skal drive med jakt, lisensfelling eller fangst må betale jegeravgift, og dei som skal jakte storvilt må òg ta skyteprøve. Alle jegerar har si eiga side, *Mi jeger-side* der dei kan logge seg på Jegerregisteret, og få oversikt over alle data som er registrerte for vedkomande. Applikasjonen *Min jegerdokumentasjon* hentar data frå Jegerregisteret og gir dokumentasjonen som er naudsynt under jakt, felling og fangst. Miljødirektoratet arbeider vidare med å digitalisere resterande dokumentasjon.

Kommunar, jegerar og andre rapporterer årleg frå jakt på elg, hjort, rådyr og villrein i Hjorteviltregisteret. Årleg skal om lag 15 000 vald sende inn fellingsrapportar. I 2021 blei det opna for elektronisk levering av fellingsrapportar, og

rundt 1 000 nytta denne moglegheita. Applikasjonen *Sett og skutt* kan nyttast av hjorteviltjegerar for enkel rapportering undervegs i jakta, og har gitt ei effektivisering for samfunnet og ei forenkling for jegerane.

Gode system for samfunnstryggleik og beredskap

Departementet har ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i eigen sektor, og ansvaret er hovudsakleg knytt til matproduksjon og -sikkerheit. Ei viktig oppgåve i departementet sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er å oppretthalde og redusere risikoen for at det skjer uønskte hendingar i den kritiske samfunnsfunksjonen *Matforsyning*. Her har departementet ansvar for å bidra til å gjere landet best mogleg dekt med innanlandsk produserte landbruksvarer i ei krise, og i tillegg bidra til å oppretthalde forsyninga av naudsynte landbruksvarer gjennom import. Ein føresetnad for dette arbeidet er samarbeid med andre styresmakter og aktørar i heile verdikjeda, både i det førebyggjande arbeidet og ved handtering av kriser.

For å sikre kontinuitet i matforsyninga må departementet og underliggjande verksemdar i størst mogleg grad kunne drive verksemda vidare, uavhengig av eventuelle uønskte hendingar og kriser. I styringsdialogen med underliggjande verksemdar får arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap systematisk merksemd, mellom anna gjennom formidling av krav i tildelingsbrev, i verksemdsinstruksane og i styringsdialogen.

Landbruksdirektoratet har viktige oppgåver opp mot sikkerheit og beredskap i landbruk og matforsyning. Oppgåvene omfattar handtering av hendingar og kriser innanfor matforsyning, skog, reindrift og natur- og avlingsskadar. Landbruksdirektoratet starta i 2021 eit arbeid med å etablere eit nytt styringssystem for informasjonssikkerheit, basert på råd og malar frå Digitaliseringsdirektoratet, som igjen byggjer på ISO 27001. Dette arbeidet har halde fram i 2022 og målet er å ta i bruk systemet i 2023. Direktoratet har fleire tiltak for å byggje ein god sikkerhetskultur, mellom anna kurs i informasjonssikkerheit for alle tilsette, øvingar og beredskapssymposiar for leiinga. Landbruksdirektoratet har ansvaret for drift av Landbruks- og matCERT der Mattilsynet, Norsk institutt for bioøkonomi og Veterinærinstituttet inngår. Landbruks- og matCERT er registrert partner av Nasjonalt cybersikkerhets-senter (NCSC). Alle dei tilknytta verksemdene til departementet mottek, som ein deltakar i Land-

bruks- og matCERT, støtte og informasjon om informasjonssikkerheit fra NCSC. I 2022 er det i Landbruks- og matCERT gjennomført 2 øvingar med dei tilknytta verksemdene.

Mattilsynet har ei sentral rolle i arbeidet med å sikre forbrukarane tilgang til trygg mat. Grunna utviklinga i trusselbiletet har Mattilsynet i 2022 hatt behov for å sikkerheitsklarere eit aukande tal medarbeidarar. Mattilsynet opplever utfordringar med oppfølging av leverandørar av skytenester og datahandsamarar. Det er iverksett fleire tiltak for å redusere risikoen, men det står att eit vesentleg arbeid på dette området.

Veterinærinstituttet (VI) er eit beredskaps- og forskingsinstitutt, og er den viktigaste kunnskapsleverandøren for førebygging, oppklaring og handtering av zoonosar og alvorlege smittsame sjukdommar hos fisk og landdyr. I 2022 har det føregått arbeid med å førebu flytting av den gjenverande laboratorieaktiviteten på Adamstuen. Det blei i 2022 utarbeidd 25 risikovurderingar som omhandla ulike aktivitetsområde.

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) er eit forskingsinstitutt som bidreg til matsikkerheit og mattryggleik, berekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping gjennom forskning og kunnskapsproduksjon. NIBIO har gjennomført risikovurderingar innanfor fleire område, til dømes konflikten i Ukraina, informasjonssikkerheit og rekrutteringsutfordringar og begrensa tilgang på relevant kompetanse.

Aktivitet i Landbruks- og matdepartementet

I byrjinga av 2022 hadde koronapandemien framleis merksemd i departementet sitt arbeid med sikkerheit og beredskap. Konflikten i Ukraina har òg prega arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i 2022. Arbeidet har krevd vesentlege ressursar både i arbeidet mot sektor og i samarbeid med andre styresmakter.

Departementet har i 2022 gjennomført fire øvingar. Det blei mellom anna gjennomført ei diskusjonsøving som omhandla cyberangrep mot sentrale IKT-system. Det blei òg gjennomført ei diskusjonsøving med utgangspunkt i ei krise kor

verdikjeda for mat blei ramma av eit cyberangrep. I øvinga deltok departementet, Mattilsynet, Landbruksdirektoratet og Veterinærinstituttet. Det har òg blitt gjennomført ei evakueringsøving ved Svalbard Globale Frøhvelv.

Oppfølging av ny tryggingslov

Lov om nasjonal sikkerheit (tryggingslova) tok til å gjelde 1. januar 2019, og alle sektorar arbeider med å implementere lova. Formålet med lova er å tryggje dei nasjonale sikkerheitsinteressene og å førebyggje, avdekkje og motverke sikkerheits-trugande hendingar. Dei nasjonale sikkerheitsinteressene blir tryggja ved at departementa identifiserer grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF) innanfor sine ansvarsområde, verksemdar av avgjerande verdi for GNF blir underlagde tryggingslova, og naudsynte sikringstiltak for skjermingsverdige verdiar blir gjennomførte. For å vareta formålet med lova, vil GNF-prosessen vere ein kontinuerleg prosess. Denne prosessen kan føre til endringar når det gjeld identifiserte funksjonar og skjermingsverdige verdiar, kva for verksemdar som er av vesentleg og avgjerande verdi, og i kva grad ei verksemd er avhengig av eksterne ressursar (andre verksemdar). Kva som vil krevjast for å oppnå eit forsvarleg tryggleiksnivå, kan òg bli endra.

Landbruks- og matdepartementet har identifisert følgjande GNF i eigen sektor:

Landbruks- og matdepartementet si verksemd, handlingsfridom og avgjerdsdyktigheit. Denne omfattar departementet si rolle som fagleg sekretariat for politisk leiing, utøving av myndigheit og styring og oppfølging av underleggjande verksemdar.

Landbruks- og matdepartementet har òg eit delansvar for den tverrsektorielle GNFe *Matvareforsyning*, fastsett av næringsministeren. Ansvar for GNFe *Matvareforsyning* er delt mellom Nærings- og fiskeridepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. Landbruks- og matdepartementet sitt ansvar er knytt til nasjonal produksjon av landbruksprodukt og import av landbruksvarer.

11 Mål: Forsking, innovasjon og kompetanse skal bidra til å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken

Forsking, innovasjon og kompetanse er viktig for å nå hovudmåla i landbruks- og matpolitikken: matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar (sjå programkategori 15.20). Denne rapporteringa viser korleis forskingsinnsatsen på utvalde område bidreg til å nå desse måla. Landbruks- og matdepartementet sine midlar til forskning og innovasjon støttar nærings- og forvaltningsretta forskning knytt til den landbruksbaserte verdikjeda – frå råvareproduksjon til forbrukar – og legg på den måten eit viktig grunnlag for auka innovasjon og konkurransekraft i næringa. Forskingsmidlar frå departementet finansierer nasjonale forskingsprosjekt, innovasjonsprosjekt i næringslivet og norsk deltaking i europeiske forskarnettverk.

Matsikkerheit og beredskap

Forsking på matområdet har høg prioritet i Landbruks- og matdepartementet. Ny kunnskap skal bidra til å sikre forbrukarane nok og trygg mat av god kvalitet. Det er avgjerande å sjå heile verdikjeda under eitt, og forskinga dekkjer difor breitt, frå husdyravl og sortsutvikling til metodar for å betre mattryggleiken i næringsmiddelindustrien. Prosjekt innanfor område som dyrehelse, dyrevelferd og antibiotikaresistens bidreg til å halde ved lag den gode posisjonen Noreg har når det gjeld mattryggleik. I tillegg er forskning på klimatilpassa produksjon, forbetra agronomisk praksis og teknologiutvikling viktig for auka og meir berekraftig matproduksjon basert på norske ressursar.

Dyre- og plantehelse, som kan ha stor innverknad på mattryggleiken, og dyrevelferd er eit viktig forskingsområde. Dei siste åra er det utvikla mykje ny kunnskap om god dyrehelse og -velferd i husdyrproduksjon. Til dømes har Veterinærinstituttet (VI) koordinert fleire forskingsprosjekt på kalvehelse og -velferd.

Problemstillingar knytte til matsikkerheit og beredskap kan ikkje berre handterast nasjonalt. Norske forskingsmiljø er godt representerte i internasjonalt forskingssamarbeid innanfor land-

Boks 11.1 Digital transformasjon av kjøttkontroll

Prosjektet *EyeAM* skal utvikle eit konsept for digital transformasjon av kjøttkontroll. Dette inneber meir automatiserte kjøttkontrolløysningar. Formålet med prosjektet er å definere, utvikle og demonstrere nye løysningar for overvaking og kontroll av kjøtttryggleik, dyrevelferd og dyrehelse i slakteri. Vidare skal *EyeAM* skape eit informasjonssystem for næringskjeda og kjøttkontroll og gi ein automatisert og objektiv vurdering av slaktedyra si reinslegheit.

Prosjektet blir leia av Animalia AS i samarbeid med NMBU, Meats AS, Farm4Trade, Fatland Oslo AS, Kjøtt- og fjørfebransjens Landsforbund (KLF) og Nortura. *EyeAM* er finansiert gjennom Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukter (FFL) og varar fram til 2025.

bruk, matsikkerheit, mattryggleik, klimaforandringar, dyrehelse og dyrevelferd, inkludert antibiotikaresistens.

Ulike spørsmål knytte til matsikkerheit er òg sentralt i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, der norske aktørar hevdar seg særst godt i konkurransen med andre land.

Landbruk over heile landet

Forsking på landbruks- og matområdet skal byggje opp under målet om landbruk over heile landet. For å møte kunnskapsbehova og løyse utfordringane der dei oppstår, er det viktig med forskingsmiljø som er til stades i ulike delar av landet og har kompetanse om lokale forhold. Stor geografisk spreiding av forskingsinstitutta er viktig for det nære samarbeidet med næringsliv og forvaltning. Det er òg viktig at alle fylka tilbyr land-

Boks 11.2 Betre og meir stabil kålrot

Kålrotprodusentar opplever i dag eit aukande problem med førekomst av dårlegare kvalitet i kålrøter grunna meir tørke og varmare vekstforhold i Noreg. Det er behov for betre kunnskap om samanhengane mellom kvalitet og dyrkingsforhold, og responsane til kålrotplanten på til dømes tørkestress og gjødsling. Sensor-, kamera- og datateknologi kan gi nye moglegheiter for å overvake og kartlegge utviklinga i plantene undervegs i vekstsesongen. Forskingsprosjektet vil gjennomføre kontrollerte produksjonsforsøk og bruke funna til å utvikle metodar for varsling om tørkestress og tilpassa vatnings- og gjødslingstiltak for norske kålrotfelt under klimaendringar.

Prosjektet er eit samarbeid mellom kålrotprodusentar, Easygrowth AS, Biodrone AS og andre aktørar i verdikjeda, men blir leia av NIBIO i Tromsø. Forskingsprosjektet er finansiert gjennom tildelingar frå Forskningsrådet og Grofondet, og varar fram til 2026.

bruksutdanning i vidaregåande opplæring, og fleire fylke har fagskuletilbod i ulike landbruksfag. På universitets- og høgskulenivå er det tilbod om landbruksutdanning på tre ulike stadar i landet; Nord universitet, Høgskolen i Innlandet og Norges miljø- og biovitenskaplege universitet (NMBU).

For å utnytte moglegheitene som ligg i eit langstrakt land med variert topografi og klima, er mellom anna auka kunnskap om bruk av jord- og beiteressursane sentralt. Det er tildelt midlar til fleire forskingsprosjekt på området dei seinare åra. Til dømes skal Sagaplant AS forske på klimatilpassa sortar, planter og dyrkingsteknikk for å gi stabil og auka produksjon av solbær, rips og stikkelsbær i Noreg.

Vidare har det blitt sett i gang fleire forskingsprosjekt som bidreg til ei berekraftig reindrift, mellom anna prosjektet *Welfed*. Prosjektet skal sjå på kva for effektar tilleggsføring av reinsdyr på vinterbeite på grunn av dårlege beiteforhold kan ha for reindriftnæringa.

Departementet sine midlar til FORREGION er sentrale for å støtte opp under målet om landbruk i heile landet. Programmet er styrt av fylkeskommunane med støttetenester levert av Forsknings-

rådet. FORREGION legg til grunn dei unike moglegheitene og utfordringane i kvar region, og har som mål å auke verdiskaping, konkurransekraft og omstillingsevne i heile landet.

Auka verdiskaping

Forsking skal bidra til auka verdiskaping i landbruks- og matsektoren. Landbruks- og matdepartementet bidreg til å vidareutvikle ein kunnskapsbasert landbruks- og matsektor ved å stimulere næringane til å forske meir og å gjere nytte av resultat frå både eiga og anna forskning. Tematisk innretta budsjettformål som BIONÆR og ENERGIX, som lyser ut midlar til innovasjonsprosjekt i næringslivet (IPN), er viktige verkemiddel for å auke FoU-aktiviteten i næringslivet. I tillegg til IPN-prosjekt, er Forskningsmidlar over jordbruksavtalen og Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt viktige kjelder til finansiering av næringsretta forskning i landbruks- og matnæringa.

Digitalisering og robotisering av landbruket er i sterk utvikling og spelar ei viktig rolle i Noregs framtidige matproduksjon og arealforvaltning. Sensorar, kamera og andre verktøy monterte på ein traktor eller ei drone, mogleggjer oppgåver og løysingar som tidlegare var utenkelege. For å realisere dei teknologiske moglegheitene er det heilt naudsynt at ny kunnskap og forskning er tilgjengeleg for næringa. Kunstig intelligens er òg ein teknologi som kan styrkje landbrukssektoren og vil ytterlegare bidra til å skape fleire teknologiske moglegheiter og løysingar. Regjeringa vil leggje

Boks 11.3 Teknologi som hjelper bonden og miljøet

Overforbruk av plantevernmiddele i jordbruket har klare negative effektar på natur og nærmiljø. Selskapet Dimensions Agri Technologies har saman med NIBIO sett i gang eit prosjekt for å lage ein sensor som tillèt automatisk gjenkjenning og målretta behandling av ugras. Målet er mindre miljøfotavtrykk, auka matproduksjon og betre økonomi for bonden. Forskingsprosjektet vil vere avgjerande for vidareutvikling av norsk presisjonsjordbruk gjennom redusert kjemikaliebruk og auka avling.

Prosjektet er finansiert av Forskningsrådet og vil bli avslutta i 2024.

fram ein ny heilskapleg digitaliseringsstrategi i 2024.

BIONÆR og ENERGIX følgjer opp departementet sine føringar for å levere kunnskap om skog- og trebasert næringsverksemd. Dei finansierer både mindre innovasjonsprosjekt i treindustrien og store, tverrfaglege prosjekt om kva for rolle skogen har i klimasamanheng. I dei seinare åra er det innvilga prosjekt innanfor alt frå skogplanteforedling til bygging av høghus i tre.

Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar

Regjeringa vil stimulere til auka landbruksproduksjon, samstundes som det skal takast omsyn til miljø og klima. Prosjekt på dette området har mellom anna omhandla biokol, berekraftig husdyrproduksjon, klimanøytrale veksthus, fangst av

Boks 11.4 Fôrsystem i framtida – ein berekraftig agri-industri

Klimaendringane byr på større utfordringar i form av tørke, flaum og varierende avlingar som kan føre til hyppigare fôrkrisar. Samstundes skal landbruket utviklast berekraftig, bidra til auka matproduksjon og reduserte klimagassutslepp. Orkel AS og TKS Agri AS har difor gått saman med FoU-miljø for å utvikle fôrsystem for framtida. Dette skal utviklast med bruk av nye metodikkar i bedriftene gjennom det såkalla *Industri 5.0* – eit nytt trinn i industriutviklinga, med fokus på kopling av teknologi, berekraft og medarbeidarar som ei plattform for produkt og tenester. Her skal forskarane skape ei verktøykasse for bedriftene som skal få *Industri 5.0* til å fungere. Dette skjer ved «aksjonsforskning», der forskarane arbeider tett med dei tilsette i bedriftene.

Prosjektet, som er finansiert av Forskningsrådet, skjer i samarbeid med SINTEF, NTNU og NIBIO, og varar fram til 2026.

Boks 11.5 Meir berekraftig fôr

Prosjektet *BlueMusselFeed* er eit resultat av initiativet Land møter hav, som har som formål å skape fleire samarbeid mellom blå og grøn sektor. Forskningsprosjektet skal etablere nye fôrråvarer basert på blåskjel. Både blautdelen og skalet i blåskjelet inneheld verdifulle næringsstoff. Blåskjelprotein kan dermed erstatte importerte proteinrike fôrråvarer som soya og maisgluten. *BlueMusselFeed* dekkjer heile verdikjeda frå dyrking til fôring av kylling. Storskala dyrking av blåskjel i norske farvatn vil redusere både overgjødning og forsureing av havet, og dessutan auke berekrafta og sjølvforsyninga i norsk matproduksjon, både på land og i hav.

Samarbeidspartnare i prosjektet er Fiskå Mølle, Lerøy Ocean Forest, Eide Fjordbruk, Norforsk, Animalia og Nortura. Prosjektet varar frå 2023 til 2025 med finansiering frå Forskningsrådet. Dette er eitt av fleire prosjekt som vil gi viktige bidrag til samfunnsoppdrag om berekraftig fôr.

metan i fjøs og kunnskap innan bioøkonomi. Dette er sentralt for auka utnytting av landbruket sine fornybare ressursar til erstatning for produkt basert på ikkje fornybare ressursar.

Samfunnsoppdraget om berekraftig fôr som blei lansert i Langtidsplanen for forskings- og høgare utdanning vil, i tillegg til auka matsikkerheit, gi viktige bidrag til berekraftig landbruk med lågare utslepp, jf. omtale i programkategori 15.20. Vidare er produksjon og bruk av fornybar energi ein viktig del av bidraget frå landbruket til å redusere utslepp av klimagassar. Hovudsatsinga på energiforskning skjer gjennom ENERGIX. Prosjekta er retta mot tema som utvikling av nye og meir effektive konverteringsprosessar frå råstoff til energi, medrekna både varme og elektrisk straum. Innanfor bioenergiforskinga har områda miljø og klima, bruk av skog til produksjon av varme og drivstoff, og biogass frå husdyrgjødning og matavfall, stått sentralt.

12 Mål: Vareta norske interesser og sikre framgang i internasjonale prosessar

Handelsavtalar

Dei sentrale avtalane for handel med landbruksvarer er WTO-avtalen, EØS-avtalen og EFTAs frihandelsavtalar. I samsvar med artikkel 19 i EØS-avtalen skal Noreg og EU gjennomgå vilkåra for handelen med basis jordbruksvarer med sikte på ei gradvis liberalisering. Avtalen skal vere til fordel for begge partar og innanfor rammene av landbrukspolitikken til dei enkelte partane. Artikkel 19 har ført til auka gjensidig marknadstilgang for landbruksvarer, der ost og kjøtt er særleg viktige. Noreg og EU har inngått tre slike avtalar, den siste i 2018.

EFTA forhandlar med ei rekkje land om handelsavtalar. I august 2019 blei EFTA og Mercosur, som er eit økonomisk fellesskap mellom Argentina, Brasil, Paraguay og Uruguay, samde om ein frihandelsavtale. Avtalen er ikkje formelt godkjend, mellom anna fordi avtalen blir sett i samanheng med uløyste spørsmål om berekraft i avtalen mellom EU og Mercosur. Ein avtale med Moldova blei forhandla ferdig i vår, og blei signert ved EFTAs ministermøte i juni. EFTA forhandlar om nye handelsavtalar med Kosovo, Malaysia, Thailand, Vietnam og India. Vidare blir tidlegare handelsavtalar med mellom anna Chile og Det Palestinske Området reforhandla. Ved EFTAs ministermøte i juni lanserte EFTA-landa intensjonen om å starte reforhandlingar av frihandelsavtalen med Ukraina.

Marknadstilgang på landbruksprodukt står sentralt i desse forhandlingane. Arbeidet med bilaterale frihandelsavtalar for EFTA-landa vil framleis ha høg prioritet for å sørge for at avtalane ikkje trugar viktige norske landbruksinteresser og varetek Noregs offensive interesser. For landbruksvarer er regjeringa sitt mål for slike forhandlingar at konsesjonar skal gis der importen ikkje vil kunne komme til erstatning for norsk produksjon.

Meld. St. 29 (2014–2015) *Globalisering og handel* slår fast at Noregs primære handelspolitiske interesse er å bevare og styrkje det multilaterale handelssystemet. Dei siste åra har det

vore lite framgang i WTO-forhandlingane. På ministermøtet i WTO i juni 2022 blei det semje om ei erklæring om matsikkerheit der både nasjonal produksjon og opne handelskanalar er lagde vekt på. Det blei ikkje fatta vedtak på ministermøtet som endrar pliktene medlemslanda har knytte til landbruksstøtte og tollvern. Neste ministermøte i WTO skal haldast i Dei sameinte arabiske emirata i februar 2024.

I sum utgjer dei internasjonale avtalane for handel eit omfattande sett av plikter som Noreg må halde når det gjeld importvern og omfang og innretting av landbruksstøtta. Verkemiddelbruken i landbrukspolitikken må tilpassast slik at Noreg held seg innanfor gjeldande avgrensingar for bruk av støtte. Pliktene inneber òg ei omfattande årleg rapportering til WTO. Både forhandlingane og oppfølginga av WTO-pliktene krev aktiv deltaking i WTO for å sikre norske interesser.

Matsikkerheit

Eit stort omfang av handel med innsatsvarer, planter, dyr og mat over landegrensene krev eit sterkt internasjonalt samarbeid om regelverk og tilsyn. Dette er naudsynt for å sikre trygg mat som oppfyller krava forbrukarane stiller, og for å kunne fremje god plante- og dyrehelse. Aktiv deltaking i internasjonalt arbeid er naudsynt for å påverke utviklinga av standardar og regelverk for å vareta norske synspunkt, og for å bidra til utvikling og utveksling av kunnskap.

Krava på matområdet blir i stor grad utforma i samsvar med internasjonal utvikling. Hovuddelen av det norske regelverket på matområdet er EØS-basert. Ifølgje NOU 2012: 2 *Utenfor og innenfor. Norges avtaler med EU*, så er matområdet det kvantitativt største området under EØS-avtalen med om lag 40 pst. av rettsaktene. Regjeringa legg vekt på ein aktiv Europa-politikk. Som del av oppfølginga utarbeider Nærings- og fiskeridepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet, som alle har fagansvar på matområdet, sams prioriteringar for arbeidet retta mot EU.

Regjeringa legg vekt på å vareta norske interesser ved å medverke tidleg i prosessar og politikkkutforming i EU. Dette kan vere løysingar som er tilpassa våre naturgitte forhold eller andre nasjonale behov, og som trengst for å kunne oppfylle dei ulike måla for landbruks- og matpolitikken.

Noreg tek aktivt del i internasjonalt arbeid mellom anna i Codex Alimentarius Commission, ein organisasjon for matvarestandardar som ligg under FN's organisasjon for mat og landbruk (FAO) og Verdsheelseorganisasjonen (WHO), Verdsdyrehelseorganisasjonen (WOAH) og Verdsplanteheelseorganisasjonen (IPPC). Desse organisasjonane utviklar standardar som blir lagde til grunn i WTO/SPS-avtalen for handel, og som legg premisser for regelverket i EU.

Dei globale matprisane nådde eit rekordhøgt nivå i mars 2022. Sidan har matprisane, med unntak av to månader, blitt reduserte for kvar månad, ifølgje FAOs prisindeks. Krigen i Ukraina og etterselep frå koronapandemien har medverka til uro i den internasjonale marknaden, og matvareprisane held seg framleis på eit historisk høgt nivå. Verdas fattige og land som er avhengige av import av korn, er særskilt råka. Ein kombinasjon av høge prisar på mat, innsatsfaktorar og energi har ført til eit auka tal som er råka av svolt. Pandemien og krigen har råka både matproduksjonen og matforsyninga, spesielt i utviklingsland. Villkåra for jordbruket blir vidare endra som følgje av klimaendringar og manglande tilgang på jord og vatn i mange område. Planteskjukdom og skadedyr på planter er òg ein aukande trussel og fører til store økonomiske tap. Det er òg aukande merksemd på sjukdommar som kan overførast mellom dyr og menneske (zoonosar).

Aktiv deltaking i internasjonalt arbeid er naudsynt for å møte dei store utfordringane globalt. FAOs mandat er breitt og omfattar mellom anna matsikkerheit, reduksjon av fattigdom og berekraftig bruk og forvaltning av naturressursar, inkludert land, skog, vatn, luft og genetiske ressursar. FAO spelar ei viktig rolle for å utvikle teknisk kunnskap, standardar og normer innan mat og landbruk. Antibiotikaresistens, klima, biologisk mangfald, tap av mat og matsvinn er prioriterte arbeidsområde for Noreg i FAO. Noreg vil følgje og påverke det internasjonale arbeidet mot antibiotikaresistens innanfor rammeverket for *ei helse*. Noreg vil òg aktivt følgje opp arbeidet i Komiteen for matsikkerheit (CFS), og initiativ som er knytt til oppfølging av FN's toppmøte for berekraftige matsystem i september 2021. Noreg vil òg støtte opp om initiativ i FAO for å avhjelpe

dei umiddelbare matutfordringane i dag. Innsatsen for ivaretaking, berekraftig bruk og rettferdig deling av genetiske ressursar er viktig. Dette er følgt opp i FAOs kommisjon for genetiske ressursar og i den internasjonale plantetraktaten for mat og landbruk. Noreg vil framleis vere eit aktivt medlem i desse organa, med særskild merksemd på mellom anna rettane til bønder.

Matsikkerheit står sentralt på 2030-agendaen som eitt av dei 17 berekraftsmåla FN vedtok i 2015. FN's berekraftsmål er ambisiøse mål for arbeidet med økonomisk, sosial og miljømessig utvikling fram mot år 2030. Toppmøtet om berekraftige matsystem i 2021 la fram ei lang rekkje løysingar og initiativ som skal medverke til ei berekraftig utvikling og synleggjere det tiåret der verda skal nå berekraftsmåla. Noreg vil aktivt følgje opp FN's berekraftsmål, sjå eiga rapportering. Noreg deltek aktivt i ei rekkje internasjonale fora på landbruks- og matområdet, både innanfor og utanfor FN-systemet.

Internasjonalt skogsamarbeid

Landa i Europa samarbeider framleis i FOREST EUROPE og vil utvikle dette samarbeidet vidare. Etter ministerkonferansen i Bratislava i 2021, tok Tyskland over leiarskapen frå Slovakia. Viktige arbeidsområde under den tyske leiarskapen vil vere europeisk samarbeid for å hindre og handtere skogskadar, grøne arbeidsplassar og berekraftig skogforvaltning for å møte samfunnsutfordringar.

FN's skogforum (UNFF), er ein viktig arena i arbeidet med å fremje forståinga av berekraftig skogforvaltning globalt. I dei siste åra er det arbeid med å implementere den strategiske planen for arbeidet med skog i FN som blei vedteken i 2017. Den strategiske planen er eit viktig steg i arbeidet med å sikre ei heilskapleg tilnærming til berekraftig skogforvaltning i FN. Det regionale skogsamarbeidet i FN-regi skjer gjennom FN's økonomiske kommisjon for Europa (UNECE) og FAOs europeiske skogkommisjon. Noreg deltek òg her.

I tillegg til arbeidet med matsikkerheit er FAO ein viktig aktør for å fremje berekraftig skogforvaltning, og har ei særleg viktig rolle i samarbeidet med land om ressursoversikter og kartlegging av utviklinga i forvaltning av skogressursane. FAO fremjar kunnskap om den rolla skogen spelar innanfor matsikkerheit. FAO leiår og koordinerer samarbeidet mellom dei ulike organa i FN og andre institusjonar som er engasjerte i skogspørsmål, det såkalla Collaborative Partnership on Forests (CPF).

Noreg støttar opp om arbeidet i European Forest Institute (EFI), som er eit forskingsnettverk basert på ein mellomstatleg konvensjon der Noreg er part. Instituttet forskar mellom anna på utviklinga av skognæringa i Europa og gjer eit omfattande arbeid knytt til rammevilkår for sektoren. EFI produserer eit viktig kunnskapsgrunnlag for europeiske styresmakter innanfor økonomi, klima, andre rammevilkår og internasjonal konkurranse i skognæringa.

Noreg er òg medlem i to andre regionale skogsamarbeid; arbeidsgruppa Working Group on Barents Forest Sector innanfor Barents-samarbeidet, og eit sirkumborealt samarbeid der òg Canada og USA deltek.

Nordisk samarbeid

Ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) arbeider for berekraftig og konkurransedyktig bruk av naturressursar. Det er eit mål å skape meirverdi og nordisk nytte for dei enkelte landa og innbyggjarane gjennom sams nordisk innsats. Statsministrane sin visjon om at Norden skal bli verdas mest berekraftige og integrerte region, og dei strategiske prioriteringane for eit grønt, konkurransedyktig og inkluderande Norden, ligg til grunn for arbeidet.

Aktiviteten i MR-FJLS fell naturleg inn under visjon og prioriteringar, og eit eige tverrsektorielt

samarbeidsprogram 2021–2024 er utarbeidd i tråd med det. Målet med programmet er å syne korleis bioøkonomien kan bidra til auka verdiskaping og omstilling i rurale område. Samarbeidet omkring berekraftig proteinproduksjon i Norden vil halde fram.

Ministerrådet fører vidare arbeidet med karbonbinding og karbonlagring i jord som eit viktig og positivt bidrag frå landbrukssektoren til å løyse klimautfordringane.

Oppfølginga av FN's toppmøte om matsystem vil òg vere på dagsorden saman med ei vidareføring av samarbeidet om *éi helse* og antibiotikaresistens.

Ministerrådet vil framover ta tak i konflikhtar knytte til bruken av matjordressursane. I lang tid har matjord blitt omdisponert til samferdsels tiltak, byutvikling og andre formål – og det er etterkvart naudsynt å sikre at desse areala først og fremst blir brukte til matproduksjon. Krigen i Ukraina har i sterk grad aktualisert denne problemstillinga og behovet er større for tiltak for auka mattryggleik. På ministermøtet på Island i juni 2023 blei det vedteke at ein og skal arbeide med rekruttering til næringane i MR-FJLS og vidareføre arbeidet for å avgrense matsvinn. Samarbeidet om bevaring og bruk av genressursar gjennom NordGen er godt, og vil halde fram.

13 Likestilling

Likestilling i jordbruket

Det følger av likestillings- og diskrimineringslova at alle uansett kjønn, alder, etnisitet, religion med meir skal ha dei same moglegheitene til å drive næringsverksemd innanfor landbruk og landbruksbaserte næringar. Haldningsskapande arbeid, utdanning, rådgiving, økonomiske verkemiddel og gode, funksjonelle velferdsordningar er viktige for å bidra til likestilling og rekruttering til landbruket over heile landet. Satsing på berekraftig landbruk, sirkulær- og bioøkonomi og teknologiutvikling i, og i tilknytning til landbruket, vil vere viktig i framtida og krevje ny type kompetanse utover den tradisjonelt landbruksfaglege. Regjeringa vil skape interesse og gode forhold for alle som kan støtte opp om ei positiv utvikling i landbruket og reindrifta.

Landbruks- og matdepartementet har dei seinare åra hatt god tilgang på statistikk for kjønnsbalanse og likestilling innanfor landbruket og reindrifta. Det er stort sett flest opplysningar om kjønn, alder, geografisk fordeling og grupper under velferdsordningar.

Resultatkontrollen for gjennomføringa av landbrukspolitikken er ei årleg utgreiing og publikasjon frå Budsjettnemnda for jordbruket. Resultatkontrollen viser utviklinga i jordbruket i forhold til dei mål og retningsliner Stortinget har trekt opp. Resultatkontrollen inneheld oppdatert statistikk for mellom anna kjønns- og aldersfordelinga innan landbruket, og viser i tillegg historisk utvikling for kjønn, alder og utdanning på dette området.

Det siste året har talet på kvinnelege eigarar av landbrukseigedommar auka noko. I følgje tal frå SSB ved utgangen av 2021 var det 180 025 landbrukseigedommar med minst 5 dekar eigd jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktivt skogareal. På 67 pst. av eigedommane er det mannleg eigar, mens kvinner eigde 26 pst. av eigedommane. For dei resterande eigedommane er eigaren til dømes eit aksjeselskap, anna selskap, ein utanlandsk eigar eller at eigaren ikkje er oppgitt.

Statistikk frå søknad om produksjonstilskott viser at det i 2022 var nær 35 850 enkeltperson-

føretak (verksemdar med personleg brukar) i jordbruket. Over tid har delen kvinner auka, og i 2022 var 17,1 pst. kvinner. I 2021 var talet på jordbruksføretak drivne av kvinner 16,8 pst., mens det var høvesvis på 12,9 pst. i 1999 og 14,4 pst. i 2010. Denne statistikken gir likevel ikkje eit fullstendig bilete av kvinnene si samla deltaking i drifta av norske jordbruksføretak. Ei årsak til dette er at det berre er éin person som kan stå oppført som søkjar per enkeltpersonføretak. Det er òg mange kvinner som deltek i drifta på gardsbruk som ikkje er drivne som enkeltpersonføretak. For slike verksemdar har ein ikkje informasjon om det er menn eller kvinner som deltek i drifta.

Arbeidsforbruket i jordbruket går ned både for kvinner og menn, men reduksjonen er størst for kvinner. I 2020 utførte kvinner 24 pst. av registrert arbeidsforbruk, mot 26 pst. i 1990.

Tal frå 2021 viser at gjennomsnittsalderen for kvinnelege eigarar er litt høgare enn for menn, høvesvis 60,3 år og 58,4 år. Gjennomsnittsalderen for kvinner som driv jordbruksverksemdar er gjennomgåande litt lågare enn for menn. Gjennomsnittsalderen for aktive kvinnelege brukarar er i 2022 på 49,6 år, noko som er 3,5 år lågare enn for menn. Det kan over tid sjå ut til at kvinner i mindre grad tek over jordbruksbedrifter for å drive jordbruk sjølve. Det er i mange samanhangar òg peika på at gardsoverdragingar til kvinner ofte gjeld enker som eig garden i ein overgangsperiode.

Tal frå SSB for 2020 viser at høg utdanning blant nye eigarar er meir vanleg blant kvinner enn blant menn, og det er størst del kvinner med lang utdanning blant dei yngste. Blant kvinnene i den yngste aldersgruppa (under 39 år) har 58,8 pst. utdanning på universitets- og høgskulenivå. Hos menn har 23,4 pst. i den yngste aldersgruppa høgare utdanning. Ser vi på den eldste aldersgruppa som overtok gard i 2020, så har 29,4 pst. av menn høgare utdanning, og 23,7 pst. av kvinnene.

Innanfor det tradisjonelle jordbruket er kvinne delen høgast blant bønder med hestar og/eller geiter og innanfor saueproduksjon. Kvinne delen er lågast blant storfeproducentar. Kvinner driv generelt jordbruksverksemdar med mindre

areal enn menn, men delen kvinner har auka for alle arealgruppene.

Dei siste 10–20 åra har utviklinga av andre landbruksbaserte næringar innanfor lokalmat, reiseliv, velferdstenester med garden som arena til skule, omsorg og arbeid (Inn på tunet) og serviceyting generelt vore god. Utvikling av entreprenørskapsverksemd på desse områda krev ofte anna kompetanse enn den tradisjonelle landbruksfaglege kompetansen. Kvinner er særleg aktive innan desse næringane.

Landbrukssektoren har over tid arbeidd målretta med å få fleire kvinner til å etablere seg i næringa. Fleire verkemiddel i jordbruksavtalen er innretta slik at dei skal stimulere til rekruttering, næringsutvikling, fleire nyetableringar og vekstbedrifter.

Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlar) er eit særleg viktig økonomisk verkemiddel for å nå målet om næringsutvikling i, og i tilknytning til, landbruket. Formålet er å leggje til rette for langsiktig og lønsam verdiskaping, i tillegg til å bidra til sysselsetjing, busetjing og eit variert landbruk i alle delar av landet med utgangspunkt i landbruket sine ressursar generelt og landbrukseigedommen spesielt. Dei siste åra har i snitt halvparten av tilskottsmidlane over investerings- og bedriftsutviklingsordninga (IBU-ordninga) i landbruket blitt løyvd til kvinner. For investeringar innan andre landbruksbaserte næringar har tilskottsdelen til kvinner vore på om lag 75 pst.

Gode velferdsordningar i landbruket er viktig for å bidra til rekruttering og landbruk over heile landet. Ved jordbruksoppgjæret 2023 la regjeringa difor sterk vekt på å betre ordningane. Heving av satsane for avløysartilskotta vil gi produsentane auka moglegheit til å nytte avløysartenestene. Dette vil gi auka økonomisk tryggleik ved sjukdom og skade, og gi betre moglegheit for å ta ut ferie og fritid gjennom året.

Ved jordbruksoppgjæret 2023 blei mellom anna satsane for avløysartilskott ved sjukdom og fødsel mv. auka med 350 kroner til 2 450 kroner. Til jordbruksoppgjæret 2024 skal ei partssamansett arbeidsgruppe gjennomgå fleire av velferdsordningane, med særleg vekt på tilskottet for avlysing ved sjukdom og fødsel med meir og landbruksvikarverksemda.

Likestilling i skogbruket

Det er framleis langt fleire menn enn kvinner som arbeider innan skog- og trenæringa. Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at det var 5 126 menn og

1 021 kvinner sysselsette i skogbruket i 2022. Mange aktørar innan sektoren har målsetjing om å rekruttere fleire kvinner. Ei av dei viktigaste årsakene til dette er behovet som næringa har for best mogleg kompetanse. Det blir arbeidd med å synleggjere mangfaldet i bransjen og det blir gjennomført ulike tiltak for å gjere arbeidsplassar og arbeidsoppgåver meir attraktive for kvinner. Delen kvinner som blir uteksaminerte frå skogstudia i Noreg er på rundt 20 pst., noko som er lågare enn i fleire av våre naboland. Eit forskingsprosjekt som har sett nærare på skogbruket som arbeidsplass for kvinner er ferdigstilt. Prosjektet blei leia av Høgskolen i Innlandet, saman med Norges miljø- og biovitenskaplege universitet og Glommen Mjøsen Skog. Kvinner i skogbruket og Skogbrukets Kursinstitutt deltok.

Kvinner i skogbruket er ein frittstående, uavhengig organisasjon som har til formål å motivere kvinner til deltaking og engasjement på alle plan innanfor skogbruket, og leggje vekt på samhald og samarbeid. Organisasjonen blei stifta i 1986 og er landsomfattande. Den er open for alle med interesse for skogbruk, men rettar seg spesielt mot kvinner. Landbruks- og matdepartementet har løyvd midlar til Kvinner i skogbruket over kap. 1138, post 70, *Støtte til organisasjonar* over fleire år. Støtta for 2023 er på 155 000 kroner. Kvinner i skogbruket har etablert kontakt og deltek i nordiske og internasjonale forum på området.

Velg Skog arbeider med rekruttering, kompetanse og omdømmebygging for skognæringa. Næringa sitt behov for betre likestilling er ein del av dette arbeidet. *Velg Skog* blir mellom anna finansiert med midlar over jordbruksavtalen kap. 1150, post 50, Landbrukets utviklingsfond. Støtta for 2023 er på 2 mill. kroner.

Likestilling i reindrifta

Arbeidet med likestilling i reindrifta i Noreg krev ein samla innsats frå fleire aktørar, både frå det offentlege, frå næringa sjølv og frå organisasjonar i næringa.

I 2022 var 87 kvinner eigar av siidaandel, noko som utgjer om lag 16,1 pst. av alle siidaandelar. Dette er ein auke frå 2021. Det var i 2022 97 siidaandelar som er eigd av ektefelle/sambuar i fellesskap, ein reduksjon frå 101 siidaandelar i 2021.

261 årsverk blei utførte av kvinner i 2021. Dette utgjer 27 pst. av alle årsverk i reindrifta i 2021. I 2022 hadde kvinner 27 pst. av det samla reintalet i Noreg.

I Reindrifftsavtalen 2019/2020 blei det etablert eit særskilt driftstilskott til kvinner som er leiar av

siidaandel, og som har reindrift som hovudnæring. I reindrifftsavtalen 2023/2024 blei tilskottet auka frå 25 000 kroner til 40 000 kroner. I tillegg kan kvinneretta tiltak få støtte over Reindrifftsens utviklingsfond. Norske Reindrifftsamers Landsforbund (NRL) kan òg søkje om midlar til utviklingsprosjekt for å fremje likestilling. Det kan òg søkjast om tilskott for å støtte opp om den familiebaserte reindriften, ektefelle-/sambuar-tillegg, for felles siidaandelar.

Norske Reindrifftsamers Landsforbund skal ta omsyn til kjønnsfordeling ved val av styre og lokallag. Avtalepartane er òg samde om at styra for reinbeitedistrikta, så langt det er mogleg, bør ha kjønnsbalanse.

Oppfølging av likestillings- og diskrimineringslova

Overordna om departementet sitt arbeid med å fremje likestilling og hindre diskriminering

Arbeidet med likestilling i departementet er basert på dei krava og rettleiingar som er gitte i likestillings- og diskrimineringslova. Aktivitets- og forklaringsplikta i likestillings- og diskrimineringslova blei styrkt med verknad frå 1. januar 2020. Departementet har utarbeidd ein eigen policy for likestillingsarbeidet:

«Landbruks- og matdepartementet skal arbeide for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Vi og våre underliggende virksomheter forvalter en rekke økonomiske og juridiske virke-

midler på områder som berører mange, enten de er privatpersoner, næringsdrivende eller ansatte innen næringene. Prinsippet om å fremme likestilling og hindre diskriminering skal være godt forankret i hele departementets virksomhet og være en integrert del av våre arbeidsprosesser, etatsstyring og rutiner, og vi skal besitte kunnskap om likestilling og risiko for diskriminering innenfor alle områder vi jobber.

Vi skal bidra til å fremme likestilling og hindre diskriminering når vi jobber sammen innenfor LMDs ansvars-områder.»

Dette skal gi retning for alt arbeid innan verksemda og i alt arbeid og tenesteyting på myndighetsområdet til departementet.

Likestilling og mangfald i Landbruks- og matdepartementet

Ved utgangen av 2022 var det totalt 137 tilsette i departementet, der 59,9 pst. av desse var kvinner. Kvinnene er i fleirtal i sakshandsamargruppa og blant toppleiarane. Kvinnene utgjer om lag 71,4 pst. av toppleiarane. Det er omtrent like mange menn og kvinner i mellomleiarposisjonar med personalansvar. Samla sett utgjer kvinnene om lag 55 pst. av leiarane i departementet.

Per 31.12.2022 var gjennomsnittsalderen i departementet 50,9 år. Gjennomsnittsalderen er omtrent lik for både kvinner og menn, og har vore stabil dei siste fire åra.

Tilsette i dei ulike stillingskategoriane og kjønnsfordeling

Tabell 13.1 Relativ og absolutt kjønnsfordeling i dei ulike stillingsgruppene per 31. desember 2022:


	Andel av tilsette		Antall tilsette etter stillingsgrupper		
	Menn (pst.)	Kvinner (pst.)	Menn	Kvinner	Totalt
Departementsråd	0	100		1	1
Ekspedisjonssjef	25	75	1	3	4
Kommunikasjonssjef	100	0	1		1
Spesialrådgivar	75	25	3	1	4
Avdelingsdirektør	50	50	8	8	16
Underdirektør	50	50	1	1	2
Fagdirektør	50	50	11	11	22
Prosjektleder	17	83	1	5	6
Seniorrådgivar	35	65	19	36	55
Seniorkonsulent	0	100		2	2
Rådgivar	36	64	8	14	22
Førstekonsulent	100	0	2		2
Totalt			55	82	137

Gjennomsnittsløn etter kjønn

Når ein ser på løn mellom kjønna og i dei ulike stillingskategoriene, finst det ein skilnad mellom kjønna til fordel for menn. Dette kan truleg skuldast at dei fleste tilsette med vidaregåande utdanning eller ein bachelorgrad i motsetnad til

ein mastergrad, er kvinner. Ein analyse av samanhengen mellom kjønn og lønsnivå kan tyde på at årsaka til lønsforskjellane ikkje primært er kjønn, men heller andre faktorar knytta til dei tilsette.

Utviklinga i løna kan sjåast i figur 13.1, der utviklinga frå 2018 blir presentert både etter kjønn og samla.



Figur 13.1 Utviklinga i gjennomsnittsløn 2018–2022 (i kroner)

Per 31.12.2022 var delen av kvinners løn i forhold til menns løn 97,2 pst., noko som representerer ein auke frå 96,3 pst. på same tidspunkt i 2021.

Mellombelse tilsetjingar

Mellombelse tilsetjingar blir i hovudsak brukt der det er behov for å ta inn vikar for å løyse oppgåver ved permisjonar og anna fråvær. Til saman 3,6 pst. av kvinnene og 4,4 pst. av menn var mellombelse tilsette ved utgangen av 2022. Bruken av midlertidige stillingar blir drøfta med dei tillitsvalde årleg.

Rekruttering

Departementet har gjennomført analysar av rekrutterings- og tilsetjingspraksis i departementet og kva som påverkar desse. Analysane blir nytta til å vurdere mangfaldet i departementet, identifisere risikoar, finne årsaker til eventuell diskriminering og avdekkje hinder for likestilling. På

bakgrunn av mellom anna dette vil det bli vurdert tiltak som kan vere eigna til å fremje likestilling og mangfald, og motverke diskriminering.

Sjukefråvær

I 2022 var sjukefråværet 6,6 pst., noko som representerer ein auke frå tidlegare år (3,9 pst. i 2021). Sjukefråværet i departementet ser difor ut til å liggje omtrent på landsgjennomsnittet på 6,8 pst. Sjukefråværet blant kvinner er framleis høgt samanlikna med sjukefråværet blant menn. Sjukefråværet er eit fast tema i arbeidsmiljøutvalet i departementet og i dialogen med Bedriftshelse-tenesta for å vurdere relevante tiltak.

Permisjonar

Den kjønnsmessige fordelinga på ulike permisjonstypar i 2022, er slik:

Tabell 13.2 Relative fordelingar av permisjonar

	Kvinner (pst.)	Menn (pst.)
Foreldreperm 100 pst.	100	0
Foreldreperm 80 pst.	88	12
Omsorgsperm utan løn	100	0
Velferdspermisjon med løn	43	57

Overtid

Totalt blei det registrert 4 366 timar med overtid i departementet i løpet av 2022. Dette utgjer 2,1 pst. av den samla arbeidsinnsatsen. Menn stod for 51 pst. av overtidsarbeidet i 2022, sjølv om det er færre menn enn kvinner som er tilsette i departementet. Overtid knytt til gjennomføringa av dei årlege jordbruksforhandlingane utgjer ein vesentleg del av den totale overtida.

Deltid

Alle som blei tilsette fast i departementet i 2022 hadde fulltidsarbeid. 5,1 pst. av dei tilsette har fått redusert arbeidstid etter eige ønskje, og ei overvekt av desse er kvinner.

Tabell 13.3 Nytilsette

	Absolutte tal		
	Totalt	Menn	Kvinner
Seniorrådgivar	5	2	3
Rådgivar	5	2	3
Førstekonsulent	1	1	0

Når det gjeld personar med hol i CV-en, funksjonsnedsetjingar og innvandrarbakgrunn, blei det ikkje tilsett nokon som oppgav dette i 2022. Det blei ikkje tilsett nokon frå NAV-tiltak.

Mobbing og trakassering

Arbeidet med haldningar for å motarbeide mobbing og diskriminering har hatt stor merksemd i departementet. Eigne varslingsrutinar har blitt utarbeidde og systema for å vareta varslarar har blitt implementert.

Det daglege arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering i departementet

Inkludering og mangfald

Departementet og sektoren har utarbeidd handlingsplanar for inkludering og mangfald.

Rekrutteringsstatistikken viser at det i 2022 blei tilsett 11 personar i departementet, 5 menn og 6 kvinner. 2 av dei mannlege tilsette er mellombels tilsette og 3 er kvinner. Tala viser at yngste tilsette var 26 år og eldste 49 år.

Tabell 13.3 gir ein oversikt over nytilsette innan stillingsgruppene og kjønna i ordinære tilsettingsprosessar i 2022:

Likestilling og mangfald i underliggjande etatar

Departementet sine underliggjande verksemdar er Mattilsynet, Landbruksdirektoratet, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og Veterinærinstituttet. For informasjon om status på likestillings- og mangfaldsarbeidet i desse verksemdene, visast det til dei respektive årsrapportane med vedlegg. Av dei underliggjande verksemdene er det Landbruksdirektoratet og Mattilsynet som utøver myndigheit etter § 24, mens Veterinærinstituttet og NIBIO ikkje har slike oppgåver.

14 Oppfølging av FNs berekraftsmål

Berekraftsagendaen set ambisiøse mål for arbeidet med økonomisk, sosial og miljømessig utvikling fram mot 2030. Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening – Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innan 2030* slår fast at berekraftsmåla er det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid. Berekraftsmåla er på denne måten ei overbygning for regjeringa sin politikk nasjonalt og internasjonalt.

Dei fire hovudmåla for landbruks- og matpolitikken; matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile landet, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar, skal bidra til å nå fleire av berekraftsagendaen sine målsettingar. I tillegg til at landbruks- og matpolitikken skal sikre eiga befolkning nok og trygg mat med tydelege miljø- og klimaambisjonar, omfattar måla òg ambisjonar knytte til eit berekraftig skogbruk, arealbruk, ivaretaking av kulturlandskap, og busetting og sysselsetting med utgangspunkt i landbruket sine ressursar. Målbiletet speglar med andre ord eit multifunksjonelt landbruk.

Mål 2 Utrydde svolt

Landbruks- og matdepartementet har ansvaret for å koordinere det nasjonale arbeidet med berekraftsmål 2 om å utrydde svolt. Berekraftsmål 2 har fleire dimensjonar, mellom anna å oppnå matsikkerheit og betre ernæring og berekraftig matproduksjon. Status i Noreg for Berekraftsmål 2 Utrydde svolt er i all hovudsak god, men det er utfordringar knytte til overvekt og for lite fysisk aktivitet i delar av befolkninga. Det er generelt for høgt inntak av salt, tilsett sukker og metta feitt, og for lite inntak av frukt, bær, fullkorn og fisk. Å auke berekrafta i landbruket nasjonalt er òg sentralt for å nå mål 2, og der jordbruksavtalen er det sentrale verkemiddelet.

Delmål 2.1) Innan 2030 utrydde svolt og sikre alle menneske, særleg fattige og personar i utsette situasjonar, spesielt spedbarn, tilgang til nok, trygg og sunn mat heile året

I ein situasjon med uro i internasjonale marknader for mat og energi, og sterkt aukande prisar på viktige matvarer internasjonalt, har regjeringa lagt vekt på å sikre nasjonal matproduksjon. Dette omsynet ligg til grunn for jordbruksavtalen i 2023, med ei tydeleg prioritering av matproduksjon, matsikkerheit og klima og miljø. Sjå omtale av prioriteringar i landbruks- og matpolitikken i del 1. Regjeringa har som mål å auke den norske sjølvforsyningsgraden korrigert for import av fôrråvarer til 50 pst. Årets jordbruksavtale vidarefører arbeidet med å auke sjølvforsyningsgraden. Noreg har høg sjølvforsyning av husdyrprodukt og relativt låg sjølvforsyning for energirike plantevekstar til mat. Regjeringa held vidare fram arbeidet med å etablere beredskapslagring for korn, jf. Hurdalsplattforma. Landbruksdirektoratet har på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet utarbeidd forslag til regelverk og praktisk innretning av ordninga. Ein tek i 2024 sikte på å starte arbeidet med leige av lagertenester og innkjøp av matkorn med eit mål om at det innan 2029 skal vere på plass eit beredskapslager tilsvarande 3 månaders forbruk av matkorn.

Delmål 2.2) Innan 2030 utrydde alle former for feilernæring, og innan 2025 nå dei internasjonalt avtalte måla som gjeld veksthemjing og avmagring hos barn under fem år, og skjøtte ernæringsbehova til unge jenter, gravide, ammande kvinner og eldre personar

Det blir arbeidd på fleire måtar for å auke kunnskapen og kompetansen om sunt kosthald, bruk av råvarer mat og matkultur i befolkninga generelt og målretta mot born, unge og eldre spesielt. Organisasjonsstøtte til Stiftinga Geitmyra Matkultursenter for born og Norges Bygdekvinnelag bidreg til å støtte opp om dette. Prosjekta Gylne måltidsøyeblikk og Matgledekorpsa har bidrege til å stimulere til sunt kosthald og matkultur på

institusjonar for eldre. Med bakgrunn i Opplysningskontoret for frukt og grønt si viktige rolle i arbeidet med å fremje forbruk av norsk grønt, sunt og berekraftig kosthald til born og unge, er støtta til opplysningskontoret styrkt over jordbruksavtalen for 2024. Det skal leggjast vekt på tverrsektorielt arbeid på området. Landbruks- og matdepartementet sitt bidrag til delmål 2.2 er nærare omtalt under overskrifta Sunt kosthald og gode matopplevingar i programkategori 15.10 Matpolitikk.

Delmål 2.3) Innan 2030 doble produktiviteten og inntektene til småskala matprodusentar, særleg kvinner, urfolk, familiebruk, husdyrnomadar og fiskarar, mellom anna gjennom sikker og lik tilgang til jord, andre produksjonsressursar og innsatsmiddel, kunnskap, finansielle tenester, marknader og moglegheiter for verdiauke og for sysselsetjing utanfor landbruket.

Dei årlege jordbruksforhandlingane mellom staten og næringsorganisasjonane i jordbruket skal sikre medverking og moglegheiter for å utforme rammevilkåra for jordbruket i fellesskap. Verkemiddel og løyvingar skal bidra til at måla for landbrukspolitikken blir nådde. Omsynet til økonomisk og sosial berekraft ligg til grunn òg for jordbruksavtalen i 2023, med ei tydeleg prioritering av matproduksjon, matsikkerheit og klima og miljø. Ein vesentleg del av avtalen er avsett til utviklings- og omstillingstiltak i landbruket gjennom Landbrukets utviklingsfond. Prioriterte tiltak er knytte til omstilling og utvikling i primærproduksjon og innanfor tilleggsnæringar i landbruket, verkemiddel knytt til rekruttering og kompetanseheving, forskning, òg miljø- og klimaretta tiltak. Investeringsverkemidla er eitt av dei viktigaste verktøya for å stimulere til omstilling og rekruttering i landbruket. Den samla auken for investeringsverkemidla hittil i denne regjeringsperioda har vore på 80 pst. Innovasjon Norge si rapportering på verkemiddelbruken for dei bedriftsretta tiltaka syner at kvinner mottek ein stor del av tilskotta som blir løyvd innanfor utvikling av tilleggsnæringar i landbruket, med nærare 77 pst. av tilskotta. Sjå elles omtale av prioriteringar for landbruks- og matpolitikken i del I.

Dei årlege forhandlingane mellom staten og Norske Reindriftsamers Landsforbund skal leggje til rette for ei utvikling av reindriftsnæringa innanfor dei måla som er sette for reindriftspolitikken. Hovudmålet for reindriftspolitikken er ei berekraftig reindrift, med delmåla økologisk, økonomisk og kulturell berekraft. Gjennom reindriftsavtalen

blir dei økonomiske verkemidla for å nå måla vidareutvikla. Sjå omtale av prioriteringar for reindriftspolitikken i del II.

Delmål 2.4) Innan 2030 sikre at det finst berekraftige system for matproduksjon, og innføre robuste metodar som gir auka produktivitet og produksjon, som bidreg til å halde oppe økosystema, som styrkjer evna til å tilpasse seg til klimaendringar, ekstremvêr, tørke, flaumar og andre katastrofar, og som gradvis fører til betre kvalitet på areal og jord

Det er viktig for regjeringa å utvikle og byggje vidare på institusjonar og organisasjonar i landbruket for å sikre lik og trygg tilgang til kunnskap, finansiering, teknologi og andre ressursar som er naudsynte i verdikjeda for mat. Klimaendringane og andre miljømessige utfordringar vil kunne ha verknad for norsk matproduksjon. Regjeringa har difor lagt til rette for berekraftig og langsiktig forvaltning av naturressursane gjennom ein heilskapleg landbruks- og matpolitikk.

Ein aktiv bruk av og eit sterkt vern om arealressursane er en føresetnad for å nå produksjonsmåla i landbruket. Regjeringa har vedteke ein ny jordvernstrategi med eit nytt langsiktig jordvern mål om maksimal omdisponering på 2000 dekar dyrka mark årleg. Det er òg arbeidd systematisk med å halde den gode statusen for dyrehelse og dyrevelferd ved lag. Det er også arbeidd med å vareta arealgrunnlaget for reindrifta, og leggje til rette for auka produksjon og lønsemd i næringa, mellom anna gjennom reindriftsavtalen. Ved å leggje til rette for urbant landbruk i samsvar med den Nasjonale strategien frå 2021, kan dyrkbare areal som er ueigna for storskala jordbruk haldast i hevd, og kunnskapen om dyrking vil haldast oppe i ein større del av befolkninga.

Nasjonalt miljøprogram for jordbruket er innretta for å følgje opp målet om eit berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. I nytt nasjonalt miljøprogram for 2022 er jord og dyrehelse inkludert som eit miljøtema. Det er eit mål å utvikle gode løysningar for jord som er eigna i praktisk jordbruk. Den nasjonale pollinatorstrategien er følgd opp med Tiltaksplan for ville pollinerande insekt (2021). Jordbruksoppgeret 2023 innebar eit vesentleg bidrag for å styrkje miljø- og klimaarbeidet i jordbruket, med ei særskild satsing retta mot tiltak som skal betre situasjonen i Oslofjorden.

Regjeringa har fulgt opp Hurdalsplattforma sine ambisjonar og oppretta Bionova i 2023 som ei eining under Innovasjon Norge. Bionova er eit verktøy for å nå Noreg sine klimamål for 2030 og

målet om å vere eit lågutsleppssamfunn i 2050 ved å bidra til reduserte klimagassutslepp og auka karbonopptak og -lagring. Bionova skal òg bidra til auka verdiskaping gjennom overgang til ein meir sirkulær bioøkonomi basert på fornybare ressursar frå hav og land.

Tiltaket vil vere eit grep for å målrette innsatsen innan berekraftig utvikling i dei biobaserte næringane. Satsingsområde som redusert matsvinn, utvikling innan bioøkonomi og sirkulær økonomi styrkjer jordbruket sitt bidrag til gjenvinning av restråstoff og sidestrøymar frå næringa og frå andre delar av samfunnet, som eit ledd i det grønne skiftet.

Delmål 2.5) Innan 2020 halde oppe det genetiske mangfaldet av frø, kulturplanter, husdyr og ville artar som er i slekt med dei, mellom anna gjennom veldrivne og rikholdige frø- og plantesamlingar nasjonalt, regionalt og internasjonalt, og fremje tilgang til og ei rettferdig og likeverdig fordeling av dei goda som følgjer av bruk av genressursar og tilhøyrande tradisjonell kunnskap, i tråd med internasjonal semje

Bevaring og berekraftig bruk av genetiske ressursar for mat og landbruk er avgjerande for å tilpasse matproduksjonen til eit endra klima, nye plantesyjukdommar og skadegjerarar. I 2019 fastsette Landbruks- og matdepartementet strategien *Forråd av gener – muligheter og beredskap for framtidens landbruk*. Ein tiltaksplan for å setje i verk strategien ved å gjere greie for kva for genressursar som er bevaringsverdige i Noreg, etablere eit heilskapleg nasjonalt bevaringsprogram for desse, og dessutan identifiserer tiltak for berekraftig bruk, auka kunnskap og formidling og samarbeid med andre land, vil starte opp i 2024.

Svalbard globale frøhvelv som blei etablert av den norske regjeringa i 2008, bidreg til å sikre den globale matsikkerheiten gjennom å sikre mangfaldet av frø innan matplanter. Totalt blei 69 825 sikkerhetskopiar av frø frå 31 innskytarar lagd til samlinga i frøkvelvet i 2022. Ved utgangen av året var det totalt 1195 244 prøver som er lagde inn av 93 genbankar verda over.

Mål 12 Ansvarleg forbruk og produksjon

Delmål 12.3) Innan 2030 halvere matsvinn per innbyggjar på verdsbasis, både i detaljhandelen og blant forbrukarane, og redusere svinn i produksjons- og forsyningskjeda, inkludert svinn etter innhausting.

I 2017 signerte staten ein bransjeavtale med aktørane i verdikjeda for mat, der målet er å halvere matsvinn innan 2030. Første hovudrapportering

frå partane til avtalen viser at matsvinnet blei redusert med om lag 10 pst. i perioden 2015–2020. Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet nedsette i februar 2023 eit utval som skal utgreie tiltaks- og verkemiddelbruk for å nå målet om halvering av matsvinnet innan 2030, og vurdere korleis ein matkastelov skal inngå i ein samla verkemiddelbruk. Når utvalet har levert utgreiinga innan 2023, vil regjeringa vurdere dette og leggje opp ein vidare prosess for arbeidet med å hindre at spiseleg mat blir kasta.

Matsvinn i jordbrukssektoren kjem ofte av at produkta ikkje held høg nok kvalitet, feil, skadar, sjukdommar med meir. Det blir arbeidd kontinuerleg med mellom anna forskning og utvikling, dyrehelse, plantehelse og mattryggleik i dei ulike sektorane, som òg i stor grad gir høg kvalitet på produksjonane og lågt matsvinn.

Landbruksdirektoratet har fått i oppdrag å betre kunnskapsgrunnlaget om årsaker til matsvinn og føreslå tiltak for å redusere matsvinnet i primærleddet i grøntsektoren. Reduksjon av matsvinn i jordbrukssektoren er til dels avhengig av tiltak i andre ledd i verdikjeda, difor er det naudsynt å involvere alle relevante aktørar i eit slikt arbeid. Det er sett av 500 000 kroner til arbeidet for 2023, og det skal leverast rapport til jordbruksoppgeret 2024.

Mål 15 Livet på land

Landbruks- og matdepartement har medansvar for å følgje opp delmål under mål 15 Livet på land.

Delmål 15.2) Innan 2020 fremje innføringa av ei berekraftig forvaltning av all slags skog, stanse avskoging, byggje opp att forringa skogar, og i vesentleg grad auke atterreising og nyplanting av skog på globalt nivå.

Om lag 40 pst. av Noreg sitt landareal er dekt av skog. Det er eit krav at det skal leggjast til rette for at det kjem opp ny skog etter hogst, slik at skogarealet si produksjonsevne kan bli utnytta i eit langsiktig perspektiv. Skogen er òg viktig for å binde karbon. Skog i vekst tek opp CO₂, og aktiv skogskjøtsel, med hogst, planting, gjødsling og ungsogspleie, bidreg til ein vesentleg klimagevinst. Jordbruksavtalen for 2024 bidreg til å styrkje innsatsen på dette området. Kommunane kontrollerer skogeigarane sin innsats for forynging årleg. Det blir gjort miljøregistreringar av skogareal i drift for å skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag om livsmiljø for artar og andre miljøverdiar. Gode avvegingar mellom

aktivitet og miljøomsyn, mellom natur og klima og mellom bruk og vern står sentralt i ein berekraftig skogpolitikk.

Delmål 15.3) Innan 2030 motarbeide ørkenspreiing, restaurere forringa land og matjord, inkludert landområde som er ramma av ørkenspreiing, tørke og flaum, og arbeide for ei verd utan landforringing.

I nytt nasjonalt miljøprogram for 2022 er jord og jordhelse inkludert som eit miljøtema. Innsatsen omtalt under mål 2 skal òg medverke til å oppnå delmål 15.3.

Delmål 15.4) Innan 2030 bevare økosystem i fjellområde, inkludert det biologiske mangfaldet der, slik at dei skal bli betre i stand til å yte viktige bidrag til ei berekraftig utvikling.

Arealgrunnlaget for reindriften har hatt stor merksemd i dei årlege forhandlingane om reindrifts-

avtalen, og er òg eit prioritert område i Reindriftsavtalen 2022/2024. Ivaretaking av areal i reinbeiteområde er ei prioritert oppgåve på alle nivå i reindriftsforvaltninga, og det blir arbeidd med å gjere kommunane meir bevisste på omsynet til reindrift i arealplanlegginga. I den samanheng skal Landbruksdirektoratet halde fram arbeidet som er starta i 2023 med å bygge opp eit fagmiljø for reindrift og arealforvaltning som kan bidra til å styrkje kompetansen i offentleg forvaltning

Delmål 15.6) Fremje ei rettferdig og likeverdig deling av goda som er knytte til bruk av genressursar, og fremje formålstenleg tilgang til slike ressursar i tråd med internasjonal semje.

Noreg gir årlege bidrag til fondet til plante-traktaten for fordelsdeling og gir tilgang til plante-genetiske ressursar for mat og landbruk i tråd med føresegnene til traktaten.

15 Oversikt over lønsvilkåra til leiarar i heileigde statlege verksemder

Tabell 15.1 Statskog SF

Utgifter 2022	kroner
Løn, adm. direktør	1 985 000
Pensjonsutgifter	147 000
Anna godtgjersle	8 000

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2023–2024) om statsbudsjettet for år 2024 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Landbruks- og matdepartementet blir i Prop. 1 S (2023–2024) statsbudsjettet for budsjettåret 2024 dei forslag til vedtak som følger førde opp:

Kapitla 1100–1161, 4100–4150, 5576, 5652

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.			
1100	Landbruks- og matdepartementet		
	01 Driftsutgifter	179 724 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	15 988 000	
	45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i>	2 928 000	
	50 Større utstyrskjøp og vedlikehald – forvaltningsorgan med særskilde fullmakter	302 000	198 942 000
	Sum Administrasjon m.m.		198 942 000
Matpolitikk			
1112	Veterinærinstituttet		
	50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap	113 008 000	113 008 000
1115	Mattilsynet		
	01 Driftsutgifter	1 560 528 000	
	22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser	13 986 000	
	71 Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	4 193 000	1 578 707 000
	Sum Matpolitikk		1 691 715 000
Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling			
1136	Norsk institutt for bioøkonomi		
	50 Kunnskapsutvikling, formidling og beredskap	271 785 000	271 785 000
1137	Forskning og innovasjon		
	50 Forskingsaktivitet – Noregs forskingsråd	184 156 000	
	51 Grunnløyvingar til forskingsinstitutt – Noregs forskingsråd	207 760 000	
	54 Næringsretta matforskning m.m.	225 000 000	
	70 Innovasjonsaktivitet m.m., <i>kan overførast</i>	2 920 000	619 836 000
	Sum Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling		891 621 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
	Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		
1138	Støtte til organisasjonar m.m.		
	70 Støtte til organisasjonar	43 062 000	
	71 Internasjonalt skogpolitisk samarbeid – organisasjonar og prosessar, <i>kan overførast</i>	1 415 000	
	72 Stiftinga Norsk senter for økologisk landbruk	9 715 000	
	73 Nasjonalt senter for fjellandbruk	4 246 000	
	74 Opplysningstiltak i landbruket	1 000 000	59 438 000
1139	Genressursar, miljø- og ressursregistreringar		
	21 Spesielle driftsutgifter – Svalbard globale frøhvelv	11 934 000	
	50 Miljøregistreringar i skog	4 824 000	
	70 Tilskott til bevaring og berekraftig bruk av husdyr-, plante og skogtregenetske ressursar, <i>kan overførast</i>	7 457 000	
	71 Tilskott til genressursforvaltning og miljøtiltak, <i>kan overførast</i>	9 140 000	33 355 000
1140	Hautbare viltressursar – forvaltning og tilskott til viltformål (Viltfondet) m.m.		
	01 Driftsutgifter	13 129 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	32 683 000	
	71 Tilskott til viltformål, <i>kan overførast</i>	39 778 000	85 590 000
1141	Hautbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.		
	23 Jegerprøve m.m., <i>kan overførast</i>	4 071 000	
	75 Organisasjonar – hautbare viltressursar	8 404 000	12 475 000
1142	Landbruksdirektoratet		
	01 Driftsutgifter	272 544 000	
	21 Spesielle driftsutgifter – Beredskapslagring av korn	63 409 000	
	45 Større utstyrsjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	12 976 000	
	50 Arealressurskart	8 039 000	
	60 Tilskott til veterinærdekning	196 392 000	
	70 Tilskott til fjellstuer	862 000	
	71 Tiltak for berekraftig reindrift, <i>kan overførast</i>	5 286 000	
	72 Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i>	600 000	
	73 Tilskott til erstatningar m.m. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i>	55 610 000	
	74 Kompensasjon til dyreeigarar som blir pålagt beitenekt	1 000 000	
	75 Stønad til jordbruks- og veksthusnæringa for ekstraordinære straumutgifter, <i>overslagsløyving</i>	102 300 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	77	Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overførast</i>	250 000 000	
	78	Tilskott til omstilling ved avvikling av pelsdyrhald, <i>kan overførast</i>	34 000 000	1 003 018 000
1148		Naturskade – erstatningar		
	71	Naturskade – erstatningar, <i>overslagsløyving</i>	140 400 000	140 400 000
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket		
	51	Tilskott til Utviklingsfondet for skogbruket	3 571 000	
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i>	54 223 000	
	73	Tilskott til skog-, klima- og energitiltak, <i>kan overførast</i>	55 852 000	113 646 000
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	10 200 000	
	50	Tilskott til Landbrukets utviklingsfond	2 331 553 000	
	70	Marknadstiltak, <i>kan overførast</i>	341 140 000	
	71	Tilskott ved produksjonssvikt, <i>overslagsløyving</i>	102 400 000	
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i>	5 802 918 000	
	74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	16 139 630 000	
	77	Utviklingstiltak, <i>kan overførast</i>	346 470 000	
	78	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	1 914 969 000	26 989 280 000
1151		Til gjennomføring av reindriftsavtalen		
	51	Tilskott til Reindriftens utviklingsfond	65 750 000	
	72	Tilskott til organisasjonsarbeid	8 100 000	
	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i>	121 850 000	
	79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i>	4 300 000	200 000 000
1152		Bionova		
	70	Tilskott til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket	171 184 000	171 184 000
1161		Myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver på statsgrunn		
	70	Tilskott til Statskog SFs myndigheitsoppgåver og sektorpolitiske oppgåver	15 831 000	
	75	Tilskott til oppsyn i statsallmenningar	17 969 000	33 800 000
		Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		28 842 186 000
		Sum departementets utgifter		31 624 464 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon m.m.			
4100	Landbruks- og matdepartementet		
	01 Refusjonar m.m.	141 000	141 000
	Sum Administrasjon m.m.		141 000
Matpolitikk			
4115	Mattilsynet		
	01 Gebyr m.m.	205 253 000	
	02 Driftsinntekter og refusjonar m.m.	6 476 000	
	85 Gebyr og tvangsmulkt m.m.	7 000 000	218 729 000
	Sum Matpolitikk		218 729 000
Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling			
4136	Norsk institutt for bioøkonomi		
	30 Husleige	20 935 000	20 935 000
	Sum Forskning, innovasjon og kunnskapsutvikling		20 935 000
Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak			
4141	Haustbare viltressursar – jegerprøve, tilskott til organisasjonar m.m.		
	01 Jegerprøve, gebyr m.m.	4 071 000	4 071 000
4142	Landbruksdirektoratet		
	01 Driftsinntekter, refusjonar m.m.	50 463 000	50 463 000
4150	Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.		
	85 Marknadsordninga for korn	50 000	50 000
5576	Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet		
	70 Forskingsavgift på landbruksprodukt	225 000 000	
	72 Jeger- og fellingsavgifter	96 000 000	321 000 000
	Sum Næringsutvikling, ressursforvaltning og miljøtiltak		375 584 000
Forretningsdrift			
4162	Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap		
	90 Avdrag på lån	10 000 000	10 000 000
5652	Statskog SF – renter og utbytte		
	80 Renter	11 400 000	
	85 Utbytte	23 000 000	34 400 000
	Sum Forretningsdrift		44 400 000
Sum departementets inntekter			659 789 000

Fullmakter til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2024 kan:

1.

overskride løyvinga under	mot tilsvarende meirinntekter under
kap. 1115 post 01	kap. 4115 post 02
kap. 1137 post 54	kap. 5576 post 70
kap. 1141 post 23	kap. 4141 post 01
kap. 1142 post 01	kap. 4142 post 01

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekkje meirverdiavgift knytt til overskridinga, og får difor òg verknad for kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorganane som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift.

Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter blir tekne med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

2. overskride løyvinga under kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet, post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, med eit beløp som svarer til meirinntektene frå sal av eigedom avgrensa opp til 25 mill. kroner. Unytta meirinntekter frå sal av eigedom kan reknast med ved utrekning av overførbart beløp under løyvinga.

III

Forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2024 kan overskride løyvinga under kap. 1142 Landbruksdirektoratet, post 01 Driftsutgifter, opp til 500 000 kroner i samband med forskottering av utgifter til tvangsflytting av rein.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

IV

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2024 kan gi tilsegn om tilskott ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1139		Genressursar, miljø- og ressursregistreringar	
	70	Tilskott til bevaring og berekraftig bruk av husdyr-, plante- og skogregenetiske ressursar	8,95 mill. kroner
1142		Landbruksdirektoratet	
	77	Tilskott til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhald	250,0 mill. kroner
	78	Tilskott til omstilling ved avvikling av pelsdyrhald	10,0 mill. kroner
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade – erstatningar	162,2 mill. kroner
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	72,2 mill. kroner
1152		Bionova	
	70	Tilskott til bioøkonomi og klimatiltak i jordbruket	302,0 mill. kroner

V

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2024 kan gi Landbruksdirektoratet fullmakt til å forplikte staten for framtidige budsjettår utover gitt løyving under kap. 1142 Landbruksdirektoratet, post 21 spesielle driftsutgifter – Beredskapslagring av korn, med samla ramme for gamle og nye forpliktingar på inntil 10,0 mill. kroner.

Andre fullmakter

VI

Fullmakter eigedom

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2024 kan:

1. Selje statseigedom for inntil 25,0 mill. kroner. Departementet kan trekkje utgifter ved salet frå salsinntektene før desse blir inntektsførte.
2. Inngå festekontraktar på dei eigedommane departementet forvaltar.

VII

Fullmakt til postering mot mellomværende med statskassen

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2024 kan gi Landbruksdirektoratet fullmakt til rekneskapsføring av a konto forskott til slakteri og meieri, og til forskingsavgift, omsetningsavgift og overproduksjonsavgift, mot mellomværendet med statskassen.

Vedlegg 1**Standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter**

I dette vedlegget presenterast standardiserte nøkkeltal for forvaltningsorgan med særskilde fullmakter (nettobudsjetterte verksemder) som departementet har ansvaret for. Dette gjeld følgjande verksemder:

- Norsk institutt for bioøkonomi
- Veterinærinstituttet

Formålet med nøkkeltala er i første rekkje å forbetre kontroll og innsyn frå Stortinget og regjeringa ved å presentere same type informasjon som blir gitt for dei bruttobudsjetterte verksemdene i dei ordinære oppstillingane i statsbudsjettet og statsrekneskapen. Framstillinga er basert på kontantprinsippet for gjeldande budsjettår og rekneskapstala for dei tre siste åra. Nærare omtale av status for den enkelte verksemd går fram av kap. 1112, 1136 og kap. 1137, post 51.

Kort gjennomgang av tabellmaterialet

Den første tabellen under kvar enkel verksemd gir ei oversikt over utgifter og inntekter etter art. Formålet med tabellen er å vise brutto utgifter og inntekter for verksemda basert på kontantprinsippet og artsinndelt etter same prinsipp som gjeld for dei bruttobudsjetterte verksemdene.

Den andre tabellen under kvar enkel verksemd gir ei oversikt over inntekter etter inntektskjelde. Dei fleste nettobudsjetterte verksemder har fleire inntektskjelder og formålet med den andre tabellen er å gi ei oversikt over dei ulike inntektskjeldene.

Den tredje tabellen under kvar enkel verksemd gir ei oversikt over kontantbeholdninga til verksemda per 31. desember med spesifikasjon av dei formål kontantbeholdningane skal nyttast til. Formålet med tabellane er å vise dei samla overføringane til neste budsjettår og samansetjinga av overføringane.

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)

Tabell 1.1 Norsk institutt for bioøkonomi – utgifter og inntekter fordelte etter art

Utgifter/inntekter	(i 1000 kroner)			
	2020	2021	2022	Budsjett 2023
<i>Utgifter</i>				
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	352 860	353 338	393 176	400 000
Varer og tenester	371 908	357 602	398 423	400 000
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>724 768</i>	<i>710 941</i>	<i>791 598</i>	<i>800 000</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	47 189	60 350	53 862	60 000
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>47 189</i>	<i>60 350</i>	<i>53 862</i>	<i>60 000</i>

Tabell 1.1 Norsk institutt for bioøkonomi – utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter	(i 1000 kroner)			
	2020	2021	2022	Budsjett 2023
Overføringer fra verksemda				
Utbetalinger til andre statlege rekneskap	0	0	0	0
Andre utbetalinger	0	0	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og andelar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	8	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>8</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>771 957</i>	<i>771 291</i>	<i>845 468</i>	<i>860 000</i>
Inntekter				
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	14 838	17 938	27 755	25 000
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	118 000	0	0	0
Andre driftsinntekter	129 604	139 701	203 475	200 000
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>262 443</i>	<i>157 638</i>	<i>231 230</i>	<i>225 000</i>
Investeringsinntekter				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	647	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>647</i>	<i>0</i>
Overføringer til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	423 686	429 959	407 675	415 000
Andre innbetalinger	243 283	209 118	218 356	220 000
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>666 969</i>	<i>639 077</i>	<i>626 031</i>	<i>635 000</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetalinger ved sal av aksjar og andelar	0	0	22 600	0
Andre finansielle inntekter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>22 600</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>929 412</i>	<i>796 715</i>	<i>880 508</i>	<i>860 000</i>
<i>3. Netto endring i kontantbeholdninga (2–1)</i>	<i>157 455</i>	<i>25 425</i>	<i>35 039</i>	<i>0</i>

Tabell 1.2 Norsk institutt for bioøkonomi – inntekter etter inntektskjelde

Inntektskjelde	(i 1 000 kroner)			
	2020	2021	2022	Budsjett 2023
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartement	263 440	269 959	254 952	259 000
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	0	0	0	
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	160 246	160 000	152 723	156 000
<i>Sum løyvingar</i>	<i>423 686</i>	<i>429 959</i>	<i>407 675</i>	<i>415 000</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	12 633	19 151	12 932	15 000
Bidrag frå private	36 066	64 829	47 357	50 000
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	33 619	17 632	27 296	30 000
<i>Sum bidrag</i>	<i>82 317</i>	<i>101 611</i>	<i>87 585</i>	<i>95 000</i>
Oppdragsinntekter mv.				
Oppdrag frå statlege verksemder	23 817	19 842	29 275	30 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	5 896	8 970	10 009	10 000
Oppdrag frå private	68 621	63 617	74 869	80 000
Andre inntekter	325 075	172 717	271 094	230 000
<i>Sum oppdragsinntekter mv.</i>	<i>423 409</i>	<i>265 145</i>	<i>385 247</i>	<i>350 000</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>929 412</i>	<i>796 715</i>	<i>880 508</i>	<i>860 000</i>

Tabell 1.3 Norsk institutt for bioøkonomi – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2020–2022

Rekneskapspost	(i 1 000 kroner)			
	2020	2021	2022	Endring 2021 til 2022
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Noregs Bank	382 185	405 645	414 023	8 378
Behaldning på andre bankkonti	10 394	12 330	38 983	26 653
Andre kontantbeholdningar	10	40	48	8
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>392 589</i>	<i>418 015</i>	<i>453 054</i>	<i>35 039</i>

Tabell 1.3 Norsk institutt for bioøkonomi – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2020–2022

Rekneskapspost	(i 1 000 kroner)			
	2020	2021	2022	Endring 2021 til 2022
Avsetjingar til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår				
Feriepengar mv.	46 251	47 681	50 872	3 191
Skattetrekk og offentlege avgifter	42 670	40 153	43 206	3 053
Gjeld til leverandørar	46 668	54 316	56 320	2 004
Gjeld til oppdragsgevarar	-47 109	-52 035	-29 165	22 870
Anna netto gjeld/fordring som har forfall i neste budsjettår	44 105	39 458	37 053	-2 405
<i>Sum til dekning av oppsamla kostnader som har forfall i neste budsjettår</i>	<i>132 585</i>	<i>129 573</i>	<i>158 286</i>	<i>28 713</i>
Avsetjingar til dekning av planlagde tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	21 996	25 523	16 138	-9 385
Større påbyrja, fleirårige investeringsprosjekt av grunnløyvinga frå fagdepartement	48 234	56 075	38 675	-17 400
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	48 931	46 203	39 816	-6 387
Andre avsetjingar til vedtekne formål, som ikkje er sett i gang	97 836	108 335	119 520	11 185
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetjingar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>216 997</i>	<i>236 136</i>	<i>214 148</i>	<i>-21 988</i>
Andre avsetjingar				
Avsetjingar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	17 630	17 630	14 097	-3 533
Fri verksemdskapital	25 323	34 622	66 486	31 865
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>42 954</i>	<i>52 252</i>	<i>80 583</i>	<i>28 331</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	54	54	36	-18
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>54</i>	<i>54</i>	<i>36</i>	<i>-18</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar</i>	<i>392 589</i>	<i>418 015</i>	<i>453 054</i>	<i>35 039</i>

Veterinærinstituttet (VI)

Tabell 1.4 Veterinærinstituttet – utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter (i 1 000 kroner)	Rekneskap			Budsjett
	2020	2021	2022	2023
<i>Utgifter</i>				
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	267 543	256 261	264 686	284 736
Varer og tenester	115 172	128 157	175 761	180 892
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>382 715</i>	<i>379 604</i>	<i>440 447</i>	<i>465 628</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehold	13 934	4 814	3 079	39 700
<i>Sum investeringsutgifter</i>	<i>13 934</i>	<i>4 814</i>	<i>3 079</i>	<i>39 700</i>
Overføringer frå virksomheten				
Utbetalinger til andre statlege rekneskappar	0	0	0	0
Andre utbetalinger	0	0	0	0
<i>Sum overføringsutgifter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og andelar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	302	91	43	0
<i>Sum finansielle utgifter</i>	<i>302</i>	<i>91</i>	<i>43</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>396 951</i>	<i>384 509</i>	<i>443 569</i>	<i>505 328</i>
<i>Inntekter</i>				
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	139 455	134 986	171 352	160 352
Inntekter frå avgifter, gebyrer og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	40 580	0	0	0
Andre driftsinntekter	0	17	4	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>180 035</i>	<i>135 003</i>	<i>171 356</i>	<i>160 352</i>
Investeringsinntekter				
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 1.4 Veterinærinstituttet – utgifter og inntekter fordelt etter art

Utgifter/inntekter (i 1 000 kroner)	Rekneskap			Budsjett
	2020	2021	2022	2023
Overføringer til virksomheten				
Inntekter frå statlege løyvingar	233 238	210 574	213 537	218 296
Andre innbetalingar	51 020	98 736	100 739	97 887
<i>Sum overføringsinntekter</i>	<i>284 258</i>	<i>309 311</i>	<i>314 276</i>	<i>316 183</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetalningar ved sal av aksjar og andelar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar	1 024	144	2 398	0
<i>Sum finansielle inntekter</i>	<i>1 024</i>	<i>144</i>	<i>2 398</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>465 317</i>	<i>444 458</i>	<i>488 029</i>	<i>476 535</i>
<i>3. Netto endring i kontantbeholdninga (2–1)</i>	<i>68 366</i>	<i>59 949</i>	<i>44 460</i>	<i>-28 793</i>

Tabell 1.5 Veterinærinstituttet – inntekter etter inntektskjelde

Inntektskilde (i 1 000 kr)	Rekneskap			Budsjett
	2020	2021	2022	2023
Løyvingar til finansiering av statsoppgdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	123 154	103 049	104 355	106 969
Løyvingar frå andre departement	64 988	69 134	70 550	72 600
Løyvingar frå andre statlege forvaltningsorgan	40 580			
Tildelingar frå Norges forskningsråd	45 096	38 391	38 632	39 000
<i>Sum løyvingar</i>	<i>273 818</i>	<i>210 574</i>	<i>213 537</i>	<i>218 569</i>
Offentlige og private bidrag				
Bidrag andre statlege verksemder	23 450	64 882	72 174	71 614
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar		199		
Bidrag frå private	22 376	21 028	22 000	20 000
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	5 194	6 144	6 565	6 000
<i>Sum bidrag</i>	<i>51 020</i>	<i>92 253</i>	<i>100 739</i>	<i>97 614</i>

Tabell 1.5 Veterinærinstituttet – inntekter etter inntektskilde

Inntektskilde (i 1 000 kr)	Rekneskap			Budsjett
	2020	2021	2022	2023
Oppdragsinntekter m.v.				
Oppdrag frå statlege verksemder	79 900	89 128	106 937	96 852
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	899	218	1 294	1 500
Oppdrag frå private	47 034	49 596	51 574	52 000
Andre inntekter	10 131	2 689	13 947	10 000
<i>Sum oppdragsinntekter m.v.</i>	<i>140 479</i>	<i>141 631</i>	<i>173 752</i>	<i>160 352</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>465 317</i>	<i>444 458</i>	<i>488 029</i>	<i>476 535</i>

Tabell 1.6 Veterinærinstituttet – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2020–2022

Balanse 31. desember (beløp i 1 000 kroner)	2020	2021	2022	Endring
				2021 til 2022
Kontantbeholdning				
Behaldning på oppgjerskonto i Norges Bank	189 326	249 274	293 734	44 460
Behaldning på andre bankkonti	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>189 326</i>	<i>249 274</i>	<i>293 734</i>	<i>44 460</i>
Avsetjingar til dekning av oppsamla kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.v.	20 972	21 746	22 534	788
Skattetrekk og offentlege avgifter	20 564	26 567	25 982	-585
Gjeld til leverandørar	21 129	17 580	28 635	11 055
Gjeld til oppdragsgivarar	8 110	15 220	19 077	3 857
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	-16 632	13 448	18 123	4 675
<i>Sum til dekning av påløpte kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>54 143</i>	<i>94 561</i>	<i>114 351</i>	<i>19 790</i>

Tabell 1.6 Veterinærinstituttet – forholdet mellom kontantbeholdning, oppsamla kostnader og avsetjingar i perioden 2020–2022

Balanse 31. desember (beløp i 1 000 kroner)	2020	2021	2022	Endring 2021 til 2022
Avsetjingar til dekning av planlagte tiltak der kostnadene heilt eller delvis vil bli dekte i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd	4 816	10 980	11 795	815
Større påbyrja, fleirårige investeringsprosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	61 777	61 777
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av grunnløyvinga frå fagdepartementet	64 571	55989	39 591	-16 398
Andre avsetjingar til vedtekne, formål som ikkje er sett i gang	40 580	43 461	17 524	-25 937
Konkrete påbyrja, ikkje fullførte prosjekt finansiert av løyvingar frå andre departement	5 953	13 632	10 089	-3 543
<i>Sum avsetnjingar til planlagte tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>115 920</i>	<i>124 062</i>	<i>140 776</i>	<i>16 714</i>
Andre avsetjingar				
Avsetjingar til andre formål/ikkje spesifiserte formål	0	0	0	0
Fri verksemdskapital	19 314	30 700	38 607	7 907
<i>Sum andre avsetjingar</i>	<i>19 314</i>	<i>30 700</i>	<i>38 607</i>	<i>7 907</i>
Langsiktige forpliktingar (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig forplikting	-50	-50	0	50
<i>Sum langsiktige forpliktingar</i>	<i>-50</i>	<i>-50</i>	<i>0</i>	<i>50</i>
				<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>189 326</i>	<i>249 273</i>	<i>293 734</i>	<i>44 460</i>

Vedlegg 2**Oversikt over fullmakter som gjeld meir enn eitt budsjettår****Fullmakter**

Oversikta under viser dei fullmakter som departementet har fått og som gjeld for meir enn eitt budsjettår. Fullmaktene gjeld næringsavtalane.

Fullmakter som gjeld næringsavtalene

Heimel	Innhald
Prop. 121 S (2022–2023) / Innst. 487 S (2022–2023) Jf. vedtak 865 den 16. juni 2023.	Landbruks- og matdepartementet gis fullmakt til å iverksette tiltak i henhold til det framlagte forslag til jordbruksoppgjør, herunder tiltak som er knyttet til bevilgninger i 2024.
Prop. 108 S (2022–2023) / Innst. 485 S (2022–2023) Jf. vedtak 818 den 12. juni 2023.	Landbruks- og matdepartementet gis fullmakt til å iverksette tiltak i henhold til den foreslåtte reindriftsavtalen, og som er knyttet til bevilgninger i 2024.

Bestilling av publikasjonar

Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Trykk: Aksell AS – 10/2023

